Folk i Ryfylke

2015

Ryfylkemuseet

Talande ting

Foto: Lise Bjelland

Folk i Ryfylke 2015

Talande ting

Årbok for Ryfylkemuseet

Utgitt av

Ryfylkemuseet

FOLK i Ryfylke
Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Sveinung Søyland Moen
Utgivar: Ryfylkemuseet
Nordenden 14
4230 SAND
Telefon: 52 79 29 50
E-post: post@ryfylkemuseet.no
Heimeside: www.ryfylkemuseet.no
Foto: Når ikkje anna er nemnt er bileta i boka tatt av medarbeidarar ved Ryfylkemuseet. Eldre foto er henta frå fotosamlinga til museet.

ABONNEMENT:
FOLK i Ryfylke kjem ut ein gong i året.
Abonnementspris: kr. 300,-.
Abonnementet inkluderer medlemskap i Venneforeininga til Ryfylkemuseet og gir fritt tilgjenge til alle avdelingar i museet i dei ordinære opningstidene.
Bankgiro: 3202.07.01527

Design og produksjon: Ivar Oftedal
Trykk: Gunnarshaug Trykkeri AS

ISSN 0800-1692

Foto på framsida:
"Med skinn av hund eller varg kunne ein tromma så hardt at glasruter knuste",
skriv Ernst Berge Drange i artikkelen om tromma frå Valskår.
(Foto: Lise Bjelland)

Innhald

Side

4 **Forord**

6 Roy Høibo
Brukstøy for busen

22 Tora Liv Thorsen
Eit ferdaskrin på vandring

34 Anne Margrethe Myhre
Nøysemd og flid

44 Trygve Brandal
Ferguson 1938

58 Sven Hoftun
Strykebenkjen

68 Sissel Moe Lund
Krossåkle til Ruth Kvæstad

84 Roy Høibo
Roser frå Ryfylke

96 Anette Opheim
Eit garnnøste

116 Ernst Berge Drange
Valskår-tromma

136 Grete Holmboe
Historismen på Håland

154 Sveinung Søyland Moen
Skyttarsaka i Ryfylke

168 Roy Høibo
Silke for Sonja

178 Bernd Elmies
Frå «ski med stavar» til datafiler

188 **Årsmelding 2014**

215 **Rekneskap 2014**

Forord



Ryfylkemuseet har i dag over 20 000 gjenstandar. Mange av desse står i miljøutstillingar på anlegga våre, medan andre av ulike årsakar ligg i magasin. I skrivande stund er over 9 600 gjenstandar òg tilgjengelege på nettstaden Digitalt Museum (digitaltmuseum.no), der ein kan sjå bilete og lesa om desse. Kvar enkelt gjenstand er ein liten del av historia til Ryfylke, og i denne boka ønskjer me å fortelja nokre av desse historiene. Forteljingane famnar breitt både i tema og tid. Artiklane er hovudsakleg skrivne av fast tilsette ved museet, men me har òg vore heldige og fått med oss nokre gjesteskribentar.

Tidlegare direktør Roy Høibo opnar denne utgåva av årboka med ei forteljing om eit regntøy frå Viking-Askim og draumen om eit vasskraftmuseum. Tora-Liv Thorsen framhevar eit ferdaskrin i Forsand bygdemuseum som fortel ei utvandrarsoge frå garden Bakken til Amerika. Anne Margrethe Myhre har funne fram ein «anonym og beskjeden gjenstand» i samlinga, nemleg ein overmadrass frå Kvæstad, Suldal. Dette er ei historie om gjenbruk og ei tid der ein i større grad reparerte heller enn å kjøpa nytt. Kan me i vår tid læra noko av kvinnene på Kvæstad? Landbruket er elles godt representert i gjenstandssamlinga vår og Trygve Brandal skriv om mekaniseringa av trekkrafta i landbruket gjennom historia til den første traktoren i Hjelmeland. Denne traktoren er no ein del av samlinga på Viga. Handverkar og driftsleiar Sven Hoftun skildrar korleis undersøkingar av eldre verktøy i samlingane, i dette tilfellet «strykjebenkar» frå Suldal, kan gi ny innsikt i dei gamle handverkstradisjonane. Eit krossåkle i Kvæstadsamlinga er utgangspunktet for Sissel Moe Lund si forteljing om den rike åkletradisjonen i området.

Den andre artikkelen til Roy Høibo handlar om rosemålinga i Ryfylke og ei kiste frå Kolbeinstveit, måla

av den store rosemålaren i regionen, Lars Aslakson Trageton. Ullproduksjonen i Ryfylke er temaet i artikkelen til Anette Opheim, som tar utgangspunkt i eit garnnøste frå garden Sørskår i Strand, men som seinare hamna i bygdesamlinga på Finnøy. Ernst Berge Drange har funne fram eit av dei meir særmerkte musikkinstrumenta i samlinga, ei tamburtromme frå Valskår i Hylsfjorden. Dette har vorte ei forteljing om både den eldre norske militærmusikken og lokale sivile tamburar. Førre årbok handla om garden Håland i Erfjord og Grete Holmboe har sett seg ut ein stol frå stasmøblane på garden. Den er grunnlaget for ei historie om interiørmoten til den øvre sosiale sjiktet i Ryfylke på slutten av 1800-talet. Så kjem ein artikkel om den tidlege skytesporten i Ryfylke, signert underteikna, inspirert av ei sølvkanne som vart vunnen på landsskyttarstemnet i 1899. Roy Høibo sitt tredje bidrag er ein artikkel som løftar blikket litt utover Ryfylke sine grenser. Gjennom ei silkedrakt frå Thailand, kongebesøk i Strand og fleire sentrale museumsprosjekt, skildrar han vegen mot det fleirkulturelle bygdesamfunnet i Ryfylke.

Bernd Elmies ved samlingsavdelinga vår får æra av å avslutta denne utgåva. Med utgangspunkt i den første gjenstanden registrert ved Ryfylkemuseet, skildrar han utviklinga i gjenstandsregistreringa ved museet gjennom meir enn tre tiår, som ei oppsummering av arbeidet med gjenstandssamlinga vår.

20 000 gjenstandar vert minst like mange historier og berre ein brøkdel av dei er samla her. Me håpar likevel dette knippet med forteljingar kan bidra til at fleire vert nysgjerrige på historiene i samlingane våre.

Ta gjerne turen innom for å få høyra fleire!

Brukstøy for busen

Av Roy Høibo

Det er ei historie bak alle ting. Bak den tingen det blir skrive om her er det fleire. Med utgangspunkt i ein nokså smålåten tilvekst til samlingane ved Ryfylkemuseet i 1988, fortel vi her både historia som tingen var ein del av, og vi stiller noen spørsmål om museet som dokumentasjonssenter og samfunnsminne.

Mellom bondeantikvitetar og stilmøblar i magasinet vårt ligg eit regntøy i gult, plastbelagt og litt stivt stoff. Det er i to delar: Ei jakke med krage, og ei selebukse med høg front og rygg. Det er noen små refleksband nede på kanten av jakka. Oppunder kragen er det sydd inn eit lite merke der det står «Viking» og «52-54». Vi forstår at det er regntøy for ein vaksen mann, og det ber preg av røff bruk.

Det var Viking-Askim som produserte dette regntøyet. Viking-Askim var ei vidareføring av Viking Gummivarefabrik, grunnlagt i 1906 i Heggdal i Asker. Hovudproduksjonen var kalosjer, gummistøvlar og frå 1931 bildekk. Seinare blei produksjonen utvida, og på 30-talet overtok fabrikken gummivarefabrikkar både i Mjøndalen, Stavanger[1], og seinare også andre stader, slik at all gummivareproduksjon blei samla i eitt selskap, som også blei ei av dei største industribedriftene i landet. Noe av produksjonen blei etter kvart overført til fjerntliggande land, før Borregård midt på 1980-talet blei største eigar og Viking-konsernet etterkvart oppløyst.[2]

Det regntøysettet vi har i samlinga vår er nok såleis ikkje noen sjeldan vare. Det vil vera meir rett å kalle det dusinvare. Og det er truleg produsert ein gong på 1970-talet. For å markere at dette var meint som arbeidstøy og ikkje som fritidstøy er det på venstre sida av brystet stempla på ein logo med bokstavane NVE under. Norges Vassdrags- og Elektrisitetsvesen.

Regntøyet var ein del av det personlege utstyret

anleggsarbeidarane fekk utlevert saman med hjelm, øyreklokker og vernestøvlar. I tillegg gikk det med rikelege mengder handklepapir som busen brukte rundt halsen for å hindre at vatnet rann ned langs nakken og halsen. Under hadde dei eigne klede, alt etter kor frosne dei var. Det var ingen som klaga på utstyret. Det var slik det var. Det var ingen som kom på at det kunne vore annleis. Så sjølv om det ikkje framstår som fleksibelt og pustande og alt det moderne regntøy til høge prisar skal framstå som, var det truleg vel tilpassa tidas krav og oppgåvene det skulle tene. Sveitte blei dei vel same koss, og dusje kunne dei gjera etter skiftet. Dei heiv av seg alt av støvlar og yttertøy i lomperommet på brakka før dei vaska seg og dusja og tok på klede til innebruk.



Anleggsbusen innførte nye element i bygdekulturen. Her er det skål på røysa. Det er i 1983, men vi har dessverre ikkje sikre opplysningar om kva tunell det er snakk om. Hadde det vore fargebilde ville vi sett at regntøyet var gult. (Foto: Jostein Granli.)

I tilvekstkatalogen til museet har regnsettet fått nummer 1988/1. Det kom altså inn til museet så seint som i 1988, og det kom ikkje aleine. Det var i alt 11 gjenstandar som blei levert inn saman med regntøyet. Det var ein telefonsvarar, noen rørstolar, ein borhammar, hjelm, lykt med batteri til å feste på hjelmen, belte til å henge batteriet i, vernesko, arbeidshanskar, eit reinskespett og eit vegskilt frå Ulla-Førre-anlegga. Det var altså eit litt tilfeldig utval utstyr frå Ulla-Førre-anlegga, bortsett frå at regntøyet og det som elles hørte med til ei personleg utrusting for ein anleggsbus var nokså komplett.

Ikkje ei heilt tilfeldig samling

Det var likevel ikkje ei så tilfeldig samanrasking av saker og ting som det kan sjå ut til. Innleveringa av regntøyet og dei andre tinga som er rekna opp ovanfor var ein del av ein nokså ambisiøs innsamlingsplan. Det handla om å dokumentere det som i noen samanhengar blei presentert som Nord-Europas største vasskraftanlegg.

Ulla-Førre-anlegga hadde som formål å utnytte vasskrafta i heieområda mellom indre Ryfylke i vest og Setesdal i aust, eit område på kring 2 000 km^2. Den største delen av utbyggingsområdet låg i Suldal og Hjelmeland, ein mindre del i Bykle. Dei viktigaste vassdraga som skulle gå inn i utbygginga var vassdraga knytt til elvene Ulla, Førre og Suldalslågen som alle renn vestover, og den mindre Bratteliåna, som renn austover.

For å samle opp vatnet skulle det byggast fleire magasin. Det største var Blåsjø, som ville bli landets største vasskraftmagasin, og Norges niande største innsjø. Det kunne samle opp nedbør frå tre år, og blei den gongen karakterisert som heile Norges vasskraft-stabbur. Det var før stabburstanken blei bytta om med marknadstanken. Den energien som kunne samlast i dette eine magasinet ville tilsvara 10% av landets årlege forbruk av elektrisk energi.

Rundt Blåsjø skulle det byggast tolv dammar, mellom desse noen av landets største dammar i sitt slag. For å føre vatnet fram frå magasina til kraft-stasjonane skulle det byggast 125 kilometer med tunellar med tverrsnitt opp til det firedoble av ein alminneleg vegtunell. I enden av tunellane skulle det byggast tre store kraftstasjonar, mellom desse Kvilldal, Norges største, som kunne produsere 1 240 megawatt. Det var nok til å dekke heile straumforbruket i Oslo når det var på det høgaste.

Det var altså svære greier. Det kom til å bli bruk for mye regntøy. Arbeida starta så smått i 1972. Da kom Hallvard Holden til Sand med to tomme hender og 15 millionar i lommen. Pengane blei sett inn i Sand Spare-bank. Innskotet var like stort som heile forvaltings-kapitalen til banken noen år tidlegare. Dei starta med å bygge anleggssenter, vegar, bustader, riggområde, brakkeleirar og kraftliner. Talet på tilsette vaks, eit anleggssamfunn tok plass i bygdene. Kulminasjonen kom i 1981. Da var det 1 550 tilsette på anlegget. Etter det starta ei forsiktig nedtrapping, men det var store sesong-variasjonar, og anleggsperioden var ikkje over før i 1988. Det var altså ein lang anleggsperiode, det var mange tilsette, dei svidde av 7,5 milliardar kroner og dei bygde Norges, om ikkje Nord-Europas, største vasskraftanlegg. Ryfylkemuseet fekk eit sett regntøy som gåve frå buet.

Lite museum møter stort anlegg

Det som den gongen heitte Rogaland folkemuseum,

Det blei laga ein innsamlingsplan. Skulle det bli eit retteleg anleggs-museum meinte vi at det også måtte omfatte store maskinar, som t.d. desse som er i arbeid med Oddatjørn-dammen, høgaste steinfyllings-dammen i landet. Men det gikk ikkje. Det var for store verdiar til at ein kunne overlate kulturminna til eit museum.

seinare Ryfylkemuseet, var gjort om til regionmuseum for Ryfylke i 1980. Arbeidet med oppbygging av eit regionalt museumsstell starta i 1981. Det same året som Ulla-Førre-anlegga var på topp. Museet hadde ein tilsett og eit årsbudsjett på 280 000. Det var 50 forsømte bygningar som skulle sjåast etter, og det var 8 kommunar som hadde krav på merksemd.

Det var likevel ikkje råd å unngå og legge merke til at museet var omgitt av eit samfunn på høggir. Det var dess meir ei tid da både samtidsdokumentasjon og industri- og teknologihistorie var i emning som museumstema. Og det var i ein region som skulle komma til å levere eit vesentleg bidrag til energi-forsyninga i landet.

Frå før var det etablert både kraftverk og industri i Sauda. Saudefaldene kom i produksjon i 1919 etter ei anleggstid som hadde starta i 1915. Året etter starta utbygginga i Flørli, der produksjonen blei sett i gang i 1918. Seinare kom Røldal-Suldal Kraft. Anleggsarbeida i Suldal og Røldal starta i 1961, første generator blei sett i drift i 1965. Vassdraga i Ryfylke var ikkje mellom dei aller første som blei tatt i bruk for straumproduksjon, men regionen fekk både ei lang og ei omfattande historie som anleggsområde for utbygging av vasskraft og som le-

verandør av store mengder elektrisk energi til fabrikkar og bysamfunn langt frå der vatnet kom frå. Det var ei nokså nærliggande oppgåve for eit museum i startgropa å vurdere om det var muleg å gjera noe med historia om kraftutbygginga.

Det starta i det små. Vi fekk med oss noen interesserte enkeltpersonar frå anlegget og kommunen i ei uformell arbeidsgruppe. Det var ei nokså sterk arbeidsgruppe. Det var tidlegare ordførar i Suldal kommune, Odd Bråtveit, og folk med ulike oppgåver og posisjonar i anleggsorganisasjonen. I 1983 var vi komne så langt at vi kunne legge fram eit notat der vi rett og slett foreslo at det skulle etablerast eit nytt museum med vekt på utbygging av vasskraft. Vi sa at museet måtte ta vare på bygningar og gjenstandar, foto og film, arkivalia og munnlege minne. Vi hadde eit heilt opplegg for ei utoverretta publikumsverksemd, sterkt inspirert av økomuseumsrørsla, og særleg Ekomuseum Bergslagen i Sverige, verdas største økomuseum, med ei rekke avdelingar knytt saman i ei overtydande formidling av industrihistoria i Bergslagen. Dei største kostnadane ville knyte seg til utsprenging av ein tunell og reising av eit utstillingsbygg. Kostnaden blei kalkulert til 8 millionar kroner.

Styret i museet tykte dette var gode greier, og vedtok å invitere NVE-Statskraftverka, Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune med i ei formell arbeidsgruppe som skulle arbeide vidare med saka. Norske Museers Landsforbund gav positiv uttale. Alle, unntatt den mest sentrale aktøren, NVE-Statskraftverka, var positive. Attåt dei først inviterte kom Suldal reiselivslag og Arbeidsmannsforbundet med i gruppa. Men utan NVE måtte dei første skissene til planar arkiverast like raskt som dei var produserte. Tida var ikkje moden for det store formatet.

Dokumentasjonen av anleggstida kom likevel i gang. Ikkje med innsamling av reiskap og utstyr i første omgang, men med intervju av anleggsbusen. Det blei løyvd pengar frå Norsk Arbeidsmannsforbund, avd. Ulla-Førre, Rogaland fylkeskommune og Olje- og energidepartementet. Frå vinteren 1984 og fram til seinhausten 1986 blei det i tre omgangar gjennomført i alt 80 såkalla djupneintervju med anleggsfolk, 23 intervju med det vi definerte som aktive samfunnsaktørar, og med 28 fastbuande i Suldal. Det var meininga det skulle vore fleire av dei siste, men av grunnar som vi ikkje heilt greidde å forstå, var det vanskeleg å sleppe til med intervjuarbeid i bustadfelta.

Det blei eit ganske stort materiale. I tillegg samla vi systematisk på avisartiklar, vi fekk tilgang til klypparkiv, vi fekk kopiar av dokument og rapportar frå Ulla-Førre-anlegga og Suldal kommune, og tilgang til brev, notat og møtereferat i noen privatarkiv. Dokumentarkivet fyller 6–7 hyllemeter i privatarkivsamlinga til museet.

Men så var det gjenstandsmaterialet. Det blei utvikla ein heil plan for korleis vi skulle få det til. Vi meinte det var viktig å få samla materiale av tre slag: Store maskinar til tunnel- og dambygging, personlege effektar og mindre reiskap, og til sist forlegningsutstyr, altså inventar frå brakkeriggar, opphaldsrom, kjøkken og vaskerom.

Dette ville ta plass. Det var behov for lagerplass til det blei aktuelt å bruke materialet i utstillingar. Ein stor verkstadhall i Kvilldal blei peika ut som høveleg for formålet. Ikkje berre var han stor nok, men han var i seg

Bjarne Århus var ein velvillig samtalepartnar i arbeidet med å utvikle ein plan for innsamling av reiskap og utstyr frå anlegget. Men han fekk ikkje gjennomslag verken oppover eller nedover i organisasjonen. Her fotografert saman med artikkelforfattaren og Henrik Halsne.

sjølv eit dokumentasjonsobjekt, og såleis verneverdig som ein del av minna etter Ulla-Førre-anlegga.

Tanken om det store formatet var såleis ikkje heilt forlaten, sjølv om ein hadde kome til at forslaget om å sprenge ein tunell til museet ikkje var realistisk. Dette var trass alt framleis ei tid da tanken om eit museum for vasskraftutbygging var ny. Musea hadde ikkje heilt kome ut av nasjonalromantikken, og industri og kraftforsyning var ikkje høgt oppe på agendaen hos så mange. Ein kunne sjå ein horisont over tiltaket som strekte seg ut over både det lokale og det regionale. Vi peika på at vasskrafta hadde ei hundreårig historie bak seg. Oljeindustrien, som berre hadde ei 20-årig historie bak seg, hadde alt fått sin eigen institusjon, Norsk Oljemuseum. Var det ikkje like stor trong for ein institusjon som kunne dokumentere og ta vare på gjenstandar og andre minne frå vasskraftutbygginga? Og var det ikkje gode grunnar for at ein slik institusjon burde plasserast i Suldal?

I Haugesunds Avis fekk Odda ei heilside om oppretting av eit toårig stipend for å greie ut planar for eit industriarbeidarmuseum og –arkiv i Odda. Stavanger



Den første planen var å sprenge ein demonstrasjonstunnel inn i fjellet, forma som ein u, med alle fasilitetar ein fann i ein anleggstunnel, og med eit visnings- og servicebygg i framkant. Det var ein ide som raskt måtte skrinleggast.

Aftenblad kunne opplyse at kraftanlegga i Sirdal ville bli lagt til rette som turistattraksjonar. I Lysebotn var det 10 000 som besøkte Lysebotn kraftverk. I Dokkfløy-området i Oppland tenkte ein at eit anleggsarbeidarmuseum i tilknyting til fjellvandring, sykling, fiske, jakt og foto-safari kunne bli gode greier.

I styringsgruppa for vasskraftmuseet i Suldal var det fleire som tvilte på om det var muleg å overta store maskinar. Leiinga i Ulla-Førre-anlegga såg ingen grunn til å bruke tid på drøfting av verkstadhallen i Kvilldal. Det gikk ikkje på skinner. Det einaste som gikk var tida. Vi hadde eit forsprang på fem år da vi starta. I 1986 var vi i ferd med å bli innhenta av hovudfeltet.

Lokal støttespelar

Men Suldal kommune hadde framleis tru på ideen. I 1987 løyvde kommunen 50 000 til vidare utgreiings-arbeid. Det var langt frå eit toårig stipend, men det var ei hjelp på vegen. Det ga utveg til å løfte arbeid frå dugnadsnivået til eit profesjonelt nivå. Vi leigde inn Kon-Sul AS, eit rådgjevande ingeniør- og arkitektkontor med god kompetanse på kraftutbygging, og omdefinerte prosjektet til å dreie seg om utnytting av Suldals-vassdraget til turist- og museumsformål. Dette var ei innsnevring av det geografiske utgangspunktet, men ei utviding av temaet frå vasskraft til vassdrag. Det avspegla ei sannkjenning av at det ikkje lenger var industri- og teknologihistorie som hadde størst vinnarsjansar i det store lotteriet, men at det nå var reiselivet som skulle gi fart i norske bygder. Museumsideen inkluderte både den førindustrielle og den moderne utnyttinga av vasskrafta, og dei bu- og livsformer som var knytt til dei ulike tidene. Noen begynte å snakke om vassdragspark.

Det neste var eit museumsbygg på Suldalsosen, tenkt som eit senter og eit utgangspunkt for utforsking av vassdragslandskapet. Idéskissa blei utvikla av Kon-Sul AS.

Det begynte å haste. Ulla-Førre-anlegga var i ferd med å avvikle. Vi hadde ikkje fotfeste noen stad, vi hadde ingen bygningar, vi hadde ikkje ein einaste gjenstand. I januar 1988 oversende vi ei liste med nærmare 100 gjenstandar som vi ønskte å få overta vederlagsfritt for eit framtidig vassdragsmuseum. Suldal kommune stilte til rådvelde eit mindre lagerlokale der vi meinte det skulle bli plass til det vi nå bad om. Støvlar, kjeledressar, hjelmar, øyreklokker, lamper, hanskar og oljehyre var mellom det personlege utstyret som sto på lista. Det blei halde møte i aust og vest og sendt brev og rapportar både hit og dit. Vi fekk 5 000 kroner frå Suldal kommune til å trykke skissa til ein museumsplan.

«Vassdragsmuseet – ein kunnskaps- og opplevelsespark» var overskrifta. Med undertittelen «Skisse til ein plan for utnytting av Suldalsvassdraget til turist- og museumsformål». Hovudattraksjonen skulle vera Ulla-Førre-anlegga med dei store dammane og kraftstasjonane, men anlegget til Røldal-Suldal Kraft på Nesflaten skulle og vera ein del av opplevinga, og

dessutan «godt bevarte anlegg som viser den førindustrielle utnyttinga av vasskrafta». Attåt dei tekniske anlegga som var knytt til utnyttinga av vasskrafta peika vi på at Suldalsdalføret var uvanleg rikt på kulturhistoriske minne i form av bygningar, bygdetun, gravfelt, vegar, bruer og brygger, og med Suldalsdampen som eit interessant minne om ferdsla på Suldalsvatnet. Arbeidsgruppa som la fram prosjektet ville knyte desse attraksjonane saman med dei naturopplevingane dalføret kunne by på.

Arbeidsgruppa foreslo at det blei reist eit visningsbygg for publikum på Suldalsosen. Dette skulle vera eit utgangspunkt for turar i dalføret. Ved to av dei største dammane i heia skulle det reisast mindre, sjølvbetjente informasjonshytter, og i kvar ende av dalføret, på Nesflaten og Sand, skulle det settast opp informasjonsstasjonar med utstillingar om ulike sider av det som hadde gått føre seg langs vassdraget. Det var ei vidareføring av økomuseumstanken, men det regionale og nasjonale perspektivet var tona ned. Kostnadsoverslaget var på 10,4 mill. kroner.

Den førindustrielle utnyttinga av vasskrafta kunne opplevast både i Kvednahola på Ritland, på Øystad i Kvilldal, eller her ved stampa på Kvæstad. (Foto: Jarle Lunde, Suldal foto.)

Planen blei godt mottatt, men ingen kunne love økonomisk støtte til å gjennomføre han. Det hadde gått åtte år. Vi kunne skrive 1989. Suldalsposten merka seg at det var blitt rørsle i arbeidet med eit industristad-museum i Sauda, og lurte på kva skuff i kommunehuset planen for eit vassdragsmuseum i Suldal låg i. Vi måtte medgi at tida ikkje var på vår side. Med det meinte vi at tida gikk. Medan andre hadde fått vind i segla, låg vi for vindstille med tunge segl.

Frå handling til havari

Det utvalet som hadde fått i oppdrag å arbeide vidare med saka etter at skisseprosjektet var lagt fram hadde likevel ikkje sovna aldeles. Eller kanskje det var avis-skrivinga som sette fart i dei? I alle fall kunne det i januar 1990 presentere ein plan for ei vassdragsutstilling i samfunnshuset på Suldalsosen. Kon-Sul AS hadde ut-arbeidd ein plan for utstillinga i lag med Ryfylkemuseet, og utvalet ba om 350 000 kroner til å gjennomføre han. Suldal kommune bladde opp, utstillinga blei produsert, og regnkleda frå Viking kom på utstilling for første gong. Det kom 1 400 og såg på. Det var ikkje så mange som vi hadde håpt på. Men det var eit forbetringspotensiale. Året etter blei utstillinga sett opp i Rasmussensjøhuset på Sand.

I mellomtida skjer det revolusjonerande at Suldal kommune, etter forslag frå arbeidsutvalet, trør til og løyver pengar til ei prosjektstilling for vidare arbeid med museumstanken. Det blei tilsett ei driftig dame, Toril Almenningen, med opphav i Hjelmeland, som snart var i gang med å planlegge Norsk vassdragsmuseum. Det blei arkitektkonkurranse som sjølvaste Sverre Fehn vann, millionane rulla og Ryfylkemuseet blei parkert på sidelinja. Det var ikkje lenger vårt prosjekt, og det var ikkje lenger eit museumsprosjekt, men eit prosjekt for bygging av eit opplevingssenter i lag med kulturhus og bibliotek.

Suldal kommune hadde budsjettert med 40 mill. kroner til formålet. Kalkylen kom på 90 mill. Det blei for mye. Fleirtalet i kommunestyret sa nei. Styret i det som nå var organisert som stiftinga Norsk Vassdragsmuseum vedtok å avvikle stiftinga i møte 31. oktober 1995. Den nytilsette direktøren blei sagt opp.

Frå Ryfylkemuseet peika vi på at dei pengane som var tenkt brukt til museumsdelen i det påtenkte huset, 17 mill. kroner, likevel kunne vera grunnlag for eit bra vassdragsmuseum, men vi fekk ingen respons på det.

Kva skal vi med det gule regntøyet?

Vi fekk ein del ting frå Ulla-Førre-anlegga da vi prøvde å bygge opp ei samling ved avviklinga av anlegget i 1988. Men ingenting som hadde omsetningsverdi. Det som hadde omsetningsverdi skulle omsettast. Anna utstyr skulle stillast til rådvelde for utviklingsprosjekt som Norge var involverte i. Vi sendte ei ny ønskjeliste med eit 50-tal gjenstandar, men det var ikkje tilstrekkeleg vilje hos anlegget til å vera med og bygge opp ei samling som kunne gi grunnlag for informasjon om anleggsdrift på 1980-talet. Det blei ikkje noe særleg til samling. Og kanskje hadde det ikkje vore så mye bruk for ei samling heller, om vassdragsmuseet var blitt realisert?

Det var ulike syn på kva eit museum var, og kva det skulle bygge på, som møttest da arbeidet med eit vassdragsmuseum blei overtatt av ein prosjektleiar med utdanning frå Bedriftsøkonomisk Institutt og ei styrings-gruppe som var framande for dei kvalitetane eit godt

Produksjonen ved Røldal-Suldal Kraft på Nesflaten starta i 1965. Det var meininga vassdragsmuseet skulle strekke seg frå Sand til Nesflaten, der arkitekturen til Geir Grung skulle gi publikum ei bonusoppleving. (Foto: Lise Bjelland.)

museum kan by publikum på. Det var ingen som greidde sjå forbi dei litt stusselege bygdemusea som prega museumslandskapet før den nye kulturpolitikken begynte å gi resultat utetter på 1980- og 90-talet. Det var truleg enda færre som hadde vore innafor veggene til eit museum som hadde tatt nye virkemiddel i bruk i formidlinga.

På Ryfylkemuseet held vi oss med eit formål som går ut på å tilby kunnskap og opplevingar med grunnlag i eit breitt utval kjelder, og ei fagleg samanstilling og analyse av desse kjeldene. Forteljingane til dei som hadde gjort jobben, bilda frå arbeid og fritid, brev og rapportar, bygningar, reiskap og utstyr ville vore utgangspunktet for dei historiene vi ville tilbydd publikum. Det gule regntøyet var ikkje ein uvesentleg del av dette. Det skulle ikkje gå mange år før ein forsto at dette ikkje kunne vera noe optimalt arbeidstøy. Om ein ikkje fekk med seg temperaturen og støvet og støyen, kunne ein greitt forstå at det å stå eit heilt skift i slikt arbeidstøy, anten det var inne i ein dryppande tunell, eller ute på ein sur damtopp, var krevjande for eit menneske.

Norsk vassdragsmuseum skulle ikkje handle om dette. Det skulle vera ein møtestad for vassdragsbransjen, og for tverrfagleg forskingsaktivitet i samarbeid med nasjonale og internasjonale forskingsinstitusjonar knytt til vassdragsnatur, -kultur og -næring. Det skulle vera eit kurs- og konferansesenter. Det skulle vera ei storstove for nærmiljøet og ein attraksjon for reiselivet. Det skulle vera vassleik og eksperiment for dei unge, ein stad der ein kunne komponere musikk, oppleva spennande installasjonar, konsertar og framsyningar, vitja galleri og verkstad. Det skulle vera levande historie. Heilt til slutt skulle museet også samle på film, skrift, foto og tape. Gjenstandssamlingar «høyrer med», sto det, langt bak i brosjyren. Ryfylkemuseet kunne vera ein viktig samarbeidspart.[3]

Norsk vassdragsmuseum skulle vera enda eit sjølvfinansierande opplevingssenter og «eit knutepunkt for eit nasjonalt nettverk der museum, lokalsamfunn, verksemder og forvaltingsorgan samarbeider om å ta vare på, utvikle og formidle kvalitetar knytt til vassdrag». Det var store ord, romslege budsjett og fine brosjyrer. Men det punkterte ideen om ein omfattande dokumentasjon og formidling av krafthistoria i Ryfylke.

I Museumsplan for Rogaland frå 1992 var Ryfylkemuseet tillagt ansvaret for dokumentasjon av «Kraftutbygging/vasskraft/kraftforsyning» i Rogaland. I 1986 var vi blitt peika ut som eit sentralt museum i eit nasjonalt nettverk av museum som hadde ansvar for liknande. Etter havariet til Norsk Vassdragsmuseum prøvde vi å plukke opp att smulane. I eit brev til Suldal kommune skreiv vi at vi framleis trudde det var råd å gjennomføre interessante dokumentasjons-, forskings- og formidlingstiltak innafor meir beskjedne økonomiske rammer enn dei som felte Norsk Vassdragsmuseum, og vi ga uttrykk for håp om at vi kunne få til eit godt samarbeid for å løyse desse oppgåvene. Men vi har ikkje kome vidare i Suldal.

I staden har det kome nye initiativ andre stader. I Sauda har det gått føre seg eit langvarig arbeid for å bevare Søndenåhavn kraftstasjon, Stasjon III, til arkiv-, kultur- og museumsformål. Ryfylkemuseet har lagt ned mye arbeid i å greie ut og selja inn denne ideen, men heller ikkje her har det vore tilstrekkeleg lokal vilje til å legge på bordet dei pengane som er nødvendige for å løfte tiltaket opp på eit prosjektnivå.

I Forsand er vi inviterte med på å utvikle eit

program for dokumentasjon og formidling av kraft-historia i Lysefjorden, med særleg vekt på kraft-stasjonane i Flørli og Lysebotn. Forståinga av kva det vil koste er nok ikkje like stor som ønskja om å få oss til å gjera jobben.

Det mest konkrete som har skjedd er eit oppdrag frå Hydro Energi om å skrive jubileumshistoria for Røldal-Suldal Kraft. Den var ferdig tidlegare i år, og fortel historia om kraftutbygginga i Røldal og Øvre Suldal frå den starta tidleg på 1960-talet.

Samlingar til kunnskap om farne tider

Det gule regntøyet var det materialiserte minnet vi sat att med etter femten års arbeid for å ta vare på historia om ein av dei viktigaste næringsvegane i Ryfylke dei siste hundre åra. Det var ikkje så sprekt. Og det reiser eit par problemstillingar kring innsamling av minne- og kjeldemateriale til musea.

Viktige grunnar til at vi ikkje lukkast var manglande interesse og økonomiske krav frå leiinga ved Ulla-Førre-anlegga og NVE-Statskraftverka. Sjølv om Staten hadde brukt 7,5 milliardar på å bygge Norges største vasskraftanlegg, var det ikkje rom for å spandere noen småpengar på å dokumentere historia. Mye av anleggsarkivet gikk tapt da anlegget rydda skuffer og skap i 1988, det store fotomaterialet blei liggande uregistrert i eit bruksarkiv tilgjengeleg for Gud og kvar mann, og dei materielle minna veit vi korleis det gikk med.

Korleis skal eit museum te seg i forhold til ein slik situasjon? Det er for det første ingen unik situasjon. Det er ikkje stastinga, møblar, pynteting, utstyr og reiskap som er reine og heile og fine, slikt som har økonomisk verdi, som blir tilbydd musea. Det er dei tinga som er att når buet er delt og ein ikkje riktig veit kva ein skal gjera med resten. Så lenge musea baserer seg på frivillige gåver vil samlingane bera større eller mindre preg av det som folk ikkje lenger bryr seg om. Det som ikkje blir tillagt noen verdi, slikt som det ikkje er knytt noen særlege minne eller kjensler til.

Slik er det ikkje ved alle museum. Kunstmusea har budsjett for innkjøp til samlingane sine. Dei meste ambisiøse kunstmusea er aktive på utstillingar, i galleri og hos kunstnarane sjølve for å bygge opp samlingar med stor eigenverdi, både kunstnarleg og økonomisk.

I møte med den store anleggsverksemda ved Ulla-Førre-anlegga, som vi dess meir forsto at kom til å vera det siste anlegget med slike dimensjonar i landet, prøvde vi oss på eit systematisk innsamlingsarbeid. Vi lukkast med å gjennomføre ei relativt omfattande innsamling av intervjumateriale. Vi greidde også å berge arkivmateriale som i alle fall fortel om hovudtrekka i anleggsdrifta. Vi lukkast ikkje med å sikre fotosamlinga, sjølv om vi prøvde. Gjenstandssamlinga blei berre fragment av ein røyndom som vil vera vanskeleg å forstå i ettertid.

Vi lukkast ikkje med å formidle tilstrekkeleg forståing for verdien av å dokumentere verksemda gjennom ulike slag kjeldeinnsamling verken hos toppleiinga eller nedover i organisasjonen. Og det var ikkje noe alternativ å tilby betaling. Ikkje hadde vi pengar, og det er heilt urealistisk å tenkje seg at eit museum som vårt kunne hatt eit innkjøpsbudsjett som matcha verdiane i ein anleggsorganisasjon under avvikling. Når verksemda sjølv ikkje forsto vitsen med å dokumentere si eiga verksemd, blei vi ståande makteslause.

Skal musea framstå som ein truverdig del av samfunnsminnet i framtida, er det nødvendig å styrke innsamlingsarbeidet. Innsamlinga må bygge på analyser av kulturelle prosessar i dei lokalsamfunna og regionane vi skal tene, og vi må gjera strenge prioriteringar mellom det vi tar inn i musea og det vi ikkje vil ta inn. Kan hende må vi argumentere for at driftsbudsjettet må gi rom for innkjøp til samlingane når det er viktige grunnar til det.

Mange er nok like framande for gjenstandssamlingar som dei ansvarlege ved Norsk vassdragsmuseum var. Vi trur ikkje ein bør undervurdere gjenstandssamlingane som ein del av det kjeldematerialet vi tar vare på som kjelder til kunnskap om den tida som har fare. Men det kan vera rom for ei sjølvkritisk haldning til ein del av det som er samla på musea, og til praksisen med å satse på tilfeldige gåver.

Roy Høibo (67) var direktør ved Ryfylkemuseet i perioden 1981-2014. Han er nå deltidsengasjert ved museet som rådgivar i ein overgangsperiode.

Litteratur og kjelder

Artikkelen bygger i hovudsak på dokument i arkiva til Ryfylkemuseet, herunder intervju- og fotomateriale frå eit dokumentasjonsprosjekt om bygdekultur i ei anleggstid, som vi gjennomførte i 1985-1986. I tillegg er følgjande litteratur brukt som støtte i arbeidet med artikkelen:

- Brandal, Trygve: *Kraften – Røldal-Suldal Kraft gjennom 50 år*, Hydro Energi AS 2015
- Fatland, Lars Olav og Waage-Pettersen, Oskar: *Saudefaldene – Krefter blir kraft*, Aktieselskabet Saudefaldene 2013
- Forsand sogelag: *Linjespenn i tid og rom – Anleggsarbeid i Førli og Lyse*, 2012
- Høibo, Roy: *Silkebus og bønder*, Ryfylkemuseet 1987, også utgitt som FOLK i Ryfylke, årboka til Ryfylkemuseet, 1987
- Høibo, Roy: *Ulla-Førre – Norges største vasskraftprosjekt*, Stavanger 1987

Noter

[1] Vestlandske Gummivarefabrikk AS, «Gummien», på Kjelvene i Østre bydel

[2] Store norske leksikon: Askim Gummevarefabrikk.

[3] Omtalen av innhaldet i Norsk vassdragsmuseum er henta frå eit brosjyre som presenterte kva ein kunne vente seg når museet blei opna i 1997: Norsk vassdragsmuseum, u.å, utgitt av Norsk vassdragsmuseum.

Regntøyet er nå hesja opp på ei utstillingsdokke frå «Siv sin». Hjelm med lykt og vernesko er og med, men hanskane var det ikkje råd å få på dei finslege modellfingrane. Dokka er ein del av utstillinga «Mitt Ryfylke» som står i Nesasjøhuset på Sand.

Ferdaskrinet til Ingeborg Toresdatter Bakken (f. Einarsmyrå).
Skrinet er måla i ryfylkestil med heilt symmetrisk mønster.

Eit ferdaskrin på vandring

Av Tora-Liv Thorsen

Det sit ein einsleg mann ytst på berget mot fjorden. Her har han site så mang ein gong før, men aldri så ørande tidleg. Det var uråd å sova, så han stod likegodt opp. Smaug seg or kvitlane og fann kleda som låg klar. Endeleg er dagen komen. Dagen dei har snakka om og sett fram til så lenge.

Morgonsola gyller snart dei høgaste toppane og fjorden ligg som ein blyblank spegel framfor han; denne fjorden han nå skal forlata. Snart skal dei ta ut på Sjoarvegen, bratt og ulendt, men så kjent er kvart steg at han kunne gått i blinde. Han vil bera ferdaskrinet sjølv i dag. Det står pakka og klart midt på golvet. Ingeborg har valt ut kvar ting som skulle i skrinet. Silkeplagg og stakk, små barnetrøyer og reivar med kvistar av pors innimellom. Bibel, salmebok og ei bunke med brev. Og den rosemåla mugga med eit ørlite skar i, den kan bli god å ha i den nye verda; fylt av mjølk med fløyte så gullande gul.

Bror Johannes, som tok ut for ti år sidan har såvisst forkynt: Vil du berre arbeida, har du ei framtid her i Amerika! Det var ikkje anna han ville.

Nede på berga tek dei farvel. Stille og fulle av høgtid stig dei om bord i færingen, og Anders er glad for å ta årene fatt. Han vil slita desse siste banda så fort han kan, og bli ferdig med avskilsstunda han har kvidd seg for. Ingeborg sit med ei dotter på kvar side, Jørgine på åtte og Borghild på seks. Deira barnslege glede og forventning bergar stunda. Og midt i båten står ferdaskrinet, som har starta på vandringa si til den nye verda. Halvar fester blikket på dei vakre og fargerike rosene. Kvar sving og sveip i målinga blir granska og han kjenner det så sterkt: Ferdaskrinet står som eit anker der midt i båten! Det kjende og kjære skal nå forlatast, men snart skal ankeret kastast på den andre sida av havet. Der skal det bli godt å leva. Han trur det meir enn han veit det.

Slik kan avskilsdagen ha vore, då Anders Halvarson Bakken (1822–1884) bar ferdaskrinet sitt ned Sjoarvegen frå garden Bakken i Lysefjorden og tok ut på Amerikaferda i 1860.

Side- og bakstykket er måla i enkel dekorteknikk. Slik blei målararbeidet rimelegare for eigaren. Det er handtaket på loket som plasserer denne vesle kista i kategorien «skrin», og gjer det høveleg på reiser. På kanten av loket har fleire mindre trestykke falle av.

«I T D E 1844»

Skrinet som stod der midt i båten den gongen er 51,5 cm langt, 29,5 cm høgt og har ei breidd på 26cm. Sjølve loket er 54,5 cm langt og 31 cm breitt. Loket stikk dermed vel ein cm ut frå kanten på tre sider og noko mindre på baksida der loket er hengsla. Loket har ein karm rundt heile kanten på undersida. I denne karmen har det brotna av fleire bitar og det er tydelege spor av slitasje. Sidene på skrinet er sinka i hop og felte loddrett ned i botnstykket, som stikk vel ein centimeter ut og dannar ein harmonisk fot.

Innskrifta er: I T D E . Det fortel oss at skrinet følgde kona til Anders, Ingeborg (1823–1910). Ho var frå Årdal og var fødd Toresdatter Einarsmyrå. Årstalet 1844 fortel oss at det blei måla då Ingeborg var 21 år gammal. Det var vanleg at jenter fekk seg utstyrskister eller skrin før dei var gifte, gjerne alt i konfirmasjonsalderen. Der samla dei utstyr til den heimen dei tenkte seg i framtida. Ingeborg var 28 år gammal då ho gifta seg, så ho hadde god tid på seg til å fylla skrinet. Slike skrin blei brukte både til oppbevaring og som koffert på reiser. Serleg dei minste blei nok brukte til reiseformål. Dei var lette og gode å bera for ein person og hadde handtak på loket.

Skrinet til Ingeborg er måla i det me kallar ryfylkestil, med to symmetriske felt i fronten. Her er det ikkje akantusrankar og asymmetriske mønster som i stilen me kjenner frå Telemark. Baksida og sidene er måla i ein enkel dekorteknikk der ein raudbrun farge

er «dytta» over ein okergul botn. Slik gjekk målingsarbeidet raskare og kosta mindre. Om loket nokon gong har vore måla er uråd å seia utan å analysera prøvar frå dei mørke partia. Loket har fint forma profilar og innskorne linjer som harmonerer med beslaga, som har eit drag av sein barokk. Dei er temmeleg breie og solide. Om det er eit bevisst val av utforming på beslaga, kan me ikkje vita, men smeden har vel hatt tida sin mote i tankane. Beslaga og naglane på loket er somme stader ganske blankpolerte av slitasje. Dette fortel oss at loket er godt brukt, mest truleg som sitjeplass for born. Og ser me for oss skrinet, slik det stod ferdig måla i 1844, med rosemåling i fronten, fine mørke konturar i sinkinga, i karmen på loket og på foten; då vil det vera merkeleg om sjølve loket var heilt trekvitt. Ut frå profilane kan eg tenkja meg at loket har hatt einsfarga ytterkantar og ein enkel symmetrisk rosedekor ved handtaket. På den tida var det vanleg at omreisande rosemålarar kom innom på gardane og fekk oppdrag. Dei sette sjeldan att nokon signatur, så me har ikkje funne ut kven som måla nettopp dette skrinet.

Pilt-Ola var farbror til Anders

Anders og Ingeborg gifta seg i Årdal kyrkje i 1851 og budde på Bakken i fire år, før dei vandra ut til Amerika i 1860. Anders var det niande og yngste barnet til Halvar I. Olson (1775–1842) og kona Joren Tollaksdatter frå Songesand (1778–1857). Og denne Halvar (1775–1842) er bror til den legendariske Pilt-Ola, Ole Olson Songesand (1779–1858). Halvar tok over drifta av garden etter far sin Ola, som flytte dit frå Urnes i Lysefjorden i 1789. Men skøyta på Bakken og sjølveigar blei ikkje Halvar før i 1841, og han skreiv garden over på son sin Ola (1814–1891) på same dag. Når me veit at Halvar døyr i 1842, skjønar me korfor eigedomen ikkje blei verande på hans hender.

Jon Moe gir historia liv

Jon Moe har fortalt om korleis Pilt-Ola og familien hans busette seg på Bakken. I den dokumentariske romanen "Pilt-Ola," gir han oss levande skildringar om liv og levekår i 1789:

«Ut forbi Songesand, ut langs råsene og det hangande Sjohadle til steinen som luter over sjøen og seier velkomen, eg er naustet.

Fem–seks hundre fot kliv dei, beint opp, og kjem til

Gamlehuset på Bakken for om lag 100 år sidan. Dette huset blei nok bygt i første halvdel av 1800-talet, og er det Jon Moe omtalar som «høglofta hus» (Foto frå Forsandboka del 1).

Svebakken, eit gammalt plass med nedfalne hus, men med ein hidler å smyga inn under.

Under helleren er det godt verande sommars dag – mens det gamle huset blir reist oppatt og innreidd.

Ein sit ikkje i, men på Bakken, ei flat hylle med fjell til vern og grov skog til ryggstø, som eit Jerusalem.

Ole og Siri femner livet som aldri før. Svir lyng, dyrkar jorda, bryt stein til nytt fjøs. Avlar korn, avlar fleire ungar. Siri ber og ber, hentar vatn i den rike klårvass-kjelda utføre stovedøra, plukkar bær, bløm er – med killingdans ikring seg. Her har dei ei framtid.»

Men Pilt-Ola blir ikkje verande heime på Bakken lenge, og Jon Moe skildrar hans farvel med barndomsheimen:

«Det klårnar. Frampå ufsene mot fjorden står kjydlestuvane som vaktmenn, og attom ligg ei borg av bratte fjell. Denne staden, denne hylla i berget er som ein armskrok ved ei bringe.

Her kan eg bli, men herfrå må eg fara»

Og om bror til Pilt-Ola, Hadvar (Halvar) skriv Jon Moe dette:

«Han er ein rivar Hadvar. Han riv ikkje berre røter og brenner tjøre, han brenner brennevin som han leverer på

«Fem, seks hundre fot kliv dei opp til dette Jerusalem», som Jon Moe kallar det. Der Lysefjorden ligg som einaste veg ut i verda. Bakken er i dag forsandfolk si felleseige (Foto: Elise Søyland).

Pottemagerstranden i Stavanger by.»

Og på Bakken blir det velstand etterkvart:

«Korleis det no er eller ikkje er, så er det fåe hus i Lysefjorden med sikrare levemåte enn den gamle heimen på Songesandbakken; det blir bygd nytt, høglofta våningshus. Og det kjem ungar i alle senger.»

Utvandring frå Lysefjorden

Om levekåra på Bakken blei betre, var det nok ei grense for kor mange munnar dei greidde å metta. Først tek bror til Anders, Johannes, ut til Amerika i 1849, og han har meir enn ein god grunn til å reisa. I det same reiseføljet er den unge og vakre gardbrukardottera frå Lyse, Ingeborg (1826–1919) med. Ho og Johannes er kjærastar, men det må dei halda strengt hemmeleg. Han, 30 år gammal husmannsson frå Bakken og ho er dotter til sjølvaste «Vene-Per» på storgarden Nærabø i Lyse. Nå rømmer dei til Amerika for å gifta seg og leva ilag. Standsskilnaden ville truleg ha stansa eit slikt giftarmål den gongen. Ein mektig far valde ut dei friarane som høvde seg for døtrene.

Dei var eit stort følgje

Så flytter Anders med si Ingeborg tilbake til barndomsheimen på Bakken i 1856, og etter å ha budd der ilag med broren Ola i fire år, bryt dei opp i 1860.

Amerikafeberen rasa ikkje like heftig i Lysefjorden som andre stader på den tida, om me skal tru flyttelista i kyrkjebøkene. Trygve Brandal granska dette då han skreiv kultursoga for Forsand i 2002 og han konkluderer med: Presten si bokføring har nok vore mangelfull. «Dei fem som reiste i 1860 var enkemannen Ådne T. Sønnmork og fire døtre mellom 10 og 24 år. Ådne miste kona si i 1853. Ho heitte Ingeborg Halvarsdotter og var frå Bakken», skriv Trygve Brandal. Då har me fått to nye opplysningar: «Vår familie» står heller ikkje oppført der dei skulle, og blei ikkje talde med. Og denne Ådne var svogeren til Anders. Han hadde vore gift med søster til Anders, Ingeborg, som altså døydde i 1853. Nå veit me at følgjet som drog frå Lysefjorden i 1860 talde minst ni personar. Me veit at Ådne og borna hans drog av stad 29.april, men me kan ikkje vera sikre på at dei drog samstundes og på same skipet over havet.

To små jenter på eit ferdaskrin

Immigrantane drog som regel over om våren eller på forsommaren. Fram til 1860-70-åra var seglskuter einerådande i denne trafikken. Dei fleste som reiste ut frå Rogaland gjekk om bord i skipet i Stavanger, og fram til 1850 var New York reisemålet for så godt som alle immigrantskip. Det var lasteskip, provisoriske ombygde til å føra passasjerar.

Nede under dekk har dei rigga seg til, i dette halvmørke og uvande, gyngande rommet. Menneske med eitt felles mål: Ei betre framtid!

Og her står ferdaskrinet vårt trygt plassert tett ved soveplassen til Ingeborg. Småjentene brukar å sitja på det når dei skal eta. Og når sjøsjuka herjar, opnar Ingeborg skrinet og let den friske angen av pors strøyma ut. Porsen ho plukka på Sauamyrå blir til lindring mot det meste, men får heimlengten til å riva i brystet. Ingeborg stikk handa inn mellom klesplagga og finn det ho leitar etter: Den vesle dåpshua av silke. Måtte det berre bli bruk for den igjen. Det er framover ho må tenkja nå. Det som ligg bak dei skal lagrast i dette skrinet. Ho slepper loket så det smell i rommet. Ein liten bit av karmen losnar, men ho ser det ikkje.

150 år etter kjem eit brev

Nær 150 år etter at skrinet vandra ut til Amerika, kom denne e-posten frå Theodore Bakken Stresemann til Forsand kommune, kulturkontoret 12. juni 2008:

«Venner:

Eg vil gratulera dykk med den informative og tiltalande heimesida. Mellom dei bilda som vekte mi interesse, var det foto frå garden SongesandBakken og gjenstandar derifrå, som nå er på bygdemuseet.

Eg har i mi eige det rosemalte skrinet eg sender med foto av. Den har bokstavane "ITDE" og årstalet 1844. Skrinet er 21,5 tommar langt. Det høyrde til mi oldemor, Ingebor Thoresdatter Einarsmyrå (?), som ei tid budde på SongesandBakken i lag med mannen sin Anders Halvarson, nevøen til "Pilt-Ola". I 1860, då dei immigrerte til USA, hadde dei skrinet med seg til Wisconsin, og det følgde slekta ei heil tid medan dei levde som nybyggjarar på fleire gardar i Minnesota. Etter kvart blei det gitt til son deira som blei fødd i Amerika, Halvor A. Bakken, og så til slutt fekk eg det.

Viss de er interesserte i å ta imot dette skrinet som eit bidrag til bygdemuseet på Forsand, vil eg vera glad for å kunne gi det til dykk. Opplysningane som følgjer viser kor skrinet kjem frå og kven det har tilhøyrt.»

Theodore Bakken Stresemann gav i 2008 skrinet til Forsand kommune slik at det kom «heim att» (Foto utlånt av Theodore Bakken Stresemann).

Pilt-Ola knyter band

Her forstår me at det nettopp er namnet "Pilt-Ola" som er linken mellom den amerikanske familien som hadde skrinet i si eige, og bygdemuseet i Forsand. Dei har sett den nye heimesida om Pilt-Ola som blei laga til minneåret 2008. Slik kom dei på den tanken at skrinet kunne sendast heim att til gamlelandet; til Lysefjorden og aller helst til Bakken. Dei veit nok ikkje at garden alt er i kommunen si eige. Siste eigaren, Johannes Bakken, gav den frå seg i 1973. Etter den tid har garden både blitt forpakta bort og seinare opna for alle som kjem innom og treng husrom. I 1996 blei den gamle løa og fjoset restaurert, og den bygningen blir i dag leigd ut til Stavanger Turistforening.

Ei gåve skaper glede

Kulturleiar i Forsand, Eva Landre Meling, får saka på sitt bord. Og betre kunne det ikkje passa. Ingen skal ha større ære av å verja og verna Bakken enn nettopp henne. Frå den første dagen i 1987 då ho låg på sine kne og skurte dei trekvite golva, og fram til i dag har ho bore Bakken i sitt hjarta. For det var ei kostbar gåve kommunen fekk den gongen, på meir enn eitt vis. Og nå kjem denne gåva i tillegg frå same familien. Dei har verkeleg noko å slekta på desse amerikanarane, og nå skal dei få vita det. Etter å ha presentert seg sjølv, skriv ho dette 18. juni 2008 i e-posten som fyk over havet berre ho trykkjer på «Send»:

«Det er ei stor glede for oss å kunna ta imot ei slik gåve til bygdemuseet vårt. Eg kjenner til folket som har levd på Bakken, og me har i år fleire markeringar knytt til Pilt-Ola sitt liv og virke. Det er i år 150 år sidan han døydde, og det er 110 år sidan den siste eigaren av Bakken, Johannes blei fødd. Som du kanskje veit, gav Johannes Bakken garden sin til Forsand kommune i 1973.»

Det blir gjort avtalar og familiemedlemmer i USA deler på fraktekostnadene. Skrinet er igjen på vandring over

Dette huset blei bygt av Halvor A. Bakken på 1890-talet. Han blei fødd i 1866. Huset ligg på stranda ved Lake Crystal, i Woodside Township, Polk County, Minesota
(Foto utlånt av Theodore Bakken Stresemann).

Dette bildet er tatt midt på 30-talet og viser familien til Halvor og Josephine Bakken. Her er det elleve born. Dei hadde tretten, men to av dei døydde som små. Me har ikkje funne noko foto av Halvor sine foreldre Anders og Ingeborg som utvandra i 1860 (Foto utlånt av Theodore Bakken Stresemann).

havet. Det same havet ho kryssa nær 150 år tidlegare. Rett nok ikkje så fargesterk som ho var, nå med små hakk i loket og tydeleg merkt av lang tids bruk.

Kista er ei minnegåve

I e-posten som Theodore Bakken Stresemann sender 4. juli 2008 står det:

«Eg er glad for at kista nå er send, den 3. juli 2008, og vil nok vera framme om sju til ti dagar. Skrinet er ei minnegåve frå Anders og Ingeborg sine oldeborn. Det er for mange til å rekna opp her, men eg vil nemna to som har vore veldig hjelpsame i arbeidet med å spora opp familien på Bakken og få kista sendt til Forsand, Harley A. Bakken og Mavis O. Ponto.

Me håpar alle på å få besøkja Ryfylke, Bakken, Årdal og Forsand»

Saman med brevet kjem fleire foto av både folk og bygningar.

Eit ferdaskrin fylt med bleier

Sidan historia om skrinet nå skulle skrivast, ville me gjerne ha fleire opplysningar, og Theodore Stresemann, oldebarnet til den første eigaren, Ingeborg, sende oss denne e-posten 3.august 2015:

«Eg skal med glede fortelja det eg veit om slekta vår og deira vandring i Amerika.

I følgje register frå Fister flytta Anders og Ingeborg til Songesand-Bakken i 1856 saman med dei to døtrene Jørgine og Borghild. Registeret viste at fødselsåra til jentene var 1852 og 1854. Truleg følgde jentene med foreldra og kofferten til Ingeborg då dei i 1860 gjekk om bord i eit fartøy som skulle til Amerika. Anders var 38 og Ingeborg 37 år. Målet deira var York, ein by i Wisconsin som ligg om lag 65 km sørvest for Madison. Byen var nyleg busett av fleire dusin norske og sveitsiske immigrantar. Anders var sysselsett der i ti år med land-, gards- og byggjearbeid.

I løpet av desse åra fekk Ingeborg og Anders tre barn til: Thore i 1861, Olina i 1863 og Halvar i 1866. I 1865 tente Anders saman med andre immigrantar i York, som unionistsoldat i den amerikanske borgarkrigen (Altså på nordstatane si side, min kommentar).

I 1870 flytta Anders saman med familien og slo seg ned i Chippewa fylke i den vestlege delen av det sentrale Minnesota, for å bli ein såkalla «homesteader», som betyr nybyggjar. På 1800-talet deltok tusenvis av immigrantar i ordninga der regjeringa gav tilbod om gratis land på inntil 0,647 km2 til innbyggjarar som ville bu i og forbetra området i fem år. Anders og Ingeborg møtte krava og tileigna seg eit slikt område i Chippewa i 1877. I 1879 flytta familien til Polk fylke nord i Minnesota, der dei gjorde krav på to nye land-område. Igjen innfridde dei krava og tileigna seg to område på 0,647 km2, eitt i 1888 og eitt i 1890.

Anders døydde i 1884 og blei gravlagd ved sida av dottera Olina i Fertile, Minnesota. Ingeborg døydde i 1910 og blei gravlagd ved sida av dottera Borghild i Milan, Minnesota.

Den yngste sonen, Halvor, blei også nybyggjar i Polk fylke, Minnesota. Han tileigna seg der eit nybyggjarområde på 0,647 km2 i 1898. Han bygde eit tømmerhus, løe og så eit to-etasjars tømmerhus. Her dreiv han gardsdrift. Kofferten til mora hadde følgt familien frå Noreg til Wisconsin, gjennom Chippewa fylke til Polk fylke i Minnesota. Til slutt fann han sin plass i Halvor Bakken sitt hus, og der blei han verande i tre generasjonar før returen til Forsand.

Halvor gifta seg med ein norsk immigrant, Josefine Hagen frå Rømskog i Østfold. Saman oppdrog dei tretten barn, og ryktet vil ha det til at kista fungerte som oppbevaringsplass for bleier til alle tretten.»

Minnegåva om Bakken

I 2010 blei det laga eit hefte om Pilt-Ola og Lysefjorden. Her blei Bakken presentert saman med eit foto av skrinet, og historia om reisa tilbake. Dette heftet blei sendt til slektningane, som takka og var vel nøgde med omtalen.

Ferdaskrinet er tilbake der det starta på reisa si. Om du opnar det utan å kjenna historia, kan det sjå tomt ut. Nå er det ikkje lenger slik. Skrinet er fylt med historia til dei menneska som har tatt vare på det. Det er ei historie om slit og strev for føda, om oppbrot og vandring, om stadig leiting etter betre levekår. Men mest av alt er det ei historie om ei slekt som aldri har gløymt kor dei kom ifrå: Ei fjellhylle høgt over Lysefjorden. Som eit Jerusalem, sa Jon Moe. Så sender me denne historia tilbake over havet, eit amerikabrev den galne vegen, med varm takk og ei viktig melding: Rik er den som klarer å gi bort noko verdfullt! Familien frå Bakken klarte det! Skrinet er heime igjen og det skal bli tatt godt vare på.

Tora-Liv Thorsen (68) er frå Sand, men har budd i Forsand frå 1980. Ho er pensjonert lærar og frivillig kulturarbeidar. Ho er òg leiar i Forsand sogelag og frå 2016 Forsand kommune sin representant i styret til Ryfylkemuseet.

Kjelder:

Trygve Brandal (2002): Fjordafolk, bind I
Sigleif Engen (1981): Forsandboka, bind I, del 1
Jon Moe (2008): Pilt-Ola. Dokumentarisk roman

Hjelparar:

Jan Samuel Halvorsen, slektsgransking.
Eva L. Meling, kulturleiar i Forsand.
Laila I. Rossavik, omsetjing frå engelsk.

Overmadrassen frå Kvæstadsamlinga.
Foto Lise Bjelland.

Nøysemd og flid

Av Anne Margrethe Myhre

Av alle gjenstandane i Ryfylkemuseet sine samlingar ønskjer eg å trekkja fram ein overmadrass frå Kvæstadsamlinga[1]. Ein kan vel knapt tenkja seg ein meir anonym og beskjeden gjenstand enn ein overmadrass. Den kjem lite truleg til å pryda eit postkort eller ei bokframside nokon gong. Men den tala til hjarta mitt og tok ein plass der. I denne artikkelen vil eg prøva å byggja opp under overmadrassen sin plass i museumssamlingane.

Overmadrassen er ein varm og god ullmadrass laga av fleire lag med gamle kvitlar, eller ullteppe, som er sydde saman. Det er tydeleg at ein har nytta dei beste delane av utslitne teppe, her er ulike fargar og mønsterstriper, og skøytar både på kryss og på tvers. Ein madrass som vart litt for smal, har fått ein kant av nedre delen av gamle spøtte ullbolar. Det heile er sydd saman med store sting slik at delane ikkje skal gli i forhold til kvarandre. Overmadrassen har hatt vanleg blåtøy som trekk.

Ein kvinneheim

Ranveig Andersdotter flytta inn i folgehuset på Kvæstad i 1885, etter at mannen hennar døydde året før. Ho var då 35 år gamal, og sat att med tre born mellom to og fem år. Borna vart etter kvart vaksne og flytte ut, men Ranveig levde resten av det 96 år lange livet sitt i folgehuset. Ho døydde i 1945. I 1911 kom yngstedottera, Taletta, heim igjen frå Stavanger. Ho hadde med seg eit barn fødd utanfor ekteskap. Taletta stelte for mora då ho vart gammal. I tillegg var ho sydame og tok imot saum heime i stova. Dei siste månadene av livet sitt budde ho hos dotter si, Ruth, i Stavanger. Taletta døydde i 1968, 86 år gammal. Ruth vaks opp saman med mor si og bestemora i folgehuset på Kvæstad. Etter konfirmasjonen var ho i teneste på fleire gardar i Suldal. På 1950-talet fekk ho

Lag på lag med tekstilar i stova på Kvæstad.

Suldal husflidslag tok på seg registreringa og stellet av tekstilane då museet arva innbuet etter Ruth Kvæstad. Her forfattaren saman med Jorunn Stråpa.

huspost på Stokka i Stavanger og reiste dit, og ho blei sidan buande i Stavanger. Folgehuset vart ståande tomt etter at Taletta døydde. Ruth brukte det som feriehus nokre dagar eller veker om somrane, men ho budde der ikkje fast. Då Ruth døydde i 2008, 97 år gammal, testamenterte ho alt innbuet i folgehuset til Ryfylke-museet. Dette innbuet speglar på ein fin måte livet til dei tre kvinnene.

Museet ønskja å visa fram denne samlinga med ei utstilling på Nesasjøhuset sommaren 2010. I førekant av denne vart me, som medlemmer i Suldal Husflidslag, spurde om me kunne tenkja oss å vera med å gå igjennom og registrera og merka alle tekstilane i

tilfanget. Det var også ein stor jobb å vaska og stella gjenstandane for å gjera dei presentable for framsyning. Heile våren boltra me oss i ulike tekstile materiale og teknikkar. Me hadde mange utfordringar og lærte mykje, spesielt då alle gjenstandane skulle vaskast. Me merka at det er mykje materialkunnskap som er i ferd med å bli borte i den moderne kvardagen vår. Når ein sit slik og puslar og steller med dei ulike gjenstandane, får ein eit nært forhold til dei. Alle fann me våre favorittar, og det var stor skilnad på kva me likte best.

Nøysemd og flid

Det som slår ein når ein studerer tekstilane frå Kvæstad, er kor utruleg smått og fint mykje av handarbeidet er gjort. Det er nytta svært tynt garn, og ein har hekla ganske fast. Dette fører til mykje arbeid, men gir eit sirleg resultat. Kvinnene har lagt ned stor flid i handarbeidet sitt. Det andre som slår ein, er den store grada av gjenbruk av materiale. Medan mjøl- og sukkersekker har vorte forfremma til fine dukar, har vevde ulltøy hatt fleire liv med ulike formål før dei endar sitt liv som golvteppe. Eit liv i nøysemd har fått kvinnene på Kvæstad til å nytta sine materiale om att, både ein og to gonger. Med stor flid har dei omarbeidd tekstilane til nye formål og nye uttrykk.

Overmadrassen

Skal me sjå nærare på overmadrassen si livslinje, må me langt tilbake i tid. Men me har inga tidfesting av dei ulike delane i madrassen. Det tek nokre år å slita ut heimelaga kvitlar eller ullteppe. Me veit heller ingenting om når dei utslitne ullteppa vart gjort om til overmadrass.

Overmadrassen med alle dei fine små lappane fint sydd saman til ny bruk.

Det me veit, er at det har gått med mange arbeidstimar for å koma fram til den madrassen me har sett søkelyset på. I første omgang har ein klipt sauene og vaska ulla. Så har den blitt karda og spunne. Det er ganske tynt og fint garn i ullteppene i denne madrassen. Skal ein få eit ekstra godt ullteppe, skal varpen (renninga) og veften (innslaget) spinnast kvar sin veg. Då grip fibrane endå betre inn i kvarande enn om alt er spunne same vegen. Så skal det vevast. Me moderne menneske tenkjer at veving var slikt ein dreiv med i mørke vinterkveldar. Men ein vevde også om sommaren når buskapen var sendt til støls, og ungane også som gjetarar. Då senka det seg ein slags arbeidsro over garden. Kvitlane som er bruka i overmadrassen er vevde i kypert[2]. Dette var nokså vanleg fordi det gir eit mykje tettare resultat enn vanleg toskaft. Ein får også litt dekoreffekt av dei skrå stripene gjennom fargefelta. I madrassen har dei nok bruka naturleg brun ull til stripene. Ein kan sjå at dei varierer i fargen.

Når ullteppa var ferdig vevde, vart dei stampa. Denne harde bearbeidinga av fibrane får dei til å tova seg saman, og tøyet vert både fyldigare og mjukare. På Kvæstad har ein ei av dei to gjenverande originale vadmålstampene i Norge, så det var kort veg for å få den jobben gjort. Å stampa vadmål og kvitlar var mannfolkarbeid. Denne prosessen er godt dokumentert i Folk i Ryfylke 2/88. Etter litt finpuss med innsying av kantar og slikt, var ullteppa klar til mange års bruk.

I overmadrassen er det også brukt andre ullstoff som ser ut til å vera toskaft, og eit område i midten er forsterka med eit noko finare ulltøy i ein mønstervev. Dei har bruka det dei har hatt for hand. Og når det har tatt slutt med vevde materiale, så har dei spedd på med spøta (strikka) betar. To rette og to vrange i naturfarga ull tyder på ei fortid som ullbolar, eller undertrøyer som me seier i dag. Også desse er laga av heimespunne garn.

Etter kvart har då både kvitlar og ullbolar blitt utslitne til sitt bruk. Men store deler av dei har ennå vore gode, og desse har dei visst å ta var på, kvinnene på Kvæstad. For å gi den nye overmadrassen ein stabil fasong, har dei vore nøye med å snu dei ulike materiala rett veg i forhold til strekking og fasong. Dei har også nytta meir stabile materiale for å roa ned dei som det er mest strekk i, som dei spøta ullbolane. Rundt kanten på heile madrassen er det sydd sikksakksting for å halda laga saman og gjera kanten stabil. Det er også sydd fine tråklesting i striper over heile madrassen for å halda laga frå å gli rundt i forhold til kvarandre. Det er dette som i vår moderne verd blir kalla quilting. Så er overmadrassen nesten klar til ny bruk, men først får ho eit overtrekk av bomullstøy, for å beskytta mot smuss og skitt. Ein kan berre tenkja seg kor tungt det ville vera å vaska og tørka 4-5 lag med ullstoff.

Annan husbunad

Kvinner likar å omgi seg med tekstilar og handarbeid. På Kvæstad hadde dei rikeleg med golvteppe, stol- og divanteppe og puter. I tillegg til dei vanlege lange golvteppa låg det småteppe framfor stolar og divanar. I alle rom var det også mykje finare handarbeid som dukar, brikker og gardiner.

Å ha duk på bordet er viktig for kvinner. I dukane frå Kvæstad kjem både nøysemda og fliden til uttrykk. Det som ved første augnekast ser ut som ein fin kvit duk med broderi, avslører ved nærare ettersyn at det har vore ein mjøl- eller sukkersekk i sitt førre liv. Med stor flid er

Tekstilane frå Kvæstad utstilt på Ryfylkemuseet viser stort mangfald.

den blitt skøytt saman på midten for å få rett storleik. Så sørgjer broderia rundt kanten for å dra merksemda til seg og bort frå den sirlige skøyten. Ser ein nøye etter, finn ein også at fleire av dukane er bøtte. Det vil seia at ein har sydd att hol i sjølve stoffet. Dette er gjort med nydelege små sting som mest ikkje syner. Å bøta dukar speglar både nøysemd og flid. Me kan sjå på falminga at dukane har lege lag på lag. Først ein stor duk som har dekka heile bordet og hange ned over sidene. Midt på bordet har det vore ei mindre brikke, ofte med eit heilt anna uttrykk enn duken under. Midt på brikka er det spor etter ei blomsterpotte eller liknande.

På kommodar og i hyller låg det nydelege kvite brikker laga i ulike handarbeidsteknikkar. Mykje av det var hekla brikker, men også brikker sydde i bomullsstoff med dekor av engelsk broderi og plattsaum. Mange brikker har ei dekorativ bord rundt kanten. Dei fleste bordene er hekla med svært tynt garn og fast og fint arbeid. To brikker har englemaskar rundt kanten. Ei brikke har bord av nupereller, og nokre har kniplingsborder. Det er også fleire små brikker i ullfilt med farga broderi på.

Golvteppa må vera laga nokolunde samstundes då dei er ganske like i utforminga. Dei var vevde i ullgarn,

Her er eit utval av det sirlege, fine handarbeidet etter kvinnene på Kvæstad.

noko som er litt uvanleg. Vanlegvis vert golvteppe vovne av remser av oppklipte, gamle kler. Her er det nytta tjukt og hardt brunt ullgarn som basis. Så har teppa grupper av striper i ulike samansettingar. Dette gir eit heilskapleg

Dette teppet er sett saman av små «tunger» av ullstoff. I samlinga var der to slike. Foto: Lise Bjelland.

uttrykk, samstundes som det er variasjonar for den som ser betre etter.

Framfor kvar lenestol og divan låg det eit mindre golvteppe. Det har nok vore golvkaldt i stova på Kvæstad. Dei fleste av desse teppa er hekla. Her finn me blanding av garn og filler, men det meste er likevel av ull. Ved første augnekast ser teppa ganske spraglete ut, men ser ein etter, ser ein at fargeskifta er nøye plasserte for å skapa eit slags mønster og systematisk variasjon. Dei fleste fargane er relativt mørke og tunge, men med islett av ganske skarpe striper. To teppe skil seg ut frå dei andre. Desse er laga av små "tunger" av ullstoff som er brodert rundt og av og til på, og monterte som skifer-stein på eit underlag av strie. I midten er det eit større felt med ullstoff med dekorative broderi. Dette er ein

Her er små tøystrimlar hekla saman til ei fin golvmatte.
Foto Lise Bjelland.

svært god måte å nytta små restebitar av gamle klede.

I lenestolane og på divanen var det også teppe laga av ullgarn. I tillegg til å vera dekorative, beskytta dei møbelet mot slitasje og gav ekstra varme for brukaren. For at ikkje handarbeida skal bli for tunge å arbeida med, er dei sette saman av mindre ruter eller lange striper som til slutt er monterte saman til eit heilt teppe. Det var ikkje så mange sofaputer på Kvæstad, men dei som var, var store. Ei er i mørk raudt ullstoff med ullbroderi i plattsaum, der motivet er roser på stilk. Desse ullbroderia er typiske for første delen av 1900-talet. Ei anna er brodert på stramei med lynildmønster. Ei tredje er hekla rundt i eit syntetisk kunstgarn som gir stor effekt. Den finaste sofaputa er ei såkalla pøllepute. Den er hekla med restegarn i mange ulike fargar.

Trendar i tida

Når ein får arbeida med slike gamle gjenstandar som overmadrassen frå Kvæstad, får ein eit nytt perspektiv på den tida me lever i i dag. Ein sterk trend i samfunnet nå er miljøbevissthet. Det skal vera naturmateriale, helst økologiske, i klede og hustekstilar. Det skal vera

Kunstnaren Helle Mellomstrand har brukt gamle ullteppe i sine kunstverk.
Foto: Kunstnaren.

gjenbruk, redesign og sjølvgjort. DIY er ei forkorting for "do it yourself". Både bokhandlarar og internett fløymer over med tips for dei kreative.

Eg vil påstå at kvinnene på Kvæstad var svært moderne og trendy, målt etter dagens målestokk. I første omgang nytta dei ull frå lokale sauer. Sauene i Suldal for om lag 100 år sidan var ganske sikkert både økologiske og kortreiste. Det er ikkje bruka kunstige fargestoff. Heile produksjonen vart utført med handamakt og enkelt, heimelaga utstyr, utan energikrevjande maskinar. Det ferdige produktet, i dette tilfelle ullteppene/kvitlane, vart nok bruka jamt og trutt i mange år, kanskje så mykje som 40-50 år. Men så ein dag vart dei vurderte til å vera for gamle og utslitne til å gjera nytte som ullteppe lenger. I staden for å gå i bosset, vart i alle fall dei beste delane av dei, tatt vare på og lagt til sides for seinare bruk. Etter kvart vart dei både gjenbruka og redesigna med stor flid. Så fekk dei 40-50 nye år i aktiv bruk.

Eg tvilar sterkt på at kvinnene på Kvæstad nokon gong sjølv tenkte at dei måtte vera miljøbevisste. Dei har hatt eit heilt anna utgangspunkt for innsatsen sin enn me har i dag. Huset på Kvæstad var nok ganske kaldt å

bu i samanlikna med våre moderne bustader. Kvinnene der hadde sin eigen arbeidsinnsats å bruka på å betra buforholda sine, medan me har kontoar med pengar som kan ordna både med oppvarming og fleecepledd utan at me tenkjer så mykje over det. Ja, mange har til og med varmekablar i senga. Når ein må bruka både tid, krefter og kunnskap på eit produkt, får ein eit anna forhold til ressursane bak det, enn når ein berre slengjer ein 100-lapp og to på disken eller dreg kortet.

Også i dag kan me sjå gjenbruk av gamle ullteppe, men med totalt forskjellig utgangspunkt og resultat enn på Kvæstad. Eit godt døme på moderne redesign av ullteppe, er Helle Mellemstrand sine skåler. Ho har latt ullteppa trekka inn godt med lim og forma dei rundt ei skål eller eit vaskefat som mal, og tørka dei slik. Resultatet er flotte skåler og fat med kjende roser frå ullteppa. Her betyr materialet ull ingenting anna enn at det kan formast. Ullteppa får eit fullstendig nytt liv som fat. Dei to heilt klare nye funksjonane må vera den nostalgiske, minna ein får ved å sjå att rosene frå ullteppa som ein hugsar frå bestemor si gjesteseng, og den estetiske, desse fata er flotte å sjå på og svært dekorative med ulltepperoser i ulike vare fargenyansar. Mellemstrand sin gjenbruk av dei gamle ullteppa, byggjer ikkje på nytte og behov, men på rein og skjær skaparglede.

Lenge leve dei gamle ullteppa!

Arbeidet med Kvæstadsamlinga, og overmadrassen særskilt, har sett varige spor i Husflidshjarta mitt. Ein gjenstand treng ikkje vera eksotisk og fargerik for å ha verdi. Også det smålåtne og gråbrune har hatt sin funksjon og har sin plass i samtida. Og desse gjenstandane må vera

Foto: Anne Margrethe Myhre.

med oss vidare for å gi eit sant bilete av fortida.

Eg vonar at denne vesle artikkelen kan vera med på å få oss alle til å tenkja oss om neste gong me vil kasta noko som er utslite, eller kanskje berre umoderne, og så skaffa oss noko nytt til same formålet. Lenge leve dei gamle ullteppa!

Anne Margrethe Myhre (54) er medlem i Suldal husflidslag og har grunnfag i etnologi frå Universitetet i Bergen.

Noter:

[1] De kan sjå fleire gjenstandar frå Kvæstadsamlinga ved å søkja på nummer «RFG2009-023» på nettstaden digitaltmuseum.no. Overmadrassen som er omtala i denne artikkelen har nummer «RFG2009-023-200».

[2] Kypert vert vevd over ein tråd og under to (eller fleire) trådar. Mønsteret vert samstundes forskyve 1 tråd for kvar omgang. Dette gir karakteristiske skrå striper i det ferdige tøyet.

Olav Ingvaldstad pløyer med Ferguson-traktoren sin på Austigard i Årdal i 1939. Til høgre Johan og Rasmus Austigard.
Frå Ryfylkemuseet si fotosamling.

Ferguson 1938

Av Trygve Brandal

I ein skut i løa i Vigatunet har det i mange år stått ein gammal grå traktor. Det er ein Ferguson 1938-modell med jernhjul med piggar, men med hydraulikk og trepunkts oppheng for reiskapen. Traktoren har tilhøyrt Olav Ingvaldstad på bruket Kaldheim på Ingvaldstad i Hjelmeland. Han var den første i noverande Hjelmeland kommune som skaffa seg traktor. Det skjedde våren 1939. Dette er dermed Hjelmelands første traktor.

Traktoren er ein Ferguson-Brown Model A, som vart produsert ved David Brown-fabrikken i England frå 1936 til 1938. Motoren er firesylindra, bensindriven og vasskjølt og yter 20 hestekrefter. Der er magnettenning på han, og han måtte sveivast i gang. Batteri klarte han seg utan. Traktoren var kostbar då han vart kjøpt hos Eiks maskinforretning i Stavanger den 30. mars 1939. Prisen for sjølve traktoren var 4800 kroner, men med reiskapar kom han på 7235 kroner.[1] Dette var mykje pengar i åra før krigen. Eigaren Olav Ingvaldstad hadde t.d. fått seg opp eit bustadhus like før for rundt 5000 kroner.

Ingvaldstad brukte traktoren heime på bureisingsbruket sitt, og han køyrde mykje rundt med han på leigekøyring. I vårvinna byttest han og Jens Børkja på med å køyra traktoren, så då gjekk han mest døgnet rundt. Jens Sie i Årdal vart også leigt inn som køyrekar. Dei var rundt i Årdal, Fister og Hjelmeland og hadde turar både til Strand og til Finnøy. Det var pløying og horving med skålhorv i vårvinna og ved nydyrking som var dei mest aktuelle oppdraga. Mange såg mon i å få traktoren til gards for å gjera slikt arbeid, så det kunne bli ein lang vårsesong. Olav Ingvaldstad køyrde frå gard til gard heile våren og pløgde og horva, og til sist skulle vårvinna gjerast heime hos dei sjølve. Fekk dei berre potetene i jorda før jonsok, så gjekk det bra, meinte han.

Traktoren var eit særsyn, så det var alltid rikeleg

Ferguson-traktoren frå Ingvaldstad i den tilstand han var medan han i 2012 stod lagra på kommunalt lager på Pundsnes i Hjelmeland. Foto: Ryfylkemuseet.

med publikum der dei kom. Mellom dei første oppdraga med traktoren var Olav på Nessa og pløgde. Når veka var til endes, parkerte han traktoren der og var heime på søndagen. Det blir fortalt at gutungane på Nessa flokka seg rundt traktoren og ville prøva vidunderet. Det gjekk lett å starta traktoren, men ingen fekk til å stansa motoren, så han stod framleis og sveiv når eigaren kom tilbake måndag morgon. Men då var det lite drivstoff att![2]

Som regel kom Olav seg ikkje heim om kvelden, men overnatta på gardane der han arbeidde. Då var det kona som måtte ta dyrestellet heime. Det første året var betalinga jamt 3-4 kroner for å pløya eller horva eit mål jord, ser vi av rekneskapsboka hans.[3] Året etter tok han betaling for timane han brukte på arbeidet. Våren 1940 var satsen 7 kroner for timen, om hausten auka det til 8 kroner. I 1942 var det kome opp i 13 kroner timen for horving og og 14 kroner for pløying. Bensinen betalte han 1 krone og 15 øre literen for på Årdal handelslag i 1942. Kjøpte han heile bensinfat frå Stavanger, låg literprisen på rundt ei krone. Men i 1943 var det så vanskeleg å få fatt i bensin at traktoren berre blei brukt litt heime. Før neste sesong vart det montert knottgenerator på traktoren, og dermed kunne han farta rundt på nye oppdrag. Både bilar og traktorar fekk påsett slike knottaggregat i krigens dagar, så dei kunne drivast med å brenna små kubbar av trekol, kalla knott, i aggregatet. No var det innkjøp av trekol som var den største utgiftsposten for Ingvaldstad. Prisen pr. sekk låg på 9-10 kroner. Dette knottaggregatet stod på traktoren til krigen var over, men så snart tilgangen på bensin vart normalisert igjen, vart det teke av, og traktormotoren var tilbakeført til bensindrift.

Traktoren vart levert med to sett jernhjul, der det eine var mykje breiare enn det andre. Knottane på jernhjula sette sine merke i veggrusen, så eigaren måtte ofte gå og raka i kilometervis etter traktoren der han

Den første traktoren som kom til Mosterøy var ein Ferguson Model A 1936-modell. Dagfinn Edland kjøpte han av Eiks Maskinforretning i 1938. Traktoren er framleis på garden, i Nikolai Edland sitt gardsmuseum, og er i god stand.

hadde køyrd på vegen. Etter nokre år skaffa Ingvaldstad seg gummihjul til traktoren. Men jernhjula gav best grep ved pløying og horving, så dei vart ofte sette på når slikt arbeid skulle gjerast. Den gamle 1938-modellen gjorde teneste som traktor på garden til Olav Ingvaldstad til langt ut i 1970-åra.[4]

Traktoren høyrer i dag til i samlinga til Hjelmeland bygdemuseum. Vi veit ikkje nøyaktig når traktoren vart gitt til bygdamuseet, men det må ha vore på 1970-talet. Bygdamuseet hadde dårleg med plass til så store gjenstandar, og traktoren vart difor frakta til Vigatunet og sett inn der i ein skut i løa. Rogaland Folkemuseum, eigaren av bygningane i Vigatunet, sa ja til at han kunne plasserast der. Dette var lenge før bygdemuseet vart innlemma i regionmuseet. Før overleveringa til museet vart traktoren frakta til Eikmaskin i Stavanger, som pussa han noko opp og sette på han jernhjul og eit knottaggregat for gassdrift, liknande det som stod på traktoren på slutten av krigen.[5]

I Viga har traktoren stått i mange, mange år. Tilstanden har vore så som så. Det har mangla mykje på at han har vore i køyrbar stand. Ved Ryfylkemuseet har vi lenge hatt ein draum om å få sett traktoren i Viga i betre stand, om muleg i køyrbar stand. Motor- og traktorentusiast Magne Hetland sa seg interessert i å prøva på det arbeidet. Traktoren vart i 2014 flytta til Hetland, som ligg mellom Hjelmeland og Vormedalen, til Magne sitt reiskapshus, og arbeidet med å skrua på traktoren pågår

Trygve Ullestad på leige-oppdrag med Ferguson med pløying på Øvre Valheim i Årdal i 1952. Frå Ryfylkemuseet si fotosamling.

der. Det er snakk om eit omfattande arbeid. Tilstanden må kartleggast, og omfanget av restaureringsarbeidet må vurderast. På denne traktoren syner det seg t.d. at botnpanna er sprukken, og å få fatt i ei ny, eller rettare sagt ei gammal, men heil som kan settast på i staden, er ikkje enkelt. Det handlar om å ha kontakt med likesinna rundt om i landet som kan ha delar eller tips, og å følgja med på nettstader som Finn og andre, der det føregår kjøp og sal av gamle motordelar. Magne er godt i gang med arbeidet, men det er enno langt fram før det skin av den gamle Ferguson'en, og det er uvisst om han nokon gong kan bli i køyrbar stand att.

Frå fjording til Ferguson

Hestekraft og menneskeleg muskelkraft var den trekkkrafta ein kjende til i jordbruket frå gammalt av. Lenge var det hender og muskelkraft som gjorde mesteparten av arbeidet, som å slå graset, snu det medan det tørka på marka eller hesja det, skjera kornet osv. I åra før og etter 1900 kom reiskap og maskinar trekte av hest inn som erstatning for handamakta. Den første halvdelen av 1900-talet var hesten si store tid i jordbruket, og hestemekanisering prega utviklinga. Så kom traktoren og konkurrerte ut hesten i den andre halvdelen av hundreåret.[6]

Overgang til motorisert trekkraft i landbruket var ei avgjerande teknologisk omlegging og eit allment

Albert Moe og Odd Stråpa med traktor og sjølvbindar i skurdonna på Valborgstøkkjet på Lunde i Suldal i 1959 med den første traktoren i gamle Suldal kommune.
Frå Ryfylkemuseet si fotosamling.

trekk både nasjonalt og internasjonalt i åra etter andre verdskrigen. Bygdene i Ryfylke kom ikkje spesielt tidleg med, men kom raskt når dei kom. I 1949 hadde dei fleste kommunane i Ryfylke berre nokre få traktorar. I Klepp kommune på Jæren derimot var det heile 96 traktorar. På øyane i Ryfylke var dei tidleg ute. I dagens Rennesøy kommune var det det 10 traktorar i 1949, med 6 i Mosterøy og 4 i Rennesøy. I Strand kommune var det 5, i dagens Hjelmeland kommune likeeins 5. Dagens Suldal kommune hadde 4, Forsand hadde 3. I heile Ryfylke var det 32 traktorar i 1949, mot vel 400 i heile Rogaland og nesten 10 000 i heile landet.[7]

Den første traktoren i Hjelmeland kom som nemnt i 1939, for 76 år sidan. I andre bygder i Ryfylke kunne det vera noko tidlegare eller noko seinare. I Forsand var dei tidlege. Den første traktoren der var "Jernhesten", som Olav T. Fossan skaffa seg i 1919. Dagfinn Edland var traktorpioner på Mosterøy. Han kjøpte ein grå Ferguson Model A av Eiks Maskinforretning i 1938. Traktoren var ein 1936-modell som Eik hadde brukt til demonstrasjonspløying i to år.[8]

Harry Ferguson starta med produksjon av traktorar i 1933. Det spesielle med hans traktor var trepunktssystemet og djupnekontroll på reiskapen. Det var særleg ved pløying at dette var revolusjonerande. Tidlegare traktorar hadde hatt same funksjon som hesten. Dei fungerte berre som trekkraft, og plogen vart berre dregen etter traktoren. Plogen kunne då lett køyra seg fast, noko som kunne føra til at traktoren steila og at folk vart skada. På Ferguson-traktoren kunne plogen løftast opp og ned ved hjelp av hydrauliske løftearmar bak på traktoren. I tillegg var der eit toppfeste for plogen, som var viktig for djupnekontrollen. Når plogen fekk for mykje motstand, blei krafta overført gjennom toppfestet til ei kontrollfjør på traktoren, og plogen vart automatisk løfta noko. Med trepunktssystemet kunne ein liten og lett traktor gjera same jobben som ein stor og tung gjorde før. Ferguson Model A var den første lette traktoren med avansert hydraulikk for djupnekontroll. Frå 1936 til 1938 vart denne traktormodellen produsert ved David Brown-fabrikken i Huddersfield i England i eit tal på rundt 1350 eksemplar. Berre om lag 30 av dei skal ha kome til Norge. Seinare overtok Ford-fabrikkane i

Den nye tid er komen til Fogn i Finnøy i 1964, hesten må vika for traktoren. Det er Olav Hovda på traktoren og Kristoffer Hovda med hesten.
Frå Ryfylkemuseet si fotosamling.

Detroit i USA produksjonen av Ferguson-traktorar, og då vart det heilt andre produksjonstal.[9]

I Hjelmeland var det altså Olav Ingvaldstad som var først ute med traktor, med sin Ferguson i 1939. Etter krigen følgde andre etter i andre bygder i kommunen. På Laugaland i Vormedalan fekk Kristian Hauge saman med Andres og Bernhard Laugaland fatt i ein av dei første traktorane som Eiks Maskinforretning fekk til sals i 1946. Det var ein Ford Ferguson med jernhjul, og han kosta kring 8000 kroner. Eigarane hadde ungdommane Arne Hetland og Karsten Aasland til å køyra traktoren. Det var arbeid i vårvinna og i slåtten hos dei tre eigarane traktoren vart brukt til, og han køyrde også ein heil del rundt på leigekøyring hos andre. Til Årdal kom den første etterkrigstraktoren i 1948. Det var Sven Borgen og Bernhard Erland som då kjøpte ein kanadisk Massey-Harris, også den med jernhjul. Dei dreiv maskinstasjon og køyrde rundt i heile bygda på oppdrag. Året etter bytte dei ut den første traktoren med ein ny Ferguson bensintraktor, ein «gråtass». Etter kvart skaffa dei seg plog og horv, slåmaskin, sjølvbindar og potetopptakar til maskinstasjonen. I Fister var det Harald Eide og sonen Karl på Staurland som i 1949 kjøpte den første traktoren der. Då hadde dei stått på venteliste hos Eiks Maskinforretning kring eit år. Også dette var ein grå Ferguson bensintraktor. Same året kjøpte Jone Vadla den første traktoren i Jøsenfjorden. På Randøy kjøpte Jon Meland på Øye traktor tidleg i 1950, og på sjølve Hjelmeland var Jone Hagalid den første som investerte i traktor, i 1950-1951. Det spesielle med traktoren på Hagalid var at dei ikkje kom fram til gards med han. Traktoren vart brukt til bygging av vegen fram til fjellgarden Hagalid, ein veg som ikkje vart heilt ferdig før i 1960.[10]

Traktortalet auka mykje i 1950-åra, men det var først i 1960-åra at det vart fleire traktorar enn hestar i Ryfylkebygdene. Det var då bønder flest tok steget frå fjording til Ferguson. Tabellen og grafen nedanfor syner utviklinga meir i detalj i Hjelmeland kommune.

Traktorar, hestar og gardsbruk i Hjelmeland 1949-1989.

	1949	1959	1969	1979	1989
4-hjuls traktor	4	62	241	366	490
2-hjuls traktor	1	22	28	66	24
Sum traktorar	5	84	269	432	514
Hestar	501	396	175	92	66
Bruk >5 mål	554	544	451	386	341

Vi ser at talet på traktorar auka kraftig både på 1960- og 1970-talet. På bruk etter bruk kjøpte dei seg traktor, og traktorane hadde no blitt så mangesidige i bruk at traktoreigarane ikkje lenger såg at dei hadde bruk for hest. Kurvene for talet på hestar og traktorar kryssa kvarandre på 1960-talet; i 1969 var det langt fleire traktorar enn hestar i kommunen. Men enno var det berre 60 prosent av gardsbruka som hadde traktor. Dette endra seg drastisk på 1970-talet, slik at det i 1979 var fleire traktorar enn gardsbruk (større enn fem mål). Mange bruk fekk etter kvart meir enn ein traktor. Når det vart kjøpt ny traktor, beheldt mange framleis den gamle. I desse to tiåra kom også dieselmotorane og konkurrerte heilt ut dei bensindrivne traktorane. Tohjulte traktorar spela størst rolle i første fase av traktoriseringa. Seinare har dei utgjort berre ein liten del.

Hestar og traktorar i Hjelmeland 1949–1989



I dei første etterkrigsåra var det ikkje berre å gå og kjøpa seg ein traktor. All import var strengt regulert. Dei traktorinteresserte måtte først skaffa seg kjøpeløyve frå Rogaland Landbruksselskap, og så måtte dei stilla seg på venteliste hos traktorforhandlarane. I dei første åra var «gråtassane», dei engelske grå Ferguson-traktorane med bensinmotor, heilt marknadsleiande. Dei vart forhandla av Eiks Maskinforrretning i Stavanger. Deira styrke var det hydrauliske systemet og trepunktsopphenget for reiskapen. Dei første åra hadde dei ein maskinstyrke på 20-30 hestekrefter. Men der var også mange andre traktormerke, t.d. dei mindre Pony-traktorane frå Massey-Harris på 12-16 hestekrefter. Dei hadde side-montert slåmaskin i staden for bakmontert og var svært gode til å slå gras med.

Det tok si tid før den motoriserte trekkrafta fekk overtaket. Dei færraste skifta heilt over frå hestekraft til motorkraft med det same. Lenge var det ikkje snakk om eit anten-eller, men eit både-og. Hest og traktor, gammal og ny teknologi eksisterte side om side, slik det ofte skjer ved innføring av ny teknologi. Dei som kjøpte seg traktor, kvitta seg ikkje med hesten med det første. Traktoren vart brukt til visse typar tungarbeid i onnene, som pløying og horving om våren og grasslått om sommaren. Hesten hadde dei bruk for til mange ting enno.

Endringar i kjølvatnet

Traktoren trekte andre tekniske nyvinningar med seg. Det kom stadig nye reiskapar som kunne monterast på

Det er sommar på Jelsa i 1952, med lettkledde ungdommar klare for høykøyring med traktor og høysvans. Jan Stigler på traktoren med jentene Berit Jelsa, Berit Foldøy og Greta Gjermundsen rundt seg. Frå Ryfylkemuseet si fotosamling.

traktoren. Grasberginga gjennomgjekk store endringar i løpet av 1900-talet. Først i hundreåret var flattørking på marka med snuing av høyet og sæting om kvelden det mest vanlege. Noko gras vart også hesja, men ofte var det berre ein utveg i regnsomrar. Seinare tok hesjinga meir over og vart den vanlegaste måten å tørka høyet på. Flattørking kunne framleis føregå i stabile godversperiodar. Innkøyring av tørrhøy føregjekk lenge med høyvogn, også etter at traktoren erstatta hesten som trekkraft. Høysvansen var det neste spranget her. Denne hadde si glanstid i andre halvdel av 1950-talet og i 1960-åra. Oppfinninga erstatta høyvogna og det tunge arbeidet med på- og avlessing av høyet.

Etter kvart kom silolegging inn som ein konkurrent til høytørking. I førstninga var det berre ein liten del av graset som vart ensilert. Med tida breidde det seg meir og meir, slik at silolegging vart regelen og høytørking unnataket. Første fase i silolegginga var slått med slåmaskin på traktoren og innkøyring med silosvans. Utover på 1960-talet kom så fôrhaustaren meir i bruk. Med ein fôrhaustar slo ein mann på traktoren graset og bles det opp i ei vogn i ein operasjon. Samtidig vart graset kutta og tilsett syrevæske. Bruk av fôrhaustar og avlessarvogn førte til at graset ikkje vart teke i av menneskehender før det hamna i siloen. Frå slutten av 1900-talet har grasballar innpakka i plast overteke meir og meir for silolegginga.

Eit glimt frå Forsand seier noko om innføringa av fôrhaustaren der. Den første fôrhaustaren kom til bygda før 1960. Truleg var det i 1958 at Torstein Fossan kjøpte

Enkelte kvinner kunne også køyra traktor. Her er Ingeborg Løland (f. Vikeså) på den første traktoren, ein gråtass, som kom til Hylsstranda gjennom maskinstasjonen som Olav Ørland tok til med kring 1950, og som Lars Løland overtok nokre år seinare. Ingeborg køyrer her traktoren med høyvendar i 1958. Biletet er teke på "Mole", med Oppistovsløå på Løland i bakgrunnen. Frå Ryfylkemuseet si fotosamling.

fôrhaustar til sitt gardsbruk på Forsandmoen. Etter ei tid kjøpte grannane Rolf Haukalid og Bjarne Rettedal seg inn i denne, slik at det vart tre bruk som åtte han i lag.[11] I Haukali skaffa Gunnar Haukelid seg den nye reiskapen i 1959. Sonen Alfred gjekk for presten den sommaren, og han køyrde rundt og fôrhausta for folk. På den tid var det ikkje snakk om sertifikat og aldersgrense, berre om du kunne køyra.[12] Det tok likevel tid før det vart mange fôrhaustarar i bygda. Jordbruksteljingane syner at det var 19 i 1969, 59 i 1979 og 66 i 1999. Det vart drive opplysing og agitasjon for den nye teknikken. I 1965 var det demonstrasjon av fôrhaustar og silonedlegging i Forsand ved fylkesagronom Einar K. Time og heradsagronom Arvid Fjellanger.[13]

Mekaniseringa førte til at gardsbruka vart lettvintare å driva, dei kravde mindre arbeidsinnsats av brukaren. Dette er bakgrunnen for at medan gardsbruka har blitt færre og større, så har talet på heiltidsbønder blitt redusert. Dei fleste bønder i Ryfylke i dag er deltidsbønder. Utviklinga i slåttearbeidet illustrerer denne utviklinga.

I åra etter krigen brukte gardbrukarfamilien fleire veker på slåtten, frå den første ekra vart slegen til det siste tørrhøyet var i hus. Og då hadde dei gjerne ein ungdom som dreng med seg, og dei kunne ha fått hjelp ein dag eller to av sommarbesøkjande slektningar, gjerne når tørrhøyet skulle køyrast inn. Nokre tiår seinare kunne ein mann med traktor og fôrhaustar og med ein

Torgeir Guggedal på Jelsa ved rundballepressa. Han slo og pressa førsteslåtten for seks bønder på Jelsa på ei veke i juni 2015. Foto: Suldalsposten.

hjelpesmann i siloen gjera slåttearbeidet unna på eit par dagar. Og etter den siste tids utvikling kan bonden leiga ein grasentreprenør til å gjera heile slåtten. Han kjem med eit par traktorar, slår graset ned, pakkar det inn i plast og let det liggja att som grasballar. Bonden treng ikkje sjølv vera heime ein gong, men er kanskje på arbeid utanfor garden medan slåtten føregår heime.

Jordbruksrevolusjonen

Innføringa av traktoren som trekkraft inngår som eit viktig element i den djuptgripande omforminga av jordbruket som har skjedd etter 1950/1960. Desse endringsprosessane har blitt omtalt som jordbruksrevolusjonen, eller det nye hamskiftet, som kom etter det store hamskiftet, som omformingstida frå kring 1850 til fram mot 1920 har blitt kalla. Det er iallfall ikkje tvil om at bondesamfunnet har endra seg radikalt gjennom dei siste 50-60-åra. Endringane har vore sterkare og meir djuptgripande enn i nokon anna tidpseriode i historisk tid. Dette har skjedd i Ryfylke, i Norge og i heile den vestlege verda. Eit par tidsbilde kan kasta lys over dei gjennomgripande endringane.

Eit gardsbruk i Ryfylke i 1950 dreiv ein mangesidig produksjon, dei hadde litt av alt. Kyrne var enno sjølvsagde hos dei som ville vera noko til bønder. Nokre hadde fått seg mjølkemaskinar, men dei fleste mjølka enno for hand, ofte ute om sommaren. Det stod kanskje eit par sugger i grishuset, og grisungane vart alte opp

til passelege slaktegriser før dei vart slakta heime eller sende til byen. Sauer fanst det på mest kvar gard, somme hadde enno litt geiter. Høner hadde mange, kanskje 50, kanskje 200, og mange leverte egg til den lokale handelsmannen. Og hesten var eit sjølvsagt innslag på kvart eit gardsbruk, bortsett frå dei minste. Frukttre stod det på mange gardar, mest plommetre. Det meste av innmarka vart brukt til grasproduksjon, men somme hadde framleis kornåker, andre dyrka ein del grønnsaker. Framleis var ein normal gard bustad- og arbeidsplass for mange menneske – foreldre, born, ofte folgefolk og tenestefolk. Sjølv på små bruk var innsatsen til alle grupper nødvendig for å halda drifta oppe. Mykje av produksjonen vart brukt i hushaldet på garden, sjølv om ein aukande del vart seld.

Ein gjennomsnittleg Ryfylke-gard frå våre dagar skil seg radikalt frå dette bildet. Han gir sjeldan arbeidsplass til meir enn ein eller to personar, og ofte er dei på deltid. Berre eitt eller eit par slag av jordbrukets råvarer vert produsert, og praktisk talt alt vert selt. Reiskap og maskinar vert kjøpte ferdige, og mykje av vedlikehaldet er overlate til fagfolk. Garden sender råvarene frå seg, og bearbeidinga av desse til ferdigvarer skjer på slakteri, meieri og pakkeri på Nord-Jæren. Gardsbruka har vorte færre, og berre eit mindretal av bøndene har garden som einaste leveveg. Dei fleste arbeid som før vart utførte med muskelkraft, har vorte mekaniserte.

Ferguson-traktoren frå Ingvaldstad kan stå som ein illustrasjon på jordbruksrevolusjonen som har føregått i Ryfylke gjennom dei to siste generasjonane.

Trygve Brandal (61) er førstekonservator og leiar for samlingsavdelinga ved Ryfylkemuseet. Han var tidlegare bygdebokskrivar og har mellom anna skrive bygdebøker for Hjelmeland og Forsand kommunar.

Noter:

[1] Etter notatar utlånt av Kirsten Gundersen.

[2] Ibid.

[3] Ibid.

[4] Samtale med Ola O. Ingvaldstad og Kirsten Gundersen, son og dotter til Olav Ingvaldstad.

[5] Ibid.

[6] Artikkelen trekkjer vekslar på forfattarens framstillingar om jordbruksutviklinga i bygdebøker for Hjelmeland og Forsand. Sjå Hjelmeland. Bygdesoge 2, 1800-1990, Stavanger 1994, s. 476-493 og Fjordafolk. Kultursoge for Forsand 1800-2000. Bind 2. Stavanger 2002, s. 184-200.

[7] Jordbrukstellingen i Norge 1949, NOS XI 40, tabell 8.

[8] Stavanger Aftenblad 20.10. 1990.

[9] Der er ein rikhaldig traktorlitteratur. To aktuelle bøker på norsk er Arnulf Jensen: Veterantraktorer i Norge. Oslo 2000 og Nick Baldwin: Klassiske traktorer. Oslo 2005.

[10] Etter samtalar med Bernhard Laugaland, Sven Borgen, Karl Eide, Trygve Ullestad og Jone Vadla Holmen.

[11] Samtale med Torstein Haukalid.

[12] Samtale med Alfred Haukelid.

[13] Kommunearkivet i Strand, årsmeldingar frå herads-agronomen i Strand og Forsand.

Kjell Gunnar Haraldseid og artikkelforfattaren er i sving med kanting av dei fyrste golvborda til løa i Viga på Kolbeinstveitbenken.

Strykebenkjen

Av Sven Hoftun

Arbeidet med restaureringa av løa i Viga gav oss høve til å nøsta i arbeidsprosessane og verktøyet, som ein i tidlegare tider nytta til bearbeiding av material. Me visste der stod ein benk på Kolbeinstveit som var nytta til å høvla kanten på borda i, og me hadde høyrt at *"... dei sat på ein låg benk og høvla imellom seg..."*. Denne artikkelen skal handla om ulike arbeidsbenker og prosessen rundt, med utgangspunkt i benken på Kolbeinstveit.

I boka "Suldalsmålet – Mållæra, ord og vendingar", står det: ***Strykebenk*** *m lang benk med two fjøler mot einannan til å kantstryka og pløya panel. "Me kjilte fast bor'e i strykebenkjen, å brokte òksen me' to meiar onda".*[1]

Samstundes sa dei "å skjota" borda. Eller "skjota te liming". Dette peikar mot ordet skottbenk, som er eit anna namn på denne typen arbeidsbenk. Men det er altså ordet "strykebenk" som må vera lokal nemning. Og kolbeinstveitbenken er altså ein strykebenk. Den er 430 cm lang og har ei høgd på 80 cm. Den var medfaren, så me laga nye langbord til han. Det er viktig at langborda[2] er beine, då det er forma på desse ein i praksis kopierer når meiane[3] på okshøvelen[4] kjem nedpå. Det eine er fast og innsida på dette skal vera i lodd. Øvre kanten skal vera vinkelrett på lodd. Det andre bordet er laust. Det vil seie at det kan regulerast i forhold til tjukna på borda som skal høvlast. På det lause langbordet er det viktig at øvre kanten er vinkelrett på lodd og jamhøg med det faste langbordet. Dette er nok om ein berre skal høvle kanten på bord som til dømes skal tene som bord i eit løegolv der det ikkje er så store krav til jamtjukke bord. Skal ein derimot høvle ein rettvinkla kant på til dømes stovegolvbord eller lembord[5], der begge sidene er synlege, må borda høvlast slette på rettsida fyrst. Set me då bordet med den plane sida mot det faste langbordet i strykebenken høvlar me kanten vinkelrett.

Frå Nordmark i øvre Suldal. Denne er omlag 3 m lang og har ei høgd på 78 cm.

Langbenkjen

For å høvle flasken[6] på bord, må me inn på ein annan høvelbenk. Det er langbenken, forsetet eller oksabenken. Den visste me svert lite om, kva dimensjonar og utforming hadde ein slik arbeidsbenk? Forsete visste eg jo kva var, eg laga ein slik til å ha på kjøkkenet heime, då eg gjekk på skulen. Var det det same? På ein juletrefest på Suldalsosen kom eg i prat med Halvard Bakka (f. 1949), og han kunne fortelja at der sto ein slik benk i Kvilldal, på verkstaden etter bestefar hans, Nils O. Bakka (1882-1967), som var båtbyggjar. Han hadde sjølv vore med bestefar sin og høvla båtbord på den. Etter studering, fotografering og oppmåling ville eg lage ein kopi. Kva var framgangsmåten? Seteplanken har så ujamn tjukne og ingen rette flater som kunne nyttast som referanseflater i oppmerkinga til kopien. Den er òg nærast hol langs midten etter øks. Men dette er den einaste flata me ikkje kjenner den opphavlege forma til. Me kom fram til at ho godt kan ha vore høvla slett og då gjort nytte som referanseflate.

Langbenken frå Kvilldal måler 275 cm i lengda, er 26,5 cm brei og 48 cm høg. Opphavleg tjukne på planken varierer mellom 5,5 og 6,5 cm (målt på kvister langs kanten). Føtene skrevar ut i ei breidd på omlag 40 cm ved golvet. Dimensjonen på føtene er 11 x 4 cm og dei står 36 cm frå endane. Tapphola er 7 x 4 cm. Materialen er av furu og skoren på sirkelsag. Lengda høver godt i hop med 4 alna[7] bord (251 cm) som dei fleste kledningsborda til løa i Viga er.

Langbenken frå Kvilldal.

Me skulle høvle om lag 140 m^2 med brei kledning, kanta på ei side. Mengda gjorde at me felte oss litt av, og fekk delar av materialen tjukna maskinelt fordi me meinte det skulle spara oss for noko arbeid. Men me bestemte oss for at alt skulle farast over med oksehøvelen, for å få rette overflata til slutt. Det er dei gamle, originale kledningsborda oppunder ufsene[8] som er utgangspunktet for korleis forma og finishen skal væra på den nye kledningen. Dei er maksimalt utnytta på breidda, med berre ein rett kant. Den andre er vankanta.[9] Borda spetar[10] med rot og topp. Dei er konsekvent høvla på rettsida og har denne ut. Oppgangssagskurd på innsida. Korleis var framgangsmåten for å produsere slik kledning? Etter gammalt, då dei kjørte fram tømmeret med hest, barka dei oftast i skogen. Borda, som kom frå saga, var ukanta. På byggeplassen hadde dei då ukanta bord utan bork. Me hadde delvis kanta bord, fordi det er greiast å skjera av ein skalk på stokken slik at han ligg godt på sagbenken. Og arbeidet med å barka kvart bordet etter at det var tørka, med dei utfordringane det gir.

Det var undervegs i dette arbeidet at langbenken viste seg å væra svært så praktisk. Ved å halde fast bordet oppå benken med eine handa og eit kne, kunne me både økse av borken og grovhogge kanten etter eit snorslag. Høvlinga av flasken føregjekk med ein okshøvel der to mann sit kvar sin veg og høvlar imellom seg. Det er kroppstyngda som held kledningsbordet fast. Fyrst nå er det strykebenken sin tur til å halde bordet fast for høvling av kanten. Dei beinaste borda vart ikkje snorslegne, men kunne gå rett i strykebenken. Okshøvelen med meiar under og passeleg grovt stilt tann er svært effektiv. Det er faktisk raskare å høvle kantane beine på

Beina er tappa opp i planken. Dei er ikkje festa på noko vis. Legg merke til spora etter øksehogg i planken.

lange bord for hand i ein strykebenk, enn å gjere det maskinelt om borda spetar.

Erfaringar og tankar me gjorde oss i arbeidet er at me tapar forholdsvis mykje breidde på borda nærast midten av stokken på grunn av skalken som vart skoren vekk. Det var òg lite forskjell i arbeidet om borda var høvla maskinelt eller ikkje på førehand. Noko av materialen vart kunstig tørka. Då skjer der noko rart med spøna når ein høvlar for hand. Ho brekk av i korte, sprø og statisk spon som heng klistra øve alt. Nokre av borda kuvar også feil veg etter kunstig tørking. Dette fenomenet kallast *yteherding*. Dette er djupe tretekniske spørsmål eg ikkje skal gå meir inn på her. Eg nemner det fordi det hadde konsekvensar for arbeidet vårt.

Heved'l

Eg har allereie nemnt at me nyttar okshøvel til høvling av materialar. Det var ein skrubbokse med ei tann som er noko bua og er 5 cm brei, me nytta til grovhøvlinga av kledningen og golvborda til Viga. Den neste vil vera ein slettokse med noko flatare og breiare tann til å slette etter skrubboksen. Vidare kjem me over på snikkar-høvlar som langhøvel og pusshøvel. Meiahøvelen vår har ei noko breiare (6,5 cm) og flatslipt tann. Breidda på meiahøvelen står i høve til tjukna på langborda i benken + at me skal kunne høvle både ¾" og 2" bord og plank med same høvelen.

Høvlane er nye og sjølvlaga, så det tek nokre bord-lengder og justeringsrundar til før høvelen er så perfekt at me kan høvle heile økter utan at det kilar seg fast spon eller det er naudsynt med stilling av tanna. Høvelen er innkjørt som me seier. Men når me fyrst er komne dit, vert det rytmen, prosessen og mengda bord som er



Skrubboksen til venstre og oksen med meiar under til høgre. Dei er begge om lag 12" lange.

ferdig høvla, som kjem i fokus. Det går fint å høvle eitt kledningsbord om gongen aleine i strykebenken, men planken på 2" må ein vera to om. Etter ei tid høvlar me òg to og to bord på ein gong. Det er litt meir tutle å festa dei, men sjølve høvletida er om lag lik som med eitt bord. Det er ikkje til å legge skjul på at dette er hardt fysisk arbeid. Så om me skulle få opp kvantiteten måtte me dela opp arbeidet i intervall med fast høvletid og fast pausetid. Dette gjorde arbeidet føreseieleg for begge og det var fyrst då me såg det mona i stabelen med ferdige bord.

Det var mengda som skulle høvlast som gjorde at me fekk tid til, eller rettare nok løpemeter til, at me kom over kneika med tilpassing av verktøy, framgangsmåte og andre innkøyringsproblem. I tillegg til å kome til det

at ein ser etter stillingar og rutinar i arbeidet, som gjer mengda overkommeleg.

Strykebenkjen andre stader

Gjennom Norsk Skottbenk Union, foreining for fremje av skottbenken, strykebenken og rettbenken, deler eg arbeidet og erfaringane våre. Bloggen er òg ei kjelde til kunnskap og inspirasjon. Den hadde 37 000 visingar og besøkande frå 70 ulike land i 2014. Me vert oppmoda til å leite opp arbeidsbenker i vår del av landet og registrere dei. Dette er interessant på fleire vis. Me veit frå taktekkinga med never at der er fleire dialektar, leggemønster, berre i Suldalsdalføret. Er det slik med benker og anna arbeid òg?

Ein haustdag me heldt på med taktekking på Li og me sat i løa og åt nista, kom eg til å kikka rundt meg. Og der, oppå slindrene over døra, låg der forsyne meg ein strykebenk til. Denne er kortare og smekkrare enn kolbeinstveitbenken. Den har langbord som er 324 cm lange. Arbeidshøgda er på 83 cm. Det skal være kilar til

Frå Li i Suldal. Denne er 324 cm lang og har ei høgd på 83 cm.

Frå Vasshus i Suldal. Denne er 341,5 cm lang og har ei høgd mellom 80 og 84 cm.
Boltane som går gjennom langborda er lause og tenar som djupnestopp.

stramming, men dei er ikkje å finne.

Etter ei tid dukka der òg opp ein strykebenk på Håland. Museet har då hatt tre strykebenker utan å vita det. Det gjer at me er blant musea i landet med flest slike benker. Hålandsbenken er ganske lik libenken, men med skråavstiving i lengderetninga. Hovudmåla på denne er 352 cm lang og den har ei høgd på 81 cm.

Utanom dei på museet kjenner eg til tre strykebenker i Suldal. Den eine står på løa i Nordmark. Her ligg òg ein tilsvarande langbenk som den i Kvilldal, med ei lengd på om lag 4 m. Den andre står på saga på Vasshus. Og siste benken som kom fram frå gløymsla står på Øystad i Kvilldal.

Det er nok berre slumpetreff som gjer at strykebenker vert tekne vare på, og vert funne att. Det er svært få som veit kva dei har vore nytta til. Me vonar arbeidet vårt med å nøste i gamle arbeidsmåtar og lokale variasjonar kan bøta på det. Er der nokon som veit meir om desse benkane og bruken, må de ta kontakt.

Frå Håland i Erfjord. Denne er 352 cm lang og ei høgd på 81 cm. Legg merke til spora etter kløyving i venstre enden. Dette vitnar om at langbordet er skore på oppgangssag.

Nordmarkbenken frå enden. Legg merke til knekten som er spikra på til venstre i biletet.
Kva kan denne ha tent til? Det lause langbordet kom til rette då eg bar benken inn att i løa…

Sven Hoftun (35) Driftsleiar. Handverkar ved Ryfylkemuseet sidan 2007

Kjelder

- Sandvik, Sigurd: *Suldalsmålet – Mållæra, ord og vendingar*, 1991
- Falk, Hjalmar og Torp, Alf: *Etymologisk ordbog over det norske og det danske sprog*, 1992
- Norsk Skottbenk Union: *Foreining for fremje av skottbenken, strykebenken og rettbenken* https://skottbenk.wordpress.com/
- Høvelbenk *Snikkaren sin arbeidsbenk* https://hyvelbenk.wordpress.com/

Noter

[1] Sandvik, 1991 s. 270

[2] Langbord er dei to borda som går på langs av strykebenken. Det eine er fast og det andre er laust.

[3] Meiane er to trelister som er festa under solen på høvelen og fungerer som djupnestopp mot langborda.

[4] Okshøvel er ein høvel med to doble handtak slik at ein kan høvle med krafta av to personar.

[5] Lembord er loftsgolvbord som ligg med den høvla rettsida ned.

[6] Flasken er flatsida på bordet.

[7] alen = 2 fot = 24 norske tommar = 62,75 cm. 1 norsk tomme er 2,615 cm.

[8] Ufs eller takskjegg, den delen av taket som stikk utanfor langveggen.

[9] Vankant er den ukanta sida, med eller utan bork.

[10] Spetar tyder avsmalande.

Kopi og original slettokse

Krossåkle etter Ruth Kvæstad. Foto: Lise Bjelland.

Krossåkle til Ruth Kvæstad

Av Sissel Moe Lund

Ryfylkemuseet fekk innbuet i huset til Ruth Kvæstad i testamentarisk gåve då ho døydde i 2008. Arven er ein dokumentasjon av "ein kvinneheim" i tre generasjonar. Ruth voks opp i ei folgestove på Kvæstad i Suldal saman med mor si og bestemor si. Mora var ikkje gift. Bestemora vart enke i ung alder. Ruth var også ugift all sin dag. Det meste av det vaksne livet sitt budde Ruth i Stavanger, men ho overtok barndomsheimen då mora døydde i 1968. Ruth (f. 1911), Taletta (f. 1882) og Ranveig (f. 1849) hadde teke godt vare på tinga sine, og tekstilskatten vitnar om nøysemd og om flinke og flittige hender.

Dette krossåkle er truleg blant dei eldste tekstilane i buet. Vi har ingen opplysningar om når det er vevd, men ut frå fargar, kvalitet og anna vil eg tru at åkle er kring 150 år gammalt. Kven som vov det, veit vi heller ikkje. Vi kan berre gissa på at det var Ranveig Andersdotter frå Lunde som har sete på vevkrakken. Det vi i alle fall kan sjå, er at det har vore ei kvinne med godt handlag og sans for estetikk: Jarane er rette og innslaga jamne. Fargane og brautene (braut = bord) er harmonisk plasserte i ein god komposisjon.

Det er mykje raudt i dette åkle. Krappen som er brukt her, har ein truleg kjøpt. Dei andre fargeplantene har ein nok sanka sjølv. I tillegg til ulike gule og brunlege fargar er det brukt naturkvitt og kanskje sauebrunt. Opphavleg har åkledet sett heilt annleis ut. I dag ser vi ein fargekombinasjon av mørk og lys oliven, mørk brunt, grått og raudt. Då det var nytt, har sikkert gult vore med å gi åkle eit mykje livlegare fargespel. Den raude fargen har halde seg svært godt. Ulike nyansar av gult og brunt har endra seg mykje.

Når det er lyset som har bleika fargane, ser ein stor nyanseforskjell på rettsida og baksida. Endå betre

Fald og detalj av åkle frå Kvæstad. Foto: Lise Bjelland.

ser ein forskjellen om ein studerer baksida og ser *mellom* innslagstrådane. I Ruth sitt åkle har fargane endra seg nokså likt. Dette kan tyda på at enkelte fargar ikkje har tålt det alkaliske vaskemidlet ein brukte før.

Heile åkle er vevd i krokbragdteknikk, også faldane. Åkle har ei tradisjonell oppbygging: I kvar ende er der ei smal kjevlabraut og ei smal einsfarga kvit stripe. I åkle elles går brauter over i kvarandre utan botnfarge. Vi finn mange av dei vanlege brautene som går att i krossåklea frå Suldal. Her er kjevlabraut, krokabraut, stolpabraut, gitterbraut, gavlabraut, pilbraut og kruner.

Kvar enkel braut er strengt symmetrisk oppbygd. Planen har nok vore å gjenta både fargar og brauter symmetrisk frå midten av. Men så har ein gått opp for mørk brunt garn på siste helvta. Garnet ein erstatta med, har heilt sikkert vore mykje mørkare då åkle var nytt. I dag går fargane mest i kvarandre i enkelte brauter.

Åkle har faldar i begge endar, som var vanleg på den tida. Oftast var denne falden einsfarga kvit. I dette åkle er siste kjevlabrauta nytta til fald. Åkle har eit par feil i hovlinga. Dette må ein ha sett då ein kom til første borda. Likevel har ein ikkje brytt seg med å retta feila.

Lengda på dette åkle er 150 cm, breidda er ca. 110 cm (Det er noko smalare i eine enden). I begge endar er det ein 1,5 cm brei fald.

Alt garnet er handspunne og ullgarnet er plantefarga. Renningsgarnet er 2 tråds lingarn med S-tvinn. Innslagsgarnet er 2 tråds ullgarn med Z-tvinn. Det er 2,4



Her har det snike seg inn eit par feil i hovlinga.
Foto: Lise Bjelland.

Åkle på senga på lemen på Kvæstad.

renningstrådar pr. cm. Av dette kan vi "lesa" at vevskeia har vore 24-10. Åkle er hovla i "enkel spiss" på tre skaft med 1 tråd i hovel og 1 tråd i tind. Der er ca. 15 innslag pr. cm. Eit åkle var ofte noko lenger enn dette, men grovleik, brauter og fargar er typisk for eit krossåkle frå Suldal. Det har heilt sikkert vore eit sengeåkle.

Åkle tyder oppåklede, og opphavleg var det som overbreisle i senga eit åkle vart brukt. Eilert Sundt skriv i "Om rensligheds-stellet i Norge" (1867): "Et åklæde er ligesom indrettet til at erstatte en feld, vevet af simpel uld, men med en særegen vævning, så det bliver tykt og varmer brav. Så som det skal ligge over de øvrige sengeklæder, er det gjerne vævet af farvet garn, med ruder og render, hvorved det længre bevarer et friskt og rent udseende." I boka "Om husfliden i Norge"(1867-68) har Sundt denne forklaringa: "Det ord åklædi, oldnorsk *áklæði* , er sammensatt med småordet å, som betyr på eller over, og meningen er nok mest et teppe, som er bestemt til å brede over seg."

Ordet *áklæði* finn ein i bruk i norske kjelder frå 1300-talet og viser at åkle i alle fall har vore i bruk sidan middelalderen. Men det ein kalla åkle på den tid, har ein ingen bevarte eksempel på. Ein veit heller ikkje om mønstertypane i dei teppa som i dag går under namnet åkle, går tilbake til middelalderen.

I heile Norge vov og brukte ein åkle, men vevteknikken kunne variera mykje frå det eine geografiske området til det andre. Ein hadde åkle i krokbragd,

Bjødnateppet frå Hamrabø blei vove mellom 1807 og 1814 av Sissela Havrevoll til sonen Bjørn, f. 1785 då Bjørn var reist i krigen og skulle få åkle dersom han kom heim igjen. Dette er eit av få gamle åkle som såleis er datert.

skillbragd, tavlebragd, sjonbragd, rosebragd, dobbelvev, rutesmett og andre teknikkar (bragd = mønster). Kvart distrikt hadde gjerne sitt lokale namn på åkle-teknikken ein brukte. Åkle som var vevd i krokbragd var kjend i store deler av landet, men særleg på Vestlandet. I tillegg til dokkåkle (ruteåkle) hadde vi i Suldal krokbragd, eller krossåkle som ein kalla det her. Til all lukke finst det ein god del gamle åkle att både i museum og i private heimar, men mange har dessverre gått tapt. I Suldal vart åkle i krokbragd-teknikk kalla krossåkle, tjukkåkle eller brautåkle.

Ein kjenner også nemninga kisteåkle eller likåkle. Dette var åkle som ein la over kista under likferd. Ein trur denne skikken går tilbake til middelalderen. Somme stader heldt denne tradisjonen seg til inn på 1900-talet. Den katolske kyrkja ser på døden som ein svevn. Difor var det naturleg at ein såg på kisteåkle som eit sengeteppe. Sagaen fortel at Heilag Olav si kiste var dekka med eit teppe.

Rektor Helen Engelstad, læraren min i "Tekstilhistorie" ved Statens lærerskole i forming i Oslo (SLFO), meinte at ein etter gammalt brukte kisteåkle i heile Norge, og at det vart vove i den teknikken som var vanleg i dalen eller distriktet. Ein veit at i Telemark til dømes var det skikk å dekka kista med eit skillbragdåkle, i Trøndelag brukte dei eit dobbelvevd åkle. Under seremonien i heimen sette ein eit brennande lys og ein bibel oppå.

Johan Veka tek for seg Sælabad-skikkane (sælabad = gravferd) i "Liv og lagnad i Suldal" (1944). Her skriv han mellom anna at ein sette eit brennande lys oppå kistelokket. Ved sida av staken la ein ei salmebok og ein skjere (saks). Han nemner ingenting om åkle. Men eg

Eksempel på rugge, eller båsbreia. Rugga låg oppå halmen i senga.

Kvitelen låg oppå rugga.

har høyrt at det var vanleg å leggja eit åkle over likkista på ferda til kyrkja i Suldal.

Fram til langt inn på 1900-talet brukte ein halm til madrass i senga. Sjølv hadde eg barndommen min på 1950-talet, og eg hugsar vel kor godt det kjendes med mjuk, ny halm om hausten. Oppå sengehalmen låg ei "båsbreia". Ofte var dette ei rugge som er eit grovt teppe vove i innslagsrips. Ein brukte sjoddy-garn i ruggene. Dette var garn som ein spann av opprivne ullfiller blanda saman med noko ny ull. Gamle folk eller legdslemer som ikkje makta å gjera anna arbeid, vart ofte sett til å riva

Brautåkle vevd i to lengder og sydd saman. Her ser me korleis dei to lengdene er blitt ulike.

sundt dei gamle ullfillene. Ein "sat og tædde filler", sa ein. Trongen til å dekorera til og med enkle kvardagsting har til alle tider vore stor: Sjølv om ei rugge var svært grov og enkel, vart ho pynta med innvovne striper i same bindinga som botnen.

Oppå båsbreio låg ein kvetel (ullteppe). Underkvitlane var som oftast einsfarga kvite eller grå. Over seg i senga hadde ein også ein kvetel. Denne var meir forseggjord med raude eller blå striper i endane. Når kvitlane var utslitne, vart gjerne ei bunke bundne saman med store sting og nytta som båsbreie i staden for rugge.

Dyner og puter (høyen) hadde heimevovne bolster. Bolster har fine symmetriske tverrstriper i tynt ullgarn og var fylte med fjør, høy eller sjoddy (opprivne ullfiller).

Oppå dyna la ein eit åkle, både for varmen og til pynt. I arveskifte frå 1700- og 1800-talet er det ofte opprekning av både krossåkle, brautåkle og dokkåkle. Brautåklea var grovare og enklare enn krossåklea. Dei hadde einsfarga felt i innslagsrips mellom krokbragdbrautene. Garnet var ofte spunne av opprivne, resirkulerte filler, som i ruggene.

Dokkåkleda (ruteåkleda) var dei gjævaste. Her legg ein garnet opp i små vevdokker (derav namnet dokkåkle) og smetter det inn i veven i geometriske mønster .

I Suldal Kultursoge (1981) har Hallvard M. Hoftun teke med eit eksempel på eit arveskifte frå 1789 for å gi ein peikepinn på kva ein vanleg bonde i Suldal åtte på den tid. Knut Osmundsen Tjøstheim sitt "gods og gull" var lista opp på fjorten ark, og fortel at han av sengeklede hadde 4 krossåklede, 2 rutekvitlar, 1 gammal underseng med fjørfyll, 2 høyen med fjørfyll og 2 høyen med høyfyll.

Etterkvart som ein fekk meir lettstelte og praktiske sengklede, gjekk krossåkleda ut or tradisjonell bruk. Men eg hugsar at når vinterkulden sette inn for fullt, brukte me heima i Mo eit brautåkle eller eit krossåkle oppå dyna så seint som på 1950-talet.

Krossåkle vev ein på flatvev. Renningstrådane strekker ein horisontalt mellom to bommar i veven, og vevbindinga vert bestemt ut frå hovling, nedknytting og trøing. Dei eldste flatvevane vi kjenner til, er frå slutten av 1600-talet.

Ein eldre type vevstol kallar vi oppstadvev. Her heng renningstrådane loddrett. Dette er ein vevtype som

ein kjenner frå middelhavslanda heilt tilbake til oldtida. Kvar gard hadde sin vevstol, eller støyrer som dei sa i Suldal. Dei var oftast laga heime på garden og var gjerne nokså grove og primitive, men i prinsippet var dei like vevstolar ein får kjøpt i dag. Mange hadde to sett bommar til vevstolen sin, både smale og breie. Hadde ein breie bommar, kunne ein veva åkle i ei breidd. Hadde ein berre smale bommar, måtte ein veva åkleet i to lengder og sy det saman på midten for å få det breitt nok.

Til vadmål, bolster og kvitlaveving trongst berre smale bommar, og vevstolen tok mindre plass i stova då. Når støyrene ikkje var i bruk, vart dei tekne frå kvarandre og sett bort.

Enkelte tekstilreiskapar som rokkar, skytlar og vevskeier vart laga av spesialiserte handverkarar. Men dei som meistra kunsten, var gjerne av bygda "sine eigne". Vevskeiene kunne gå på lån frå gard til gard. Alvhild Flatabø Bårdsen fortel om ein Suldals-bonde som laga ei vevskei for krossåkleveving på deling til døtrene sine. Dei tre søstrene var kone på kvar sin gard, men byttes om å bruka vevskeia. Truleg "lånte" dei border av kvarandre også.

Krokbragd er eigentleg ein kypert-avart. Etter gammalt hovla ein i spiss på tre skaft. Kvart skaft vart kopla til kvar si trøe, og ein trødde "rett gjennomgåande". Ein kunne dessutan veva innslagsrips i same vevoppsettet. Dette fekk ein til om ein trødde på første og tredje trøe samstundes. Somme sette til ei ekstra trøe som vart kopla til første og tredje skaftet.

Til eit krossåkle spoler ein opp innslagsgarnet og skytlar det inn over heile vevbreidda. Ein brukar så grov vevskei at innslaget dekker renninga heilt. På rettsida minner bindinga svært om innslagsrips, men vranga er ulik. Det går med mindre garn når ein vev rips, og det vert ein tynnare kvalitet. Difor vov ein oftast rips i dei einsfarga partia. Særleg var dette en fordel i faldane.

Ved å variera fargane i innslaget kan ein få uendeleg mange mønsterkombinasjonar og ulike border. Kvar braut hadde sitt namn alt etter kva dei likna på. Ein hadde kruner, stolpabraut, kjevlabraut, pilbraut, gavlabraut, krossbraut, gitterbraut, krokabraut og fleire. Skapartrang og fantasi hadde tilsynelatande frie tøylar i åkleveven. Ein kunne boltra seg nokså fritt med fargar, mønster og brauter. Men enkelte reglar er det tydeleg ein retta seg etter: Ein starta oftast med ei kvit stripe, som regel i innslagsrips. Så fylgde ofte ei smal kjevlabraut som blei avløyst av ei kvit stripe. Så fylgde braut på braut utan botnfarge mellom, og utan systematiske gjentakingar, til ein hadde vove omlag 1,6 meter. Då avslutta ein på same måten som ein hadde begynt. Fantasi, fargar og garnmengde har vore med å forma utsjånaden på kvart enkelt åkle. Tida ein hadde til rådvelde, spelte nok også inn. Enkelte brauter og fargesamansetjingar går ofte att innan same familie, som naturleg er.

Når veven var klipt ned, knytte ein saman renningstrådar to og to i kvar ende og sydde faldar i dei kvite endestripene.

Storleiken på eit åkle kunne variera ein del, men til vanleg var det omlag 170 cm langt og 110 cm bredt. Ein hadde kortare senger før i tida.

Ein var lenge sjølvforsynte både med materiale og fargestoff. Til renning (varp) brukte ein enten ufarga ullgarn, ubleika lingarn eller hamp. Dei hadde linåker på kvar gard, men då bomullsgarnet kom rundt 1850, vart det etterkvart slutt med lindyrkinga. Innslagsgarn

Åkle vevd med garn som er farga med anilinfargar som ein kjøpte i pulverform og farga sjølv.

(veft) spann ein av ull dei fekk frå sauen. Garn frå den gammalnorske sauen, spelsauen, gav åkle ekstra fin glans.

Rundt 1860 kom dei såkalla anilinfargane. Det er kjemiske fargestoff som ein kunne kjøpa i pulverform og farga garnet sjølv. Mange av dei syntetiske fargane gir klarare fargar, auka fargestyrke og større ektheit enn dei gamle plantefargane. Dette gav nye moglegheiter til å boltra seg med fargesamansetjingar på ein heilt annan måte. Dei syntetiske fargane var lette å bruka, og etterkvart forsvann kunnskapen om plantefarging. Men fram til slutten av 1800-talet brukte ein fargestoff frå planter ein sanka i skog og på mark når ein skulle farga garn. Dei fleste planter gir gule eller gulbrune fargar. Ein kunne likevel få eit stort fargespel alt etter kva plante ein nytta, kva tid på året dei vart sanka og kor stor mengd planter ein brukte. Fleire arter av bark og lav gir brunlige fargar. Særleg var grudde (= steinlav, *Parmelia saxatilis*) ei mykje nytta fargeplante i Suldal. Dette lavet gir ein varmbrun farge som er ganske lysekte. I tillegg til naturfargane kvitt og brunt var det ofte desse fargane ein brukte i dei gamle åklea. Når ein ser desse åklea i dag er det nesten berre mørk/lys kontrasten att. Dei ulike gulfargane som opphavleg var ganske ulike, har bleikna av lys, vask og vaskemiddel.

Raudt og blått har til alle tider vore ettertrakta fargar, men vanskelegare å få tak i. Likevel er det fargar som er mykje brukt - også i gamle åkle. Dette syner at

ein verdsette åklea høgt. Eit fint åkle kunne ha same verdi som ei ku.

Få planter gir ein klar raud farge. Mosearten kvit-korkje er den eldste kjende fargeplanten til raudfarging her i landet. Korkje var til og med eksportvare. "Norway Roch Moss" kalla ein det i England. Korkje gir ein blåleg raud farge. Diverre var ikkje fargen særleg lysekte. Frå 1700-talet dyrka ein krapp i Norge. Frå krapprøtene får ein ein raudfarge som er litt gul-brunleg. Denne er ganske lysekte. Seinare kjøpte ein også kochenille som gav ein god raudfarge som går mot blått.

Planten vaid inneheld blått fargestoff, indigo. Ein fann vaidfrø i Osebergskipet, og dette tyder på at planten har vore kjend her i landet i vikingtida. Frå 1700-talet syner kjeldene at fleire og fleire kjøpte indigo frå Orienten eller Mellom-Amerika. Både landhandlarane og forretningane i byen kunne tilby indigo. Den kom i handelen i faste, mørkeblå klumpar, og prisen var etterkvart overkommeleg. Om suldølane kjøpte indigoen sin i Hylen eller om dei måtte heilt til Stavanger, veit eg ikkje.

Fargestoffet i indigo løyser seg ikkje opp i vatn, men ved gjæring eller i ymse kjemikal. Etter gammalt brukte ein urin til dette, derav "potteblått". Urin-lukta sit lenge i garnet, og fargemetoden er tidkrevjande. Dei som driv med plantefarging i dag, brukar oftast hydrosulfit som reduksjonsmiddel. Dette går mykje raskare.

I 1745 skeiv amtmann Bendix Christian de Fine i "Stavanger Amtes udførlige Beskrivelse":

"Bønderne her benytter sig til Farverier disse ting, saasom: Til at farve gult, bruges lyng- og Birke-løv, eller og et slags Græs, kaldes Javne, Aspeløv og Ste.Hans blom. Til grøn Farve bruges blokker, og een Urt som voxer i mængde i Engene med blaat blomster, der er af skikkelse om een Knap og med een smal grøn stengel og faae grønne blade paa stengelen, toe og toe sammen, dog et paahver side, men det er bladene kun der bruges at Farve med. - Til mørkere Coleur tages et slags Græs rødder, kaldes Maure-Rødder, eller Mosse, som voxer paa de nøgne Fielde eller Stene; Og een anden Sort hvid Mosse, som ligeledes voxer paa Stenerne kand de Farve Rødt med, bereedes saaledes: Man afskraber den vide Mosse paa særdeeles slags bierge og Stene, lader den toes og tørres, og siden knuses smaae som Meel, derefter legges den i et Kar, og overstenkes med urin hver anden dag, og maae staae vel bedekket i varm Stue udi 3 ugers tiid, saa forandres den til smuk Rød Farve, Merkes at være tienligt at Farve med, naar den visser paa Neglen, den bliver bereed i saadanne runde og tørre Kager. Sort Farve af et slags Sort myre Jord som er meget fuktig. Deres beste og fineste vævede Tøy, eller Stoffer, hvor til de iblant og kiøber Indigo og andre slags Farver hos Kiøbmendene".

Det er lett å sjå forskjell på åkle som er vevd før og etter 1860. Plantefargane gir ikkje heilt reine fargar. Dei er meir eller mindre "blanda" frå naturen si side, og harmonerer lett. Dei kjemiske fargane som kom, var reinare og skarpare, og sette også større krav til vevaren om å få fargane til å passa saman. Dei friske og nye fargane må ha vore fantastisk gjeve, men desse "nye" åklea kan kanskje virka litt grelle for oss i dag. I ein overgangsperiode nytta ein ofte plantefarga garn og kjemisk farga garn side om side.

Det gjekk med mykje garn i eit krossåkle. Ikkje alltid hadde ein nok av den fargen ein hadde starta med. Det var vanskeleg å berekna kor mykje garn ein trong av kvar farge. Og om ein ville farga meir seinare, var det uråd å treffa med same fargenyansen sjølv om ein

brukte same oppskrifta. Gjekk ein opp for ein farge eller to, måtte ein heller nytta det ein hadde. Dette ser ein tydeleg døme på i Ruth sitt åkle.

Ofte er mangel på nok garn særleg synleg på åkle som er vevde i to lengder. Den eine sida er kanskje bygd opp med systematisk gjentaking av fargane. Andre lengda skulle etter regelen vera heilt lik, men vart gjerne nokså forskjellig likevel. Ulikskapane kan skuldast at garnet har orgast (bleikna) ulikt, eller at ulike planter og ulike haustingstidspunkt har gitt ulik lysektheit på garnet. Av og til har nok ho som vov berre avslutta med det garnet ho hadde, utan særleg omsyn til at resten vart liknande. Ei anna årsak til at lengdene kunne bli svært ulike, er at det kunne gå ei tid frå ein starta til ein avslutta, og det første ein vov var rulla inn på tøybommen og var godt skjult. Ein skal heller ikkje sjå bort frå at dugleiken og tålmodet til ho som vov, spela inn.

Eit krossåkle er svært tjukt. Det vart difor også ofte kalla tjukkåkle. Dei einsfarga stripene i eit brautåkle var alltid i innslagsrips. Ein sparte garn på den måten.

Det var stor skil på kvinnfolkarbeid og mannfolkarbeid. Kvinnene spann, spøtte og vov. Karane sat gjerne og holte ut tresko eller sauma hudsko. Barna måtte gjera nytte for seg så snart dei var store nok. Dessutan skulle dei førebu seg til vaksenlivet. Småjentene lærde vevkunsten tidleg. Dei hadde jobben med å spola opp innslagsgarn, og så snart dei nådde ned på trøene, fekk dei prøva seg i vevstolen. Men åkleveven slapp dei ikkje til i før dei var halvvaksne. Det er ein stor skatt av kunnskap og mønster som har blitt overlevert frå mor til dotter gjennom generasjonar. Vi kallar dette handlingsboren kunnskap.

På 1940- og 50-talet samla Lars Hellemo inn ord

Ingeborg Havrevoll i veven.
Foto: Tor Inge Havrevoll.

Nils Havrevoll hjalp kona Ingeborg med spinning og farging av garn. Her hogg han ved til farginga. Foto: Tor Inge Havrevoll.

Ingeborg og Nils Havrevoll fargar garn.
Foto Tor Inge Havrevoll.

Eit av alle dei åkle Ingeborg vov gjennom eit langt liv.

og nemningar, truer og tradisjon frå arbeidslivet i Suldal, Røldal og Sauda. Etter ein informant som hadde lært å veva av mor si som igjen hadde lært det av mor si, skriv han: ”Når dei laga krossåkle, hadde dei tre skaft. Fyrst trædde dei det øvste, så det midtre, dinest det fremste og så det midtre att. Det vart dobbelt så mange trådar på midtskaftet som på dei hine”.

Suldalskvinnene Ingeborg Havrevoll (1907- 2011), Anna Bjørkenes (1912-2007) og Selma Fisketjønn (1916- 2011) var produktive veversker som høyrde til ein ubroten tradisjon i krossåkle-veving. Alle tre brukte kjøpegarn ved sida av plantefarga garn, og vov heile sine lange liv.

Utover 1900-talet var det ikkje berre i heimen ein fekk opplæringa si i veving. Både husflidsskular



Løpar i dobbel krokbragd.

og husflidslag heldt vevkurs. Her fekk jentene nye impulsar, og lærde å bruka både fargar og teknikkar på nye måtar.

Etterkvart fekk åkle og krokbragd nye bruksområde. Nå var det prydtekstilar til vegg, bord og divan ein vov. Ein brukte gjerne dei same bordene, som ein gjekk over til å kalla det, men både materialet, fargane og teknikken vart tilpassa mote og behov. Garnet vart etter kvart kjøpt og var ofte tynnare og vevskeia tettare. Til renning brukte ein gjerne bomullsgarn 12/6D (såkalla hovelgarn). Fargebruken var ofte "ny", og mange gjekk over til å hovla i "dobbel spiss". Dette kallar ein "dobbel krokbragd". Ein kan også veva krokbragd på fire skaft.

Ein tok godt vare på det ein hadde. Når eit åkle var gammalt og slite, vart det gjerne forsterka med ei bot på baksida. Etterkvart gjorde det kanskje nytte som hestedekke. Eller ein tok det med til stølen. Johan Veka skriv: "Eg kom fram til stølen seine kvelden, og la meg i løa. I fjellhøyet der, i godgjemande storr og myrgras. Eg hadde åkledet over meg. Eit gamalt åkle som slåttekarar og skytterar hadde sove under mang ei natt. Det var tettvove og varmt.."

Ved sida av mange andre gjeremål på ein gard, var det å laga tekstilar ein av dei viktigaste arbeidsoppgåvene ei kvinne hadde. Dei stod for alt tekstilarbeid i heimen. og ferdighetene i spinning og veving betydde mykje. Flid var ein dyd som vart høgt verdsett i bondekulturen. "Dei gamle vov alt dei sleit. Om vintrane sat kvinnfolka og karte og spann, og om våren vov dei. Dei laut vera ferdige med å veva før vinna", skriv Hellemo.

I sjølvbergingstida organiserte ein arbeidsåret etter sola og naturrytmen. Når det leid mot sommar, låg det eit press på kvinnene til å bli ferdige med vevinga før utearbeidet tok til. Etter den gamle primstaven var vinterhalvåret slutt 13. april.

Å vaska og klippa sauene høyrde med til dei første utandørsaktivitetane. Vidare arbeid med ulla måtte venta til hausten når ein hadde betre tid.

Den 14. oktober var første dagen i vinterhalvåret på primstaven. Dagen var avmerkt med ein vott som ei påminning om at nå var det tid å tenkja på å verna seg mot kulden. Seinast 25. november, på Karimessedagen, skulle spinninga ta til. Hjulet som var merket på denne dagen, symboliserte eit spinnehjul ifølge folkeleg tradisjon.

Hadde ein plass, sette ein opp veven i stova. Mannfolka hjelpte gjerne til med dette. Elles var alt vevarbeid kvinnfolkarbeid. I stova var eldstaden, og dette var det einaste oppvarma rommet i huset. Alle medlemmene i hushaldet dreiv med inneaktivitetane sine her. Stova var sanneleg eit "allrom" der alt måtte få plass. Her stod rokken og vevstolen i vinterhalvåret. Og i ognakrono stod hoggestabben.

Eilert Sundt(1867) skildrar det slik:
"Efter den oprindelige skik hørte det til, at i stuen stod barnets vugge og husbondens seng, her havde madbordet sin plads, her var altsaa husfolket samlet om maaltiderne og her holdtes gjæstebudets højtid, her hang madgryden over ilden, og her sad man i kveldstunden med allehaande arbeidssyssel omkring det lysende baal. Dette var jo et mangfoldigt brug i et og samme rum, og det kunde ikke andet være, end at det stundom maatte se sølet og rotet ud..."

Rundt 1900 produserte ein fortsatt det meste ein trong av tekstilar heime på gardane. Ein vov åkle og andre sengeklede, slik som kvitlar, bolster og rugger.

Vadmål var likevel det ein vov mest av. Det var ikkje lite som trongst til ein heil huslyd - både familien og ofte tenestefolket attpåtil, som som regel fekk ein del av løna si i form av mat og klede. Veving av tekstilar til pynt på veggen var ukjent. All veving var til bruksformål.

Det var mykje overtru kring dei gamle handverka i Suldal som i andre bygder. Det var gammal tru i bygda at det var huldrene som hadde vore ute om det gjekk i vase for seg når ein spann. Den første gjesten som kom til gards etter at rokken var teken fram att etter julehøgtida, vart kalla "rokkakar". Hadde han stort skjegg, løne hudskor eller liknande, tydde det lukke for ho som først hadde spunne over alle nokkane (krokane) på snella. Ho skulle også skjenkja rokkakaren ein dram.

Ein var nøye på at einkvan heldt i døra så ingen kom inn når veven vart klipt ned. Elles kunne ein få nedfallssykja (epilepsi). Ein trudde også at ein kunne få ein lausingunge dersom ein gjekk gjennom døra då.

Bokhandlar Julius Bårdsen gav i 1975 ut ei mappe med 12 fargefotografi av gamle krossåkle frå Suldal. Interessa for veving og handvevde tekstiler går i bølgedalar. På 1970- og 80- talet hadde veving ein "glansperiode", og mappa vart svært godt motteken. Blant husflidsfolk og vevarar over heile landet er åklea frå bygda vår godt kjende.

Eit nyvove krossåkle på veggen i stova eller gangen skulle "alle" ha på den tida. I dag er nok mange av desse gøymde bort eller hivne. Men interessa for veving er på veg oppatt. Kanskje det igjen blir rift om krossåkleveving og "Mappo te Julius"?

Sissel Moe Lund (67) er utdanna faglærar i veving ved Statens Lærerskole i forming, og har lang fartstid både som vevlærar ved Rogaland fylkeshusflidsskole og lærar i forming og kunsthistorie ved Bergeland vidaregåande skule.

Kjelder:

- Randi Breiset (2001): *Om fellen kunne fortelle...*
- Alvhild Flatabø Bårdsen (1987): Krossåkle i Suldal. I *Folk i Ryfylke 2/1987*
- Julius Bårdsen (1975): *Gamle krossåkle frå Suldal*
- Harriet Clayhills (1984): *Det store lappeteppet*
- Bendix Christian de Fine (1745): *Stavanger Amptes udførlige Beskrivelse*
- Lars Hellemo (1957): *Frå det gamle arbeidslivet*
- Hallvard M. Hoftun (1981): *Suldal kultursoge. Gamle Suldal*
- Kirsten Røvig Håberg (2000): T*ekstilhistorie bind 1*
- Sunniva Lønning (1976): *Plantefarging*
- A. J. Avdem og K. Melby (1985): *Oppe først og sist i seng*
- Sigurd Sandvik (1991): *Suldalsmålet*
- Eilert Sundt (1975): *Om rensligheds-stellet i Norge* (1867)
- Eilert Sundt (1975): *Om husfliden i Norge* (1767-68)
- Johan Veka (1944): *Liv og lagnad i Suldal*

Ordforklaringar:
Før ein kan setja seg i vevstolen for å veva, vert det strekt eit trådsystem på langs i veven. Dette vert kalla **renning** (eller **varp**). **Innslaget** (eller **veften**) er det trådsystemet som blir slått inn i renninga på tvers.

Renningstrådane vert tredd i eit bestemt system gjennom **hovlar** som heng mellom to skaftkjeppar. Eit sett med overskaft, underskaft og hovlar vert kalla **eit skaft**. For å veva krokbragd treng ein tre skaft.
Skafta vert kopla til **trøer** under veven. Til krokbragd treng ein minimum tre trøer.

Mønstervirkninga (**bindinga**) mellom renning og innslag er avhengig av korleis ein har tredd hovlane og korleis ein brukar trøene.

Innslagsgarnet fører ein inn i veven ved hjelp av ei **skyttel**.
Binding = korleis rennings- og innslagstrådar er bundne saman.

Bolster = tettvevd tverrstripet stoff av bomull og/eller ull. Brukt som trekk på dyner og puter.

Bragd = mønster

Braut = bord

Brautåkle = grovt åkle med border i krokbragd og med einsfarga striper mellom bordene

Båsbreia = "underåkle", teppe til å leggja over halmen i senga

Dokkåkle = ruteåkle, vevd i smetteknikk

"Enkel spiss" = ein hovlemåte

Høyen = pute

Innslagsrips = ei enkel vevbinding der innslaget dekker renninga.

Jare = kantene på ein vevnad

Krapp = *Rubia tinctorum (lat.)* er ei fargeplante.
(Ruber = raud, tinctorum = å farga)

Kvetel = vevd ullteppe

"Rett gjennomgåande trøing" = ein trør først på første trøa, så på andre, dernest på tredje - og gjentek dette

Skjere = saks

Sælabad = gravferd

Vevskei = "gitter" som ein trer renningstrådane gjennom etter at dei er hovla for å spreia dei jevnt

Vadmål = grovt og fast stoff vevd av ull

Kiste måla av Lars Aslakson Trageton 1806.
Kolbeinstveit, Suldal. (Foto: Jarle Lunde)

Roser frå Ryfylke

Av Roy Høibo

Det kan sjå ut til at rosemålinga ein periode blei sett på som det ultimate interessefeltet til musea. Mange av dei tidlege musea er fulle av rosemåling. Slik er det ikkje i Ryfylke, der rosemålinga kom seint, og ikkje fekk det omfanget som i dalstroka austanfor. Men også hos oss er rosemålinga representert. Vi skal ta utgangspunkt i ei kiste måla av den store rosemålaren i Ryfylke, Lars Aslakson Trageton.

Kista står i bua på Kolbeinstveit. Ho har ein mørk botnfarge. Dekormålinga er i kvitt, innblanda blått og raudt, og representerer den blome- og tulipanmålinga som kom til å bli nokså karakteristisk for Ryfylke-målinga. Men symmetrisk oppbygd med ein todelt front med ein medaljong midt i kvart felt.

Det er ei flott kiste. Ho er 130 cm lang, 58 cm brei, og har ei høgde på 69 cm. Det er jernbeslag på lokket, ryggen, rundt hjørna og på fronten. Det er eit jernhandtak i kvar ende av kista.

Vi veit ikkje kor kista kjem i frå. Mange av dei tinga som blei samla inn til museet i startfasen manglar dokumentasjon. I medaljongane på framsida finn vi innskriftene «NASW» og «Anno 1806». Vi må altså rekne med at kista er måla i 1806. Ernst Berge Drange, bygdebokskrivaren, tenkjer at bokstavane kan vise til Nils Ådnesen Vågane i Erfjord. Han var tidlegare artillerist, og hadde ein liten pensjon frå det militære som heva han eit hakk over dei hine. Einaste barnet hans, ei dotter, gifta seg og budde på Foss i Suldal. Så kista kan ha kome frå Vågane til Foss og vidare til Kolbeinstveit. Inne i lokket er det skrive «Gud lade sin velsignelse i dette rom. Thi jeg er bedre fuld enn tom».

Men vi er nokså sikre på at det er *Lars Aslakson Trageton* (1770-1839) som har måla kista. Han blir rekna som ein grunnleggar av rosemålinga i Ryfylke. Han var født på Borgen i Ål i Hallingdal og kom til Ryfylke første gongen i 1796. Seinare kom han att for godt, slo seg ned på Nedstrand, og gifta seg der i 1806 med Else Larsdotter Nedstrand. Der levde han som målar og rokkemakar, og han hadde også noen husdyr og båt og naust på det vesle bruket sitt.

Foto: Lise Bjelland

Foto: Lise Bjelland

Foto: Jarle Lunde



Rosebua på Løland blir sett på som meisterstykket til Lars Aslakson Trageton, og eit av dei viktige minna om rosemålinga i landet. Foto: Riksantikvaren.

Lars Aslakson fekk impulsar til målinga si frå ulike stader der han fór, men han har nok kjent Kitil Rygg godt, den nest eldste av dei kjente rosemålarane i Hallingdal. Dei første arbeida vi kjenner frå Ryfylke har såleis eit sterkt slektskap til Hallingdal-målinga, men etter århundreskiftet blei stil og motivval gradvis endra. Den lokale blomestilen i Ryfylke tok til å forme seg.

Lars Aslakson dekorerte fleire stover som så blei kalla rosebuer. Og han måla kister. Ein reknar og med at Lars Aslakson måla den gamle stavkyrkja i Saudasjøen. Kyrkja blei riven i 1867 og materialane selde på auksjon til folk frå Finnøy som brukte dei til løebygging. I seinare tid har noen av desse materialane kome tilbake, og ein kan nå sjå dei i kapellet i Saudasjøen.

Det best kjente målarstykket til Lars Aslakson Trageton er rosebua på Løland i Hylsfjorden.

Rosemålinga her blir rekna som eit hovudverk i norsk rosemåling. Lars Aslakson måla Lølandsbua i 1798.

I Lølandsbua er både vegger, tak og inventar dekorert. Her er ranker og blomar, drueklasar og granateple. I eit veggfelt motivet «Samson sønderslider løven», og over alt er det fuglar og fabeldyr og himmellekamer. Øvst på veggen står følgjande: «Den som haver fonderet denne malning er obsalveret av en Halling ved naven lars Aslags Sen Maaler». Inskripsjonen er blitt tolka som om det kunne vore ei anna måling i bua frå før, jfr. målinga i gjestebua på Håland i Erfjord.

Lars Aslakson måla fleire slike rosebuer i Hylsfjorden, men dei er alle borte. På Stavanger Museum finst innbu frå ei bu på Bjerga som truleg var måla av Lars Aslakson. Ernst Berge Drange har i arbeidet sitt med bygdebøker for Sand, Jelsa og Erfjord funne kjelder til kunnskap om ei rekke måla buer som det er grunn til å tru at var måla lenge før rosemålinga blei vanleg.

Foto: Riksantikvaren.

Det starta i kyrkjene

Det var kyrkjene som først fekk dekorerte interiør. Tidleg på 1600-talet blei det bygt fleire nye kyrkjer. I Årdal var ny kyrkje ferdig i 1619, og på Jelsa 1647. Begge kyrkjene blei rikt dekorerte, men ikkje av norske målarar. Tyskaren Gottfried Hendtzchel er den best kjente av kyrkjemålarane frå 1600-talet. Årdals-kyrkja står fullt intakt, medan Jelsa-kyrkja har vore gjennom ein periode med kvitmåla interiør før ho blei restaurert i 1951-1955.

Frå 1600-talet kjenner vi også til at enkelte velståande bønder engasjerte målarar til å dekorere buene sine, slik vi har referert til ovanfor. «Målastova» på Håland er truleg måla i første halvdelen av 1600-talet.

Omgrepet rosemåling blir nytta som ein fellesnemnar for norsk dekorativ bygdemåling i 1700- og 1800-åra. Både ornamentikk, bilde, geometriske mønster og dekorativ skrift hører naturleg med til denne frodige greina av folkekunsten, men «rosene» med akantus og blomar som samanbindande hovudmotiv, utgjer den viktigaste delen.

Gjennombrotet for bygdemålinga heng i hop med eit økonomisk oppsving på 1700-talet. Bygdene austafjells var først ute, men sjølv her finn ein lite av heil romprydnad før 1750.

Bygdemålarane fann inspirasjon i kyrkjene, hos laugsmålarane i byane, og i mønstertrykk, bildebøker, omnsplater og fajanse. Dei ulike stilretningane nedfelte seg i motar i bygdemålinga.

Rosemålinga hadde si glanstid frå slutten av 1700-talet og fram til midten av 1800-talet. Mot slutten av 1800-talet kom imitasjonar av eik, mahogny og andre edle treslag på moten, og det gikk ut med rosemålinga. Men det blei knytt nasjonale kjensler til denne målinga, og på 1900-talet vekte husflidsrørsla rosemålinga til live att.

Noen få, enkle kister viser at det var tillaup til bygdemåling i Ryfylke alt kring 1700, men det var i andre halvdelen av 1700-talet at rosemålinga etter kvart dukka opp i vanlege heimar. Først på 1800-talet voks rosemålinga seg sterk og mangslungen.

Her, som andre stader, knyter ein oppsvinget i rosemålinga saman med ein økonomisk opptur som i Ryfylke hadde bakgrunn i ei utvikling av jordbruket, god etterspurnad etter trelast, og, ikkje minst, eit rikt sildefiske.

Dei første målarane kom frå Hallingdal, Telemark og Setesdal. Målarar frå Ryfylke kjenner vi ikkje før på 1800-talet.

Det vi kjenner som Ryfylke-stilen var fullt utvikla kring 1820. Det er ein stil der blomane dominerer over ranker og bladverk. Arven frå blomebarokken spring mest i augene, men drag frå regence, rokokko og Lous-Seize er med i formspråket. Ornamenta i Ryfylke-målinga er vanlegvis symmetrisk oppbygde kring ein vertikal midtakse eller ein kross, med mindre avvik i detaljane: Opne fireblad- og seksbladblomar, fylte, stiliserte roser, spissovale tulipanar sett i profil, og prestekragar.

Fleire austmenn kom som rosemålarar

Det var altså fleire enn Lars Aslakson som kom vestover frå Hallingdal. *Lars Olson Nyhall*, eller Urshovd, født 1795, var ein av desse. Han gikk for Lars Målar i daglegtalen.

Lars vart meldt innflytta til Sand i 1829 med yrke

Denne kista skal vera måla av Lars Målar, den andre hallingdølen som kom vestover for å livære seg som rosemålar. Vi kjenner att blomemotiva, men ser at det er ikkje ei så elegant penselføring som hos Lars Aslakson.

som «maler». Men truleg hadde han kome før, for han gifte seg med Helga Johnsdtr. Brommeland i 1829, og Helga og han må ha hatt ei tid til å bli kjente på. Dei budde som innerstar eller husmannsfolk på Handelang og Storli i Sauda 1829-31. Seinare budde dei dels på Brommeland, dels på Sand, og ei tid etter 1864-65 budde dei på plassen Skåraflådå under Nord-Skår i Hjelmeland. Lars kan ha vore den fattiglem Lars Olsen Sand som døydde i 1881, 86 år gammal.

Dei kjente arbeida til Lars Målar skriv seg frå åra 1831-1859. Han skal ha vore flink til å arbeide førningskorger, og så måla han dei.

Frå Telemark kom det mange målarar som arbeidde i Ryfylke ei stutt tid, særleg etter 1820. *Kjetil Kjetilson Tveito*, eller Solheim, født 1811, var ein av desse. Han måla m.a. ei kiste på Sukka i Suldal i 1844. *Ole Olsen Underbakke* var ein av dei mest produktive målarane. Han kom frå Sauherad i Telemark og slo seg ned i Suldal. Arbeida hans er frå tida 1842-1874.

Meir kjent er *Leif Tjøstolvsen Aslestad* (1772-1846) som måla i Ryfylke i åra 1819 og 1820. Han kom frå Fyresdal og det var nokså tidleg i karrieren sin han vitja Ryfylke. *Folkvard Torjusson Dalen*, født 1814, kom vestover frå Tuddal og slo seg kan hende ned i Fjeldberg.

Luraasane var mellom dei mest vidgjetne av alle telemarkmålarane. Og Thomas Øysteinsson Luraas (1799-1886) er den best kjente av dei alle. Dei kom frå Tinn, og Thomas var ein av tre søner etter Birgit og Øystein Ingulvsland på Mellom-Luraas. Dei var alle målarar. Thomas kom tidleg til Vestlandet. Allereie i 1819 finn ein spor etter han i Bergen, og han fór vide ikring og hadde ikkje støtt berre reint mjøl i posen. I 1827 gifta han seg, og etter den tid finst det mange arbeid av Thomas. I Sand og Imsland finst det fleire kister av han som er måla i 1851.

Noen av telemarksmålarane busette seg i Sunnhordland og måla i Ryfylke. Mellom desse var *Ingebret Gulleikson Brekke*, født 1807, frå Tuddal, som budde i Ølen. Han var både treskjerar og rosemålar, og han skar ut altertavla i Ølen kyrkje. Mindre kjent var *Aslak Tarjeison Levadd* som flytta til Vestlandet da han berre var eit par og tjuge år, i 1826.

Det kom også folk frå Setesdal, særleg til Høgsfjorden, dvs. bygder i Strand, Forsand og Høle. Noen av desse kjenner ein namna på, andre er mindre kjente. *Knut Buseten Vatnedalen* er ein av desse, men han skal ha måla i telemarkstil.

Eftestølmålarane har og arbeidt i Høgsfjorden. Den mest kjente av desse var *Gutorm Persson Eftestøl* (1779-

1856). Han blir rekna som den fremste representanten for Vest-Agder-målinga og eit viktig førebilde for yngre målarar. Mye av det som går under nemninga Eftestøl-arbeid kan elles tilskrivast sønene Per og Bernt, og kan hende også andre fjotlendingar. Det mest karakteristiske for Eftestøl-skolen er dei symmetriske oppbygde blomemotiva, måla i klingande kontrastfargar, flate mot flate, mest utan modellering og glidande nyansar, og heller enkelt utsira med djerv, svart kontorpensel. Her er det lite av den elegante, kalligrafiske linjeteikninga som ein finn i telemarksmålinga.

Lokale målarar

Ein av sønene til Lars Aslakson, Lars (1804-1896), tok opp yrket etter faren, men han hadde ikkje det same kunstnartalentet som faren. Han slo seg ned i Finnøy og kalla seg Lars Målar, eller *Lars Larsen Lauvsnes*.

Bjørn Andersson Trælsholmen frå Fevoll i Hjelmeland (1791-1880) er ein av dei mest framståande av dei lokale rosemålarane. Saman med kona Guri Knutsdotter budde han på Trælsholmen, ein husmannsplass under Mosnes i Hjelmeland, og han var også ein føregangsmann innafor fruktdyrkinga i Ryfylke.

Det første målarstykket ein kjenner frå Bjørn Andersson Trælsholmen er ei kiste frå 1829. Han måla også interiør, m.a. ei stove på Hovda i Fister, og blei etter kvart ein etterspurt målar. Han var kjent for å bruke lang tid på arbeida sine, men fekk ry på seg for å vera ein flink målar med god sans for fargar og former. Stilen hans merka seg ut med blomemåling, gjerne med tulipanar og ei blomsterurne som utgangsmotiv. Det siste arbeidet hans er datert 1874.

Ein til nå mindre kjent, men ganske produktiv,

Kiste måla av Bjørn Andersson Trælsholmen, Hjelmelandsbuen som også blei ein pioner i fruktdyrkinga.

målar var *Torgrim Målar* frå Jelsa. Det er kjent 30 målingar som han gjorde mellom 1814 og 1840. Rette namnet hans var etter det Ernst Berge Drange skriv i bygdeboka for Jelsa Torgrim Ommundsen. Han var frå Fjotland i Vest-Agder, og busett på Sørnes i Jelsa. Han var gift med dotter av Eivind Meldal, smeden. Drange har funne ei rekning for målararbeid som han utførte for Bjørn A. Fuglastein. Det var i 1843, og han hadde måla daglegstova og to sengestader på salen. Da han døydde i 1854 hadde Torgrim målar drive handverket sitt på Jelsa i over 35 år.

Frå Vikedal kom *Nils Sjursen Stølen* (1809-1896). Nils Sjursen arbeidde som lærar, men han døydde som ugift legdslem.

Jacob Iversen Midhelgevold (født 1794) skal ha vore den einaste rosemålaren som tok etter telemarkingane. Men også hos han tok blomemålinga større og større

Kiste måla av Knut Hovden. Hovden hadde ein stor produksjon, og måla for det meste i Telemark-stil, men han underviste og i Ryfylke-måling.

plass ettersom åra gikk. *Helleik Helleiksen Torsnes* var ein annan som blanda telemarksstilen med den lokale blomemålinga. Det finst arbeid etter han frå perioden 1829-1848. *Mons Målar* som skulle vera født i Røldal stutt etter 1800 har etterlete seg fleire arbeid i telemarksstil frå perioden 1836-1878.

Ole T. Sirnes, eller Haaheller, født 1816, var påvirka av Vest-Agder-målinga. Han var fødd i Sirdal, men kom tidleg til Håheller og levde som sauegjetar i heia. Om vinteren måla han. Arbeid etter han er frå 1833 til 1864.

Ny giv på Ryfylke Arbeidsskule

I 1922 starta Jacob Jaatun Ryfylke Arbeidsskule på Eide ved Sand. Undervisninga var lagt opp slik at dei ungdomane som var elevar skulle bli sjølvhjelpte i gardsdrifta og fiskaryrket og elles i heimen i arbeid med hus og innbu. Skuleåret på seks månadar var lagt opp slik at det kunne kombinerast med jordbruket resten av året.

Ein forlaupar til arbeidsskulen var starta av Asbjørn Halvorsen Hylland, frå Vinje, som kom til Sand frå Odda i 1887/88. Ernst Berge Drange skriv at han starta ein treskjerarskule på Sand med offtentleg bidrag. Han var son av den kjende rosemålar og treskjerar Halvor Teigen.

Arbeidsskulen frå 1922 var frå først av ein snikkarskule, men frå 1931 blei han også ein skule for opplæring i rosemåling. Elevar frå heile landet kom hit for å gå på skule. Skuletida var vanlegvis frå oktober til påske.

Første læraren i rosemåling var *Knut Hovden* frå Høydalsmo i Telemark. Telemarkstilen blei den dominerande denne første tida. Frå 1964 til 1970 var Åsmund Skori, og frå 1970 til 1985 Bergljot Lunde lærar. I 1985 blei rosemålingslinja lagt ned.

Knut Hovden (1893-1983) fekk særleg mye å seia for rosemålingslinja på Ryfylke Arbeidsskule. Han var født i Rauland og var utdanna ved Statens Handverk- og Kunstindustriskule i Oslo. Han hadde drive med rosemåling i Telemark fleire år før han blei tilsett som lærar ved arbeidsskulen på Sand. I tillegg til rosemåling underviste han i treskjering og teikning.

I den tida det ikkje var skule, dreiv Knut Hovden og måla på oppdrag frå folk, og han reiste rundt i Rogaland og kopierte gammal rosemåling. Resultatet av dette arbeidet blei ein serie rosemålingsmapper utgitt av Stavanger Husflidsforening med mønster frå Rogaland. I mange heimar finst det inventar som er måla av Knut Hovden, men alt han sjølv hadde samla gikk tapt da huset han budde i brann ned til grunnen nyttår 1972/73. Etter brannen flytta Knut Hovden heim til Telemark der han busette seg i Lunde.

Knut Hovden er blitt halde fram som ein renessansekunstnar nr. 1 innafor rosemålinga. Med Knut Hovden

Stor bolle i eiga til Ryfylkemuseet. Museet fekk bollen i gåve frå Suldal kommune da museet feira 25 års jubileum i 2006. Måla av Bergljot Lunde 1990. Bergljot Lunde var den siste som førte rosemålartradisjonen frå Ryfylke Arbeidsskule vidare på eit sjølvstendig grunnlag. (Foto: Lise Bjelland)

fekk rosemålinga og arbeidsskulen eit ry som hørtest over store delar av landet, og det finst mange som har ført hans stil vidare.

Bergljot Lunde, født 1924, blei den siste læraren på rosemålarskulen på Sand. Det var ikkje lenger råd å finne ein plass for denne utdanninga innafor den vidaregåande skulen, og i 1985 var det kroken på døra for rosemålingslinja. Bergljot Lunde blei nå ein ettertrakta lærar på sommarkurs som det norsk-amerikanske miljøet i Midt-vesten skipa til. Vestrheim, det norsk-amerikanske museet i Decorah, Iowa, blei hovudbasen for arbeidet hennar i USA.

Men Bergljot Lunde har også vore ein produktiv utøvar sjølv. Ho førte telemarkstilen vidare, men la etter kvart stor vekt på å ta opp att og vidareutvikle ryfylkestilen. Mye av målinga til Bergljot Lunde finn ein på bollar og fat, men også på mindre skåp og skrin.

Bergljot Lunde var ein av dei få rosemålarane i nyare tid som hadde ein så sikker og gjennomarbeidd stil at ho kunne vidareutvikle målinga innafor dei rammene som folkekunsten set, og ikkje berre kopiere det som blei måla før.

Rosemålinga på Ryfylkemuseet

Da vi ønskte å lage ei utstilling om rosemålinga i Ryfylke i 1999, oppdaga vi at våre eigne samlingar var nokså skrinne. Vi har registrert i alt 54 kister i samlingane våre, slett ikkje alle er rosemåla. Den største samlinga er på Hjelmeland bygdemuseum, elles står det ein del kister kring om i husa våre, slik som den kista vi starta denne artikkelen med.

Utstillinga i 1999 omfatta i alt 95 utstilte gjenstandar. Det meste blei lånt inn frå i alt 26 velvillige utlånarar. Det finst altså ganske mye rosemåla tilfang kringom hos folk. Mange fekk måla over gjenstandar som var måla før, eller fekk seg nymåla innbu den tida rosemålingslinja på Sand var på det mest populære.

Det er likevel ikkje slik som i bygdene austafor. Og nå ser det heller ikkje ut til at rosemålinga lenger har den appellen til folk som ho hadde på 1900-talet. Dei dekorative elementa i interiøra ser jamt over ut til å ha vore enklare her vest. Den mest overdådige dekorasjonsmålinga finn vi hos dei mest velståande.

Såleis er det gjerne ikkje så rart at samlingane ikkje fløymer over av rosemåla tilfang. Men desto større verdi må vi tru rosemålinga hadde i dei stovene vi likevel finn ho.

Roy Høibo (67) var styrar og direktør ved Ryfylkemuseet i perioden 1981-2014.

Artikkelen bygger i hovudsak på materiale samla inn til utstillinga «Roser i Ryfylke» som blei vist på Ryfylkemuseet i 1999. Utstillinga kom i stand gjennom eit samarbeid med Suldal Husflidslag.

Andre kjelder til kunnskap om rosemålinga i Ryfylke:

- Birkeli, Fridtjov: *Kirker og kristenliv gjennom tidene*, i Rogaland i serien Bygd og By i Norge, Oslo 1979
- Brandal, Trygve: *Hjelmeland – Gardar og folk 3*, Hjelmeland kommune 1990
- Brattekås, Sigrunn Lie og Buen, Knut: *Blomane ropa på meg! Rosemålaren Knut K. Hovden (1893-1983)*, Vest-Telemark Museum 2013
- Drange, Ernst Berge: *Sand – Gardar og folk 2*, Suldal kommune 1998
- Drange, Ernst Berge: *Jelsa – Gardar og folk 1*, Suldal kommune 2010
- Ellingsgard, Nils: *Rosemåling i Hallingdal*, Oslo 1978
- Ellingsgard, Nils: *Norsk Rosemåling*, Olso 1981
- Ellingsgard, Nils: *Rosemåling i Vest-Agder*, Vest-Agder Fylkesmueum 1985
- Høibo, Roy: *Jelsa kyrkje*, Jelsa sokneråd 1989
- Høibo, Roy: *Suldal kultursoge – Soga om Sand*, Suldal kommune 1993
- Lexow, Jan Hendrich: *Byggeskikk i Rogaland*, i Rogaland i serien Bygd og by i Norge, Oslo 1979
- Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda*, Sauda kommune 1991
- Molaug, Svein: *Rosemåling i Ryfylke*, i Folk i Ryfylke, Ryfylkemuseet 1996
- Olimstad, Ingvar: *Soga om Ryfylke Arbeidsskule*, Sauda vidaregåande skule 2009
- Salveson, Åsmund: *Bygdasoga for Sand i Ryfylke*, Judaberg 1927
- Stana, Lars: *Norsk Rosemåling*, Oslo 1996
- Vesaas, Øystein: *Rosemåling i Telemark I-III*, Oslo 1954-1957
- Ytterdal, Anne: *Målastova på Håland*, i Folk i Ryfylke 2014

Garnnøstet frå Sørskår i Strand.
(Foto: Lise Bjelland)

Eit garnnøste

av Anette Opheim

I museet si bygdesamling på Finnøy ligg det eit stort garnnøste i ufarga grått ull. Det kjem frå Sørskår som i dag er ein del av Strand kommune. Garnet er eintråda, noko ujamt og ber preg av å vera heimespunne. Kva er historia til dette garnnøstet?

Som de vil få sjå, veit me korleis garnet har kome til museet, og kven som har vore eigarar av det opp gjennom åra. Det er ikkje like lett å seie noko om korleis akkurat dette garnet er vorte laga. Derimot kan me seie noko om nøstet ut frå kunnskapen om korleis liknande heimeproduserte garnnøste har vorte laga i Noreg i første halvdel av 1900-talet. Det er dette denne artikkelen skal handle om, men med eit særleg fokus på korleis det har gått føre seg i Strand og Ryfylke. For å fortelje denne historia, vil eg nyttiggjera meg av museet si samling av reiskapar nytta i prosessen frå ull til garn. I tillegg har Guro Alvilde Helland frå Tjøstheim i Strand, delt av sine kunnskapar og minner. Ho lærte å karda og spinna på byrjinga av 1940-talet.

Spinnaren

Det er Elen Tytlandsvik som har laga garnnøstet som no ligg på Finnøy. Ho var fødd i 1873 og oppvaksen på ein av gardane i Ur i Sørskår. Her blei ho verande, for ho overtok garden i lag med mannen Ola Johanssen Tytlandsvik. Det var i Ur ho spant garnet. Lenge etter den tid vart garnnøstet levert inn til bygdesamlinga av Jorunn Kandal Risa, som bur på Finnøy. Jorunn jobba på bygdemuseet der, og leverte det inn då ho synest det passa inn blant dei andre gjenstandane som hadde med produksjon av garn å gjera. Ho hadde arva garnnøstet frå Helga Tytlandsvik som var moster hennar.[1] Helga hadde hatt garnnøstet fordi ho var svigerdottera til Elen. Ho og mannen Olaus har truleg arva det då Elen døydde

i 1961. Garnnøstet blei fortsatt verande på Sørskår etter dette, for Helga og Olaus budde på eit lite bruk som blei skilt frå garden i 1927. Helga blei enke i 1985, men budde på Ur lenge etter dette. Ho flytta på aldersheim på Jørpeland nokre år før ho døydde i 1992.[2] Me har ingen sikker informasjon om når garnnøstet er vorte spunne, men Jorunn trur at det kan ha vore i 1930 eller 1940-åra. Ho er fødd i 1945 og kan ikkje hugsa å ha sett Elen spinne. Det verkar derfor som ho har slutta å spinna tidleg i 1950-åra eller før.

Sau på kryss og tvers

Veit me kva for saueull garnnøstet frå Sørskår er laga av? Ei historisk oversikt over sauehaldet i Noreg kan bringe oss nærare eit svar. Fram til 1700-talet stamma sauene i Noreg frå ein type sau som kom frå Asia via Europa til Noreg for om lag 6000 år sidan. Eit felles namn for desse sauene er gamalnorsk sau eller «kortrove» fordi dei har kort hale. Frå byrjinga av dette hundreåret og i aukande grad utover på 1800-talet, byrja engelske og skotske sauer å bli importert til landet. Desse kom også opphavleg frå Asia, men ved ei seinare folke- og dyrevandring som nådde Storbritannia i mellomalderen. Rasane frå Storbritannia var blitt avla fram slik at ulla eigna seg for spinnemaskinane, og i andre halvdel av 1800-talet byrja spinnerier, tekstil- og ullvarefabrikkar også å dukka opp i Noreg. Ull frå gamal norsk sau eigna seg dårleg til dei nye maskinane. Desse sauene var pigmentert, mens dei importerte rasane hovudsakleg var kvite, og med noko innslag av svart. Gamalnorsk sau har fargar som varierer frå kvit, svartkvit, brunleg og svart. Pigmentert ull eignar seg ikkje til farging. Ei anna årsak til at dei gamle rasane eigna seg dårleg til industri, var at ulla bestod av to fellar. For å utnytte ulla best mogleg måtte ein skilje fellane frå kvarandre, ein prosess som tok lang tid og som ikkje kunne gjerast industrielt. Vikingane skilde mellom ein glansfull, langfibra, tjukkare og grovare dekkull, også kalla *tog*, og ein mjuk, kortfibra botnull, kalla *tel*. Den sterkaste, altså tog, brukte ein til *varp*, renningen i vevde stoff, mens ein brukte den mjuke telen til *veft*, som er innslaget.[3]

Det var også høgare slaktevekter på dei importerte sauene. Dermed var det mange som føretrakk desse sauene i avlen. Satsinga på dei importerte sauerasane førte til at dei gamle rasane var i fare for å døy ut på byrjinga av 1900-talet. Heldigvis oppretta ein to avlsstasjonar i 1912 med flokkar frå Setesdal og Austevoll i Sunnhordaland. Dagens gamalnorsk spelsau stammar frå sauene frå Austevoll.[4]

Når garnet frå Strand kan ha blitt spunne i mellomkrigstida eller seinast litt etter krigen, er det sannsynleg at ulla har kome frå sauer av kryssavltype. Dette er sauer som er vorte avla fram av dei ulike importerte rasane frå Storbritannia, og ofte blanda med ein aning gamal norsk sau. Kanskje har garnet kome frå ein rygjasau? Dette er ein kryssavltype som vart avla fram i Rogaland tidleg på 1900-talet. Namnet har si bakgrunn i ei landbruksutstilling i Rogaland i 1924. Då vart det oppretta kvalitetsklassar for lønnsame blandingstypar eller stadeigen sau. Nokre år etter denne utstillinga fekk sauen i kvalitetsklassane namnet rygjasau. Denne rasen er litt mindre enn dalasauen som vart avla fram i Hordaland frå 1860 til 1920.[5] Dalasauen blei spreidd over store delar av landet, og blei fort den dominerande rasen i dei indre bygdene på Sørlandet og Vestlandet.[6] Raseopphavet til dala og rygja er mykje det same, begge

er krysningar av lokal gamal norsk sau med dei britiske rasane leicester og sutherland, i tillegg til nokre andre. Rygja har også skotsk sjeviot i seg. Denne rasen var det også ein del av i Ryfylke, men det er rygja og dala som har vore dei mest dominerande rasane fram til ganske nyleg.[7] I dag er det Norsk kvit sau som dominerer i heile landet. Grunnstamma i denne rasen er dala, rygja, sjeviot og steigar. I tillegg er dei blanda med andre utanlandske kryssavlsrasar. Norsk kvit sau er altså ein kryssavlsrase bestående av ulike norske og utanlandske kryssavlsrasar. Dette avlsarbeidet starta i 1970-åra, men det var først i 2000/2001 at den fekk nemninga Norsk kvit sau. Sidan denne rasen er så blanda, blir den definert som ein syntetisk rase. Dette tyder at ein avlar fram ut frå bestemte mål ved å nyttiggjera seg av ynskjelege gener frå fleire ulike rasar.[8]

Samtalen med Guro tyder på at fleirtalet av sauene i det som i dag er Strand kommune var av kryssavlsrase på denne tida. Guro veit ikkje kva rase sauene frå Tjøstheim var, men ho meiner dei var: «sånne vanlege […]. Dei var både kvite og svarte.»[9] At dei var *vanlege* må tyde at det var kryssavlstypen ein var vant med å sjå, og ikkje dei pigmenterte gamalnorske sauene. Ut frå desse opplysningane kan det verka som garnnøstet vårt er frå sauer av ein kryssavltype, truleg rygjasau eller dalasau.

Derimot kan ei taktil undersøking av garnet fortelja ei anna historie. Else Fremmersvik som har spunne sidan 1970-talet med ull frå både gamalnorske sauer og kryssavlsauer, meiner det mest truleg er ull av ein gamalnorsk sauerase. Garnnøstet er nemleg ganske hardt, og ein ser at det stikker ut ein del rette, grove og harde hår. Dermed er det sannsynlegvis dekkhår frå ein gamalnorsk sauerase i garnet.[10] Kanskje er det også botnull i garnet? Ein skilde ikkje alltid laga, særleg ikkje i seinare tider. Om ein har karda i saman begge laga eller berre brukt dekkulla, er ikkje så lett å sjå, for når ein spinner frå to ulike finleiker vil den grovare leggja seg ytst. Dette gjer at det først og fremst er dekkulla ein ser når garnet er ferdigspunne.[11]

Det at garnet truleg er laga av ull frå gamalnorske sauer, kan stå som eit døme på at ein lett kan gløyme det uvanlege når ein set fokus på det som var vanlegast i ein periode. Kryssavlsauen var klart dominerande på denne tida, i Ryfylke så vel som andre stader i landet, men det var fortsatt nokon som heldt seg til dei gamalnorske sauerasane.

Klippa sau med kjaksesaks

Første prosessen frå ull til garn er å klippa sauene. Forfattar Kolbjørn Hauge, bror til Alfred Hauge, har skildra korleis dette gjekk føre seg på 1930-talet i ytre Ryfylke. Hauge vaks opp på øya Kyrkjøy i Sjernarøy kommune. I dag er Stjernarøy ein del av Finnøy kommune. Her følgjer eit lengre utdrag frå Hauge si skildring:

For klipparen gjaldt det å komma så nær skinnet som mogleg med saksa for å få med seg all ulla. Men det var ikkje lett å føra det sylkvasse instrumentet på ein human måte med ein sparkande sau i fanget. Derfor måtte sauen bindast på føtene. Av ein eller annan grunn fekk dyret alltid ha den eine foten fri, mens dei tre andre blei samla saman og bundne fast med eit kraftig band. Så sette klipparen seg på bakken, kvelde sauen på ryggen oppi fanget sitt og begynte skrellinga.



Her ser me Anna og Knut Førre mens dei klipper sauer i heimetunet på Fister. (Foto: ukjent)

Det var ei ulempe å sitja for lenge med sauen liggjande på ryggen i klippestilling, for då kunne det henda at dyret kreperte før klippinga var over. Kanskje det var magesekken som stengde for lufttilførsla, eller kanskje dyret fekk tarmslyng av den uvanlege medfarten. Eller kanskje var det rett og slett stress som knekte søya. Ikkje veit eg, men eg hugsar godt den gongen eg var av og arbeidde på ein gard, og saueeigaren møtte opp til kveldsbordet og kunne melda frå om at no hadde dei nett stukke kniven i ein sau som ikkje hadde tolt den langvarige behandlinga med saks og samanbunde føter.

Til og med i dag med alle moderne hjelperåder skal klipparen passa seg så han ikkje dryer seansen for lenge. Og det er lite truleg at saueeigaren kan gjera krav på noka

rovdyrerstatning om frisøren skulle vera så uheldig at dyret kreperer før han var ferdig. Men med den gamle kjaksesaksa var risikoen sjølvsagt mange gonger større, og saueklipparen kom lett i eit dilemma. Gav han seg for god tid, kunne han altså risikera at sauen kreperte i fanget hans. Skynda han seg for mykje, var det ikkje til å unngå at sakseodden kjaksa borti skinnet av og til, og han kunne lett få vondt ord på seg om sauen var altfor blodet når akta var over.[12]

Ei slik saks som Hauge skildrar har Ryfylkemuseet mange av i samlinga. Det er ei bøylesaks med breide sakseblad som er fjæra slik at saksa opnar seg når klipparen opnar handa. Denne typen saks har vore i bruk svært lenge, og er funnen i fleire vikinggraver.[13] Nokre andre saksetypar har museet også i samlinga, men ingen av desse har fått den utbreiinga som bøylesaksa hadde. Om ein ikkje vil klyppa maskinelt, kan ein fortsatt få tak i bøylesakser i dag.

Sauene vart klipte ein eller to gong i året. Klipte ein to gonger i året var det på hausten og om våren. Haustulla var lengst og best. Av denne grunn vart haustulla brukt til varp, fordi den er meir utsatt for spenning. Vårulla brukte ein til veft. Ulla blei også sortert etter kor på sauen den vaks, til dømes var lårull og bukull rekna for det dårlegaste. Etter ulla blei sortert, blei den ofte plukka med fingrane slik at ein fekk ut forureiningar som kvistar, skit og anna.[14] På Tjøstheim i Strand hugsar Guro Alvilde Helland at dei berre klipte sauene på våren, men det er vanskeleg å seie om dette også er tilfelle for garnet frå Sørskår. Om me ikkje veit om det har vore haustull, vårull eller heilårsull, kan me vera sikrare på at det har vore klipt med ei bøylesaks.

Karding

Når ein hadde sortert og plukka ulla, kunne ein byrja å karde. Guro fortel at ein vaska ikkje ulla før ein skulle karde. Då blei den så tørr at det var vanskeleg å spinna. Dette kjem av at fettet i ulla, lanolinen, beskyttar ulla mot påkjenninga det er å bli spinna. Sauene blei difor ofte vaska før dei blei klipte. Eilert Sundt fortel at vatnet som sauene blei vaska i, ofte blei teke vare på og brukt til å vaske ulltøy i: «især har uldtøj så godt af at vaskes heri, det bliver så hvidt og deilig mygt.»[15] Mykje av lanolinen blir altså liggande igjen i vaskevatnet og verkar dermed som anna såpefett. Dette var nok ikkje like vanleg då garnnøstet frå Sørskår vart laga. Eilert Sund sine observasjonar rundt om i landet gjekk føre seg på midten av 1800-talet, altså lenge før garnnøstet vart laga. Dessutan fortel Guro at dei vaska garn i såpe, og ikkje sauelaug. Ho hugsar ikkje kva type såpe det var, men det blei i alle fall skylt godt etterpå. Saueulla som garnnøstet frå Sørskår er laga av, er truleg uvaska. Garnet luktar ikkje uvaska, men det er så gamalt at den opphavlege sauelukta har forsvunne. Etter vask av ein liten tråd i lunka vatn endra det seg også frå lysegrått eller lysebrunt til kvit, dermed er det tydeleg at det er mykje lanolin i det. Feittet kan ein også kjenne når ein tar på garnnøstet med fingrane.

Å karda er å greie ulldottar mellom to kardar slik at ullfibrane ligg luftigare, meir utstrakt og ryddigare. Kardinga fører også til at ein del rusk som ein ikkje har tatt vekk med å plukke ulla, blir fjerna. Her må eg forresten nemne at å seie at ein *kammar* ulla mellom kardane, kan by på misforståingar. Tidlegare fantes det nemleg eit anna reiskap som blei brukt til å jamne ut ullfibrane. Dette var to kammar med eit handtak som

ein brukte mot kvarandre ved å halde ein i kvar hand. Det er funne kammar i vikinggraver både i Noreg og på Island. Det fantes også andre versjonar av kammar enn handkammane som her er nemnd, men desse blei hovudsakleg brukt i handverket og ikkje i husfliden.[16]

Når ein kamma ulla blei fibrane lagt parallelt og blei mykje jamnare som garn enn om ein karda ulla. Kardegarn vil alltid ha fibrar som stikk ut frå garnet, og det vil vera meir luft mellom fibrane, mens kamgarnet vil vera finare og mjukare. Fordelen med kardegarnet er nettopp lufta mellom fibrane for dette gjer ulla varmare.[17] I heimane blei truleg kammane avløyst av kardane ein gong før 1700-talet. Dette var truleg fordi dei var enklare å jobbe med enn kammar.[18]

Ein trur kardane har kome til Noreg på 1500-talet ein gong og vorte vanlegare og vanlegare fram til dei avløyste kammane heilt. Ein veit ikkje kva tid kardane blei funne opp, men første gongen ein høyrer om dei er på 1300-talet i det europeiske handverket.[19] I handverket forsvann aldri kammane, og då ein byrja å produsere industrielt, var det både kardemaskinar og kammemaskinar i tekstilfabrikkane. Kamgarnet blir ofte brukt til vevde stoff og tynnare strikk, mens kardegarnet høver godt til strikkegenserar og ytterklede sidan det ikkje treng å vera så mjukt.[20]

Kardane som vart nytta i husfliden var laga av to rektangulære treplater med handtak. På treplata blei det festa eit skinn, gjerne kalveskin, med mange små vinkelbøygde nåler på. Ulldotten blei plassert på den eine av desse kardane, og den som karda heldt karden i ro nede mot låret og drog den andre karden gjennom denne.[21] Guro demonstrerte korleis ho gjorde det. Ho la ulla på den eine karden, og karda forsiktig med den andre utan å presse kardane hardt mot kvarandre. Om ein presser for hardt, blir det mykje tyngre enn det treng å vera, og ein kan øydeleggje nålene. Rett nok er karding ganske tungt, særleg med tanke på kor lenge ein må holde på. Det er ikkje store ulldotten ein kan karda om gangen på vanlege små handkardar. Guro demonstrerte korleis ho tok av ulla. Ho drog den ut som eit samanhengande flak og rulla det saman til ein rull. Denne rullen kalla ein ofte for ein tull. Nokon bruker også nålene på den eine karden til å løyse ullfibrane frå den andre. Etter dette snur ein karden og rullar med undersida av den slik at ulla blir rulla opp til ein tull.[22]

Sidan det ikkje var like teknisk krevjande å karda som å spinne, var det vanleg at både gutar og jenter karda. Eilert Sund fortel til dømes at: «børn og gamle folk, hvor der er sådanne, hjælpe til med at karde, vinde sneller og spole, hvilket også på somme steder gjøres af voxne mænd, især i vinter-aftener.»[23] Dette er ei skildring frå Gjesdal på midten av 1800-talet. Slike skildringar finn ein også frå Strand. Karl Dreggevik født i 1921 og frå Erlandsdalen i Strand, har fortalt at mor hans spant og strikka av det heimespunne garnet. Om kveldane satt ho ofte og karda, og fram til han var 10-12 år var han med å karda ulla.[24]

Å karda når ein var liten, var ikkje like vanleg då Guro var barn. Ho lærte både å karda og spinna av mor si då ho var 17 eller 18 år, dette var på byrjinga av 1940-talet. Så vidt ho kan hugsa var det ingen av hennar venninner som lærte det. Vidare fortel ho at: «Det var ikkje alle, trur eg, av dei tantene mine som spant heller. At ungane deira lærte? Nei, eg trur ikkje det. Eg trur eg var den einaste meste av dei unge jentene som spant.»[25] Guro lærte altså desse teknikkane i ei tid då dei byrja å

Martha Thorsen og Kristi Randa (f. Ritland) kardar og spinner i stovehuset på garden Viga i Hjelmeland. (Eigar: Ola Randa)

Guro Alvilde Helland sine kardar. Tidlegare hadde ho ein eldre type i ubehandla tre. (Foto: Gunleif Helland)

gå ut av bruk. Dette har truleg variert mykje alt etter kor ein budde i Ryfylke. På stader med større avstand frå by og industri, har nok kardinga gått føre seg på gardane lenge etter andre verdskrig. I samlinga vår har me til dømes eit bilete som truleg er frå 1954, der me ser Marta Thorsen som kardar og Kristi Randa som spinner i stovehuset i Viga i Hjelmeland. Oddbjørg Randa Heggland, dotter til Kristi, kan hugsa at mor hennar og tante Marta karda og spant til utpå 1960-talet. Det heimespunne garnet var grått, og blei brukt til vottar og sokkar. Ho hugsar at det var varmt og godt å gå med.[26] Om saueulla har kome frå kryssavlsauer, kan gråfargen ha vorte laga ved å blande ull frå kvite og svarte sauer. Guro fortel i alle fall at det var slik ho gjorde det viss ho skulle laga grått garn: «Me hadde ikkje så mange svarte sauer, men i alle fall så hadde me sånn at me hadde litt. Så me fekk blanda så me fekk grått.»[27]

Oddbjørg lærte aldri sjølve å karda og spinna. Det same gjaldt for barna til Guro, ho hadde fire søner og ei dotter, og ingen av dei lærte å karda eller spinna. No har oldebarnet hennar Oline fått lyst til å læra å spinne. Oline har derfor fått rokken som Guro spant med, men ho er diverre for svak i foten til å kunne læra ho teknikken. Denne rokken var kome frå mormor hennar i Sauda, og er difor svært gamal. Om den var ny då mormor hennar brukte den eller om den har gått i fleire generasjonar før dette, veit ho ikkje. Etter nokre generasjonar er altså interessa for å læra å spinne kommen tilbake i Guro sin familie. For det er nettopp interesse og hobby det handlar om i dag, ikkje nytteverdien av det ein produserer. Dette skil seg mykje frå den tida då Eilert Sundt gjorde sine undersøkingar i Gjesdal:

Arbeidet med uld er mest udbredt og drives i hvert hus. Når undtages madlavning og kreaturstel, er det husets kvindfolk hovedsageligste syssel det halve år, fra oktober til april, at spinde og væve, og på flere steder tillige i det andet halvår mellem onnetiderne.[28]

Kardar frå garden Viga i Hjelmeland. (Foto: Lise Bjelland)

Ryfylkemuseet har mange kardar frå ulike stader i Ryfylke. Guro fekk sjå eit par frå Viga då eg snakka med ho. Desse var så kjende i utsjånad at ho lurte på om eg hadde funne hennar eigne: «Den minne meg om dei gamle som eg hadde, dei var sånn brune.»[29] Det brune ho snakkar om er gamalt feitt frå ulla som dekkjer store deler av kardane, og er mørkebrunt eller nesten svart. Desse kardane ber dermed preg av å ha vorte brukt til uvaska ull.

På Nasjonalbiblioteket sine nettsider finn ein filmen «Kardemakaren : Nordfjordeid 1979.» Her ser ein Gustav Hjelle frå Nordfjord, som viser korleis ein laga ein ullkarde i eldre tider. Han har lært det av

sin far. På garden Hjelle i Eid kommune har det vore kardeproduksjon frå midten av 1800-talet og til noko ut på 1900-talet.[30] Karden som blir laga i filmen, er så godt som identisk med karden frå Viga som Guro fekk sjå. Dette tyder nok ikkje på at dei er vortne laga der, men at ein produserte dei nokså likt i heile landet. På eit anna par som museet eig står det «Rustad og søns», og noko anna som ikkje er mogleg å tyde. Det har altså vorte produsert kardar på ein fabrikk med dette namnet ein gong. Me veit ikkje kor denne fabrikken har vore, men den er i alle fall ikkje i drift i dag. I dag er det så godt som umogleg å få tak i norskproduserte kardar med mindre ein kjøper brukt. Guro sine gamle kardar har som rokken, kome frå mormor hennar i Sauda, og ho veit heller ikkje kva tid dei er i frå eller kor dei er laga.

Museet har også ein anna type karde i samlinga si. På bygdemuseet i Hjelmeland står det ein benkekarde. Den er laga av ein benk som ein kan sitje på, og med ein fastmontert karde i den eine enden av benken. Oppå den fastmonterte karden ligg det ein stor karde med eit handtak. Når ein karda på denne, satt ein på benken og karda med begge hender med den lause karden mot ulla som låg på den fastmonterte. Slike benkekardar hadde ofte grovare nåler, og blei brukt til å løyse opp det ujamne i ulla og til å blande forskjellige typar ull. Mange stader var det vanleg å karde ulla fleire gonger og å plukke ulla mellom omgangane. Ein benkekarde blei derfor brukt til den første kardinga, mens ein brukte handkardar etterpå. Desse kardane kom til landet gjennom manufakturane som kom til Noreg på 1700-talet. Dette var små fabrikkar der handverkarar produserte varer manuelt, altså eit slags mellomledd mellom handverk og masseproduksjon, og ein forgjengar til den industrielle fabrikken. At eit stort reiskap samanlikna med handkardane, blei teke i bruk på gardar og ikkje berre i handverket, kan kanskje forklarast med at det var vanleg å karde fleire gonger og at ein benkekarde var

Benkekarde frå Hjelmeland bygdemuseum.
(Foto: Lise Bjelland)

meir effektiv.[31] Dermed var det ikkje noko ekstra arbeid. Guro fekk sjå bilete av benkekarden frå Hjelmeland, men hadde aldri sett ein slik før. Desse store benkekardane var nok ikkje veldig vanlege i Ryfylke. Benkekarden i Hjelmeland er den einaste museet har i samlinga si, og i bygdemuseet i Strand er det ingen.

Sidan handkardane museet har i sine samlingar er svært like kvarandre, og Guro også kjende igjen utsjånaden frå sine eigne gamle kardar, er det nok sannsynleg at også garnet frå Sørskår har vorte karda med liknande kardar. Guro karda og spant nært opp til vår eigen tid. Ho har til dømes vore i ein skuleklasse på Tau på 1980-talet for å læra elevane å karde og spinne. Ho lærte seg også å veva. Frå midten av 1960-talet og fram til ho pensjonerte seg på 1980-talet, vaska ho på Tau skule.[32] Mens ho jobba der vart det arrangert eit kveldskurs i veving på skulen, og dette meldte ho seg på. Veven Guro brukte, var ein bordvev med vertikal renning. Resultata av vevinga er åtte biletvevnader som heng på veggen i leilegheita ho no bur i på Tautunet. Alle vevnadane, utanom ein, har ho spunne og farga garnet til med plantefargar. Når ho til dømes ville farga det grønt brukte ho bjørkelauv. Då blei det først gult, og så sette ho til noko som ho kjøpte på apoteket. Ho hugsar ikkje kva stoffet heitte, men det blei i alle fall mogleg å få fram ulike grønfargar med det. Her kan det nemnast at ein tidlegare kunne kjøpe mange forskjellige plantefargar på apoteket, men dette er det slutt på i dag.

Som me ser, var ikkje veving noko ho lærte av mor si. Det kan dermed verka som veving ikkje var det viktigaste bruksområdet til spunne garn på Tjøstheim. Som på Viga, var det truleg strikking ein brukte det heimespunne garnet til i frå mellomkrigstida og utover. Om garnet frå Sørskår hadde vorte tatt i bruk, kan ein derfor tenkja seg at det ville blitt brukt til eit strikkeprodukt, kanskje sokkar eller vottar slik som i Viga.

Spinning

Å spinne er å strekke ut ullfibrane og tvinne dei rundt kvarandre slik at ein får danna ein samanhengande tråd. Dette er ein prosess som kan gjerast med hendene ved at ein tvinnar fibrane mellom tommel og peikefinger. For å spinne meir enn ein armlengd, må ein ha ein stad å gjera av det garnet ein har spunne. Handteinen, det eldste reiskapen til spinning som me kjenner til, gjorde dette mogleg.[33] Handteinen var ein pinne med eit lodd eller snelle av anten metall, bein, stein eller tre. På pinnen blei det festa ein krok eller laga eit lite hakk som ein festa nokre fibertrådar frå tullen på. Tullen festa ein på ein kjepp kalla rokk som blei stukke under armen, beltet, forklet eller ei lomme.[34] Handteinen fungerer ved at loddet gir teinen tyngde og rotasjon når ein snurrar pinnen. Tyngda strekker ut fibrane, mens rotasjonen gjer at dei blir tvinna. Ein handtein kunne bli brukt kor som helst sidan den var så liten, og det var også mogleg å spinne mens ein gjekk. Av denne grunn blei den mange stader brukt langt inn på 1900-talet.[35] Likevel kan me vera ganske sikker på at garnnøstet frå Sørskår ikkje er vorte spunne på ein handtein. Guro har til dømes aldri brukt handtein. Dessutan finst det berre nokre få handteinar i museet si samling, og på bygdemuseet i Strand finst det ingen.

Garnnøstet frå Sørskår har heilt sikkert blitt spunne på ein hjulrokk med vingespindel. Desse blei utvikla i Nord-Italia og Tyskland på slutten av 1400-talet. Den første typen kom til Noreg på 1600-talet, og var

med skråbryst og utan fotpedal. Eit stort svinghjul, som blei sveiva for hand, dreiv snella og vinga rundt, men i ulik hastigheit. Dette gjorde at tråden blei rulla opp på snella samtidig som fibrane blei snurra rundt. Vingespindelen gjorde det altså mogleg å spinne og vinde opp tråden i ein og same prosess. Med andre ord gjekk det mykje fortare enn med handteinen. Rokken som kom til Noreg, minner mykje om nederlandske rokkar frå same tid. Det er dermed sannsynleg at dei stammar frå dette landet. Det finst ikkje bevarte rokkar i Noreg av denne typen, men ein har teikning av den. Etter kvart fekk rokkane også fotpedal. Då fekk ein frigjort ei hand ved at ein snurra svinghjulet med foten. Det fanst også ein enklare hjulrokk utan vingespindel som var funne opp tidlegare, men den kom til Noreg om lag hundre år etter. Skottrokken som den vart kalla, kom med tukthusmanufakturane som var straffeanstaltar for kvinner og barn oppretta på 1700-talet. Den blei aldri særleg populær i husfliden. Det er ikkje så rart, med tanke på at ein allereie hadde vorte vant med den meir avanserte og effektive hjulrokken med vingespindel.[36]

I løpet av 1800-talet byrja ein ny rokk å ta over for

Rokk med skrått bryst frå Hjelmeland bygdemuseum. (Foto: Lise Bjelland)

Rokken som Guro Alvilde Helland arva, har horisontalt bryst. I dag er det oldebarnet Oline som har den. (Foto: Gunleif Helland)

Oppstadrokken frå Barkeland med massivt svinghjul. Rokken er plassert på storgarden Håland i Erfjord. (Foto: Lise Bjelland)

rokken med skrått bryst. Denne nye rokken hadde horisontalt bryst og med svinghjulet festa på ein annan måte. Elles var vingespindelen plassert på sida av svinghjulet på same måte som på den eldre typen med skrått bryst. Dei fleste hadde tre bein, men nokre hadde også fire. Truleg vart dei utvikla på Sjælland i Danmark. Gjennom ei undersøking i Romsdalsbygdene kring rokkemakarar på 1800-talet kom det fram at den nye rokketypen dominerte etter 1850. I dag er det denne rokken som blir produsert for husfliden.[37]

Museet har mange ulike hjulrokkar i samlinga, nokon med horisontalt bryst og nokon med skrått bryst. I samlinga etter Olga Oppedal frå storgarden Barkeland på Jelsa, har me ein annan type rokk frå 1836. Denne har spinnereiskapen plassert over hjulet, og blei kalla for oppstadrokk. Oppstadrokken er yngre enn rokken med skrått bryst. Som benkekarden skal også denne ha blitt spreidd då manufakturane kom på 1700-talet. Når desse rokkane vart gamle blei dei ofte brukt som spolerokk, noko som tyder på at den ikkje var like populær som den meir vanlege rokken med vingespindelen på sida av hjulet. Det var i alle fall ofte dei eldste og dårlegaste rokkane som blei brukte til spoling.[38] Det er to Oppstadrokkar frå Barkeland. Den eine rokken har ein elegant og detaljrik utforming som ein kjenner igjen frå dei meir velståande heimane. Det høver difor godt at den blei funne på Barkeland sidan dette var ein av dei rikaste gardane i Ryfylke.

Oppstadrokkane var for det meste laga for lin, men blei mykje brukt til ull sidan det var dette som var det viktigaste spinnematerialet i Noreg. Den elegante oppstadrokken på Barkeland var truleg laga for lin, men det kan vera at den andre var laga for hamp. Denne oppstad-

Sigrid Gauthun frå Nesflaten i Suldal, spinner på ein rokk med skrått bryst. Til høgre for ho, ser me mannen hennar, Tjerand Gauthun. (Foto: Martin Hansen)

rokken har nemleg eit svinghjul av massivt tre og ikkje eiker. Ein reknar med at dei fleste rokkar med massive svinghjul har blitt brukt til hamp. Det høver nemleg godt med ein tung rokk til hampefibrane. På Karmsund Folkemuseum har dei også ein oppstadrokk med massivt hjul som ein veit er vorten brukt til hamp.[39]

Frå det nemnde over, kan me vera ganske sikker på at Elen Tytlandsvik har spunne garnet på ein rokk med horisontalt bryst eller skrått bryst. Rokken med horisontalt bryst har rett nok vore dominerande på den tida

ho spant, men det var fortsatt mange som spant på den eldre typen. På førre side ser de til dømes eit bilete frå 1943 der Sigrid Gauthun frå Nesflaten i Suldal spinn på ein rokk med skrått bryst. På rokken står det skrive kva tid den er laga. Det er vanskeleg å sjå om det står 1811 eller 1871, truleg er det det siste. Som me har sett med rokken til Guro, var det vanleg at dei vart overført i fleire generasjonar. Dermed kunne dei verta veldig gamle.

Hesping og nøsting

Når ein hadde spunne så mykje tråd at snella på rokken var full, måtte ein ta den av slik at det blei plass til å spinne meir. Dette kunne gjerast på fleire måtar, anten ved å lage ein hespel eller ved å lage eit nøste. Å hespa var å surra opp tråden i ein laus kveil, og dette kunne ein gjera med å vinda tråden mellom til dømes handa og olbogen. Betre var det nok å bruke eit hespetre. Dette var eit reiskap som opphavleg bestod av ein pinne og to bøygde tverrtree på kvar ende av pinnen. Ein brukte det ved å halda i pinnen, feste garnet på den eine tverrpinnen og svinga det slik at garnet blei vinda opp på tverrarmane på begge sider av pinnen. Tverrarmen kunne vera plassert i same plan eller i rett vinkel imot kvarandre. Hespetreet med tverrarm i same plan er eldst, og er blant anna funne i Oseberghaugen frå første del av 800-talet. Etter kvart blei denne typen avløyst av eit reiskap som roterte. Den bestod av fire eller seks eiker festa som i eit hjul. På kvar ende av eikene er det plassert eit tverrstykke. Den blei drive rundt ved å snurre på eit lite handtak som ofte var festa på ei av eikene.[40] Det finst mange ulike utformingar på dette hespetreet, men prinsippet har vore det same.

Den roterande typen har Ryfylkemuseet mange av, men det finst ingen av den eldre typen. Det skal seiast at det er få bevarte i norske museum generelt, dette på trass av at dei var vanlege i heile landet før den nye typen kom. Ein veit ikkje heilt kva tid overgangen mellom nytt og gamalt har gått føre seg, men ein finn begge versjonar i måleri frå seinmellomalderen, så ei tid etter dette må den nye ha avløyst den eldre. Utforminga må ha vore vellykka til sitt formål for den har overlevd fram til våre dagar utan betydelege endringar.[41] Om garnnøstet på Sørskår blei hespa, er det difor sannsynleg at det var den nyare typen Elen brukte. Sidan garnnøstet truleg er uvaska, må ein gå ut i frå at ho ha nøsta det direkte. Ei hespe laga ein om garnet skulle vaskast eller fargast. Dette er det ikkje mogleg å gjera med eit nøste.

Om ein lager ei hespe etter at garnet er vorte spunne, må ein bruke ei garnvinde for å gjera det om til eit nøste etterpå. Dette er også eit gamalt reiskap som er vorte funnen i Oseberghaugen.[42] Garnvinda består av ein pinne som står på ein fot. Pinnen kan rotere og på toppen av den er det festa to pinnar i eit kryss. På krysset er det fleire hol som ein kan feste pinnar i. Ein festa hespa på desse pinnane. Når ein skulle nøsta garnet, drog ein i den eine enden av garnet slik at garnvinda roterte etter kvart som ein nøsta. Sidan hespa blei halden fast i garnvinda unngjekk ein flokar og knutar i nøste-prosessen. Hespetre og garnvinde liknar på kvarandre, og det er difor mange som trur dei har same funksjon, men dei har altså motsett funksjon. Eit hespetre brukar ein for å få av ei hespe, mens ein brukar ei garnvinde for å gjera hespa om til eit nøste.[43] Dette har også gått litt i surr på mange museum, og ein finner difor fleire gjenstandar som er feilregistrert på Digitalt museum.

Hespetre frå Hjelmeland bygdemuseum.
(Foto: Lise Bjelland)

Garnvinde frå bygdesamlinga på Finnøy.
(Foto: Lise Bjelland)

Ein nyare versjon av denne garnvinda hadde også eit kryss nede på pinnen slik at dei vertikale pinnane som hespa skulle vindast av på, kunne festast både oppe og nede. Dei vertikale pinnane hadde fleire hakk nedover og var av og til meir skråstilte slik at ein kunne regulere etter kva lengde hespa hadde. Sjølv om den er litt ulik versjonen funne i Oseberghaugen er prinsippa i grunn det same, og ein reknar desse for å vera same type garnvinde. Det finst andre typar også, men denne har vore mest vanleg. Ein annan type minner til dømes om ein paraply som ein slår i saman. Denne er truleg ikkje så gamal, og er nok den som er mest brukt i dag. Ein tredje versjon har to tromler plassert over kvarandre i ei ramme på fot. Tromlene kunne regulerast slik at dei

Nøstepinne frå Erfjord med tre utskorne hol. Han er plassert på storgarden Håland i Erfjord. (Foto: Lise Bjelland)

var tilpassa lengda på hespa ein skulle nøste saman.[44] Ryfylkemuseet har alle desse typane i samlinga.

Elen kan og ha nøsta garnet utan ei garnvinde. Som ved hesping, kunne ein også gjera denne prosessen utan ein reiskap, sjølv om det var mindre effektivt. Ved hjelp av to armar i passeleg avstand eller ein stolrygg kunne ein også nøste av ei hespe.[45]

Når ein nøsta hespa frå garnvinda, kunne ein bruke ein nøstepinne eller vindepinne. Dette var ein liten pinne med ein glatt del i eine enden og ein utskoren del i andre enden. Denne heldt ein der den var utskoren og nøsta tråden omkring den glatte delen av pinnen. Til slutt trakk ein den ut slik at det blei eit hol i den. For at nøstet skulle halda seg i saman, måtte ein vente til over natta før ein tok ut vindepinnen. Eit nøste laga med nøstepinne, kunne ein henga i ei snor på eit loft fram til det skulle brukast.[46]

Museet har nokre nøstepinnar i samlinga, og ein av desse har tri utskorne hol med to eller tri kuler i kvar. Denne nøstepinnen kjem frå Erfjord. Nokre av desse nøstepinnane hadde nemleg to funksjonar, og den andre funksjonen var å vera rangle for barn. Det er usikkert kor vanlege desse nøstepinnane var, og det er som sagt ikkje så mange i samlinga. Når det gjeld garnnøstet til Elen, veit me at ho må ha nøsta garnet utan nøstepinne, for det er ikkje hol i det.

Eit nøste er laga

Etter ein lang prosess med fleire reiskapar involvert, nokre av nyare sort, andre så gamle at me ikkje veit kva tid dei har oppstått, har altså ulla blitt omdanna til garn. Ved hjelp av mange av museet sine tekstilreiskaper og Guro sin tradisjonskunnskap, har me sagt noko om korleis Elen sitt garnnøste og andre garnnøste frå Ryfylke, kan ha vorte laga i første halvdel av 1900-talet. Sidan garnnøstet frå Sørskår kunne blitt brukt til eit par sokkar eller anna strikk, tek eg med ei historie Guro fortalte:

Eg må le altså når eg komme på det der. Du veit at me brukte ikkje langbukser me jentene på den tida. Me hadde ullundertøy på vinteren. Så hadde me det me kalla for sportsstrømper som gjekk til knea. Og så strikte me mønster ned over på dei i svart og kvit. Mange gonger på laurdagskveldane gjekk me nedover på Tau for å treffa andre, veit du. Då stod det mange gonger ein gjeng ned i det som me kalla for Det glade hjørna. Jo, for det var mykje der ungdommane samlast. Og så var det ein laurdagskveld me kom ned der, ein heile flokk med Tjøstheimsjenter. Så hadde me dei sportstrømpene på oss. Ned i krossen var det ein i frå heia som stod der. Og så sa han: «Eg ser dei har klypt sauene på Tjøstheim.»[47]

Guro sine strømper strikka av ulla til kvite og svarte sauer frå heimegarden på Tjøstheim får bli siste ord i denne reisa gjennom eit garnnøste si historie.

Anette Opheim (30) har master i historie frå Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet (NTNU) og arbeider som formidlar ved Ryfylkemuseet.

Litteratur

- Alsvik, Jan, *Folk i Strand 3*, Hafrsfjord forlag, Stavanger 1991
- Berntsen, Sissel m.fl, *Vi høster ull, lærebok i saueklipping, ullhåndtering og ullklassifisering*, Konsis, Oslo 2014
- Brandal, Trygve og Tjeltveit, Njål, *Sau og hei*, Ryfylkemuseet, Stavanger 1996
- Brøgger, A.W., *Osebergskipet og Osebergsalen*, A.W. Brøggers boktrykkeri as, Kristiania 1918
- Hauge, Kolbjørn, *Grøne øyar blå fjord, historier frå barndom og ungdom i Ryfylke*, Wigestrand, Stavanger 2001
- Hoffmann, Marta, *Fra fiber til tøy, tekstilredskaper og bruken av dem i norsk tradisjon*, Landbruksforlaget, Aurskog 1991
- Klepp, Ingun Grimstad m.fl, *Ren ull*, Aschehoug, Oslo 2013
- Lønning, Sunniva, *Spinne ull på rokk og handtein*, Landbruksforlaget, Oslo 1976
- Sundt, Eilert, *Om renligheds-stellet i Norge*, J. Chr. Abelsted, Christiania 1869
- Sundt, Eilert, *Om husfliden i Norge*, J. Chr. Abelsted, Christiania 1868
- Tuft, Jack, *Fiberlære og materialprosess*, Amfora AS, Stavanger 1999

Anna

- Fremmersvik, Else, Samtale, 08.10.2015
- Heggland, Oddbjørg Randa, Samtale, 31.08.2015, 01.09.2015
- Helland, Gunleif, Samtale, 05.10.2015
- Helland, Guro Alvilde, Samtale, 27.08.2015
- Knutsen, Lisa Thelin, Samtale (e-post), 09.09.2015
- Nb.no, «Kardemakaren : Nordfjordeid 1979», Filmklipp, sist besøkt: 5.10.2015
- Risa, Jorun Kandal, Samtale, 27.08.2015, 01.09.2015

Noter

[1] Samtale med Risa
[2] Alsvik 1991: 1372-1374
[3] Klepp 2013: 54
[4] Ibid: 50-51
[5] Tuft 1999: 42
[6] Berntsen 2014: 18
[7] Brandal 1996: 30-35
[8] Berntsen 2014: 17-18
[9] Samtale med Helland
[10] Samtale med Fremmersvik
[11] Tuft 1999: 42
[12] Hauge 2001: 63-64
[13] Hoffmann 1991: 19
[14] Ibid: 19
[15] Sundt 1869: 280
[16] Hoffmann 1991: 19-21
[17] Klepp 2013: 90
[18] Hoffmann 1991: 21
[19] Ibid: 20-23
[20] Klepp 2013: 89-90
[21] Hoffmann 1991: 24-25
[22] Lønning 1976: 11
[23] Sundt 1986: 150
[24] Samtale med Knutsen
[25] Samtale med Helland
[26] Samtale med Heggland
[27] Samtale med Helland
[28] Sundt 1986: 150
[29] Samtale med Helland
[30] Nb.no, «Kardemakaren : Nordfjordeid 1979», Filmklipp, sist besøkt: 5.10.2015
[31] Hoffmann 1991: 24
[32] Samtale med Helland, Gunleif
[33] Tuft 1999: 107
[34] Hoffmann 1991: 65
[35] Klepp 2013: 87
[36] Hoffmann 1991: 68-77
[37] Ibid: 77-81
[38] Ibid: 91
[39] Ibid: 79-80, 89-91
[40] Ibid: 164-167
[41] Ibid: 164-165
[42] Brøgger 1918: 15
[43] Hoffmann 1991: 170
[44] Ibid: 169-171
[45] Ibid: 171
[46] Ibid: 168
[47] Samtale med Helland

Valskår-tromma skal ifylgje tradisjonen ha tilhøyrt ein tambur på Valskår, og vore brukt i krigen mot svenskane kring 1810. Artikkelen fortel derimot at tromma må vera ei sivil tromme, og der var ingen tambur på Valskår kring 1810. (Foto: Lise Bjelland)

Valskår-tromma

Av Ernst Berge Drange

Ein smilande folkemusikkarkivar står fram på førstesida i lokalavisa Suldalsposten den 6. oktober 1995. Eller rettare sagt, det er folkemusikk-arkivaren ved Ryfylkemuseet og ei gamal tromme. Oppslaget fortel at museet hadde fått i gåve ei om lag 200 år gamal tambur-tromme frå garden Valskår i Hylsfjorden. Skulle ein tru dei munnlege overleveringane, fortel Ruth Anne Moen, hadde tromma mellom anna vore nytta under krigen mot svenskane kring 1810. Bjarne Valskår, som leverte inn tromma, kunne fortelja at ho hadde tilhøyrt ein tambur på Valskår. No sist hadde ho tilhøyrt bror hans, Tor Valskår, som døydde i 1992. Laurentse Valskår, enkja til Tor, var den som formelt gav tromma til museet. På museet fekk tilveksten nummeret RF1995/003. Avleveringa var datert 26. juni 1995.

Valskår-tromma var i overraskande god stand. Ho merkjer seg ut ved at trommeskinnet er intakt på eine sida, trommesida. Til tromma høyrde òg eit ekstra trommeskinn og to trommestikker av ask. Men det er usikkert om stikkene var like gamle som sjølve tromma, sa folkemusikkarkivaren, og vidare: «Tromma er ein typisk gamal modell med taubindingar og bøkra, litt høg trommekropp».[1] Lyden var nok mjukare og mørkare enn til dømes dei skarptrommene ein kjenner i dag, trudde Ruth Anne.

Tromma har ein diameter på 38-39 cm og ei høgd på 36-40 cm. slik ho står i dag. Men kroppen har fått ei lita forskyving, så høgda på den operative tromma var 36 cm.[2] Trommestikkene har ulik lengd, på 31,5 og 35 cm. Dei er ganske tjukke og tunge.[3] Trommekroppen er av furu, med så tett samanføyde stavar at ein ved første augnekast kunne tru ho var hola ut av eit tre. Stavane – om lag 12 i talet - er breie, 11-12 cm., men nokre få

Valskår-tromma er i særs god stand, både med intakt øvre trommeskinn og taustrammingar. Ho vitnar om eit godt utført handverk. Stavane i trommekroppen er av furu. Som ein ser er tromma heilt utan dekorative element. (Foto: Lise Bjelland)

er mindre, ned i 5 cm. Banda oppe og nede er av ask, eit hardt treslag, ikkje hassel som var det vanlege på ei tønne.

Furu vitnar om at det er eit Vestlands-produkt. På den tida tromma vart laga, var det ikkje gran på Sørvestlandet. Gran, som generelt er klang- og resonansmessig betre, hadde vore det beste materialet om ein hadde hatt det tilgjengeleg. På den andre sida er ikkje treslaget det vesentlege i ei tromme, det viktigaste er trommeskinnet sine kvalitetar. Med skinn av hund eller varg kunne ein tromma så hardt at glasruter knuste.[4]

Trommekroppen frå Valskår er måla med ei form for beis, ein raudbrun farge, men har ingen former for dekorasjonar eller inskripsjonar. Derimot er der, forutan eit par kvisthol, laga til ein liten firkanta opning i ein av stavane. Det er for å avlasta trykket. Når ein slår på tromma, blir det eit kraftig trykk inni trommekroppen. Dette holet – eit såkalla resonanshull - er med på å dempa trykket, og gjev tromminga ein rett lyd.

Militær-ordninga i fedrelandet

Tamburen, som var ein signaltrommeslagar i militæret, var ein viktig person. Han omsette kommanderande offiser sine ordrer til signal som soldatane kunne oppfatta på lang avstand. Det var eigne signal på «holdt», «framrykking», «retrett» o.s.b.[5] Difor heldt tamburen seg òg i nærleiken av kommanderande offiser. I ein felt-situasjon var tamburane særleg utsette. Fekk fienden has på han kunne ein råka kommandolinja. På den andre sida var sikten i slaga etter kvart svært avgrensa. Det vart ganske snart liggjande tung røyk av svartkrut over slagmarkene.

Den faste ordninga med militære tamburar i Noreg går tilbake til 1628, då kong Christian IV's krigsordinants organiserte ein utskriven hær i kongeriket. Fram til då hadde ein berre hatt styrker som vart kalla inn i krigstid. No – i samband med at Danmark-Noreg

Tambur frå slagmarka i 1763. Teikninga er laga av Andreas Hauge og er gjeve att i boka om Rogaland Infanteriregiment (Marki 2001 s.71). Her kan ein òg sjå svartkrutet som kvilte over slagmarkene. Etter kvart såg ein ingen ting. Andreas Hauge (d. 2005) var ein kjend teiknar av krigshistoriske bilete, og det er stor grunn til å tru at uniformen han har teikna vart nytta av soldatane i Vesterlenske regiment. Å få på seg ein slik uniform må ha vore stas for unggutane frå Ryfylke.

kom i krig - vart det organisert ein regionvis hær med 5 regiment i landet, og med 3 eller 4 kompani kvar. I kvart kompani var det ein kaptein som sjef og ein løytnant som nestkommanderande. I tillegg var det normalt 2 sersjantar, 4 korporalar, 1 tambur, 1 piper (pipespelar) og 1 profoss.[6] Profossen's oppgåve var å oppretthalda disiplin blant dei meinige og iverksetja straffar, altså eit militærpoliti. Pipespelaren og profossen høyrer ein lite til i tradisjonen. Men «pibe og tromme» er omtala i militær samanheng allereie frå 1500-talet. Ein går ut frå at pipa var ei tverrfløyte.[7]

I tillegg til dei 5 regimenta var det i hær-ordninga frå 1628 tre frie kompani (Fähnlein eller fenniker), der Stavangerske Fähnlein (kompani) opphavleg var på 390 mann.[8]

Den nye hæren var på grunnplanet organisert som ein legdshær, soldatane vart skrivne ut på mikronivå: fleire gardar utgjorde ei legd som stilte med, og hadde ansvaret for utrustinga av, ein soldat.[9]

Oppbygginga av ein norsk hær stagnerte i 1629, då det vart slutta fred, og først i 1641 vart hæren etablert i samband med fare for ny krig.[10]

Den militære organiseringa endra seg over tid. Frå 1717 fanst det eit 2. Vesterlenske Nasjonale infanteri-regiment som dekte eit distrikt frå Lindesnes til Etne. I 1. bataljon i dette regimentet - ein av to - var det mellom anna 3 Ryfylke-kompani, det 1., 2. og 3. Ryfylkske kompani. Kvart av desse kompania hadde 50 legder bak seg, då med to soldatar i kvar legd. Husa som tok vare på utstyret, såkalla telthus, var lokaliserte til Hjelmeland, Vikadal og Hinderå (Nedstrand) kyrkjer. Hebnes i Jelsa var ekserserplass for det 2. Ryfylkske kompani.[11] Men strandstaden Sand overtok som



Telthus. Telthus er eit militært lagerhus, der ein lagra våpen og ammunisjon. Kanskje la ein òg inn tambur-tromma her? Eller fekk tamburen ha ho heime og nytta ho i det sivile livet? Dette er teikning av eit telthus, som altså står på stabbar. Ein ville halda smågnagarar ute frå utstyret.[54] I 1790 vart det prosjektert eit telthus på Bjødnateigen på Sand, for 2. Ryfylkske kompani av Det Vesterlenske Regiment. Det skulle vera 11 x 10 alen i flate (altså 6,6 x 6 meter) og 4 alen høgt frå golv til bjelkar. Telthuset på teikninga er noko større. I eine brystet skulle det vera ei dør, i det andre eit vindauge. Der skulle òg vera ei svål i standerverk rundt huset på Bjødnateigen. (Foto: Statsarkivet i Stavanger)

ekserserplass for dette kompaniet i 1790. Då vart det òg bygt eit telthus på Sand, eit lagerhus for ammunisjon, våpen og anna utstyr.

Så frå 1790 møttest offiserar og soldatar frå det 2. Ryfylkske kompani til eksersis – eksis som dei sa - på Sand, nærmare bestemt på toppen av Prestahauen (eller Einersbakkjen). Ekserserplassen vart identifisert å liggja «omtrent 4 à 5 Rifleskud fra Søen, hvis gjævne overflade befandtes at være 180 skridt i længde og 80 skridt paa det bredeste, hvilket formedelst avfald til alle Sider ej kand udviides»[12] Telthuset vart sett opp på Bjødnateigen[13], på tørr og fast grunn der, sikkert både for vatn og eldskade og for den sterkaste vind, som det heitte. Dermed fekk folk i indre Ryfylke endå ein grunn til å reisa til det som på denne tida utvikla seg til den største strandstaden i Ryfylke, strandstaden Sand eller Sandslandet.

Det å bli sendt av garde i krigen, og det visste alle, innebar for mange at dei aldri kom heim att. Heile årskull av gutar kunne somme plassar bli radert ut når krigane raste. Men i fredstid må det å få møta på "eksis", marsjera, fylgja ordrar og opptre som ein organisme, ha vore viktig og spennande for unggutane, om lag som å spela i eit skulekorps, eller vera i eit buekorps. På Sand kjenner ein til ei ordning med buekorps for smågutane ut på 1900-talet.

Då Danmark-Noreg kom med i Napoleons-krigane i 1808, sto Det Vesterlenske infanteriregiment[14] – på denne tida utgjorde det eitt samla regiment - om bord i ein nyoppretta flåte som marine-infanteri. I tillegg

var somme avdelingar av regimentet i garnison i Kristiansand. Soldatane i Indre Ryfylke var i 2. Ryfylkske kompani.

Valskår-tromma var ikkje ei militær tambur-tromme – men der var militære tamburar i Suldal

Tradisjonen fortel at Valskår-tromma var ei militær tromme som hadde vore nytta av ein tambur frå Valskår i krigen mot svenskane kring 1810. Stemmer dette?

For det første sjølve tromma. Dei opphavlege militære trommene var av tre. Men i 1735 vart messingtrommer innført i den dansk-norske hæren.[15] Trommene var merkte med avdelingsnamn, i alle fall regimentsnamn, og riksvåpenet. Det var ikkje slik at alle tre-trommer vart erstatta med ein gong, men det er vel grunn til å tru at 75 år seinare (kring 1810), var messingtrommer det vanlege.

Valskår-tromma er ei tre-tromme, ho er ikkje merka med regimentsnamn eller riksvåpen, og ein må kunne slå fast at ho er ikkje ei militær tromme. Det som derimot ofte skjedde var at militære tamburar fekk laga seg private trommer av tre, som dei nytta ved festlege høve heime i bygdene dei kom frå, særleg i samband med bryllaup. Medan den militære tamburen gjorde teneste nokre få år i kompaniet sitt, hadde den sivile tamburen ein livslang funksjon i bygdesamfunn sitt. Den tromma han trakterte vart gjerne kalla ei bygdetromme, medan den militære tromma kunne bli kalla signaltromme. Bygdetrommene var gjerne fint dekorerte, til dømes med rosemåling. Jamvel kunne den norske løva vera måla inn, med føredøme i dei militære trommene.[16] Ei tromme skulle ha eit slikt merke. Men altså ikkje



"Piber og trommer" var dei militære instrumenta fram til ut på 1800-talet. Allereie krigsordinansen av 1628 slår fast at det skulle vera ein tambur og ein piper (pipespelar) i kvart kompani. Pipespelaren høyrer ein lite til i kjeldematerialet. Men på eit bilete frå Berakvam midt på 189-talet finn ein Osmund Larssen Mæhland sitjande med ei tverrfløyte. Kanskje var det slike ein brukte i det militære. Soga fortel at han hadde vore ein mykje nytta kjømeister og felespelar, men i samband med vekkingane på 1870-80-talet, måtte han knusa felå for å få sjelefred. Då må fløyta ha vore god å ha. Osmund Mæhland dreiv dessutan både med treskjering og rosemåling og var retteleg ein kunstnar i bygdesamfunnet. Dette er utsnitt frå eit bilete. Heile biletet kan ein sjå i kapitlet om Berakvam i Jelsa 1/638.
(Eigar: Ingrid Grane/Ryfylkemuseet).

Valskår-tromma. Ein kan innvenda at alle militære kjenneteikn er måla over. Det går i så fall imot trenden. Saka var at dei heller måla på sivile trommer til dømes den norske løva.

Neste spørsmål er om det budde ein kar på Valskår som kunne ha vore tambur i krigen mot svenskane, altså med ei militær messing-tromme?

Folketeljinga 1801 gjev oss namnet på ein tambur i Suldal på denne tida, nemleg Josef Josefsen Fisketjønn, nemnt som «Bonde og gaardbeboer, samt tambur». Dei militære funksjonane vart gjerne tekne med i denne teljinga. Der var òg ein tambur på Hiim i Sandsbygdå, Samuel Olsen. Både på Solland og Indre Høyvikjå i Jelsa budde der det som vert nemnt «afskediget nat. tambour», altså pensjonerte militær-tamburar. I Vikadal var der to tamburar i 1801-teljinga, ein på Opsal og ein på Børkjetveit. Dette skulle gje til saman 4 operative tamburar i Ryfylke på dei 3 kompania.

Militære ruller i amtsarkivet 1809-10[17] fortel at både Josef Fisketjønn og Samuel Hiim då var ute av tenesta. Samuel Hiim hadde vorte dimittert som uttent 31. desember 1803 og Jon Tolleivsen (f. 1784) teken i hans stad frå 1. januar 1804. Samuel hadde tent som tambur i 3 år og 5 månader.

Josef Fisketjønn var uttent i 1806, og i hans stad vart først teke ein gift gardbrukar, Jakob Jakobsen, dinest, den 26. april 1808, ein ungkar Knut Knutsen (f. 1784). Han hadde då tent som soldat i 2 ¼ år.

Jon Tolleivsen, som gjekk inn etter Samuel Hiim, var i 1801 dreng på Vasshus i Suldal. Han var fødd kring 1783 og son av Tolleiv Nilssen Tjøstheim. Denne Jon Tolleivsen døydde i Vegusdal i Agder, og hadde familie etter seg der, blei altså ikkje buande i heimbygda si.

Der står to trommer i utstillings-montrer på Stavanger Museum, som her er fotograferte i monteren. Det er ei tromme i tre og ei i messing. Tre-tromma er truleg ei sivil tromme, sjølv om ho er smykka ut med namnet «Westerlenske Regiment». Stavanger Museum har diverre ingen opplysningar om tromma, som er både høgare enn Valskår-tromma og ser ut til å vera større i diameter. Men ved hjelp av heraldikken bør det vera mogeleg å tidfesta ei bakre grense for målinga, om ikkje for tromma. Utan å kunne studera detaljar frå utsida av ein monter, og dermed seia noko sikkert, kan dette vera eit kongevåpen frå før 1730-talet. (Foto: Forfattaren)

Dette er ei tromme i messing, med riksvåpenet i relieff og regiments-namn påført. Ifylgje opplysningar frå Stavanger Museum kjem ho frå Madlamoen, og vart gjeve i gåve til museet av tambur Johan Mortensen i 1937. Trommestikkene er av bein. Tromma er høgare enn Valskår-tromma, men mindre i diameter. Denne tromma må ha vore nytta i det gamle Vesterlenske regiment. (Foto: Forfattaren)

Når det gjeld Knut Knutsen er det snakk om to kandidatar, nemleg ein dreng på Tjøstheim og ein dreng i Lunde i 1801, begge sagt 20 år gamle, men då tok ein truleg noko sterkt i. Drengen i Lunde vart sidan husmann i Røyredalen under garden Tjøredalen, ved Suldalsvatnet. Knut Tjøstheim døydde som husmann på Nerheimsmoen, og var svigerfar til kyrkjesongar Samuel Viken, den første seminar-utdanna lærar i Suldal. Samuel Viken var husmannsson frå Hylsfjorden som slo seg opp til lærar og klokkar, frå plass Vikjo under Nedre Tveitane. Knut Tjøstheim hadde òg ein son som vart lærar i Fister.

Eg held ein sølv-knapp på at det var svigerfar til Samuel Viken, som var tamburen som tok over etter Josef Fisketjønn i det 2. Ryfylkske kompani i 1808. Ei tid mykje seinare budde han på Sande i Hjelmeland, der han var paktar for Nikolai Tostrup, som i si tid hadde vore den militære sjefen hans, nemleg sjef for 2. Ryfylkske kompani frå 1808, men frå 1810 for det 1. Ryfylkske.[18]

Nerheimsmoen er moen (flaten) nedom og vestom Nerheims-gardane, mot Lågjen. Her var det på det meste to husmannsstover, men eksakt kvar den eventuelle tamburen budde er ukjent. I dag bur det ingen på Nerheimsmoen.

Ein kan sjå føre seg at husmannen på Nerheimsmoen fekk laga seg eller fekk kjøpt seg ei tre-tromme, og heldt fram som sivil tambur. Han kan ha tromma til langt ut på 1860-talet, men kanskje ikkje like fram til han døydde i 1869 hos svigersonen Samuel Viken, godt over 80 år gamal.

Samuel Viken sjølv døydde så tidleg som i 1874, men enkja og ei dotter vart buande i Suldal like til slutten av 1890-talet, siste tida på Hoftunsmoen.



Marsj frå 1751 for 2. Vesterlenske nasjonale infanteriregiment. Den skal ha vore laga etter førebilete av prøyssisk musikk, og vart spela under felttog både i 1788 og i 1814. Dette var såleis ein marsj unggutane frå Ryfylke fekk høyra når dei var i militærteneste i Det Vesterlenske Kompani, truleg spela av ein militær "piper" (fløytespelar). Militæret baud på den einaste musikk-utdanninga i fedrelandet gjennom fleire hundre år og var vel ein av dei få gongane unggutane fekk høyra ein slags profesjonell musikk i livet. Ein skulle tru at det òg påverka musikken dei skapte sjølv heime i bygdesamfunnet. Militærtenesta gjekk over fleire år, med øvingar med jamne mellomrom, til dømes ved kyrkjene i sokna. (Faksimile frå Marki 2001 s. 263).

Valskår-tromma kan ha kome til Valskår i samband med ein auksjon i familien Viken, som forlèt Suldal for godt før 1900. Mor til Samuel Valskår, far til Tor og Bjarne Valskår og bonde på Valskår frå tidleg 1900-tal, var frå Nedre Tveitane, nett som Samuel Viken. Dei var av same folket, men ikkje biologisk nært i slekt.

Valskår-tromma kan såleis ikkje ha vore nytta militært, og det var ingen tambur på Valskår under Napoleons-krigane.[19] Som eit lokalt produkt, brukt gjennom generasjonar, er tromma kanskje difor eit endå større klenodium.

Tromming og anna spel i bygdesamfunnet

Trommer gav mykje lyd frå seg. Det var det ei tromme skulle. Då oppsitjarane på Sand i 1790 opna den beste delen av buhagen sin til ekserserplass, sette dei fram krav om kompensasjon i form av årleg leiga. Ei av ulempene var at dei i eksersertida måtte ha ung-krettura tjora andre plassar, og halda dei langt vekke «formedelst allarm af Tromme og Skud».[20] Dyra vart skremde.

Men til sivil fest og moro var tromma ein sjølvsagt del, ikkje minst som del av bryllaupsfeiringar. Ved slike høve vart tromma brukt både som soloinstrument og i samspel med fele. Før manns minne kanskje òg i samspel med fløyter, som i militæret? I tillegg til å spela bruremarsjar, brukte tamburane den lokale tradisjonen med danseslåttar. Ein spelte den rytmiske tematikken til slåttane med den kontinuerleg, underliggjande tromme-

virvelen i botn.[21] Trommevirvelen hadde sitt tekniske utgangspunkt i dei militære signala.

Arne Bjørndal gjev ei skildring av eit bryllaup, der han særleg har tromma i fokus[22]: «Blanda med felespel høyrdes trommebulder i brudlaupi med ymse millomrom, frå gjestene kom til tuns til dei for att ferdadagen. Tromma var det som fyrst helsa gjestene velkomne brudlaupsaftan.

På ein passande haug ikkje langt ifrå brudehuset slo trommeslagaren «Velkomeslåtten» so det lydde langan lei og rettleidde dei kommande om kvar dei kunde finda garden og tunet der brudlaupet skulle stå. Frå Tysnes har me ei regle som fortel kva Velkomeslåtten sa. Ja for folk la ikkje berre fela, men tromma òg «ord i munn». Og når slåtten skvaldra på det beste, sa han so tydeleg:

kjem de, kjem de, gøtt følk, gøtt følk, gøtt følk.
Æ de 'kje ferige, gøtt følk, gøtt følk, gøtt følk.
Dradebardn, dradebardn, nettopp, nettopp.

Tromma til Bård Bjødnavågjen (Bård Bårdsen Bjørnevåg), som er i eiga til Kjølvik bygdemuseum (Ropeidhalvøynå). Ho er ribba for skinn og strammingar, men rosemålinga og initialane AA J S B og årstalet 1833, er etter måten synleg. Innvendige mål er 37-38 cm., inkludert hatlebanda er det 41 cm. Høgda er 29-30 cm., så ho er altså lågare enn både Valskår- og Tysnes-tromma. Stavane, som er om lag 8 mm tjukke, er synleg bearbeidd på innsida etter at kroppen er satt opp. Ho består av 15 stavar, dei fleste om lag 10 cm., ein 5 ½ cm. På det eine biletet ser ein òg resonansholet midt i det dekorative. (Foto: Lise Bjelland)

Brudlaupsdagen, då laget drog til kyrkja, byttest spelemannen og trommeslagaren om å låta kvar si stund, fyrstnemnde med sin høgtidelege brureslåttar og hin med øyrerivande trommespel, og serleg galdt det om å spela greidt og høgt når ein for framom gardar og grender, so bisnarane kunde bera heimatt godord både om spelemannen og tamburen.»[23]

Uttrykket å «tromma saman» folk må òg visa til ein tambur-aktivitet, til dømes i bryllaupa.

Johannes Sundvor (1871-1941), som framfor alt har æra for at mykje tromme-materiale er berga, skriv ein artikkel i NORSK JOL 1931 med tittelen «Tromba»[24]: «… i motsetnad til andre musikkinstrument kan ho berre gjeva kjensla for høgtidstemning. Men til attergjeld er ho til festbruk so mykje meir framifrå utandørs enn noko anna solo-instrument. Ser me burt frå ymse einskilde tonefylgje i syrgjemarsjar for musikkorps, gjev ho ikkje rom for tungsame ting. Ho tolkar soleis aldri sorg. I gilde derimot aukar og tviaukar ho festhumøret. … Det er plent som alt myrkt og sorgsamt gløymest og sig burt».

På den andre sida hadde tromminga òg eit anna føremål, av magisk art. Ved hjelp av bråk og spetakkel skulle ein skremma bort og verja seg mot angrep frå mørke makter.[25] Slikt spetakkel blir òg skildra av Hallvard Hoftun i Suldal kultursoge under tema «Bryllaupsskikkar»: «Etter brudgomsgrauten tok dei i veg til kyrkja, med tambur og felespelar i brodden. Rett som det var, var det einkvan som dundra og skaut med børse eller pistol». Og vidare: «… då brura kom inn i stova med grauten sto tamburen og slo på tromma så det var uråd å høyra mannemål. Dei måtte gå rundt med ei skål og samla inn pengar til han for å få han til å slutta».[26] Denne opplysninga viser truleg til byrjinga og midten av 1800-talet, og trua på at vonde makter kunne fordrivast med bråk og spetakkel, hadde gjerne gått noko tilbake.

Trommespelet var særs populært, og «Beste trumbeslagaren var hævaste mannen», skriv Johannes Sundvor vidare. Det viser òg plassen tamburen hadde i eit brudefølgje. Første mann var kjømeisteren, så kom tamburen, så spelemann, dinest brudeparet og først deretter kom presten.

Då odelsguten Hadle Rasmussen Løland frå Hylsfjorden gifta seg i 1812 med ei odelsjenta på Bakka i Sauda, Marta Hallvarsdotter, og busette seg der, vart det halde eit såkalla «skakka-bryllaup», eit litt annleis bryllaup. Først var det vigsel i Saudakyrkjå og fest i heimen til brura på Bakka. Spelemann med fele og tambur med tromme var med til kyrkja, medan kjøkemeister, kjellarmann og kokk var heime, som skikken var. Søndagen etter bryllaupet på Bakka vart det halde veitsle på Løland. I full skrud med følgje gjekk brura ned til Fattland, der dei tok seg ein svingom i staden for kyrkjereis, altså i retning Sandskyrkjå, som Hylsstrannå sokna til. Så var det bryllaupsfeiring på Løland òg.[27]

I eit brev i dokument-samlinga frå Ås i Sandsfjorden frå 1755 refererer Lars Gunnarsen Ås til jordabyttet mellom Løland, Indre Bjerga og Indre Vanvik i Hylsfjorden på denne tida. Han nemnde då òg ein kar frå Sauda, og at «den same var Trommeslager i mit bryllup».[28] Denne saudabuen hadde altså vore trommeslagar då Lars Gunnarsen frå Hauge i Ølen, gifta seg, truleg i året 1750, med jordajenta Eli Rasmusdotter Ås.

Det er grunn til å tru at både felespel og tromming var faste og vesentlege innslag i bryllaup i Ryfylke i det



Illustrasjon som viser tromma sine ulike element. Den er henta frå Birger Mistereggen si hovudoppgåva (2001), som sjølv har henta ho frå Jeremy Montague (Oxford). (Faksimile frå Mistereggen 2001)

minste i meir velståande lag av bondesamfunnet alt midt på 1700-talet. Vi skal sjå at det må ha vore det ei tid.

Det same Ås-arkivet dokumenterer at bror til Lars Ås, som då gjekk på katedralskulen i Bergen, hadde kjøpt seg ein «fijol». Og han skriv: «… den synger saa høyt at baade haar og Skiæg kand falde af et meniske, det kand Peder Larsen Vidne».[29] Peder Larsen var gjestgjevar på Sand, og kunne altså gå god for dette. Skiftematerialet fortel om fioliner (feler) i bygdesamfunnet, som toppen av isfjellet. Det må ha vore mange fleire enn dei ein finn registrert i dødsbua.

Ola Knutsen Vatland på plasset Sillaliå i Jelsa (Halvøynå) var ein tidleg felespelar på våre kantar. Då det vart halde skifte etter at han kom vekk på sjøen «ved En uløckelig hændelse» ettervinteren 1773, vart det registrert ein tysk fiolin (fiol) «med foderal».[30] Så det var ikkje ei haringfela. (I folkemusikken brukar ein nemningane tyskefele eller flatfele om instrumentet fiolin, i motsetning til haringfela). Ola Sillaliå var ein velståande husmann, truleg ein som hadde valt å leva eit alternativt liv. Han var odelsgut til Vatland, men tok aldri over garden. I staden var det eit liv som handverkar og fiskar (truleg) og spelemann, som frikar. Men han vart berre 38 år gamal.

Det tidlegare nemnde dimitterte tamburen på Solland, Osmund Johannessen, var gift med søster til Ola Sillaliå. Så kanskje dei to svograne utgjorde eit godt bryllaupsmusikar-team på Halvøynå på 1760-talet. Osmund var òg ein noko annleis person. Som bjørneskyttar må det ha stått respekt av han. Men han var òg ein lesande person.[31]

Felå til Ola Sillaliå vart truleg kjøpt av ein granne, Odd Oddsen Kjølvik, som sat med «1 fiol med felehus» då han døydde i 1799.

Det var forresten ein periode kring 1810, kanskje i samband med krigen, at det var forbode å bruka trommespel i bryllaup. Då den velståande husmannen Lars Andorsen Eneset i Tysnes gifta seg i 1809, hadde han tambur i bryllaupet sitt. Same året vart han stemna av lensmannen i Tysnes (Opdal skipreide) for å ha sagt at lensmannen hadde gjeve han (særskilt) løyve «mod Anordningerne til at bruge det forbudne Tromme-Spil i sit Bryllup».[32] Det hadde lensmannen nemleg ikkje gjort.

Tingbøkene for Ryfylke fortel òg om tidlege spelemenn som må ha hatt fela som instrument, mellom dei Tobias Spelemann på Jelsa i 1622[33]. I gamle Suldal er det nemnt ein spelemann i 1625. Vi møter han i eit barsel på prestegarden der.[34] Ein kvedar er òg kjent alt frå 1619, tjuven Anders Olsen Fied som sat på galgen på Sand og «quædit».[35] Går ein lenger fram i tid, vert det i Jelsa prestegjeld kring 1700 omtala ein Jens Spillemand. Han må ha hatt ein viss del av innkomene sine av musikk. Truleg var det han som budde på Gryte på Halvøynå, og var innskriven som marin soldat.[36]

Går ein endå lenger fram i tid, så budde det på plass Sagjå under Vormestrand på 1740-50-talet ein militærmann som først figurerer som Jone tambur, sidan som Jone korporal og så som Jone sersjant.[37] Så tamburen kunne avansera. Seinare frametter kan ein finna fleire nemnde som tamburar i dagens Suldal og i Ryfylke elles. På Hedland i Sandsbygdå budde tamburen Østein Olsen frå Mehus i Bygdå, Jelsa (Halvøynå) tidleg på 1800-talet. Han overtok ein av gardane der i 1806 av militærmannen Jakob Jonsen «Næss», som - då han budde på Hedland – avanserte frå korporal til furer-sersjant i 2. Ryfylkske kompani. Jakob Næss sette seg på folgå under 50 år gamal, då tamburen hans tok over garden.[38]

Sivile trommeslagarar

Mikkel trommeslagar i Nedstrand er nemnt så tidleg som i 1633, berre 5 år etter forordninga om ein fast hær (og hæren blei i praksis ikkje organisert før kring 1640). Dette fortel at det har vore trommeslagarar i bygdesamfunnet før militærforordninga.[39] Mikkel vitna i ei sak der ei brur hadde vore pynta med sølv og utslege hår, men så viste det seg at ho var fruktsommeleg. Alle sto klare til å fara til kyrkja, men så var krisa der. «Tør du sverge at du ei har ligget hos henne», vart brudgommen, Johannes Toftøynå, spurt av Inger og Kari Borgenvik, dei to konene som pynta brura, og som hadde fått sine mistankar. Det var straffbart å pynta gravide brurer med sølv og utslege hår, og det visste dei to. Brudgommen svarte unnvikande og prøvde i retten å få all skuld over på dei to kvinnene. Sjølv hadde han sagt at dei måtte pynta henne «som dei sjølv ville kunne forsvara». Mikkel trommeslagar må ha vore til stades som den som skulle gå fremst i brureføLgjet.[40]

Den same Mikkel trommeslagar dukkar opp igjen i tingboka over 20 år seinare, i 1654. Då vart han stemna for at han som gift mann hadde avla to born med ei anna og ugift kvinne. Ho hadde frå før 3 barn med andre menn, noko som kanskje viser kva rolle ho hadde i bygdesamfunnet. Då dei begge vart stemna i saka var kvinna for sjuk til å møta, medan trommeslagaren «sades av ingen at videst», som det heitte. Det er grunn til å tru at dei heller ikkje var så nøye med å hugsa kvar han hadde vorte av. Dette var folk dei hadde glede av i bygdesamfunnet, folk som levde litt på sida av det kurante livet.[41]

Mikkel trommeslagar i Nedstrand i 1633 var nok ikkje ein militær tambur i eldre år. Heile tida må det

Tromma til Fredrik Uggdal i Tysnes er òg i bra stand. Dagens eigar, Magnus K. Bruntveit, som vaks opp med tromma i huset, fortel at ungane fekk ikkje lov til å herja med ho. Truleg er ho minst 200 år gamal. Ho er rosemåla på halve trommekroppen, og ber initialane Chr N S E. Høgda er 41 cm., diameter 42 cm. Ho er såleis høgare og større enn både Valskår-tromma og tromma frå Bjødnavågjen. Trommekroppen er truleg av furu. Initialane fortel at før Fredrikj'en fekk «trobmo» i hende, hadde ho tilhøyrt ein annan. Det kan ha vore plassmannen Kristoffer Nilssen Epland (1809-77). (Foto: Forfattaren)

ha vore sivile trommeslagarar i bygdesamfunna. Men truleg var det òg dei gode «trommisane», for å bruka eit moderne uttrykk, som vart tekne til tamburar i det militære. Ein høyrer frå andre stader om smågutar som var som besett, forgjorde, av tromming, nett som i dag. Det vert til dømes fortalt om den mykje seinare tamburen, Fredrik Uggdal i Tysnes (f. 1834), at sjølvaste presten måtte i skulestova for å formana denne gutetraven som tromma på alt han kom over. «Er det bedre at lyde piber og trommer end fader og moder», sa presten (kring 1840). Det er interessant å sjå at presten her referer til dei mange hundre år gamle militære hovudinstrumenta. Sidan vart Fredrik Uggdal – som formelt gjekk under namn av Fredrik Ludvigsen Opdal (1834-1923) - militær tambur og fekk eksersera på Engjo (Engen) i Bergen. Og i mange år var det han som slo an takten i 17. mai-toga i Uggdal sokn. Som gamal sat han på ei kjerre og vart dregen framføre toget.[42] Fredrik Uggdal hadde ei rosemåla tromme, som i dag er i privat eiga.[43]

Arne Bjørndal nemner i sin artikkel (1965) Fredrik Uggdal og Jon Vinsjansen som dei fremste tamburar på Tysnes.[44] Jon Vinsjansen Myklestad var seinare òg ein mykje brukt kjømeister, og hadde mange offentlege verv i bygda. Jon hadde ein bror som heitte Engel J. Myklestad. Han var tambur i den amerikanske borgarkrigen, men tromminga hadde han vel lært under militærtenesta i gamlelandet.[45] Tysnes var ein av dei siste plassane tambur-tromminga var i bruk, både i bryllaup og ikkje minst i 17. mai-tog, til godt ut på 1900-talet. Sjå bilete av bryllaupstamburen Ingebrigt Haukefær på s. 130.

Frå Østhus i Bygdå i Jelsa (Halvøynå) er det òg kjent ei rosemåla tromme. Det var tromma til Bår

Bjødnavågjen. Denne karen, rokkedreiaren Bård Bårdsen frå Foss i Suldal (1824-1908), fekk bygsla plasset Bjødnavågjen under Østhus i Bygdå kring 1845.[46] Han var far til fleire fargerike karar i Ryfylke på slutten av 1800-talet, mellom dei Berdines Bjørnevåg, som var særleg kjent som kjømeister og songar. Om Berdines vert det fortalt at han «kunne telja over 200 bryllaup og gravferder han hadde leia gjennom livet, ei anna kjelde seier 400. Det var i hovudsak i Ryfylke, men òg i Hardanger. I Hardanger vart det herma at aldri hadde nokon sett ein kjøkemeister med så vakkert skjegg, og elles lika dei godt dei små morosame stubbane han kom med. Han hadde eit eige lag med å kvikka opp folk og få dei i godlaget. Dette kravde sin mann då bryllaupa vara i 2-3 dagar. I tillegg til songen var han kjend som ein flink munnharpespelar. Instrumentet hadde han jamt i vestelomma, og spelte ein slått når høvet baud seg.»[47]

Tromma til Bår Bjødnavågjen, som i dag vert teken vare på i det private museet i Kjølvik, er ca.30 cm. høg og 41 cm. i tverrmål, med breie og kraftige hatleband oppe og nede på ein trommekropp av furu. Den indre diameter på Valskår-tromma (altså sjølve trommekroppen) er 31-32 cm., tromma frå Bjødnavågjen er på 37-38 cm. diameter innvendig. Valskår-tromma er såleis mindre i diameter enn den andre, men er høgare.

I tillegg til rosemålinga har tromma initialane AA J S B, og årstalet 1833. Tromma frå Bjødnavågjen har det same firkanta litle, forseggjorde holet i trommekroppen, som Valskår-tromma. Initialane må visa til Åge Johannessen Bergaland, Ombo. Bror hans var Orm Johannessen, som ei tid åtte garden Østhus i Bygdå, og budde der, men som folgemann budde han ei tid på plasset Bjødnavågjen, der Bår Foss kom nokre tiår

Dette biletet dokumenterer bryllaups-tromming på Reksteren i Tysnes så seint som i 1927. Det er Amanda Birkenes, frå Gulen i Sogn, og Mikal Brattetveit, Reksteren, som giftar seg (til venstre i biletet). Tamburen er Ingebrigt J. Haukefær (1850-1935).[55] Frå Tysnes veit ein òg om fleire gamle tamburer som slo takten i 17. mai-toga til langt inn på 1900-talet. (Foto: Lokalhistorisk Arkiv i Tysnes. Eigar av original: Willy Brattetveit)

seinare. Åge Johannessen (f. 1779) var innrullert matros ifylgje folketeljinga 1801, men det er ukjent om han hadde vore militær tambur.

Trommeforskarane Johannes Sundvor og Arne Bjørndal hevdar at stordomstida for bryllaupstromminga på Vestlandet var mellom 1850 og 1880. Då var elles òg folketalet i Vestlands-bygdene på sitt høgaste. Eg har grunn til å tru at ein kan trekkja bakre grense for ein stor intensitet endå lenger tilbake i tid. Eirik Sundvor meiner tromma vart brukt i bryllaup kanskje heilt opp til 2. verdskrigen.[48]

Avslutning – tromma var ikkje eit djevelens instrument

Særleg på Vestlandet heldt altså tambur-tromminga seg lenge. Av ei eller anna grunn vart ikkje tromma stempla som djevelens reiskap i samband med dei omfattande pietistiske vekkingane på 1870-80-talet. Medan felespel og dans vart totalt bannlyst, vart tromma akseptert. Det kan ha vore av di, som Johannes Sundvor skriv, at «Som danseinstrument hev ikkje trumba vore noko i vinden».[49] Nei, ikkje noko i vinden, men dei kunne dansa etter tromma òg, skriv Birger Mistereggen, som har studert Johannes Sundvor sitt materiale nærmare.[50] Mistereggen tenkjer at det nære sambandet til forsvaret – ein viktig samfunnsinstitusjon - kan ha gjeve aksept og status for tromma, i motsetning til fela.

Somme stader på Vestlandet var tromma som nemnt i bruk like fram til førstninga av 1900-talet.[51] Dette høver med at den siste tamburen som slo på tromma i bryllaup i Suldal var Tormod Tormodsen Ripelen (1817-1911), skriv Johan Veka, ein plassmann under Roalkvam i Øvre Suldal.[52] Tormod Ripelen var blind i over 50 år, heiter det i kyrkjeboka då han døydde, men kunne vel for det traktera trommestikkene. På den andre sida gløymer Johan Veka då den yngre sambygdingen, Torbjørn Bråtveit (1879-1967), som i lokalsamfunnet sitt skal ha gått under namn av «tamburen». Han var ikkje i funksjon etter krigen, men vart truleg brukt lenge etter at Tormod Ripelen la frå seg trommestikkene. Han er avbilda med tromme i eit rekonstruert brudefylgje på slutten av 1950-talet (foto s.132). Tromma hans var ei meir moderne skarptromme. Kanskje var det difor Johan Veka ikkje syns Torbjørn Bråtveit passa som ein tambur i gamal tradisjon.

Utanom (øvre) Suldal er tambur-tradisjonar ukjent i Ryfylke i nyare tid.

Så kan ein spørja kvifor det er bygdebokskrivaren ved Ryfylkemuseet som skriv om Valskår-tromma. Det eine er kvar ho kjem frå. Eg har nyleg starta opp med bygdebokarbeid for gamle Suldal, der Valskår er ein av gardane. Det andre er primær-materialet eg sit med, det lokalhistoriske kjeldematerialet over 500 år. Eg har i mitt arbeide, særleg i skiftematerialet, jamt funne feler i eiga hos folk. Musikken var viktig då som no. Og det som dukkar opp i dødsbua etter folk, er berre ein mindre del av det som fanst av musikk-instrument kringom. Bort sett frå eit tilfelle[53], har eg har til gode å finna trommer i skiftematerialet.

I retts-materialet, som òg har blitt brukt i denne artikkelen, dukkar det tilfeldig opp vitnemål om musikk og song i bygdesamfunnet, autentiske og samtidige opplysningar som fyller ut og supplerer det tradisjonen fortel. Men det lokalhistoriske, skriftlege kjeldematerialet, blir diverre lite bruk i denne forskinga.

Her har ein forsøkt å konstruera eit brudefølgje i samband med eit kulturarrangement på Ryfylke Folkehøgskule, Eide i Sand, truleg på slutten av 1950-talet. Trommeslagaren, som visst nok gjekk under namn av "tamburen" i lokalsamfunnet sitt på Nesflaten, er Torbjørn Bråtveit frå Nesflaten (1879-1967). Tromma hans er ei moderne skarptromme. Dei to spelemennene er Normann Birkelid frå Sauda, til venstre, Lars Berge frå Sand, til høgre. I bakgrunnen Kamsnuten på Eide. (Foto: Ryfylkemuseet)

Ernst Berge Drange (61) er mag. art. med hovudfag i etnologi. Han er tilsett ved Ryfylkemuseet som førsteamanuensis og bygdebokskrivar. Drange arbeider for tida med bygdebøker for gamle Suldal kommune.

Litteratur:

- Aksdal 1982: Bjørn Aksdal, *Med Piber og Basuner, Skalmeye og Fiol, musikkinstrumenter i Norge ca. 1600-1800*, trykt hovudoppgåve 1982, s.89
- Bjørndal 1965: Arne Bjørndal, *Tromma. Trommespel og trommeslåttar* (1965), gjeve att hos Seldal 2005
- Brandal 1990: Trygve Brandal, *Hjelmeland. Gardar og folk*, b.2, Hjelmeland 1990
- Drange 1987: Ernst Berge Drange, *Tysnes Gards- og ættesoge*, b.II, Tysnes kommune 1987
- Drange 1991: Ernst Berge Drange, *Tysnes Gards- og ættesoge*, b.IV, Tysnes kommune 1991
- Drange 1997: Ernst Berge Drange, *Sand. Gardar og folk*, b.I, Suldal kommune 1997
- Drange 1998: Ernst Berge Drange, *Sand. Gardar og folk*, b.II, Suldal kommune 1998
- Drange 2000: Ernst Berge Drange, *Sand. Gardar og folk*, b.III, Suldal kommune 2000
- Drange 2002: Ernst Berge Drange, *Folkemusikarar i Ryfylke på 1600-talet*, FOLK i Ryfylke 2002 s.144-146
- Drange 2007: Ernst Berge Drange, *Det eldste Ryfylke – Ei historie om skiftande grenser*, FOLK i Ryfylke 2003
- Drange 2013: Ernst Berge Drange, *Jelsa. Gardar og folk*, b.II, Suldal kommune 2013
- Drange 2014: Ernst Berge Drange, *Jelsa. Gardar og folk*, b.III, Suldal kommune 2014
- Hoftun 1981: Hallvard M. Hoftun, *Suldal kultursoge. Gamle Suld*al, Suldal kommune 1981
- Marki 2001: Peter Marki m.fl., *Rogaland infanteriregiment nr 8 1628-1995*,Oslo 2001
- Mistereggen 2001: Birger Mistereggen, *En tromme er intet musikalsk instrument, Norsk trommetradisjon ca. 1500-ca. 1940 med utgangspunkt i Johannes Sundvor's nedtegnelser*, Hovedoppgave i utøving med fordypningsemne, Norges musikkhøgskole 2001
- Seldal 2005: Rolf K. Seldal, *Hvordan lære tradisjonelle trommeslåtter*, Oslo 2005

Noter:

[1] Suldalsposten 6. okt. 1995, s.6-7.

[2] Standard militær tromme var iflg. ein wikipedia-artikkel på 16 tommer i diameter (om lag 40 cm) og 37 cm. høg, altså om lag som Valskår-tromma. https://no.wikipedia.org/wiki/Milit%C3%A6rtromme. Johannes Sundvor målte opp 13 slåttetrommer (bygdetrommer), der diameter varierte frå 35 til 39 cm, høgda frå 39-43 cm (Seldal 2005 s.11). Sunnhordlendingen Sundvor (1871-1941), med militær musikk-bakgrunn, er kjent som samlar av tromme-tradisjon.

[3] Det er òg etter boka ifylgje Rolf K. Seldal, s.12. Han har sjølv eit par gamle tamburstikker som veger 250 gram pr. stykk. Vekten på trommestikkene til Valskår-tromma, som sikkert i det minste er sekundære, er 59 og 79 gram. Seldal har skrive hovudfagsoppgåve i etnomusikkologi om *Trommeslåttar før og no* (Univ. i Bergen 2001).

[4] Mistereggen 2001 s. 62

[5] Magnus Hiim, tidlegare kaptein i Rogaland regiment, det gamle Vesterlenske regiment, og som har vore til hjelp i arbeidet med denne artikkelen, fortel at det til dømes òg var eit signal for kapitulasjon. Då slo ein «chamade», og soldatane presenterte seg med geværkolben opp.

[6] https://lokalhistoriewiki.no/index.php/H%C3%A6ren

[7] Aksdal 1982 s.89. (Derimot er hornet, signalhornet, mykje yngre, kom til Noreg på 1800-talet, posthornet gjerne litt før (på 1700-talet, sjå Mistereggen 2001 s.40f).

[8] Dette kan ein lesa meir om i boka *Rogaland infanteriregiment nr 8 1628-1995* (Marki 2001). Stavanger Fähnlein vert rekna som opprinnelsen til det moderne Rogaland infanteriregiment nr.8.

[9] Den militære organiseringa i Ryfylke kan ein lesa meir om i artikkelen *Det eldste Ryfylke – Ei historie om skiftande grenser*, Drange 2003 s.7ff. Den militære organiseringa vert omhandla på s.18-22.

[10] Mistereggen 2001, s.36

[11] Drange 2014 s.1611

[12] Drange 2000 s. 71

[13] Når ein går over gangbrua på Sand, på veg oppetter, ligg Bjødnateigen rett fram til høgre, der det er bygd aldersbustader i seinare tid.

[14] «Generalen» på Folløynå var i si tid (1760-talet) oberstløytnant i Det vesterlehnske Regiment. Johan Jakob von Fasting er omhandla i Drange 2014 s. 1506ff. (kapitlet om Folløynå).

[15] Mistereggen 2001 s. 23ff

[16] Seldal 2005 s. 11

[17] Amtmannen i Stavanger, 325CA 32, Militære Manntal / Legdsruller, Compagnie-Roulle for Det vesterlehnske Infanterie Regiment, Det 2det Ryfylkiske Compagnie (dat. 20. sept. 1810) / 325CA 30, Militære manntall / Legdsruller, Compagnie-Roulle for Det westerlehnske Infanterie Regiment, Det 2det Ryfylkiske Compagnie (dat. 30. mai 1806)

[18] Branddal 1990 s. 384

[19] For den del kan ein ung mann frå Valskår ha vore teken som tambur i det militære seinare på 1800-talet. Det har eg ikkje undersøkt. Men altså ikkje under Napoleons-krigane.

[20] Drange 2000 s.71

[21] Seldal 2005 s. 8

[22] Bjørndal 1965 s.39ff.

[23] Bjørndal 1965 s.40

[24] Her er artikkelen henta frå ein CD «Trommeslåttar og anna på slåttetromme», ved Rolf K. Seldal (2007).

[25] Mistereggen 2001 s. 68

[26] Hoftun 1981 s. 213

[27] Drange 1997 s.399

[28] Drange 1997 s.482 og RFP006, Ryfylkemuseet Privatarkiv, Ås-arkivet. D (01), Hovedkorrespondanse, 1755. Denne saudabuen hadde odel til Indra-Vanvik, men vert elles ikkje namngjeven i brevet.

[29] Drange 2000 s.166

[30] Drange 2013 s.1207

[31] Drange 2013 s.939

[32] Drange 1987 s. 695. Eg har ikkje sjekka opp denne «anordningen».

[33] Drange 2002 s. 144

[34] Ibid s.144f.

[35] Ibid s.146

[36] Drange 2013 s.1295 og 1346

[37] Drange 2014 s.1823

[38] Drange 1998 s.178

[39] Det er kjent eit «regionalt» pålegg frå Trondheims len i 1610, der bøndene i kvart skipreide vart pålagde å skaffa seg «Pibe og Tromme», Aksdal 1982 s. 110

[40] Drange 2002 s.145.

[41] Hans Eivind Næss skriv i 1980 ein interessant artikkel i Ætt og Heim: «Fiolspil og lystighed», om spelemenn og danseleikar på 1600-talet, særleg knytta til Stavanger by (s.14-21).

[42] Drange 1987, Tysnes II s. 304. Også i andre bygdelag på Tysnes var det gamle tamburar som sto for musikken i 17. mai-toga til langt ut på 1900-talet.

[43] Ho er átt av Magnus Konrad Bruntveit, Lyngdal, som var i slekt med kona til Fredrikj'en.

[44] Bjørndal 1965 s.44

[45] Drange 1987 s.207 og 203.

[46] Drange 2014 s.1418

[47] Drange 2014 s.1560

[48] Mistereggen 2001 s. 69

[49] Johannes Sundvor i NORSK JOL, sjå note 22.

[50] Mistereggen 2001 s. 87

[51] Bjørndal 1965 s.40.

[52] RFP 001, Ryfylkemuseet privatarkiv, Johan Veka P.a.i Avisklipp: Skikkar, tradisjonar, udatert artikkel om bryllaupsskikker, med tittel «Ikkje alltid lett».

[53] Drange 1991 s. 743, nemleg jekteskipper og husmann Ingvald Ingvaldsen Skorpen (Skorpo), konkursbu 1879.

[54] Teikninga ligg i arkivet til Amtmannen i Stavanger, Militære skriv 1701-59, 325CC.

[55] Drange 1987 s.451 og 502

Lenestol frå Barkeland.
Foto: Lise Bjelland.

Historismen på Håland

Av Grete Holmboe

Denne artikkelen tar utgangspunkt i ein stol frå stasmøblane i bestestova på Håland. Dei kjem frå Barkeland på Jelsa, men er av same type som dei som sto i bestestova i familien Håland si tid. Desse møblane kan fortelja oss noe om historismen i Ryfylke, om at ein også inni fjorden følgde med i tida.

Stasmøblane frå Barkeland

Olga Oppedal på Barkeland på Jelsa var nok klar over at ho sat på ein kulturhistorisk skatt, og var alt i 1973 i kontakt med Rogaland Fylkeskommune om å få fylkeskommunen til å ta ansvaret for inventaret i hovudhuset på Barkeland. Olga døydde i 1983. Fylkeskommunen arva inventaret og overlèt seinare ansvaret for samlinga til Ryfylkemuseet.

Det var ei stor og flott gåve som omfatta drygt 450 nummer. Her var gjenstandar samla gjennom fleire generasjonar frå 1700-talet fram til Olga og Leiv Oppedal si tid. Dei blei gifte i 1938, og her er for eksempel framleis kaffiserviset for 12 personar som dei fekk i bryllaupsgåve, og eit heilt spisestovemøblement laga av Vilhelm Tveitaråa i 1950-åra. På Barkeland var finstova innreia med dei flottaste raude plysjmøblane, typiske møblar frå siste del av 1800-talet. Her var det to sofaer som sto på skrå i hjørna, runde salongbord, seks høge stolar, to polstra stolar og to gyngestolar med brodert trekk. Her var ein liten sekretær, og her var spegel med konsoll mellom glasa. Bak sofaene, var der pidestall med gipsfigurar. Og så eit stort golvteppe, nesten heildekkande. Men dette har ikkje følgt med i samlinga. Der var ein stor skjenk og bokskap. I samlinga finn me også eksempel på asiatisk inspirert møbel, eit lite skatoll med taburett. Truleg er desse stasmøblane frå Karen og Thor Thorsen, foreldra til Olga, si tid. Dei gifta seg og flytta inn på Barkeland i 1873. Som far sin var også Thor

Finstova på Barkeland.

Ein av stolane som sto i bestestova på Håland.
Foto: Haldis Maribu.

Thorsen lensmann i Jelsa. Barkeland høyrte såleis til det øvre sosiale sjiktet i bygda.

Finstova på Håland var innreia med same type møblar som på Barkeland. Håland høyrte også til i det øvre sosiale sjiktet i Ryfylke, til liks med Barkeland. Dette skreiv me om i årboka om Håland i fjor, så eg skal ikkje gå i detaljer om det her. Stasmøblane på Håland blei spreidd for alle vindar ved arveoppgjeret i 1937. Men Haldis Maribu, født og oppvaksen på Håland, har to stolar frå dette møblementet. Det er to polstra lenestolar med høg rygg og små, noe avkutta, armlene. Stolane er trekt med raud silke med blomemønster, og pynta med frynsar nede og duskar øvst på ryggen.

I Barkelandsamlinga er der to tilsvarande stolar. Desse er trekt med raud plysj, har frynsar nede og tydelige pynteband i saumane. Etter som me har eksempel på begge desse stolane, let me dei vera utgangspunktet for den stilhistoriske vurderinga av stasmøblementet frå Barkeland.

Historismen i Europa og Ryfylke

Dei store moteretningane i arkitekturen og kunsten blei forma ute i Europa. Det galdt romansk stil, gotikk, renessanse, barokk, louis seize og empire. Det var kongar og aristokratiet som hadde både politisk og økonomisk makt til å ligga i front på dette området. Så kjem me ut på 1800-talet. Då skjer der store politiske omveltingar, mellom anna med Napoleonskrigane og etterdønningane av den franske revolusjonen, samtidig som me fekk den industrielle revolusjonen. Dette skapte nye samfunnsstrukturar der borgarskapet etter kvart blei den viktigaste pådrivaren for korleis ein innretta seg og kva som var viktig.

Om det var Europa, og etter kvart borgarskapet i byane som tok innover seg den nye moten, så skal me sjå at den også finn vegen inn i Ryfylkefjordane. Først og fremst var det hjå presten og andre embetsmenn, men også hjå storbøndene og den øvre mellomklassen på strandstadane. Dei følgde med og var vel orienterte

Rokokko i Charlottenburg slott i Berlin.

om samfunnsutvikling og motestrøymingar. Men me skal og sjå at ein finn element av motestraumane hjå dei som ikkje hadde så mykje å rutta med. Om ein ikkje fekk møblane importert, så var der flinke møbelsnikkarar i Stavanger, og for dei som ikkje hadde råd til kjøpe-møblar, finn me meir heimegjorte møblar. Det galdt om å henga med der ein kunne.

Fram til no, dvs. første del av 1800-talet, hadde den eine stilperioden overtatt etter den andre som ein protest mot det gamle. Det var maktpersonar som gjekk i front for nye stilartar. Dei hadde behov for å markera seg også gjennom arkitektur og kunst. Med ny vitskap og syn på samfunnet skulle ein tru at ein hadde behov for nye uttrykk også i arkitekturen. Men så skjer det utover 1800-talet at ein tar opp att dei gamle stilartane, vrir litt på dei og tilpassar dei moderne teknikk og komfort. Me får då ny-gotikk, ny-renessanse, ny-barokk og ny-rokokko. Stilen blei harselert med i dei finkulturelle kretsane, og blant kritikarane kalla for «stilforvirring» og «klunkestil». Men Anniken Thue viser til at dei ulike stilartane blei tatt i bruk heilt bevisst etter kva romma skulle brukast til.[1] Den ny-gotiske stilen blei gjerne brukt i inngangshallar der møblane kunne plasserast i stram «giv akt». I Oscars hall i Oslo, bygd i 1852, er salongen innreia med slike ny-gotiske møblar for å understreka verdigheita i rommet og gi signal om korleis ein skulle te seg.

Då var det annleis med ny-rokokkoen. Den gamle rokokkoen frå 1700-talet var leiken og lett, med sving og svai i stolbein og ryggstø. Me finn den same svaien i bordbein, i forma på kommodar og bordplata slik me ser det i noen ganske få møblar i Barkelandsamlinga på Håland. Her var mykje dekor, med akantusranker og ut-

Stilstolar frå Barkelandsamlinga. Her ser me frå venstre barokk, overgang til rokokko, rokokko og biedermeier.

Rokokkobein frå Barkeland.

Rokokkodør på Charlottenburg slott med asymmetrisk ornamentikk, gullforgylte akantusblad og pastellfargar.

Rokokko i Telemarksmålinga frå slutten av 1700-talet.

Historismen i Norge. Her frå Breidablikk i Stavanger, bygd i 1881 av skipsredar Lars Berentsen.
Foto: May Johannesen, Museum Stavanger.

skjeringar i asymmetrisk mønster. Fargane var i pastell, gjerne med noe raudt, og dei som hadde råd til det, flotta seg med silkestoff og gullforgyllingar. Her heime kom rosemålinga for fullt i denne perioden, og særleg Telemarksmålinga reknar ein for å vera rokokkomåling. Det som kjenneteiknar denne målinga er asymmetrien, akantusrankane, og rosene utført med lette penselstrøk.

I ny-rokokkoen ut på 1800-talet får sete og ryggstø i stolane springfjør, og blir trekte med silkestoff eller plysj. Denne nye teknikken med springfjør gjer at me får inn heilt nye typar møblar som komfortable sofaer og lenestolar. Lenestolane får eit lite armlene, noe trekt tilbake, som ein slags støtte for damene sine krinoline-kjolar. Det er første gong at ein utformer møblar tilpassa kvinna på denne måten. Ny-rokokkoen var som rokokkoen ein lett og lystig stil og ein typisk feminin stil som heilt bevisst blei brukt i festsalar og damesalongar. Det er her me begynner å sjå likskapen med lenestolane frå Barkeland, med springfjør, raudt plysjtrekk, litt djupe i setet, med dei små, tilbaketrekte armlena som skulle gi plass til krinolinen. Og så frynsene nedst, som var så typisk for denne tida. Ein liten kuriositet er antimakassaren. Det var ein liten brikke, gjerne brodert eller hekla, som blei lagt oppe på stolryggen for å beskytte stoltrekket mot makassaroljen som mennene brukte i håret.[2] *Wikipedia*.

Ny-renessansen kom som ein reaksjon på ny-rokokkoen som ein meinte hadde utsletta sansen for den gode forma, i tillegg til at den hadde utgangs-punktet sitt i Frankrike. Ny-renessansen blei utvikla i Tyskland, og kom til Norge gjennom norske arkitektar som var utdanna i Tyskland. Stilen var både estetisk og funksjonell, og ideen var å forme heile rommet i ein og

Det var typisk for denne stilforvirringstida at ein brukte ulike stilartar i eit og same møbel. I møblementet frå Barkeland finn me detaljer og former frå empire, rokokko, renesanse smurt i hop. Felles for møblementet er det blankpolerte treverket, kanta med svart beis, som om det var ibenholt. Sittemøblane har springfjør og er trekt med raud plysj.



same stil. Då stilen slo igjennom utanfor Tyskland, blei den forbunden med formelle rom som vestibylar, og arbeidsrom og røykerom for menn. Ein ønskte å skapa eit spesielt miljø der «Mænd afgjøre deres Forretninger, og det alvorlige, daglige Arbeijde udføres»[3]. Også spisestova fekk preg av denne prestisjetunge stilen då måltida blei sett på som viktige arenaer for dei store samtalane, dei nye konvensjonane og reglane som kravde ei høgtideleg ramme.

Det var ein noe tung stil. Som renessansen henta også denne ny-renessansen former og detaljar frå det antikke Hellas og Roma. Me finn trekanta gavlar, søyler og pilaster. Sittemøblane var høgrygga med dreidde frambein, borda hadde dreidde bein og me fekk inn det nye møbelet, buffeen, for oppbevaring av middagsserviset og utstillingplass for sølvet og andre verdifulle gjenstandar. Buffeen var som eit arkitektonisk kunstverk, der ein putta på element frå barokk og rokokko på renessansemøbelet i ei herleg blanding.

Buffeen frå Barkeland er eit glimrande eksempel på dette, stor og flott, med plass til både dekkeserviset og sølvet i skuffene, og gode hyller der ein riktig får vist stastinga sine. Her er der også bokskap i den same tunge, frodige stilen. Skapet har glasdør, der ein stilte ut bøkene ein var opptatt av. Museet fotograferte stovene på Barkeland i 1986. Då sto buffeen i stova saman med spisemøblementet frå 1950-talet. Det kan ha vore innreidd annleis på eit tidlegare tidspunkt.

Desse stilartane, som høyrer inn under historismen, levde side om side med empiren, som strekte seg godt ut på 1800-talet, og seinempiren, også kalla Biedermeier, som kom rundt midten av 1800-talet. Seinare fekk me jugendstilen, som kom mot slutten

Buffeen på Barkeland sto i stova. Det var eit oppbevaringsmøbel, så vel som eit møbel for utstilling av det ein ville visa fram. Buffeen osar av maskulinitet, alvor og makt, og er eit typisk ny- renessanse møbel.

Jugend detalj på sofaen frå Barkeland.

av sveitsarstilen og dragestilen her i Norge. For å gjera bildet endå meir forvirrande, så var der ein tregheit i når dei ulike strøymingane kom hit til landet og til Ryfylke, og korleis dei slo rot. Det var eit stort spekter å velja i, alt etter smak og behag og kva ein ønskte å formidla med interiøret.

Stasmøblane frå Barkeland, som no står i bestestova på Håland, er ei blanding av fleire stilar. Dei høgrygga stolane med dreidde bein har ei renessanse form, medan det stoppa setet, stoffet og ornamentikken på toppen av ryggen seier rokokko. Sofaen har ei rokokkoform, litt djup i setet og med den same ornamentikken på ryggen, men armlena har plutselig ein ny dreis, med typisk jugend-svung, som eit bladverk med knekk. Her er det skikkeleg «stilforvirring», og møblar som klart høyrer heime i historismen.

Møblering av rommet

Blant borgarskapet var der ei aukande interesse for samfunnslivet, kunst og litteratur. Nasjonalromantikken blomstra, samtidig som ein var opptatt av det eksotiske. Til no hadde møblane vore plasserte langs veggane. Det var strengt funksjonelle møblar. Anten så sat ein, eller så kvilte ein, og når ein sat så var det for å ete eller arbeide. Konversasjonen var ikkje til stades slik som i denne nye tida.

Med den nye tida blei stova endra. Hjørna skulle viskast vekk for å få organiske opplevingar og møbleringa skulle konsentrera seg om konversasjonen. Møblane blei komfortable så ein kunne bli sittande lenge, og hovudmøbelet var bordet som blei plassert midt i rommet med stolar rundt. Over bordet hang gjerne lampa, oljelampe med glaskuppel, og gjerne med prisme dersom ein hadde råd til det. På bordet låg der ein plysjduk eller brodert ullduk, gjerne med frynser og pompongar. Oppå plysjduken låg ein fin, kvit lysserviett for å reflektera lyset frå

Møbleringa i historismen med det runde bordet midt i rommet med stolar i ny-rokokko rundt. Plysjduk på bordet, med lysserviett, og oljelampa over bordet. Her er der plysj og pompongar, blondegardiner og grønne planter og palmer. Her er gipsfigurar på konsollar, og her er gullforgyldt spegel og kanaribur. Legg merke til antimakassarene på stolryggane.

lampa, og på denne kunne der vera eit postkortfat med dei siste prospekta frå det fjerne utlandet.

Plysjsofaen ble gjerne sett på skrå i hjørna. Der sette dei og kråskap og pidestallar, medan småmøblar som røykebord med langpiper, blomsterpidestallar og etasjerar, det vil seia lita hylle for nips og «dips», blei sette inni mellom. Store, forgylte speglar med konsoll høyrte med i bildet, gjerne plassert mellom glasa. Speglane var med og viska ut det firkanta rommet og gjera rommet større. Det var blondegardiner med tunge plysjgardiner utanpå og tunge portierer med pompongar framfor døra for å hindra trekk. Der var tepper og puter, lag på lag, og det skulle riktig bogne av grøne planter og eksotiske palmer. Var du heldig og fekk tak i ein kanarifugl, så glei han rett inn i dette eksotiske miljøet. Det var høgste mote med gipsfigurar av kjente historiske personar eller greske gudar, for riktig å understreka at her følgjer me med i tida.

Veggane var tapetserte og blei pryda med nasjonalromantiske maleri og etter kvart familiebilde. Fotografiet kom på 1860-talet, og blei snart tilgjengeleg for ålmenta. Fargane som høyrte med til denne stilarten var raudt,

grønt, brunt, gyllent, knytt til jordfargane. Slik var innreiingsidealet som skapte den nye norma.

På Barkeland blei den gamle bua gjort om til bestestove og innreia med dei raude stasmøblane i plysj. Her sto sofaene på skrå i hjørna, med gipsfigurar på konsoll bakom. Her var konsollspegelen mellom glasa og leopardskinn på veggen, blondegardiner for glasa og eit stort orientalsk teppe på golvet. Haldis Maribu vaks opp på Håland. Ho fortalte korleis stasmøblane blei brukt i bestestova hjå besteforeldra. Det må ha vore hjå Siri og Hadle i folgehuset på Soltun. Der sto det runde bordet midt på golvet, med stolar rundt. Så sto det sofa på skrå i to hjørner, og der var spegel med konsoll mellom glasa, blondegardiner og eit stort orientalsk teppe, nett som på Barkeland, og nett som moten var på den tida.

I Ryfylke hadde stovehusa fram til no vore innreia etter same mønster med møbleringa langs etter veggane. Stova var ei tømra kasse med ei dør ut til eit lafta kammers for oppbevaring av mat, og ei dør ut til gangen. Eldstaden var i hjørnet mot kammerset, og mjølkehylla ved døra til gangen. Bordet sto ved glaset, og senga i det fjerde hjørnet. Bua var opphavleg eit eige lafta hus, der ein oppbevarte klede og mat, og der det var gjesteseng. Ved store høve var det langbord i gjestebua, eller vetlebord, som det og blei kalla. Så var det ut på 1800-talet at ein begynte å sette saman stova og bua med ein gang, og gjerne og kjøkken i mellom, og me fekk det tre-delte huset me kjenner som Ryfylkehus. Innreiinga i stova og bua heldt fram i den gamle tradisjonen hjå dei fleste. Men hjå dei som følgde med, og hadde råd, blei bua etter kvart gjort om til bestestove. Senga blei sett på lemmen eller på kvistrommet, og vetlebordet sett vekk. Stasmøblane blei sett inn og stova og møblert slik den nye moten sa. Bestestova blei berre nytta ved særlege høve, som til jul, og når der var gjævt besøk i huset.

Her er me på Hauge på Sand. Me kjenner att det runde bordet med brodert ullduk og lysserviett og lampe over, stolar i ny-rokokko, spegel mellom glasa, gipsfigur på konsoll i hjørnet og blomsterpidestallar. Så høyrte og Hauge til dei betre gardane på Sand.

Mot slutten av 1800-talet blei det populært å la seg fotografera med familien i heimen, og me får eit innsyn i korleis folk budde. I fotosamlinga på Ryfylkemuseet har me fleire eksempel frå tida rundt hundreårsskiftet 18-1900, som viser familien samla i stova. Her er bilde av prestefamilien i Hjelmeland samla, og bonden på Hauge i Sandsbygda, frå Steines på Finnøy og hjå Underbakke på Sand.

I Ryfylkemuseet si bygningssamling har me eit godt eksempel frå stovehuset i Viga der bua er innreia

Bua i Viga er innreia som bestestove. Bordet står midt i rommet, med lampa hengande over. På bordet finn me brodert ullduk, med kvit lysserviett, og over bordet heng lampa. Biedermeiersofaen stå ved veggen, og over denne heng familie-bilda. Legg merke til buffeen.

som bestestove med bordet midt på, lampe over bordet, brodert ullduk på bordet, og kvit lys serviett oppå denne. Her var biedermeierstolar rundt det runde bordet, og biedermeiersofa ved veggen med massar av familiefoto over. Og så buffé, i ny-renesanse stil, veldig lik den frå Barkeland. Golvteppet var heimevovne ryer som var sydd saman.

Den nye møbleringsforma blei etter kvart norm for korleis folk flest innreia stovene sine, med bordet med stolar rundt, som det sentrale møblementet, midt i rommet, kommode, småbord, spegl og anna på skrå i hjørna. Møblane var forenkla utgåver av rikmanns-møblane, men med heilt tydelige trekk frå forbildet. Museet var så heldige å få dokumentera heimen til Ruth Kvæstad i Suldal då me overtok den testamentariske gåva etter henne. Der kom me inn i ein heim som hadde utvikla seg gjennom tre generasjonar av kvinner frå 1884 til 2008, der mor til Ruth, Taletta, f.1911, d.1968, var

Hjå kvinnene på Kvæstad var stova moderne innreia, med bordet midt i rommet, lampa over bordet og duken, her ein vevd løpar, på bordet. I hjørnet finn me eit lite pidestall bord med brikke og pynt, og spegelen over, på skrå i hjørnet, nett slik som moten sa.

Også i 1920-tals leilegheita i Industriarbeidermuseet i Åbøbyen følgjer dei moten med bordet midt i rommet.

den siste som budde fast der. Det var ei enkel stove, med sovekammers bak stova, der innreiinga av stova følgde den nye stilen.

Innreiinga av leilegheitene i Industriarbeidarmuseet i Åbøbyen i Sauda, er gjort av folk som hugsar korleis det var i 1920 og i 1960. 1920-leilegheita føyer seg elegant inn i mønsteret me har sett frå dei tidlegare eksempla.

Møbelsnikkaren.

Noen av møblane som fann vegen inn i heimane i Ryfylke kan ha vore bymøblar. Stavanger hadde fleire dyktige møbelsnikkarar på 1800-talet. Men me finn òg dyktige snikkarar innover fjordane. Strandstadane Sand, Jelsa og Nedstrand hadde rike handverksmiljø, der i blant møbelsnikkarar. På Sand finn me to namngitte møbelsnikkarar på denne tida. Andreas Karlsen (1850 – 1915) og Håkon Thorsen (1851 – 1902).[4] På Jelsa var det Jone Nilssen Jårvik (1855 – 1923). Han laga kommodar, dragkister, skatoll, bord og stolar. «Fint arbeid som vitnar om god smak og tame» skriv Ola Foldøy.[5] Noen av stasmøblane frå Barkeland kan ha vore laga på Jelsa. Etter som der var familiære band mellom Thorsen på Jelsa og Viga, kan for eksempel buffeane, som er så like,

vera laga av same handverkaren og dei kan godt ha vore laga på Jelsa. Dette blir sjølvsagt berre gjettingar.

Elles nemner Ernst Berge Drange i bøkene sine på fleire snikkarkyndige som laga møblar ved sida av gardsdrifta. Det var såleis lett tilgang på enklare møblar på bygda.

Ryfylke og moten

Ut i frå min kjennskap til den lokale byggetradisjonen og innreiing av kulturhistoriske bygningar, har eg med dette prøvd setta stasmøblane frå Barkeland inn i ein kulturhistorisk samanheng som eit flott eksempel på historismen i overklassemiljøet i Ryfylke. Heile samlinga som no er på Håland gir oss også ein mulegheit til å sjå eksempel frå barokken, rokokkoen, empiren, biedermeier og me finn eksempel på enklare kjøkkenstolar. Det er spennande å analysera stilhistoriske detaljer særleg når der er endå mindre å bygge på, og sjå korleis motene har festa seg i den meir folkelige måten å innreia heimen sin på. Motene skifta ikkje så ofte den gongen som no. Det tok tid frå overklassen tok stilen i bruk til den festa seg hjå folk flest. Såleis hang me litt etter i Ryfylke, men moten var absolutt til stades også inn i dei minste stovene inst i krokane.

Grete Holmboe (66) er leiar for Bygningsavdelinga ved Ryfylkemuseet. Ho har bakgrunn som interiørarkitekt.

Litteratur:

- Anniken Thue, *Historismens Kunstindustri*, Norges kunsthistorie bind 4 Det unge Norge, Gyldendal Norsk Forlag 1981.
- C. Leuring Borchi, *Vort hjem*, bind 5, København 1903.
- Ernst Berge Drange, *Sand Garder og folk bind III* og *Jelsa Garder og folk bind I*.
- Grete Holmboe, *Hus og heim på Håland*, Folk i Ryfylke 2014.
- Knut Fægri, *Blomstene i vinduet*, Gamle Bergen årbok 1983.
- Roy Høibo, *Storgardsmuseet i Erfjord*, Folk i Ryfylke 2014.

Artikkelen bygger elles på fotomaterialet frå arkivet til Ryfylkemuseet, studie av gjenstandar og eigne observasjonar.

Noter:

[1] Thue, Anniken: Historismens Kunstindustri, Norges kunsthistorie bind 4Det unge Norge, Gyldendal Norsk Forlag 1981.

[2] Store Norske leksikon.

[3] C. Leuring Borchi «Vort hjem,bind 5, København 1903 s. 88

[4] Drange, Ernst Berge, Sand Gardar og folk. Bind III s223 og 228.

[5] Drange, Ernst Berge, Jelsa Gardar og folk. Bind I s. 578.

Sølvkanne vunnen av Aslak Mokleiv på Landsskyttarfesten 1899 (foto: Lise Bjelland)

Skyttarsaka i Ryfylke
– eit innblikk i den tidlege historia

Av Sveinung Søyland Moen

I 1997 overtok Ryfylkemuseet ei sølvkanne som ei tid hadde stått i Sparebank1 SR-bank sine lokale på Suldalsosen. Dette viste seg å vera ein premie frå landsskyttarstemnet i 1899. Kven vann denne premien og kva tilknyting har han til Suldal? Det er i dag 13 skyttarlag i Ryfylke med aktive skyttarar i alle aldrar, men denne premien er frå Det frivillige Skyttervesen sin spede barndom. Korleis var tilhøva for skytesporten i Ryfylke den første tida? Med sølvkanna som utgangspunkt vil denne artikkelen skildra noko av den tidlege historia til skytesporten i Ryfylke.

Premiekanna frå 1899 er flott dekorert og har fleire inskripsjonar som bidrar med informasjon om opphavet:

«1ste Pr. 1ste Klasse Normalskive 100 mtr. Kristiania 2den Juli 1899. Kra. Borgeres Premie Landsskytterfesten 1899.»

I tillegg er to bokstavar gravert inn nedst på hanken: «A. M.» Inskripsjonane fortel oss at dette er førstepremien i ein klasse som heitte «1. klasse normalskive 100 meter», og at den vart vunnen i Oslo sommaren 1899. Landsskytterfesten er eit tidlegare namn på Landsskyttarstemnet. Kanna kom saman med to medaljar frå same stemne. Bakpå eine medaljen står det «A. Moklef», altså dei same initialane som på hanken. I følgje mottaksskjemaet til museet skal kanna ha vore eigd av «skarpskyttar A. Mokleiv». Kven var denne skyttaren som gjorde det så godt på landsskyttarstemnet for over 100 år sidan?

Johan Peder Moe (f. 1937) kan fortelja at skyttaren truleg var Aslak Larsson Mokleiv (1880-1951). Han var fødd på garden Mokleiv i Suldal 9. januar 1880[1], og vaks truleg opp der fram til faren overtok garden Vikane i 1888[2]. Ved konfirmasjonen til Aslak i 1894 er foreldra framleis oppført med bustad der, medan Aslak sjølv

Detalj av munnladningsrifle i Kolbeinstveitsamlinga. Det er ei perkusjonsrifle kaliber ca. 12,8 mm. Heile geværet er rikt dekorert og var eigd av Lars O. Kolbenstvedt. Merkinga tyder på at det er laga av børsemakaren Aasmund Aslakson Nestestog (1797-1885) frå Vinje i Telemark. Nestestog var òg gravør, gullsmed og målar. På løpet er 1831 inngravert, noko som truleg er produksjonsåret. (Foto: Lise Bjelland)

bur på «Kolbenstvedt»[3]. Truleg var han då i teneste der. Det var Lars Njeldsen Kolbenstvedt (1857-1920)[4], som åtte garden Kolbeinstveit på denne tida. Han var då ordførar i Suldal og vart etter kvart lensmann i Hjelmeland, men han var òg første formann i dåverande Suldal skyttarlag som vart stifta i 1883[5]. Det var gjerne slike samfunnsstøtter som starta skyttarlag på denne tida, noko me seinare skal sjå òg gjaldt fleire stader i Ryfylke. I gjenstandssamlinga frå Kolbeinstveit finst det fleire børser, hovudsakleg etter bestefaren Lars Olsson Kolbenstvedt (1800-1876). Det er difor ikkje utenkeleg at Aslak kan ha fått interesse for skytesporten under opphaldet på Kolbeinstveit.

Landsskytterfesten i 1899 samla 675 deltakarar i dåverande Kristiania[6]. Kristian Søbakken frå Stange skyttarlag vart kåra til skyttarkonge. Om han vart det sagt at han ein gong hadde stått på butikktrappa i Brummundal og skote pipa ut av munnen på naboen som arbeidde på jordet. Ein ville truleg vorte fengsla for dette i dag, og ein må kanskje ta ei slik historie med ei klype salt. Det seier likevel noko om tida, men kanskje òg ryktet til Søbakken som skyttar[7]. Aslak Larssen Mokleiv var berre 19 år i 1899 og blant dei yngste deltakarane på landsskyttarstemnet. På denne tida hadde dei ikkje ungdomsklassar og ein måtte vera over 16 år for å delta i skyttarlaga. I følgje premielistene i «Norsk skytter-tidende» 2. august 1899, vann «Aslak Moklef» skytinga med namn «Skydning 1. 1. klasse. 9 skud. 10delt skive. 100 m.»[8] Klasse 1 var, som klasse 1 framleis er i dag, ein klasse for ferske vaksne skyttarar. Aslak vann med 82 poeng – berre eitt poeng framføre nestemann på lista. Heile 41 skyttarar står på premielista, men me veit ikkje kor mange skyttarar det var totalt i klassa. Aslak deltok

Heile premiefangsten til Aslak frå Landsskyttarfesten 1899 (Foto: Lise Bjelland)

elles i minst to andre skytingar under landsskyttarstemnet, då me òg finn han i desse premielistene. Han vart nr. 13 under «1. kl. 9 skud. ¼ figur. 100 m.» og nr. 89 på «Fælles ½ figur 200 m.». Totalt var pengepremien til Aslak 148 kroner (om lag 9 700 i 2015-kroner), der han fekk 135 av dei for førsteplassen sin. For å seie litt om kva dette var verd, kan me ta ein liten kikk på rekneskapen til Årdal skyttarlag (Hjelmeland) for dette året[9]: Årskontigenten for medlemmene var 50 øre, medan laget betalte 10 kr. i årsløn til instruktøren. Laget fekk elles kr. 175,74 i statsbidrag (for tre år) og hadde totale utgifter på kr. 211,75. Premien på 148 kr. var altså ein god slump pengar for ein ungdom på slutten av 1800-talet.

Då Aslak deltok på landsskyttarstemnet i 1899, skaut han i følgje premielistene for Barbu skyttarlag. Dette var eit skyttarlag ved Arendal, men er i dag lagt ned. Farbror til Aslak, «Kittel Moklef», står i folketeljinga 1900 oppført med bustad «Skogly i Barbu herred»[10]. Kittel var snikkar og Aslak, som seinare òg vart snikkar[11], kan ha vore i lære hos han då han reiste til landsskyttarstemnet i 1899. Men ved folketeljinga i 1900 har Aslak flytta til Kristiansand og er «elev ved overkonstabelskolen»[12] til Kystartilleriet.

Det frivillige Skyttervesen og den tidlege skyttarrørsla

I 1899 var Det frivillige Skyttervesen (heretter DFS) ein relativt nyoppstarta organisasjon. DFS vart stifta i 1893[13], og det første landsskyttarstemnet i regi av DFS vart halde same år. Skytesporten i Noreg hadde likevel ei lang historie før dette. Den første samlinga av skyttarar me kjenner til er «Det Bergenske Skydeselskap» frå

1769[14]. Det var likevel først på siste halvdel av 1800-talet ein såg ei kraftig auke i mengda skyttarlag i Noreg. Medlemmane var gjerne samansett av ei blanding av jegerar og tidlegare militære. Det var ei tid prega av auka nasjonalkjensle og uro rundt forholdet til Sverige. Det oppsto eit ønskje om folkevæpning og fram mot stiftinga av DFS auka talet på skyttarlag jamt. Skyttarrørsla var difor på denne tida sterkt prega av tanken om opprusting av det norske forsvaret. Den auka interessa fortsette ei stund etter unionsoppløysinga, før interessa fall noko på 1920-talet. Først etter andre verdskrigen fekk skytesporten ein ny oppsving. Sjølv om DFS framleis har tett samarbeid med forsvaret, er skyttarane i dag meir opptatt av den sportslege sida ved DFS.

Skyttarlaga i Ryfylke

I DFS sitt grunnreglement står det følgjande:
«§1-5 I hver bygd og by opprettes ett eller flere skytterlag. Skytterlagene skal ha en geografisk utbredelse som sikrer tilgjengelighet til aktivt medlemskap for alle.»

Dette har ført til at det har vorte oppretta skyttarlag over heile landet – sjølv i dei minste bygder. Det har vore skyttarlag og skytebanar i alle ryfylkekommunane, truleg med unntak av Kvitsøy, som i dag likevel har ein miniatyrskytebane (for innandørs skyting). Dei sju andre kommunane har alle minst eitt aktivt skyttarlag pr. 2015, og totalt er 13 skyttarlag i Ryfylke registrert hos DFS[15]. Suldal er kommunen med flest lag då fire av laga høyrer til der. Tidlegare har det vore mange fleire lag i regionen, og i 1954 er heile 31 lag nemnd i boka «Norske skyttere i ord og bilder»[16]. Det kjem òg fram i denne boka at det har vore endå fleire lag, utan at dei går nærare inn på dette. Det er likevel ikkje urimeleg å tru at det har vore eit stort tal skyttarlag i den tidlege tida – i det minste eitt i kvar dal eller bygd om det har vore interesse.

Då Rogaland skyttarsamlag (den gongen «Rogaland folkevæpningssamlag») vart oppretta i 1881 var to skyttarlag frå Ryfylke representerte. Det var «Erfjord skyttarlag» ved formann Lars Wåge og «Stjernerø skytterlag» ved J.M.J. Furre. Johannes Martin Johannesen Furre, som seinare vart både ordførar og stortingsmann, vart vald til første formann i samlaget[17]. Erfjord skyttarlag vart likevel første lag som melde seg inn i samlaget, og gjorde det i 1881 med 41 medlemmer[18]. Stjernerø skytterlag melde seg inn same året, før Hjelmeland, Jøsenfjord, Fister, Suldal, Strand Nordre, Årdal, Vormedal, Sauda og Søndre Strand, kom etter dei neste åra fram til opprettinga av DFS[19] i 1893. Stjernerø skyttarlag sto for det første samlagsstemnet (Rogalandsmeisterskapen) som vart halde i Aubøsund i 1881[20]. Rogaland folkevæpningslag skifta namn til Rogaland skyttersamlag i 1893[21].

I 1907 vart det skipa eit «Ryfylke skyttarsamlag», som då vart skild frå Rogaland og deler av Hordaland. J. A. Hoff skriv i «Skyttarsaka i Noreg»[22] at Rogaland samlag då minka frå 36 til 12 lag, og frå 1 102 til 444 skyttarar, og legg til: «Det kan ein kalla å verta ribba». Dette viser altså at dei 24 skyttarlaga i Ryfylke på denne tida utgjorde 2/3-delar av skyttarlaga i Rogaland skyttarsamlag, og hadde om lag 3/5-delar av skyttarane. Dette er i stor kontrast til situasjonen i dag, ettersom hovudtyngda no ligg sør i fylket. Truleg har dette samanheng med at geværa ein brukte på denne tida òg vart nytta til jakt, og det var mykje meir jegerar i Ryfylke enn lengre sør. Det gjekk likevel berre seks år før samlaga vart slått

Samlagsstemne på Hjelmeland i 1932.
1. rekke frå venstre: H. Årstad, A. Skjærpe (dåverande formann i samlaget), J. Hadland, Ukjend, Olsen-Hagen, Ukjend, Ukjend, J. Wik, Th. Helland, Ellefsrød, Ukjend.
2. rekke frå v.: Hølland, Ukjend, Gundersen, Abotsnes, S. Kristiansen, Ukjend, Ukjend, S. Hardeland, Ukjend, Rangen, L. G. Bøe, J. Egeland, Ukjend.
3. rekke frå v.: D. Haugland, Ukjend, O. Eikeland, G. Vadla, Gudmestad, G. Bøe, L. Tvedt, G. Bøe jr., Ukjend, A. Eliassen, H. Slåke, Ukjend, Pedersen, S. Aalgaard, G. Aalgard (samlagsmeister dette året).
4. rekke frå v.: Sirnes, Eilertsen, Ukjend, L. Storhaug, K. Karlsen, H. G. Aarsvoll, Ukjend, J. Hagalid, R. Sæbø, A. Laugaland, Ukjend, H. Lid, Ukjend, Ukjend, Ukjend, O. Segadal, Ukjend.
(Foto utlånt frå Hjelmeland skyttarlag)

saman att til eitt Rogaland skyttarsamlag i 1913. I den korte levetida hadde Ryfylke skyttarsamlag to formenn: Tore Revheim etterfølgd av dåverande kaptein (seinare oberst) Julius Allum[23].

I tida før unionsoppløysinga med Sverige vart det stifta mange skyttarlag, truleg som ein effekt av dei urolege tidene. Ei tilsvarande auke i talet på skyttarlag ser me etter andre verdskrigen. Dette er særleg tydeleg blant laga i Ryfylke, då så mykje som 11 av 29 lag nemnd i 1954, vart stifta etter krigen[24]. Mange av desse var likevel lag som første gong vart stifta rett før unionsoppløysinga. Etter kvart som infrastrukturen har vorte betre har fleire lag slått seg saman, medan andre har forsvunne på grunn av manglande interesse.

Sist i artikkelen finn de lister over noverande og tidlegare skyttarlag i Ryfylke med første kjende stiftingsår.

Tilhøva i skyttarlaga

Skyttarlaga har heile vegen vore prega av at mange av medlemmene òg har vore jegerar eller knytt til heimevernet og forsvaret. Ettersom DFS meir har vorte ein idrettsorganisasjon, har ein òg fått nye medlemmar med reint fokus på idretten. I dag utgjer desse den største gruppa av aktive skyttarar, noko som òg har sett fart i utviklinga av spesialutstyr til sporten. Om ein drar på eit skyttarstemne i dag, vil ein mellom anna sjå skyttarar i skreddarsydde skyteklede og spesiallaga sko, samt diverse tilbehør til geværet som ulike typar reimar og sikte. Alt dette er likevel nyare fenomen som har kome

Medlemmer av Nessa skyttarlag på 200 meteren ein gong mellom 1911 og 1915. Frå v.: Daniel Kleppa, Peder Staurland, Nils K. Staurland, Olav Staurland, Gunnar Gundersen, Ola K. Staurland, Olaus Meltveit. Den sitjande personen er ukjend. Tatt etter ei premieskyting på 200 meteren. (Foto truleg Bjørn Bjørkeland)

siste halvdel av 1900-talet og fram til i dag. Korleis var så tilhøva for dei tidlege skyttarane? På byrjinga av 1950-talet vart bokverket «Norges skyttere i ord og bilder» gitt ut i tre bind. Her hadde dei intervjua skyttarar frå heile landet, og eg vil vidare i dette kapitlet sitera nokre av ryfylkeskyttarane[25]. Der skildrar dei mellom anna sine eigne tidlege erfaringar med skytesporten i mellomkrigsåra.

Våpena har utvikla seg mykje sidan oppstarten til DFS. Fram til 1890-talet var det inga semje om kva som var det beste geværet. På landsskyttarstemnet deltok ein difor dei første åra med det ein hadde. På det første landsskyttarstemnet i 1893 vert det nemnd våpen som «Lunds gevær, Remingtons armégevær modell 1867 og Jarmann kal. 10.5 mm. modell 1884».[26] Krag-Jørgensen-geværet revolusjonerte skytesporten då det vart innført i 1894, då dette var mykje meir presist, men òg raskare å lada. I 1897 var dette einaste tillatne gevær under meisterskapsskytinga på landsskyttarstemnet[27]. Denne geværtypen var faktisk dominerande i sporten heilt til Sauer STR-200 tok over på midten av 1990-talet. Men Mauseren, som rett etter krigen låg att mange stader etter tyskarane, vart òg tatt i bruk av mange skyttarar. Modellen som kom i 1959 vart godkjend for bruk i DFS saman med Krag-Jørgensen[28]. Andres Skår i Hjelmeland skyttarlag fortel òg at skyttarlaga fekk mange Krag-Jørgensen frå det norske forsvaret etter krigen, då forsvaret etter kvart gjekk over til amerikanske gevær. Han fekk sjølv ein av desse «kragane» då han byrja å skyta.

I skyttarlaga har ein nok likevel stort sett brukt det ein har hatt tilgjengeleg, òg etter at Krag-Jørgensen-geværet kom med for fullt. Laga kjøpte inn nye gevær som dei lånte ut til medlemmane sine, men det var ikkje alle som hadde råd til å kjøpa det nyaste og beste, særleg ikkje i store mengder. Suldal skyttarlag hadde 28 Remington-gevær fordelt på 60 skyttarar i 1899, men sleit med overgangen til Krag-Jørgensen. Først i 1913 fekk dei den første «Kragen» og den andre i 1921[29]. Dette var ikkje uvanleg i dei mindre skyttarlaga. I «Norges skyttere i ord og bilder» er Kragen geværet som vert nemnd oftast, samt noko trening med salonggevær som har mykje rimelegare ammunisjon. Sven Randa tidlegare formann i Askvik skyttarlag, nemner òg at ein bør kunna skifta til salongløp på Kragen og trena med billig ammunisjon (då slepp ein å ha to gevær). Dette er svært vanleg i dag. Interessant er det òg at munnladningsgeværa, som stort sett vart erstatta av kammerladningsgevær alt på 1860-talet, verkar å ha vore i bruk langt ut på 1900-talet: «Han (farbroren, red.) forærte meg et munnladningsgevær, men jeg torde ikke ta det med hjem, så jeg måtte gjemme det i fjellet», fortel Tormod O. Mehus i Suldal skyttarlag. Han fekk dette då han var åtte år(!), truleg rundt 1909. Munnladningsgeværet verkar likevel først og fremst å ha vorte brukt til jakt, og han avslutter med å fortelja om beste jaktresultat: «Mitt beste resultat som jeger var en gang jeg skjøt to reinsdyr med ett skudd».

Jegerane utgjer ein stor del av medlemmene i skyttarlaga, noko som òg kjem tydeleg fram i dei nemnde intervjua. Johan Tveiterå frå Jelsa skyttarlag fortel: «Jeg har drevet meget med jakt i min tid og det har helst vært på rovdyr. Både oter og rev har jeg skutt. 87 rever har det blitt. Når jeg røker ut reven av hiet, bruker jeg ofte karbid, og jeg skamskyter aldri en rev». Johannes Bråtveit frå Bråtveit skyttarlag meiner at det «er langt interessantere å skyte på dyr enn på blink, og jeg har aldri merket noe til jaktfeberen, eller som vi kaller den

Bjørnejegarar i Suldal 1908. Jo Stuv (1855-1950) og Helge Berge (1846-1926) vart hyra av kommunestyret til å skyta bjørn. (Foto: Åke Bleskestad)

her: Veidesjelven». Mange fortel at det var jakta som gjorde at dei byrja med skyting: «Jeg var ikke mer enn 14-15 år da jeg først begynte å skyte i lag, og før den tiden hadde jeg holdt på med jakt», fortel Olav Gryting i Jørpeland skyttarlag. Anton Øie i Øye skyttarlag fortel at interessa for skyting byrja med alkejakt då han var gutunge og fortsett: «Alkejakt er forresten en fin sport. En gang var jeg med og tok 52 alker på 2 timer. Det skulle ikke være så verst vel? Skytter for alvor ble jeg i 18-årsalderen». «Kragen» er av fleire òg nemnd som eit godt jaktvåpen, noko som nok har gjort at fleire jegarar deltok i konkurranseskytinga på denne tida. Sauer STR-200, som altså er standardvåpen i DFS i dag, er ikkje laga for bruk i jakt.

Det har skjedd ei kraftig utvikling på utstyrsfronten sidan starten, men fram til andre verdskrigen ser me først og fremst ei utvikling av sjølve våpenet. Ser me på dei tidlege skyttarbileta frå slutten av 1800-talet, står skyttarane kledd opp i dress på skytebanen og har ikkje anna ustyr enn sjølve geværet. Dei kan sjølvsagt ha kledd seg opp for fotografen, men det seier likevel noko om utstyret på denne tida. Skyttarluene ser likevel ut til å ha kome tidleg. I Norsk skyttertidende sommaren 1899 er det fleire annonser for skyttarluer til kr. 1.30, saman med annonser for ammunisjon, blinkar og hornmusikk(!), som det vert reklamert for i utgåva 12. juli[30]. Utover 1900-talet endrar kleda seg noko, men det er framleis ikkje anna utstyr enn sjølve geværet. Etter krigen ser det likevel ut til at det er ein større diskusjon om nytt utstyr til geværet som reim og ulike sikte, samstundes som ein diskuterer kva klede som er best å skyta i. I dag er mellom anna stive klede og reim standardutstyr, men då dette kom var det ikkje alle som tykte det var ein god idé: «Jeg har skutt litt med remmen, men jeg får det ikke til med den, og jeg tror at den vil være farlig å bruke i felt», fortel Leif Langeland i Jørpeland skyttarlag. «Etter min mening blir skytesporten etterhvert en utstyrssport,

Jøsenfjorden Skyttarlag ved skytebanen på Hauge ca. 1930. Legg merke til at fleire av skyttarane alt har reimer på geværa sine. Heilt til høgre står Andreas Å. Hauge, ved sida av han Endre Østerhus. Nr. fem frå venstre er Johannes Ramsfjell, medan Rasmus Hauge står heilt til venstre. Dei andre er ukjende. (Fotograf ukjend)

og det var vel egentlig ikke meningen», seier Chr. Thorsen i Jelsa skyttarlag. Fleire nemner at dei føretrekk å ha lette klede på seg når dei skyt, men nokre framhever òg fordelen med stive støvlar. Adeler Birkeland frå Sauda skyttarlag meiner at mykje klede kan hjelpa mot nervøsitet: «Jeg har også funnet ut at det er en fordel med mye klær på seg. (…) da merker man ikke så godt at hjertet slår». I dag er det skyttarklede av canvas som er standard. Eit sitat frå skyttaren og NRK-journalisten Kjell Kristian Rike, då han første gong prøvde ein skytejakke av canvas, seier litt om korleis overgangen til desse kleda var: «Dette er ikke noen skytejakke – det er et stativ!».

I dag er skytesporten ein idrett med mange utøvarar på svært høgt nivå, strenge sikkerheitsreglar og dopingreglement. Slik har det likevel ikkje alltid vore, og på 1950-talet gjekk diskusjonen livleg om bruk av såkalla «stimulansemidler». Desse skulle hjelpa mot nervøsitet. Det var då snakk om tobakk, kaffi og alkohol. «Bruken av stimulansemidler synes jeg er en skam, den som oppnår gode resultater med den slags er ingen skytter», seier Jakob Krumshagen i Ulladalen skyttarlag. Albert Teigland frå Hellandsbygden skyttarlag i Sauda er ikkje einig og seier: «Jeg mener det er bra å benytte stimulanser», men då ikkje kva midlar som er bra. Det er først og fremst alkoholen som skapar debatt: «Så lenge jeg er formann, kommer jeg heller ikke til å tillate alkohol på banen. Som stimulansemidler holder jeg meg til tobakken og kaffen», fortel Erling Vareberg i Vestre

Åmøy skyttarlag. Karl Brekke i Sjernarøy skyttarlag meiner derimot at «under konkurranser når spenningen er stor, kan det være til god nytte å ta en god dram, når man bare holder måten.» Martin Nordbø i Sørbø og Vikevåg skyttarlag, fortel at han «bruker tobakk og kaffe, men andre stimulansemidler har jeg ikke behov for i forbindelse med skytingen.» Det er likevel ikkje berre alkoholen det er usemje om. Ola J. Hagalid i Hjelmeland skyttarlag avsluttar sitt intervju med følgjande utsegn: «Man bør ikke bruke tobakk».

Kvinner konkurrerer i skytesporten på lik linje med menn, og kvinner er nemnd som medaljevinnarar alt på 1800-talet[31]. Det er likevel først fram mot vår tid at det har vorte vanleg med kvinnelege deltakarar. Einaste kvinne frå Ryfylke i dei ovannemnde intervjua er Marta Kalleland frå Hellandsbygden skyttarlag. «Min interesse for skyting kommer av at min mann har vært så oppslukt av det.», fortel ho og avsluttar med å seie at «det er en meget hyggelig sport». Følgjande sitat frå Jon Hausken i Hjelmeland skyttarlag viser likevel at andre kvinner òg deltok: «Den mest spennende konkurransen jeg har deltatt i, var en omskyting med en dame, og jeg tapte».

Til slutt ei utsegn som vitnar om litt andre tider enn i dag: Karl Risa i Sørbø og Vikevåg skyttarlag fortel følgjande: «Det var for sportens skyld at jeg ble skytter. (…) Fra jeg var gutt har jeg skutt hagle, og jeg skjøt alle de kattene jeg kom over. Det ble ikke så lite kjeft, men det hjalp ikke».

Avsluttande merknader

Skytesporten har endra seg mykje gjennom dei godt og vel 120 åra DFS har eksistert. I Ryfylke har talet på skyttarlag og skyttarar gått noko ned sidan det var på høgda rundt 1910, men det er framleis eit aktivt skyttarmiljø i regionen. I tillegg til samlagsstemnet vert det kvart år arrangert eit eige ryfylkemeisterskap. Med unntak av det som finst av lagsprotokollar, har me ikkje mykje dokumentasjon frå tilhøva i skyttarlaga i Aslak Mokleiv sin tidlege skyttarkarriere. Intervjua i «Norges skyttere i ord og bilder» gir likevel eit godt innblikk i tida før utviklinga i spesialutstyr til skyttarane sette standarden for skytesporten.

Korleis gjekk det så med Aslak Mokleiv? Om han fullførte «overkonstabelskolen» veit me ikkje, men han emigrerte til Amerika som «snedker» i 1903[32]. Innan 1910 hadde han vore fleire turar til Statane og fått amerikansk statsborgarskap[33]. Siste gongen me finn han i emigrantprotokollane er i 1932 og i 1937 ser det ut til at han reiste heim for godt. Då overtok han farsgarden, bruk 5 på Veka i Suldal, men kjøpte like godt bruk 9 òg[34]. Om Aslak fortsette som skyttar etter deltakinga på landskytterfesten i 1899, veit me ikkje. Eg har ikkje funne han nemnd som skyttar i seinare kjelder. Om han nokon gong deltok på landsskyttarstemnet att, ser det iallfall ikkje ut til at han klarte å gjenta suksessen. I dag er det relativt lett å koma seg på landsskyttarstemnet og det samlar 5-6 000 skyttarar kvart år. På Mokleiv si tid var reisa mykje tyngre og det ser ikkje ut til å vera mange deltakarar frå Rogaland i det heile på denne tida. Sjølv 50 år seinare er det ikkje mange av ryfylkeskyttarane, i dei ovannemnde intervjua, som seier dei har vore på landsskyttarstemnet. Den flotte sølvkanna står slik att som eit minne frå det som må ha vore ei stor hending for ein ung suldøl på slutten av 1800-talet.

Liste over tidlegare skyttarlag i Ryfylke
(noverande kommune i parentes):

Askvik (Hjelmeland), stifta 1945.
Bjørheimsbygd (Strand), stifta 1925.
Eidsund (Finnøy), stifta 1908.
Erfjord (Suldal), heitte ein periode «Erfjordbygden», stifta mellom 1875 og 1880.
Fister (Hjelmeland), stifta 1883.
Fossan (Forsand), stifta 1897.
Førland (Suldal), stifta 1908.
Hellandsbygden (Sauda), stifta 1945.
Hylsfjorden (Suldal), stifta 1908.
Jelsa (Suldal), stifta 1896.
Jøsneset (Hjelmeland), stifta 1902.*
Kvilldal (Suldal), stifta 1908.
Lyse (Forsand), stifta 1894.
Marvik (Suldal), stifta 1924.
Nessa (Hjelmeland), stifta 1913.*
Randøy (Hjelmeland), stifta 1921.
Refsbyden (Suldal), stifta 1923.
Sand (Suldal), stifta 1894.
Sjernarøy (Finnøy), stifta i 1881.
Strand Nordre (Strand), stifta 1884.
Søndre Strand (Strand), stifta ca. 1888.
Suldal (Suldal), stifta 1883.
Sørbø og Vikevåg (Rennesøy), stifta 1941.
Tou (Strand), stifta 1925*
Tveita (Suldal), stifta 1922.
Ulladalen (Suldal), stifta 1938.
Utstein Kloster (Rennesøy), stifta 1946.
Vestre Åmøy (Rennesøy), stifta 1945.
Vintraleå (Suldal), stifta ?
Vormedalen (Hjelmeland), stifta 1890-91.
Vormestrand (Suldal), stifta 1914.
Økland (Strand), stifta 1902**
Øvre Suldal (Suldal), stifta ca. 1945.***
Øye (Hjelmeland), stifta i 1910.
Årdal (Hjelmeland), stifta ca. 1883.
Åserød (Suldal), stifta 1946.

* Har òg vore lag her på eit tidlegare tidspunkt.
** Var berre aktivt i 2-3 år, men kan ha vorte attreist som «Tou skyttarlag» i 1925.
*** Vart vekka til live att etter krigen som «Øvre Suldal skyttarlag». Tidlegare namn og stiftingsår er ukjend.

Liste over skyttarlag i Ryfylke i 2015[35]**:**
Bråtveit (Suldal), stifta ca. 1900.
Espedal (Forsand), stifta 1903.
Finnøy, stifta 1903.
Hebnes (Suldal), stifta 1914.
Hjelmeland, stifta 1882.*
Jelsa og Erfjord (Suldal), stifta 2008.**
Jørpeland (Strand), stifta 1926.
Jøsenfjord (Hjelmeland), stifta 1882.
Lysebotn (Forsand), stifta 1908.
Ombo (Finnøy), stifta 1901.
Rennesøy, stifta 1945.
Sand/Suldal (Suldal), stifta 1883***
Sauda, stifta 1885.

* I 1969 gjekk seks andre nærliggande skyttarlag inn i Hjelmeland: Askvik, Fister, Nessa,
Randøy, Vormedalen og Årdal. Fleire av desse laga låg då nede.
** Skyttarlaga Jelsa og Erfjord slo seg saman til «Jelsa og Erfjord skyttarlag» i 2008 og
reknar no dette som sitt stiftingsår.
*** Skyttarlaga Sand og Suldal slo seg saman til «Sand/Suldal skyttarlag» i 1966, men reknar stiftingsåret frå oppstarten av Suldal skyttarlag.

Sveinung Søyland Moen (32) har vore direktør for Ryfylkemuseet sidan 1. januar 2015. Han er òg aktiv skyttar i Sand/Suldal skyttarlag.

Litteratur:

- Arkivverket – Digitalarkivet. *Kyrkjebok for Suldal, ministerialbok nr. A11 (1878-1900)*. Henta frå: http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=6352
- Det frivillige skyttervesen. (2015). *Skytterlag i Rogaland samlag*. Henta 20.08.15 frå https://www.dfs.no/Skytterlagssider/sorlandskretsen/rogaland/
- Drange, Ernst Berge. (2004). Kolbenstvedt (Kolbeinstveit): ei framståande slekt frå Suldal. *Folk i Ryfylke*, 7-34. Sand: Ryfylkemuseet.
- Fjeld, Birger. (1979). *Skyttersaken i Norge før 1893. Centralforeningen og folkevæpningens tid 1861-1893*. Oslo: Det frivillige skyttervesen.
- Gujord, Kjell. (Red.). (1993). *100 års jubileum 1893-1993 for første landsskytterstevne i Kristiansund*. Kristiansund: Fosna skytterlag/Kristiansund skytterlag.
- Hoff, J. A., Seeberg, F. G. og Vigander, H. (1927). *Skyttersaken i Norge: Dens historie og nuværende stilling*. Fredrikshald: E. Sems trykkeri.
- Hoff, J. A. (1933). *Skyttarsaka i Noreg: soga og stoda no*.
- Hvalstad: Den friviljuge norske skyttarskipnad.
- Hoftun, Hallvard M. (1972). *Gamle Suldal: Gards- og ættesoge*. Suldal kommune.
- Jorsett, Per. (1993). *Norske skytterkonger gjennom 100 år*. Oslo: Gyldendal forlag.
- Jorsett, Per og Ringdal, Svein. (1993). *Skyttersaken i Norge gjennom 100 år*. Oslo: Det frivillige skyttervesen.
- Norsk skyttertidende (2.8.1899a). Præmieliste fra landsskyterfesten i Kristiania den 30. juni, 1. og 2. Juli 1899.
- Norsk skyttertidende (12.7.1899b).
- Norsk skyttertidende (19.7.1899c). Dekoreret sølvbrud.
- Rekneskabsbog for Aardals skytterlag 1883-1922.
- Røgeberg, Willy. (Red.). (1954). *Norges skyttere i ord og bilder: Søndre og vestre del*. Oslo: Kulturforlaget.
- Vestvik, Terje og Wollheim jr., Magne. (1993). *Det frivillige skyttervesen 1893-1993*. Oslo: Hojem trykk.

Anna:
Samtale med Johan Peder Moe, juli 2014.
Samtale med Andres Skår, september 2015.

Noter:

[1] Arkivverket – Digitalarkivet: Kyrkjebok for Suldal (1878-1900), Døpte 1880, s. 9.

[2] Hoftun 1972, s. 401.

[3] Arkivverket – Digitalarkivet: Kyrkjebok for Suldal (1878-1900), Konfirmerte 1894, s. 152.

[4] Drange 2004, s. 29.

[5] Røgeberg 1954, s. 419.

[6] Hoff m.fl. 1927, s. 226.

[7] Jorsett 1993, s. 18.

[8] Norsk skyttertidende 1899a, s. 3.

[9] «Rekneskabsbog for Aardals skytterlag 1883-1922» vart hausten 2015 gitt i gåve til Ryfylkemuseet av Andres Skår.

[10] Folketeljing 1900 for Barbu herred. Henta frå Digitalarkivet på arkivverket.no.

[11] I folketeljinga for 1910 er Aslak heime att i Suldal og står då oppført med yrket «Gaardsarbeider og snedker». Han var då nett heimkomen frå Amerika der han hadde vore frå 1903 og i emigrantprotokollen er han berre oppført med snikkar som yrke. Henta frå folketeljinga 1910 for Suldal herred og emigrantprotokollen «Emigranter over Stavanger 1903-1928» i Digitalarkivet på arkivverket.no.

[12] Folketeljing 1900 for Kristiansand kjøpstad. Henta frå Digitalarkivet på arkivverket.no.

[13] Vestvik og Wollheim 1993, s. 8.

[14] Vestvik og Wollheim 1993, s. 7.

[15] Det frivillige skyttervesen 2015.

[16] Røgeberg 1954, s. 357-435.

[17] Hoff, Seeberg og Vigander 1927, s. 120. Det bør her nemnast at Samlaget/Folkevæpningslaget hadde eit mellombels styre det første året. Der vart ein Jernbane-kasserer Vedsæt frå ukjend lag samrøystes vald til «dirigent». Fjeld 1979, s. 106.

[18] Fjeld 1979, s. 111.

[19] Fjeld 1979, s. 112.

[20] Hoff m.fl. 1927, s. 120.

[21] Hoff m.fl. 1927, s. 343.

[22] Hoff 1933, s. 339.

[23] Jorsett og Ringdal 1993, s. 188.

[24] Røgeberg 1954, s. 357-435.

[25] Røgeberg 1954, s. 357-435.

[26] Gujord 1993, s. 6.

[27] Jorsett 1993, s. 16.

[28] Jorsett og Ringdal 1993, s. 59.

[29] Hoff m. fl. 1927, s. 346.

[30] Norsk skyttertidene 1899b, s. 4.

[31] Norsk skyttertidende 1899c, s. 3.

[32] Emigrantprotokollen «Emigranter over Stavanger 1903-1928». Henta frå Digitalarkivet på arkivverket.no.

[33] Folketeljing 1910 for Suldal herred. Henta frå Digitalarkivet på arkivverket.no.

[34] Hoftun 1972, s. 401.

[35] Det frivillige Skyttervesen 2015.

Djup neiing for Dronning Sonja. Jalinya «Linn» Setapayack Siem overrekker blomar da kongeparet vitja Jørpeland i juni 2001. Den tradisjonelle drakta ho har på, og som er ei nasjonal-drakt, ein «bunad» kalla Thai Ammerin, fekk Ryfylkemuseet seinare overta.

Silke for Sonja

Av Roy Høibo

Kva gjer ei silkedrakt frå Thailand i samlingane til Ryfylkemuseet? Det skal denne artikkelen handle om. Det er samtidig ein artikkel som viser at det er lenge sidan det som blei samla på museet berre er slikt som blei laga og brukt i Ryfylke. Verda er komen til Ryfylke, og det viser også att på museet.

Drakta er ei gåve frå Jalinya «Linn» Setapayack Siem (født 1959) som kom frå Thailand til Jørpeland i 1985. Vi blei kjente med Linn da vi gjennomførte eit dokumentasjonsprosjekt kalla «Islam i bedehusland» i 2004-2005. Prosjektet hadde som formål å gi eit bidrag til integrering av flyktningar og innvandrarar i det norske bygdesamfunnet gjennom å dokumentere og formidle kunnskap om religionsutøving.

Linn er buddhist. Ho er norsk statsborgar, men lever med «Buddha inni seg». Ho ber, og går med eit smykke som minner ho om religionen som ho hadde med seg da ho kom til Norge. Slik er ho del av eit nokså fargerikt fellesskap både i Strand og i resten av Ryfylke. Som den største av Ryfylke-kommunane har Strand også den største innvandrarbefolkinga. I 2014 var det godt over 1 000 innbyggarar i Strand som hadde utanlandsk opphav. Det utgjorde 8,5% av innbyggarane. Men andelen innvandrar ligg kring dette også i dei andre kommunane i Ryfylke, bortsett frå i eit par kommunar som har fleire. Hjelmeland har ei innvandrarbefolking som utgjer over 15 % av innbyggarane. Finnøy og Rennesøy 10-11%.

Linn kjem frå eit land med ein stor rikdom av tradisjonar, skikkar og ritual. Ho fortel gjerne om desse for å gi eit innblikk i det mangfaldige heimlandet sitt, men ho feirar ikkje alle høgtidene og tar ikkje del i alle rituala. Noe av det viktigaste er maten og matkulturen. Maten er så sentral at ho lærer folk å laga thailandsk mat. Heime på kjøkkenet på Jørpeland lærer ho både

Kongeparet får servert frukt oppskore og dekorert på thailandsk vis. Linn hadde lært det på kunstfagleg linje på vidare gåande skule heime i Thailand.

kvinner og menn om den thailandske matkulturen, og dei koker mat på kjøkkenet hennar.

Ein spesialitet ho hadde med seg frå Thailand var korleis ein kan gi frukt og grønsaker dekorative uttrykk før det blir servert. Linn gikk på kunstlinje på vidaregåande skule i Thailand for å lære dette. Denne kunnskapen hadde ho med seg til Norge, og ho formidlar kunnskapen vidare til andre. Det var såleis godt kjent i Strand at dei hadde ei med ein nokså spesiell og nokså eksotisk kompetanse. Og så fekk Ryfylke kongebesøk. I juni 2001 gjorde kongeparet Ryfylke, og alle kommunane ville vise fram det beste dei hadde å by på. I Strand valde dei Jalinya «Linn» Setapayack Siem!

Linn blei bede om å servere kongeparet utskoren frukt. Det var ordføraren som spurte. Det var ikkje bagatellar. Og det måtte ny drakt til. Det kunne ikkje bli noe ringare enn ei tradisjonell drakt frå heimlandet. Linn mobiliserte familien og fekk sydd ei thailandsk nasjonal drakt i ekte thai silke, som blir kalla Thai Ammerin, og som ho fekk sendt til Jørpeland. Det blei ei nydeleg drakt i blålilla stoff, med mønstra, langt skjørt, og einsfarga overdel med gullknappar. Og med sølvfarga

veske til. Det var ei drakt som kledde høvet og som synleggjorde det kulturelle mangfaldet på ein elegant måte.

Det er vanleg at drakta har mønstra skjørt, men ofte berre nedste delen, slik at skjørtet er einsfarga ned til knea. Overdelen, jakka, er som regel einsfarga for at det ikkje skal bli for uroleg, men det er store variasjonar i utforminga av draktene, akkurat som med norske bunadar.

Sonja og Linn. Det var ei oppleving for livet. Både Linn og ordføraren fekk positiv tilbakemelding etter valet av Linn og frukta hennar som mellommat under besøket i Strand.

Drakta blei brukt den eine gongen, da kongeparet skulle ha pause med frukt, og ikkje meir. Det gikk fort, og det er ei stund sidan, men for Linn er det eit minne for livet å ha med seg vidare. Da Linn var blitt kjent med vår medarbeidar gjennom prosjektet «Islam i bedehusland», og vi hadde invitert ho til å vise kunstene sine ved ei utstillingsopning, kom tilbodet om å overta drakta. Det var vi glad for. Det er ikkje flust med tekstiler i samlingane våre, og samlingane av gjenstandsmateriale frå innvandrarar er svært sparsame.

Linn jobbar til dagleg på sjukeheimen på Jørpeland. Sjølv om ho slit litt med ei vond skulder tar ho fortsatt på seg bestillingar på frukt til konfirmasjonar, barnedåp og andre festlege høve. Og det hender framleis ho held kurs, men det er blitt noe mindre av det med åra.

Møtestad for nye nordmenn

Linn var ein av 37 personar som blei intervjua som del av prosjektet. Til saman blei det ein ganske brei dokumentasjon av kvardagslivet til nye nordmenn i Ryfylke, korleis religionen var ein del av det nye livet i eit framandt land, og om møtet med den norske kvardagen og det kristne verdigrunnlaget. Det handla om muslimar, hinduar, buddhistar og ortodokse og andre kristne. Resultata blei publiserte i boka «Migranten og kvardagslivet – ei undersøking av tru og kvardagsliv», og i utstillinga «Din myte – mi forteljing».

Hovudkonklusjonen var at migrantane ikkje først og fremst ordna kvardagen etter tru og religion. Dei som var truande, gav ofte uttrykk for «at trua er

Til venstre:
Linn i arbeid ved kjøkken-benken. Det skal fin frukt og eit godt handlag til om resultatet skal bli bra.

Til høgre:
Og slik kan eit frukt- og grønsakfat bli sjåande ut når Linn har hatt jobben med det.

inni meg», og kvardagslivet handla om å finne seg til rette i bygda. Dei ønskte å lære språket, dei kulturelle kodane, finne jobb, ta utdanning, ta vare på hobbyar og skape seg eit sosialt liv. Anten migranten var truande eller ikkje, handla den nye kvardagen om å finne seg til rette i det nye landet. Dei religiøse handlingane til truande migrantar kom mindre til syne for majoriteten i bygdene, mellom anna fordi dei religiøse rituala fann stad i dei private heimane.

Prosjektet blei ein liten lekk i eit arbeid for å dokumentere kunnskap om nye nordmenn, og tilby publikum eit møte med nye sambygdingar. Ein vellukka sideeffekt av prosjektet var oppstart av eit arrangement som vi kalla «Internasjonal kafé». Ideen var å tilby eit lågterskelarrangement, der hovudsaka var å møtast kring eit godt måltid, men av og til med noe meir attåt. Tanken var at det å dele eit samvær kring eit eksotisk kveldsmåltid kunne vera ein god start på ei nettverks-bygging. Hausten 2014 kunne «Internasjonal kafé» feire 10-årsjubileum. Og arrangementet er meir populært enn noen gong. Det er ein alkoholfri møtestad på tvers av kjønn, alder, religion og kulturell tilhøring, og der innvandrarane sjølve lagar maten på dugnad.

Men engasjementet i det som ei tid blei kalla «den

fleirkulturelle utfordringa» starta tidlegare. Krigen i Bosnia-Hercegovina 1992-1995 førte til den største flyktningstraumen i Europa sidan andre verdskrigen. Det var ein flyktningstraum som var ønskt og planlagt med bakgrunn i ideane om at folk med ulik etnisk bakgrunn ikkje kunne bu saman. "Å fordrive folk har vore sjølve målet med krigshandlingane", skreiv Norsk Folkehjelp. Av den halvparten av befolkninga som blei drive på flukt blei kring 1,3 millionar flyktningar i sitt eige land, medan nesten 1 million flykta til andre land i Europa eller over havet til Amerika.

Dei fleste flyktningane frå Bosnia-Hercegovina som kom til Norge kom i 1993 og 1994. Dei fekk mellombels opphalds- og arbeidsløyve på kollektivt grunnlag. Ved utgangen av 1995 hadde meir enn 12.000 fått slikt vern. Bosniarane fekk også rett til familiegjenforeining. Dette førte til ein viss tilvekst av innvandrarar frå Bosnia-Hercegovina også seinare. Suldal var den kommunen i Ryfylke som viste størst vilje til å legge til rette for busetting, og gjorde alt i 1994 vedtak om å ta i mot flyktningar frå Bosnia-Hercegovina.

Ved Ryfylkemuseet var det Nordisk museums-festival i Stavanger i 1998 som løyste ut eit engasjement i forhold til denne situasjonen. Temaet for festivalen

skulle vera "Venner og fiender". Rogaland fylkeskommune stilte pengar til rådvelde for museum i Rogaland som ville vera med, og Ryfylkemuseet søkte om midlar til eit bidrag om folk frå det tidlegare Jugoslavia som hadde kome til Suldal som flyktningar.

Prosjektet fekk etter kvart nemninga "Den lange vegen", og dette blei namnet både på ei utstilling og eit teksthefte. Utstillinga blei opna på Sand i oktober 1998. Hovudforma var ein labyrint bygt opp av gjenbrukte sponplater. Innhaldet besto av tekster, foto, amatørkunst og gjenstandar innlånt frå flyktningane, og eit enkelt bildespel sett saman av foto som vi hadde tatt på ein studietur til Bosnia-Hercegovina.

«Å vera flyktning er å vera ein person utan identitet», sa Alen Kusmic på konferansen om innvandring i bygdesamfunnet som vi arrangerte i tilknyting til utstillinga. «Å vera flyktning er å vera eit menneske av andre klasse. Å vera flyktning er å vera ein nomade utan heim. Vi har ikkje vald å leva slik.» Andre som har granska flyktningar har konkludert med at det å leva i eksil er å vera på stadig jakt etter tilhøring. Ei slik tilhøring omfattar noe meir enn ein stad å bu. Tilhøring betyr i denne samanhengen å høre til på ein stad der ein blir attkjent som den ein er.

Identitetsspørsmålet er eit sentralt og interessant tema som er for stort til å ta opp til brei drøfting her, men eit hovudproblem som flyktningane slit med er konflikten mellom sjølvidentiteten og ein tilskriven identitet. Dei som kjem som flyktningar er, som oss, høgst ulike personlegdomar basert på arv, miljø og ulike verdiar og interesser. Som flyktningar blir personar tilskrivne ein identitet som "flyktning". Flyktningane frå Bosnia-Hercegovina har dessutan sjølve bidratt til å tilskrive seg sjølve identitet som muslim, serbar eller kroat. Dette gjer dei ulike oss som lever fjernt frå ein flyktningsituasjon, og som samfunn berre har fjerne minne om farefulle ferder over Nordsjøen eller til Sverige under andre verdskrigen.

I ein slik situasjon kan museet bidra til å få utviklinga av sjølvidentiteten på sporet att, ved at museet kan skape interesse for identitetsprosjektet både hos dei som kjem og hos dei som er der før. Museet kan samle, dokumentere og bearbeide kjelder til forståing av kulturelle prosessar, og formidle kunnskapar om desse. Arbeidet med "Den lange vegen" hadde eit slikt formål.

Innvandrarbefolkninga i Norge har i dag passert 600 000 personar. Dette utgjer over 12 % av befolkninga. I Ryfylke er innvandringa framleis under landsgjennomsnittet, men talet på innbyggarane som er innvandrarar aukar, til dels sterkt i enkelte kommunar.

Ei ny rolle for musea

Ved Ryfylkemuseet fekk vi høve til å gjennomføre ei breiare gransking av innvandringa da Norsk Kulturråd støtta eit tusenårsprosjekt som Norges Museumsforbund tok initiativ til, kalla "Dokument 2000". Vi gjennomførte da intervju med representantar for tre grupper av innvandrarar i Suldal, folk med vestleg bakgrunn, folk frå Aust-Europa og folk med annan ikkje-vestleg bakgrunn. Hovudproblemstillinga som låg bak undersøkinga var å kaste lys over bygda som møtestad i eit fleirkulturelt samfunn. Vi heldt oss med ei hypotese om at ulike innvandrargrupper ville oppleve møtet med bygda på ulike måtar, og tenkte at ei nærmare gransking av korleis desse møta skjer vil fortelja oss noe om dei underliggande verdiane i bygdesamfunnet. Prosjektet

fekk namnet ”Den fleirkulturelle bygda”.

Nå er det likevel ikkje folk frå fjerne land med framande religionar som dominerer innvandringa til Norge. Den største tilveksten av innvandrarar kjem frå Europa, mange frå tidlegare austblokk-land som Polen og Litauen, men og frå Skandinavia, og ikkje minst frå Tyskland og Nederland. Det er kommunar i Ryfylke som til og med har deltatt aktivt for å rekruttere folk frå Nederland som nye innbyggarar. Dette vekte interesse hos oss, og med støtte frå kulturhovudstaden Stavanger 2008, har vi gjennomført ei gransking av grunnar til at folk frå Tyskland og Nederland bryt opp frå hus og heim, venner, slekt og familie for å busetta seg i tronge fjordar med dårleg vêr. Svaret er at dei søker det gode liv akkurat som mange migrantar har gjort før dei. Prosjektet fekk namnet ”Common Ground”, sterkt

inspirert av den brubygginga mellom ulike folkegrupper som vårt vennskapsmuseum Down County Museum i Downpatrick, Nord-Irland, har drive med. Resultata er formidla gjennom ei utstilling kalla "Det gode liv".

Det norske samfunnet står framfor store utfordringar i møte med ein røyndom som i stadig raskare takt ser ut til å bli internasjonalisert. Også bygde-Norge blir konfrontert med desse utfordringane, og det går ikkje alle stader så fredeleg for seg som det ser ut til å gjera i Ryfylke. Kulturinstitusjonane i distrikta var dårleg førebudde på dette. Samtidig utgjer kulturinstitusjonane, og kanskje særleg musea, ein unik utveg til å etablere møteplassar der dialog på tvers av kulturar kan ha gode vilkår. Bygde- og distriktsmusea er etablerte og bygde opp for å ta vare på og vise fram fedrearven. Vi har tradisjonar for å fokusere på kjernegrupper i eit fortidig samfunn. Tyngda av store vedlikehalds- og bevaringsoppgåver knytt til 1700-tals- og 1800-talsmateriale gjer at interessa for å gi seg i kast med samtidsoppgåver er avgrensa, for ikkje å snakke om å gi seg i kast med framande kulturar.

Det ligg ein stor fare i dette. Dei nasjonale, nasjonalromantiske eller bygderomantiske ideane som har ligge under opprettinga og oppbygginga av musea, kan lett danne grunnlag for dyrking av statiske førestillingar om våre eigne bygder og vår eigen nasjon som skaper avstand til andre og ekskluderer desse frå fellesskapet. Er vi derimot i stand til å sjå musea som deltakarar i ein prosess, der samlingar, kunnskap og evner blir stilt til rådvelde for utvikling av toleranse og kulturell kompetanse, kan musea bli viktige bidragsytarar i ei dynamisk utvikling mot eit bygdesamfunn med vidare horisont og større utvegar til ei positiv framtid.

Silke for sonja

Få ting ser ut til å vera meir samlande i dette landet enn kongefamilien. Vi vil alle syne oss frå vår beste side når Kongen kjem på besøk. Ordføraren i Strand, arbeidarpartimannen Odd William Bø, valde ein innvandrar, og han valde ei eksotisk servering.

Bakgrunnen var eit ønske om ei lett servering mellom tyngre måltid. Da blei frukt fort svaret. Og så hadde Bø eit ønskje om å vise fram det nye Strand, og gi innvandrarane ein plass i den store hendinga. Han kjente Linn, og var trygg på at ho ville representere kommunen på ein god måte. Ho fekk dessutan med seg dotter si og ei venninne på jobben, og saman presenterte dei mellommåltidet på ein måte som Bø tykte blei riktig god, og som han fekk positiv tilbakemelding på frå Kongen. Det blei ein av dei gilde dagane under Ryfylke-ferda til kongeparet, og i Strand hadde gamle og nye strandbuar stått saman om mottakinga.

Det er 14 år sidan når dette blir skrive. Men alle hugsar hendinga som ho var i går. Ordføraren, som var mann og ein som hadde mye å tenkje på ein slik dag, hugsar til og med drakta til Linn, og at ho hadde fått sydd ho i Thailand i høve oppdraget. Nå er drakta ein del av samlinga til Ryfylkemuseet. Det er ein gjenstand som kan fortelja noe om klesskikkar i Thailand, men d et er òg ein gjenstand som fortel noe om ein etappe på vegen mot eit kulturelt mangfald i bygdene, og om eit kongerike som ikkje stiller unødige spørsmål om statsforma.

Roy Høibo (67) var styrar og direktør ved Ryfylkemuseet i perioden 1981-2014.

Artikkelen bygger i stor grad på materiale i prosjektarkivet til Ryfylkemuseet, særleg materiale som blei samla inn av prosjektmedarbeidar Ann Kristin Ramstrøm medan ho arbeidde med prosjektet «Islam i bedehusland» 2004-2005. Ein del av materialet er publisert i Ramstrøm, Ann Kristin: *Migranten og kvardagslivet – ei undersøking av tru og kvardagsliv*, Ryfylkemuseet 2005.

Litteratur:

- Høibo, Roy: *Den lange vegen. Rapport om museet og den fleirkulturelle utfordringa*. Ryfylkemuseet 1999
- Høibo, Roy og Høibo, Karoline: *Den fleirkulturelle bygda. Rapport om innvandring i Ryfylke*, Ryfylkemuseet 2002

Frå «ski med stavar» til datafiler

- registreringar i forandring

Av Bernd Elmies

«Å registrere (aksjonere) en gjenstand er å gi den en individuell plass i en liste eller et register over museets gjenstandsmasse, og det på en slik måte at gjenstanden ikke kan bli forveksla med noen annen tidligere registrert gjenstand. Man kan gjerne si at man etablerer gjenstandens identitet. Nummeret i rekken er som en adresse.»[1]

Den aller første registreringa Ryfylkemuseet gjennomførte var: *Eit par ski med stavar.*

Registreringa denne dagen, tysdag 21. juli 1981, blei gjennomført av Roy Høibo. Og museet stadfesta denne gongen skriftleg at: *«Helga Møgedal, Sand, fekk skia som gåve av arvingane under dødsbuauksjon etter Osmund Haugsland 23.5.1981.»*

Neppe tilfeldig at det var vår første direktør ved Ryfylkemuseet, Roy Høibo, som fekk fullført første skritt på vegen mot ein systematikk for registrering av gjenstandar, men også andre typar av samlingsobjekt, som i si grunnform er den same i dag.

Registreringa blei gjort i skriftleg form på eit ark som museet, som framleis heitte Rogaland Folkemuseum, hadde utvikla. Arket består av eit enkelt formblad, einsidig med både vertikale og horisontale felt. Ei rekke med basisinformasjon var trykt på papiret. Dette var for å sikre ei grunnleggande oppsamling av så mykje informasjon som mogleg, men også for å standardisere registreringsprosessen for museet.

Målet var at registrering av materialet skulle vere enkelt, objektivt og mest mogleg uavhengig av personen som gjennomførte registreringa. Samtidig var det viktig å fiksere inntaksprosessen skriftleg. Dette gjorde det mogleg å oppspore informasjon om sjølve samlingsobjektet, men også kven som tok imot materialet. Som avtaledokument hadde inntaksskjemaet også ein juridisk funksjon mellom to partar: Museet og givar. I prosessen



Registreringsskjema 1981.

med første mottak blei det også tilført eit registreringsnummer som systematiseringshjelp. Eit system, som eg kjem tilbake til seinare.

På den «historiske» dagen 21. juli 1981 ble m.a. også registrert:

- ein kommode
- eit hjørneskap
- eit skatoll
- ein vev
- ei uttrekksseng
- ein separator
- ei butikkinnreiing bestående av 2 diskar
- div. plakatar
- eit bunadsliv

I alt omfatta registrert gjenstandsmateriale i startåret 1981, heile 6 aksesjonar(lat. accerdere = kommer til). Det var 21 aksesjonar i 1982 og 38 i 1983.

Grunnlag for registreringane

Erfaringane Roy Høibo tok med seg frå tidlegare museumsarbeid arbeidet på, kan ha gjort det lettare å sette i gang med registrering. Det ligg likevel meir enn erfaringar til grunn for arbeid og rutinar ved eit museum.

Som i andre deler av institusjonane sine univers, var også Ryfylkemuseet underkasta ei rekke lovar og reglar, og var tvunge til å halda seg til dei. På toppen av regelhierarkiet står staten sjølv med sine departement

som i den tid heitte Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Landbruksdepartementet. Deretter følgde ein del rådinstansar som Statens museumsråd, Norsk kulturråd, Statens kulturminneråd, etc.

Fylkeskommunen hadde eit viktig ord med i laget og ikkje minst svevande over alt dette: *Kulturminneloven* og også *bygningsloven*.

Lista er langt frå å vere fullstendig. Men ho illustrerer kor vanskeleg, eller litt etter synet kor lett, det var å bevege seg fram med ein forholdsvis ny institusjon som Ryfylkemuseet var i den tid. Rammevilkåra var tronge men tilbydde eit rammeverk å støtta seg på. Det var viktig å finna ein raud tråd i det daglege arbeidet, for slik å leita seg fram til måla dei overordna institusjonane hadde gitt dei lokale musea. I 1980 kom det ut ei Handbok i museums- og vernearbeid, forkorta Museumshandboka. Den var utgjeven av Norske Kunst og Kulturhistoriske Museer (NKKM) og Norske Naturhistoriske Museers Landsforbund med støtte av Norsk kulturråd.

Denne dugnaden skapte også eit viktig verktøy for å møta utfordringane i den museale og kulturhistoriske verden.

Under kapitel 2 Dokumentasjon les vi: *«Blant de mest sentrale arbeidsoppgaver ved et museum er registreringen av gjenstandene som museet erverver og katalogiseringen av dem.»*[2]

Det som vidare følgjer er detaljerte beskrivingar av prosessane for korleis ein skal handtere inntak av objekta og vidareføre desse til katalogisering.

NKKM har skaffa oss eit regelverk som kan lesast som ein bibel for den museale verda. Og eg kan ikkje sjå at bodskapen om å vera så nøye som mogleg i det daglege arbeidet har endra seg til i dag. Særleg då

Museumshåndboka.

juridiske rammer er blitt endå strammare, interessa og kunnskapane i samfunnet større, og statlege og kommunale krav endå strengare enn i 1980.

Korleis prosessen for registrering av samlingsobjekta blei gjennomført

Det er stort sett ingen vesentleg forskjell mellom registreringa i 1980 og registreringa i dag. Sjølv om vi i dag har moglegheiter til å bruke digitale medium, er bruk av papir framleis nødvendig.

Prosedyren i 1981 var slik at alt innkome materiale fikk eit eige aksesjonsnummer. Aksesjonsnummeret består av:

1. Institusjon, avdeling eller staden materialet gjeld
2. Årstall for tilveksten
3. Eit løpenummer som startar kvart år med 001 og går fortløpande til året er omme.

Nummera blei så påført det gjeldande mediet med svart, eller kvit tusj, etter type og grunnfarge av materialet. Om objektet var av tekstil, blei det sydd på ein lapp med registreringsnummer. Nummera skulle være varige, men ikkje altfor synlege. Vanlegvis blei det vald ei side av objektet som ikkje er synleg ved første blikk. *«Merkingen anbringes… så diskret som mulig, men allikevel slik at den er lett å finne igjen.»*[3]

Vidare på skjemaet til museet følgjer beskrivinga eller nemninga av sjølve gjenstanden. I starten berre ei kort og presis beskriving av type materiale som ble tatt imot, kanskje tal og omfang. Informasjon om kven som var givar, seljar eller informant, helst med adresse, var neste skritt i mottaksprosessen. For mottaksinstitusjonen var det nødvendig å vite kven som avleverte materialet. Dato for innleveringa blei ført i fjerde linje. Informasjon om dato for innkomsten korresponderte i beste tilfelle med årstalet i tilvekstnummeret. Det skjedde nok også at gjenstandar blei tatt i mot utan å bli skikkeleg registrert med ein gong. Det var derfor viktig å oppspore første dato for innkomsten til institusjonen. Datoen har likevel inga vidare tyding for registreringa.

Feltet for detaljerte opplysningar i femte rekke er det største og går over begge linjene. Det er behov for rikeleg plass for å få med så mykje informasjon som mogleg. Det ligg gjerne eitt eller fleire A4 ark ved registreringa, då det ikkje alltid var plass på skjemaet til all informasjonen som følgde med det innkomne materialet. Opplysningsfeltet blei brukt på mange forskjellige måtar. I utgangspunktet skal det berre stå grunnleggande informasjon om sjølve gjenstanden eller gjenstandsgruppa her, gjerne litt meir konkret når det gjeld historikken til materialet:

- Kven som er produsent
- Kven som var brukar
- Kven som var eigarar
- Annan informasjon knytt til objektet

Men like interessant er materialet sin bruksverdi og definisjon. Ikkje alt som kom inn gjennom museet sine dører er kjent materiale for vår generasjon. Ein kan fort slite med spørsmål som: korleis vart gjenstanden brukt, kva funksjon hadde han, eller rett og slett: kva er nemninga?

Dette feltet kan brukast til å svara på slike spørsmål.

Det sjette feltet er merka «Kjelde». Dette kan vere givaren sjølv, ein annen informant eller ein person som kan vite meir om sjølve gjenstanden, opphav eller bruksområde.

I fleire tilfelle er denne rubrikken tom. Dette kan tyde at kjelde og givar var identiske.

Siste rekke på registreringsarket refererer til framtidig plassering, dato og signatur. Signaturen gjeld personen som tok imot objekta for museet.

Forskjell i registreringa

Her i første registreringa som Ryfylkemuseet gjennomførte manglar fininndelinga av type innkome materiale. Prefiksa består av berre to bokstavar: «RF». På dette tidspunktet hadde Ryfylkemuseet eigne katalogar for forskjellige materialtypar som t.d. foto, gjenstandar og lydband. Alle tilvekstføringar blei berre nemnde med RF som prefiks.

I 1997, etter 16 år, blei hovedarka for førstegangsregistreringa erstatta med eit nytt formular:

Registreringsskjema 1997.

Endringane medførte ei forenkling i tilvekstføringa og moglegheiter for ein felles katalog for alle typar aksesjonar. Prefikset RF for Ryfylkemuseet blei utvida med ein bokstav for alle innregistreringar. Og dermed fekk alle objekta med det same ei innsortering i dei forskjellige samlingskategoriane.

Liste over kategoriar i samlinga i 1997:

- RF-A for Folkemusikkarkiv
- RF-B for Lydband
- RF-F for Foto
- RF-G for Gjenstand
- RF-P for Privatarkiv
- RF-V for Video

Men den viktigaste endringa i 1997 var at frå nå av følgde ein ny juridisk og teknisk informasjon med materialet som blei tatt inn av museet. Før dette hadde museet i dei fleste tilfelle ikkje tatt mykje ekstra omsyn til gjevaren sine ønskje for materiale dei gav bort. Samfunnet hadde endra seg. Private og individuelle interesser blei gjenstand for offentleg debatt, og i løpet av åra juridisk styrka. Dette tok Ryfylkemuseet omsyn til bl.a. med endringa i registreringsskjemaa. Ikkje alt Ryfylkemuseet tok imot var lenger offentleg tilgjengeleg. Når givaren hadde personlig interesse av å verne informasjon i materialet som hamna i museet sine hender, kunne han nå reservere seg med klausul mot offentleggjering. Det gjalt alt frå fotomateriale, arkiv,

gjenstandar, osv.

Dette medførte store utfordringar, og ikkje berre for Ryfylkemuseet. Musea sitt hovudoppdrag var formulert slik: *«Et museum er en permanent institusjon, ikke basert på profitt, som skal tjene samfunnet og dets utvikling og være åpent for publikum; som samler inn, bevarer/konserverer, forsker i, formidler og stiller ut materielle vitnesbyrd om mennesker og deres omgivelser i studie-, utdannings- og underholdningsøyemed.»*[4]

Med dette hamna museumsinstitusjonar litt i ein konflikt mellom formidlingsrollen og offentliggjøring, og personvern.

Elles kan ein sjå at tilvekstskjemaet er blitt litt uoversiktleg med alle sine ekstra spalter og informasjonsfelt. For han som førte pennen var det blitt vanskelig å finne plass for eigne notat. Felta var blitt altfor tronge og små.

Ny teknologi

Ny og meir moderne teknologi fann også vegen til slike tradisjonelle institusjonar som musea.

Nye metodar i forvalting, formidling og registrering av arkiv, gjenstandar, bygningar, fotografi, etc., sende nærast dei fleste museale institusjonar med rakettfart inn i den verda vi no lever i. At dette fungerte utan misforståingar eller problem, vil neppe nokon påstå. Forventingar og illusjonar om teknologiens moglegheiter var store og nokre gonger altfor store. Samtidig var det stor variasjon i kunnskapen til brukarane om dei nye verktøya, noko som også gjorde mange skeptiske til å ta desse i bruk.

Men med åra som gjekk, etterutdanning og dagleg rutine begynte systema å sitte. Vegen Ryfylkemuseet gjekk, starta tidlig med Dataflex i 1990 årene og kom via WinRegimus meir eller mindre direkte til PRIMUS, med mange forskjellige versjonar fram til dagens versjon 5.0.9.34. DataFlex var resultat av eit samarbeidsprosjekt mellom Humanistisk datasenter og De Kulturhistoriske Museer i Norge med støtte av Noregs Forskingsråd som starta i 1984. Den Windows-baserte Regimus (WinRegimus) blei utvikla av Humanistisk datasenter på oppdrag frå Norske Kunst og Kulturhistoriske Museer (NKKM) med midlar frå Norsk Kulturrådet i 1991/92. Konvertering av DataFlex sine datafiler om registreringsarbeid til WinRegimus for Ryfylkemuseet blei gjennomført i 1996/97. I 2007 ble PRIMUS tatt i bruk og datafilane måtte konverterast en gang til.

At tidsalderen for papir begynte å nærma seg slutten, var ein overtydd om. Men illusjonen om at data kunne erstatta papir, viste seg derimot å vera lite realistisk. Tilvekstregistreringa kunne i teorien blitt gjennomført elektronisk. Men i praksis måtte ein framleis bruka penn og papir i førstegangsregistreringa, mellom anna på grunn av manglande internettilgang. Det at ein måtte ha permanent tilgang til en datamaskin, var også ei utfordring. Feltarbeid og spreidd plassering av museet sine samlingar medførte at tilgang til datamaskin, eller tilgang til eit stabilt internettsamband, alt for ofte tvang oss tilbake til blyant og papir.

På den andre sida fanst det ingen link mellom sjølve tilvekstregistreringa og den elektroniske PRIMUS-registreringa. PRIMUS-registreringa måtte utførast uansett på nytt. Dobbeltregistreringa med a.) Tilvekstregistrering og b.) PRIMUS-registrering, var framleis nødvendig så lenge det ikkje fanst eit reint elektronisk registreringsskjema som i ideelt sett korresponderte direkte med PRIMUS-registreringa.

Dette er ei utfordring som dataentusiastar, brukarar, styringsorgan og dataleverandørar stiller seg nå under vidareutvikling av PRIMUS-moduler. Trass i alle utfordringar har PRIMUS blitt hovudverktøy i registrering, forvalting og formidling av museet sine samlingar. Særleg gjenstandsamlinga og fotosamlinga som Ryfylkemuseet forvaltar har funne sine plassar i elektroniske magasin.

Gjennom nettstaden digitaltmuseum.no får museet ein ny plattform for formidling av samlingane sine ut mot den digitale verda. Statistikken under viser utviklinga av registreringar i elektronisk form, som nå er samla i den nyaste PRIMUS-versjonen.

Mellom 1981 og 2014 registrerte Ryfylkemuseet 27.692 fotografi og 15.296 gjenstandar elektronisk. Ca. 1.300 objekt per år. Mellom 1991 og 1997 blei Ryfylkemuseet sine registreringar førte som DataFlex-registreringar.

Eitt av objekta får æra av å vere først. Og dette er eit par ski som kom inn i Ryfylkemuseet si samling i 1981. Første elektroniske registrering skjedde i 1992. Lat oss håpe at framtidige registreringsmetodar sparer oss for å gjennomføre registreringar av same objekt fleire gonger.

Registreringsskjema 2010.



Tal på årleg registrerte gjenstandar (blå) og foto (grøn) i WinRegimus/PRIMUS mellom 1991 og 2014 (kjelde Primus).

Bernd Elmies (51) er arkivar ved samlingsavdelinga til Ryfylkemuseet med ansvar for registrering og katalogisering av foto og gjenstandar.

Litteratur og kjelder

- Tone Fredriksen Ydse: *Museum, arkiv og samfunn*, Prosjektet: «Kulturarvinstitusjonenes samfunnsrolle» ABM-utvikling og Norsk kulturråd
- Åge Dalby: *Skjulte skatter*, Maihaugen årbok 2008
- Museums håndboka: *Håndbok i museums og vernearbeid*, NKKM og NNML 1980
- ABM skrift #5: *Vei i vellinga. Håndbok i dokumentasjon av museumsgjenstander*, ABM-utvikling 2004
- ABM skrift #5: *På Nett, tilgjengelighet og web i ABM-sektoren*, ABM-utvikling 2008
- Marit Hosar og Lene E. Walle: *Arkivarbeid i museene*, Landslaget for privat og lokalarkiv 2003
- Audun Gleisvik, Elise Wedde, Bjørn Nagell: *Digital infrastruktur for museer*, Kulturrådet 2015
- Trond Borli, *Utkast til plan 1999-2005*, ABM-utvikling 2003
- Ryfylkemuseet: *årsmeldinger 1983, 1990 og 1995*

Noter

[1] Museumshåndboka kapittel 2 Dokumentasjon avsnitt 220 s.1

[2] Ibid.

[3] Museumshåndboka kapittel 2 Dokumentasjon avsnitt 221.1 s.3

[4] ICOMs statuttar. Artikkel 3, paragraf 1.
Sjå også www.icom-norway.org

M/S Suldal, «Suldalsdampen», blei i 2014 innlemma i samlinga til Ryfylkemuseet.
Foreininga Suldalsdampen blei samstundes ei venneforeining i Ryfylkemuseet.

Årsmelding 2014

Årsmeldinga til Ryfylkemuseet bygger på ein detaljert resultatrapport som direktøren leverer til styret. På noen punkt er likevel årsmeldinga utfyllande i forhold til resultat-rapporten. Resultatrapporten og årsmeldinga viser at vi har høg grad av måloppnåing i forhold til vedtatt handlingsprogram og årsplan. På noen område har vi oppnådd svært gode resultat.

Noen av høgdepunkta i arbeidsåret 2014 har vore desse:

- Etter å ha arbeidd med sikring, ordning og formidling av dei store industristadarkiva i Sauda sidan 1989 har det kome ein ny giv i arbeidet, og styret for lokalarkivet ber nå om at arkivet blir ein del av Ryfylkemuseet gjennom ein formalisert avtale om konsolidering.

- I arbeidet med bygningsvernet har vi lagt stor vekt på å utvikle ein tradisjonsbunden og berekraftig arbeidsmåte. Dette gjorde at vi såg på utvegen til ei sterkare markering av ein miljøprofil. Gjennom ein prosess har vi gått gjennom alle sider ved verksemda, og kunne 18. juni motta godkjenning som «Miljøfyrtårn». Diplom blei overrekt ved ei tilstelling på Røynevarden 15. september.

- Det er gjennomført eigarskifte for «Suldalsdampen». Overføringa av ansvaret til museet betyr ein betydeleg og utfordrande tilvekst til samlingane, men vi er i ferd med å få på plass avtalar og finansiering som vonleg skal sikre båten ein trygg plass på land til planlegging og finansiering av nødvendig restaurering er på plass.

- Vi har halde fram med eit systematisk arbeid med katalogisering og digitalisering av fotosamlinga, og nye bilde er lagt ut på «Digitalt museum». Ved halvårsskiftet hadde talet på publiserte bilde kome opp i 7 400.

- Det siste av tre band Jelsa-soga blei overlevert opp-

dragsgjevaren, Suldal kommune, i juni. Med dette har vi produsert 6 150 sider lokalhistorie fordelt på 9 band. Bygdebokprosjektet går nå inn i sitt 29. år, og er med det eit lokalhistorisk forskingsprosjekt av uvanleg omfang.

– Det har vore gjennomført eit ambisiøst sommarprogram med opning av ny utstilling på Kolbeinstveit, faste opningstider ved ei rekke av anlegga våre, og ulike arrangement, aktivitets- og familiedagar gjennom heile sommaren. Formidlarane våre har strekt seg så langt som det er rimeleg å vente, men vi har dessverre ikkje fått den uttellinga i publikumsvekst som vi hadde håpt. Kanskje har veret vore for fint denne sommaren?

– Det er særleg gledeleg at vi har lukkast med å få til eit betre tilbod til barn og unge, der vi har brukt store ressursar på å utvikle undervisningsopplegg og opne museet i skuleferiane og ein del laurdagar i vintersesongen.

– Vi har også i år produsert ei ny utstilling, ei utstilling om krossåkle som bli vist på Kolbeinstveit i sommarsesongen.

– Viga-tunet kunne gjenopnast med sterkt nærvær av sjølvaste fylkesordføraren rett før sommaren. Restaureringsprosjektet er det mest omfattande som har vore gjennomført i soga til museet, men framstår som eit svært vellukka tiltak, der vi, ikkje minst, har lukkast med å hente fram, dokumentere og vidareføre tradisjonskunnskap som var i ferd med å gå tapt.

– Arrangementet «Internasjonal kafé» kunne markere 10 års drift hausten 2014. Gjennom dette arrangementet har museet etablert seg som ein viktig møtestad for nye nordmenn og mellom desse og etniske nordmenn.

– Museet har styrka rolla si som eit senter for bygningsvern, der vi nå blir invitert med på både nasjonale og internasjonale samarbeidsprosjekt for utvikling og formidling av tradisjonskunnskap og metodar for dokumentasjon av vernearbeidet.

– Alt lydmateriale i folkemusikksamlinga er nå ferdig digitalisert. Dette betyr at vi både har sikra materialet betre, og lagt til rette for formidling.

– Med grunnlag i arbeidet med bygningsvernet og folkemusikkarkivet har vi tatt initiativ til å styrke både kompetanse og kapasitet i arbeidet med det immaterielle kulturvernet. Ein lekk i dette arbeidet er eit lite utvekslingsprogram med museet Staro Selo i Sirogojno, Serbia, der ein har kome langt på dette arbeidsområdet.

Organisering av verksemda

Museet har sidan 1991 vore organisert som ei sjølveigande, privat stifting. Styret blir oppnemnd av venneforeininga til museet, kommunane i Ryfylke, Rogaland fylkeskommune og dei tilsette.

Venneforeiningar

Etter endringar i lov om stiftingar blei medlemmane til museet frå 2007 organisert i ei venneforeining. Ved årsskiftet var det 349 som hadde fornya medlemskapen sin i venneforeininga gjennom betaling av årspengar. Det var 6 fleire enn året før, og det er første gongen på fleire år at vi har registret vekst i medlemstalet. Dei registrerte medlemmane fordeler seg slik mellom dei enkelte kommunane i Ryfylke:

Kommune	2013	2014
Forsand	1	1
Strand	15	17
Hjelmeland	37	37
Suldal	116	119
Sauda	35	33
Finnøy	28	25
Rennesøy	27	25
Kvitsøy	4	3
Andre	80	89
Sum	**343**	**349**

Det blei halde årsmøte for medlemmane på Sand 4. mars. Etter årsmøtet blei dei frammøtte orienterte om verksemda ved museet og det var omvising i utstillinga «Mitt Ryfylke».

Samlingsteamet Rogaland har vore eit godt bidrag til gjenstandsregistreringa ved Ryfylkemuseet. Her er tre av dei i møte med representantar frå Ryfylkemuseet og Jærmuseet.

I styret for venneforeininga sit Jorunn Strand Vestbø (leiar), Einar Berge og Kristoffer Nødland. Solveig Sande og Trygve Brandal er varafolk.

Venneforeininga er medlem i Forbundet for norske museumsvenner og deltar på årsmøta til forbundet.

I tillegg til Venneforeininga til Ryfylkemuseet er det eit museumslag i Sauda, og ei sjølvstendige venneforeining for "Brødrene af Sand". Foreininga «Suldalsdampen», som har ått og drive M/S Suldal fram til museet overtok ansvaret for båten er blitt omdanna til venneforeining. Museet samarbeider også med ei rekke andre foreiningar. Sjå meir om dette på dei neste sidene.

Styret

Styret har 13 medlemmar. Desse har sitte i styret i 2014:

For medlemmane (valde på årsmøtet til venneforeininga):
Terjer Hidle, Finnøy (leiar)
Vara: Audun Rake
Kristoffer Nødland, Sauda
Vara: Lars Olav Fatland

For kommunane (valde av kommunestyra):
Tore Hans Mikkelson, Forsand
Vara: Bente May Froli Stangeland

Lars Fossåskaret, Strand
Vara: Einar Berge
Morten Hetland, Hjelmeland
Vara: Lin Veronica Jacobsen
Tormod Skeie, Suldal
Vara: Kari Vaage Gjuvsland
Wenche Pleym, Sauda
Vara: Tore Johan Prestegård
Rasmus Hidle, Finnøy
Vara: Vibeke Meling
Tina Nådland, Rennesøy
Vara: Anne Kristine Sæther
Mirjam Ydstebø, Kvitsøy
Vara: Ronny Gundersen

For fylkeskommunen (valde av fylkestinget):
Liv Todnem
Vara: Ivar Tangeraas

For dei tilsette:
Trygve Brandal
Vara: Kjell Gunnar Haraldseid
Kjersti Moe
Vara: Bernd Elmies

Styret har hatt 4 møte og behandla 18 saker.

Styret har eit arbeidsutval med desse medlemmane:
Terjer Hidle, Tormod Skeie, Liv Todnem, Mirjam Ydstebø og Trygve Brandal.

Arbeidsutvalet har hatt 2 møte og behandla 3 saker.

Tilsette

Museet har i meldingsåret hatt desse tilsette:

Faste stillingar:
Roy Høibo, direktør
Sanja Ignjatic, kontorleiar
Maria Corazon A. Dørheim, reinhaldar (30 %)
Amira Mohamaed Abdalla, reinhaldar (20 %), til 31.07
Mohamed Sayid Ali, reinhaldar (20 %), frå 01.08

Trygve Brandal, førstekonservator/avdelingsleiar samlingar (80 %)
Bernd Elmies, arkivar (80 %)

Kjersti Moe, avdelingsleiar formidling
Anette Opheim, formidlar
Janneke Wijgergangs, formidlar (80 %)
Åshild Vetrhus, gruppeleiar folkemusikkarkivet (50 %), permisjon til 01.09
Tove Solheim, amanuensis folkemusikkarkivet (40 %)

Grete Holmboe, antikvar/avdelingsleiar bygningsavdelinga
Sven Hoftun, museumshandverkar/driftsleiar
Kjell Johnsen, museumshandverkar/driftsteknikar (80 %)
Kjell Gunnar Haraldseid, museumshandverkar/driftsteknikar

Ernst Berge Drange, førstekonservator/bygdebokforfattar

Mellombels stillingar:
Kristine Ese Ur, vikar formidling og samlingar, til 24.01, deretter prosjektmedarbeidar frå 01.12

Marlinn Tveit, lærling bygningsavdelinga
Sveinung Søyland Moen, vikar samlingar og folkemusikk-arkiv, til 18.09, deretter påtroppande direktør frå 17.11
Ingvild Hovind, prosjektmedarbeidar arkiv, 30 %, frå 01.10

Sesongtilsette, ekstrahjelp og korttidsengasjement:
Arnfinn Olsen, handverkar
Erik Fossåskaret, foredragshaldar
Ellen Synnøve Hoftun, julenisse
Vanja Ignjatic, ekstrahjelp
Oddbjørn Lie, museumsvert
Peter ten napel, museumsvert
Anita Svendheim, museumsvert
Sjur Førland, museumsvert
Carolin Sparcholst, museusmvert
Åsmund Tveitane Selnes, museumsvert
Peter Tijhuis og Katinka ten Hove, museumsvertar
Anna Vaage Larsen, museumsvert
Juul Bellemakers, museumsvert
Tobias ten Napel, museumsvert
Marianne Haaland, omvisar
Kristine Svendheim, omvisar
Malin Hamre Lien, omvisar
Hannah Dagsland Schei, omvisar
Andreas Groven, omvisar
Peterson Tijhuis, omvisar
Tim Sparcholz, omvisar
Tore Dahl Bastlien, omvisar
Inger Apeland, kokke
Kaniz Mohammadi, reinhaldar
Mette Karin J. Moen, reinhaldar
Øystein Haga, omvisar
Jan Olav Ommundsen, omvisar
Siri Dyvik, spelemann
Ingrid Schei Stuhaug, spelemann
Solgunn Liestøl
Vegar Vårdal, folkedansar
Simon hesselberg Løvald, folkedansar
Mark Laurenson, spelemann
Alexander Røynstrand, spelemann
Erlend Apneseth, spelemann
Ingrid heieren, spelemann
Kristoffer Kleiveland, spelemann
Margit Myhr, kvedar

Praksisplassar
Rwaydo F. Haashi, vår 2014, i samarbeid med Introduksjonstenesta
Makija M. Ibrahim, haust 2014, i samarbeid med Introduksjonstenesta
To personar i arbeidspraksis på Internasjonal kafe

Det samla talet på utførte årsverk var i 2014 ca. 15,8.

Sjukefråveret har vore på 2,18 % (mot 2,26 % i 2012). I tillegg kom fråvær p.g.a. barns sjukdom, men dette reknast ikkje som sjukefråvær. Dette fråveret utgjer 8 dagar.

Fellestenester

Eit hovudgrep i Regionalplan for Museum (Rogaland fylkeskommune 2011) er å etablere fellestenester for samlingsforvalting.

Det blei alt i 2012 oppretta ei prosjektstilling for fotobevaring. Stillinga er lokalisert hos Haugaland-

museene, men skal arbeide for alle musea. Stillinga har tilført Ryfylkemuseet auka kapasitet og kompetanse i arbeidet med fotosamlinga.

Det er oppretta tre stillingar for konserveringspersonale. Desse er knytt til Jærmuseet. Teamet har utført registrerings- og katalogiseringsarbeid på Li og Kvitsøy Hummermuseum.

Det var og ein del av planen å opprette ei stilling for bygningsfagleg rettleiar. Denne skulle vera lokalisert ved Ryfylkemuseet, men er førebels ikkje prioritert i budsjetta til fylkeskommunen.

For å styrke samlingsforvaltinga ytterlegare er musea samde om å utarbeide ein felles plan for dokumentasjon og innsamling. Det er oppnådd omfram støtte til dette arbeidet og det er tilsett prosjektmedarbeidar som har base på Museum Stavanger.

Frivillig arbeid

Summen av den frivillige innsatsen er vanskeleg å dokumentere, men oversynet nedafor viser at han er ganske omfattande:

Venneforeininga for Brødrene af Sand utfører eit stort arbeid for å halde «Brødrene af Sand» i drift. Til arbeidet med rigging/nedrigging og vedlikehald reknar venneforeininga årleg kring 500 dugnadstimar. I tillegg kjem den frivillige deltakinga i seglingar med fartøyet.

På Kvitsøy har vennegjengen deltatt aktivt i arbeidet med å gjenreise hummarmuseet. Etter brannen i hummarmuseet i 2011 var det behov for eit omfattande oppryddingsarbeid, og seinare supplement av gjenstandsmateriale som gikk tapt i brannen. Medlemmar i vennegjengen deltok også i arbeidet med nymontering av utstillingane.

Ryfylkemuseet blei i 2014 heidra som miljøfyrtårn. Torkel Myklebust, dåverande ordførar i Suldal, overrekk her diplomet til dåverande direktør Roy Høibo.

Bygdekvinnelaga i Hjelmeland, Erfjord og Suldal hjelper oss med hovudreingjering i Viga, på Håland og på Kolbeinstveit.

På Jelsa driv ei frivillig gruppe eit programarbeid

Venneforeininga til Brødrene af Sand fungerer òg som mannskap for jekta. Sommaren 2014 blei det langtur til Oslo for å delta i grunnlovskonvoien.

i skulemuseet. Dei møtest ein gong kvar månad, har som regel eit foredrag, og så syng dei frå songbøker som er kjøpt inn til formålet.

Museet drar nytte av frivillig innsats i arbeidet med den frukthistoriske hagen i Viga. Rogaland fruktdyrkarlag stiller med ein representant i faggruppa for hagen.

I Sauda er det eit museumslag knytt til industriarbeidarmuseet. Museumslaget har særleg engasjert seg i arkivbevaring og i arbeidet for vern og bruk av Søndenå kraftstasjon, den såkalla Stasjon 3.

Foreininga Suldalsdampen har tatt vare på M/S Suldal like sidan han gikk ut av drift i 1979. Etter at museet i år har overtatt ansvaret for båten er foreininga omgjort til ei venneforeining som skal hjelpe til med sikring, restaurering, vedlikehald og drift av båten.

I arbeidet med atterreising, dokumentasjon og

I september inviterte vi til familiedag med dugnad på Eikjelauvsløa ved Hustveit. Vi fekk god hjelp av alle dei frammøtte, som her tar seg ein velfortent kvil.

vidareføring av den handlingsborne tradisjonskunnskapen i bygningsfaga er vi heilt avhengige av at tradisjonsberarar og informantar stiller opp og er med oss i arbeidet. I år har det vore stor innsats i restaureringsarbeida på Viga, men det har også vore frivillig deltaking i arbeidet med riving av never og i arbeidet med restaurering av løa på Røynevarden.

Kvalitetssikring

Museet driv eit systematisk HMS-arbeid i samarbeid med Haugaland HMS. Det blir kvart år utarbeidd ein samarbeidsplan som lister opp dei tiltaka ein tar sikte på å gjennomføre.

Museet blei i 2008 meldt inn som IA-bedrift. Avtalen blei i år fornya som lekk i vidareføring av IA-satsinga. Innmeldinga er følgt opp med deltaking på kurs

og det er avvikla obligatorisk internsamling for dei tilsette.

For å sikre god dialog og deltaking blir det arrangert personalmøte kvar månad, og eit to-dagars personalseminar kvart år. Det blir til vanleg også gjennomført medarbeidarsamtalar med alle tilsette kvart år. I år gjennomførte vi i staden ei undersøking kalla «Medarbeider Tilfredshet Indikator» i lag med Haugaland HMS. Undersøkinga stadfesta at museet er prega av eit godt arbeidsmiljø.

Det blir frå overordna styresmakter stilt krav om eit stort utval planar for verksemda. Med grunnlag i slike planar utarbeider vi kvart år rullerande handlingsprogram og årsplanar. Med bakgrunn i krav frå Kulturdepartementet om å legge reviderte planar for ei rekke arbeidsområde ved budsjettsøknaden til departementet, er det utarbeidd planar for bygningsverk, dokumentasjon og forsking, nettverk og samarbeidstiltak, formidling, for samfunnsrolla og for ansvars og oppgåvefordeling.

For å vedlikehalde og utvikle kompetansen til dei tilsette deltar vi på samlingar, møte, kurs, seminar og konferansar innafor aktuelle fagområde, og vi oppmuntrar dei tilsette til å ta på seg verv i nasjonale og internasjonale organisasjonar for på den måten å få rimeleg tilgang til informasjon og kompetanseutviklande aktivitetar. Alle dei fast tilsette har deltatt på slike aktivitetar i 2014. Detaljert oversyn over deltakinga finst i resultatrapporten til styret.

Rammevilkår

Inntektene til museet er driftstilskott frå Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune, vertskommunen Suldal og andre kommunar i Ryfylke, ulike former for prosjekttilskott, tilskott til særlege tiltak, gåver og eigeninntekter i form av billettinntekter, sal av tenester, medlemspengar, varesal, kurs m.v.

Museumsreforma har gitt grunnlag for vekst i årsbudsjetta dei siste åra. Museumsreforma har vore eit statleg program for vidareutvikling av musea. Men vi har også oppnådd auke i driftstilskotta frå Rogaland fylkeskommune og vertskommunen Suldal. Grunngivinga for auken i desse tilskotta har dels vore arbeidet med å utvikle eit barnekultursenter (Lølandsenteret), dels ansvaret for drift og vedlikehald av Li. Summen av bokførte driftsinntekter var i 2014 på 14,1 mill. kr. Av dette utgjorde driftstilskotta 11,2 mill. kr. Utviklinga av dei samla inntektene sidan museet blei omgjort til regionmuseum i 1981 har vore slik:

Inntekter 1981-2015



I tillegg til driftsmidlane søker museet om prosjektmidlar for å gjennomføre særlege prosjekt. I 2014 utgjorde prosjektmidlane om lag 1,0 mill. kr. Eigeninntektene utgjorde 1,7 mill, kr., eller om lag 12 % av inntektene.

Kulturdepartementet bidrar med det største tilskottet til drifta, deretter kjem Rogaland fylkeskommune og vertskommunen Suldal. Dei andre kommunane i Ryfylke bidrar med mindre støtte til drifta. Dei ordinære driftstilskotta frå staten, fylkeskommunen og kommunane utgjer ca. 79 % av dei samla inntektene til museet.

Veksten i inntektene har gitt grunnlag for auke i personalet og styrka innsats på mange område det siste ti-året, men Ryfylke er ein stor og mangfaldig del av landet, noe som gjer at oppgåvene alltid er fleire enn det vi rekk å ta i ferde med.

Opning av nyrestaurert løe på Viga markerte slutten på det mest omfattande restaureringsarbeidet museet har gjennomført.

Museet som samfunnsminne

Den eine, store oppgåva til musea er å vera *samfunnsminne*. Denne oppgåva søker vi å løyse gjennom å drive med innsamling, dokumentasjon, forsking og bevaring, dei siste åra omtala som forvalting og forsking i dokument frå Kulturdepartementet.

Bygningar

Den bygningssamlinga Ryfylkemuseet forvaltar er relativt stor. Ved utgangen av meldingsåret var talet på antikvariske bygningar som museet har fullt eller delt ansvar for 77. Det har ikkje skjedd noen endring i storleiken på bygningsmassen dette året. Dei antikvariske bygningane fordeler seg slik på dei ulike avdelingane:

Kommune	Stad	Eigar	Tal
Forsand	Bergevik	Grunneigar/Forsand kommune	1
Hjelmeland	Viga	Sjølv	10
Suldal	Håland	Sjølv	3
	Jelsa	Sjølv	1
	Sand	Sjølv	1
	Kvæstad	Sjølv	2
	Ritland	Grunneigarane	4
	Kolbeinstveit	Sjølv	16
	Øystad	Grunneigarane	2
	Lalid	Grunneigarane	1
	Røynevarden	Sjølv	6
	Li	Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune	13
Sauda	Hustveit	Sjølv	11
Finnøy	Åbø-byen	Sjølv	2
	Slettedalen	Sauda kommune	1
Rennesøy	Bakken	Rennesøy kommune	2
Kvitsøy	Grøningen	Kvitsøy kommune	1
Sum			77

I tillegg til den antikvariske bygningsmassen forvaltar museet eit bygg for kontor-, arkiv- og verkstadfunksjonar og eit bygg for lager- og verkstadfunksjonar på Sand.

Den store bygningsmassen reiser utfordringar av to slag: Den eine er å ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne drive eit tilfredsstillande restaurerings-, pleie- og vedlikehaldsarbeid. Den andre er å ha tilfredsstillande kompetanse til å kunne drive ei truverdig forvalting av bygningssamlinga.

Gjennom systematisk arbeid sidan 1995 har vi etter kvart bygt opp god kompetanse på bygningsvern. Vi legg stor vekt på å hente fram, dokumentere og vidareføre den handlingsborne tradisjonskunnskapen som vi ser på som ei verneoppgåve i seg sjølv. Dette er i tråd med UNESCOs konvensjon om immaterielt kulturvern som Norge har slutta seg til, og der handverkskunnskap er ei av dei prioritere arbeidsoppgåvene.

Kompetansehevinga har ført til at vi har fått eit meir realistisk bilde av tilstanden til bygningane. Denne var dårlegare enn vi tidlegare hadde rekna med, og det er blitt avdekka eit stort etterslep på vedlikehald. Vi ser også at endring mot eit våtare og mildare klima aukar behovet for vedlikehald og reparasjon av bygningane våre.

Vi har deltatt i ei referansegruppe for Kulturrådet i eit arbeid med ein metode for prioritering av bygningar. Metoden skal vera ei hjelp til eit systematisk vedlikehald, og til vurdering av eventuelle behov for avhending av bygningar. Etter oppfordring frå Kulturrådet søkte vi om omframme midlar til å gjennomføre ei slik prioritering i 2015, men midlane til formålet blei trekt tilbake etter at utlysinga og søknadsskrivinga var gjennomført.

Vi er tildelt rolla som ansvarsmuseum for Nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskompetanse på museum (Byggnettverket). Gjennom rolla som ansvarsmuseum har vi arbeidd for å styrke merksemda om bygningsvernet på musea. Dette har ført til ei prioritering av bygningsvernet i tildelingane frå Kulturdepartementet. Det er nå vald eit arbeidsutval som skal hjelpe oss med drifta av nettverket.

Fartøy

Museet eig 12 mindre båtar, Ryfylke-jekta ”Brødrene af Sand” og passasjerskipet «Suldal».

Venneforeininga for ”Brødrene af Sand” har også i 2014 tatt hovudansvaret for drifta av fartøyet og har lagt ned eit stort arbeid med vårpuss og anna vedlikehald, rigging for sesongen og nedrigging og klargjering for vinteropplag. Jekta har vore ute på 10 tokt i 2014, noen av desse med fleire seglasar, t.d. som sjørøvarskute under Ryfylkedagane. Den største turen i år, og den lengste som er gjennomført med fartøyet etter at Ryfylkemuseet overtok det, var deltaking i grunnlovsseilasen til Oslo juli. Venneforeininga har tilsyn med fartøyet medan det ligg i vinteropplag. Det er behov for utskifting av masta og eit større vedlikehaldsarbeid på dekket. Dette er det oppnådd støtte til, og det er bestilt verftsplass i 2015.

Etter å ha gjennomført eit større arbeid for å klargjera føresetnadane for overføring av eigarskapet og forvaltinga av M/S Suldal frå Foreininga Suldalsdampen til museet kunne skipet overførast til museet i april. Hausten 2014 sette Statnett i gang med bygging av erstatning for eksisterande slipp, og vi reknar med å ha finansiert eit overbygg for skipet slik at det kan sikrast mot vidare forfall. Dette er planlagt reist i 2015. Utfordringa frametter blir å finansiere omfattande restaureringsarbeid før skipet kan settast på vatnet att.

Gjenstandar

Museet eig eller disponerer gjennom deponeringsavtalar følgjande gjenstandssamlingar:

				Av desse:	
Kommune	**Stad**	**Tal gjenstandar**	**Registrert**	**Katalogisert**	**Kat. i primus**
Forsand	Forsand b.mus. (D)[1]	700	0	640	0
	Bergevik, sjøhuset	500	0	0	0
Hjelmeland	Viga (D)	2 192	2 192	2 192	2 170
	Hjelmeland b.mus. (D)	1 688	1 348	1 348	1 346
	Årdal b.mus., Høiland[2] (D)	591	225	229	210
Suldal	Håland	854	854	854	854
	Jelsa skulemuseum	67	0	0	0
	Sand[3]	2 479	2 479	1 807	1 807
	Kolbeinstveit	1 211	1 211	1 211	1 211
	Røynevarden	359	359	359	359
	Kvednahola	44	0	0	0
	Li (D)	1 119	1 119	1 119	1 119
Sauda	Hustveit	527	527	527	527
	Industriarb.museet	539	539	489	539
	Sauda museum	1 227	1 227	186	186
Finnøy	Finnøy bygdemuseum (D)	1 700	1 669	1 669	0
Rennesøy	BibMus, Kulturhuset	165	0	0	0
	Bakken	100	0	0	0
	Mosterøy b.mus.	455	455	0	0
Kvitsøy	Hummermuseet (D)	524	524	524	524
Magasinet Åmøy[4]	Åmøy	3 084	3 084	3 084	3 084
Sum		**20 135**	**16 834**	**14 768**	**12 466**

[1] D: Gjenstandane er deponert til Ryfylkemuseet. Eigedomsretten ligg hos den respektive kommunen eller grunneigar.
[2] Samlinga vart huslaus i Årdal i 2010 og måtte flyttast til Sand. Ein del av gjenstandane vart kasserte pga. dårleg tilstand.
[3] I utstilling på Nesasjøhuset, i magasin i nybygget og i lagerhall på Gardaneset.
[4] Dei største gruppene her er gjenstandar frå Erfjord bygdemuseum og frå samlinga etter Johs. Rasmussen på Sand.

Det har i 2014 vore ein tilvekst av 51 gjenstandar. 19 gjenstandar er samla inn på Kvitsøy til erstatning for tapte og brannskadde gjenstandar etter brannen i hummarmuseet. 32 andre gjenstandar er gåver frå ulike gjevarar. All tilvekst er fortløpande katalogisert i Primus med foto.

Museet fører ein restriktiv innsamlingspolitikk og prioriterer i hovudsak gjenstandar som er knytt til



Ved utgangen av 2014 var over 7 400 foto frå samlinga tilgjengelege på nettstaden Digitalt Museum, mellom anna dette av «Brødrene af Sand» fotografert i 1964, før ho blei veteranfartøy.

faglege innsamlingsplanar og dokumentasjonsprosjekt.

Størsteparten av gjenstandane til museet er plasserte i miljøutstillingar på dei ulike anlegga. Resten er magasinerte på tre ulike lokalitetar: I lagerhallen som Ryfylkemuseet disponerer i fellesmagasinet for musea i Rogaland på Åmøy, i magasinet i nybygget på Sand og i lagerhallen på Gardaneset på Sand.

Naturhistoriske samlingar og kulturlandskapsvern

Ryfylkemuseet er i hovudsak eit kulturhistorisk museum. Men slik samlingane er lokaliserte, ligg forholda godt til rette for å formidle samanhengar mellom kultur og natur. Det er særleg to stader vi har kome i gang med slikt arbeid.

I samarbeid med Nordisk Genbank og frivillige krefter i Hjelmeland er det bygt opp eit klonarkiv med 130 tre av 91 eldre eple-, pære- og plommesortar frå Ryfylke på Viga i Hjelmeland. Alt tilgjengeleg areal i Viga er nå tilplanta.

Gjennom kjøpet av Li har Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune fått hand om både bygningar, innmark og utmark. Museet har tatt på seg eit ansvar for forvalting og drift av bygningane, men det er uklart kven som skal ha ansvaret for skjøtsel av kulturlandskapet.

Foto

Ryfylkemuseet har ei fotosamling som tel vel 105 000 foto. Dette fordeler seg på kulturhistoriske foto frå regionen, spesialsamlingar, eigne opptak og gjenstandsfoto.

Foto ved Ryfylkemuseet	Tal foto	Av desse digitalisert
Kulturhistoriske foto		
Repro frå Sauda, Suldal, Hjelmeland, Finnøy	8 318	8 318
Digitale kopiar av innlånte orig. foto	764	764
Original foto	3 237	1 042
Sum	**12 319**	**10 124**
Spesialsamlingar		
Alice Archer	633	633
Julius Bårdsen	4 100	491
Heradsskogmester Kveim	2 429	
Gartnerhallen	1 242	
Widerøes Flyveselskap	1 035	413
Suldalsposten	11 685	
Bygningsvernprosjektet	5177	
Bunad- og folkedraktrådet	503	
Frå idé til næring	519	
Finn Johannesen	10 000	231
Suldal reiselivslag	2 461	
Suldal reiselivslag, dig. foto	5 063	5 063
Lise Bjelland	431	431
Suldal Foto	554	554
Sum	**45 832**	**7 816**
Eigne opptak		
Svart-kvitt film	8 191	500
Fargefilm	386	
Dias	10 075	500
Digitale foto	20 057	20 057
Sum	**38 709**	**21 057**
Gjenstandsfoto		
Svart-kvitt film	3 952	3 000
Dias	5 398	3 893
Digitale foto (originale)	1 942	1 942
Sum	**11 292**	**8 835**
Total sum	**108 152**	**47 832**

Arbeidet med bygdehistorie for Jelsa i tre bind er no avslutta. Oppdragsgjevar Suldal kommune, ved varaordførar Kari Vaage Gjuvsland, mottek her siste band frå Bygdebokskrivar Ernst Berge Drange.

Vi har om lag 30 000 kulturhistoriske foto frå Ryfylke. Ein del av desse er reprofoto, avfotograferingar av eldre bilde som er lånte inn frå eigarane av bilda. Museet har hatt slike fotoaksjonar i samarbeid med kommunane i Sauda, Suldal, Hjelmeland og Finnøy og sit med negativar i arkivet. Opplysningar om hovuddelen av dei eldre bilda er katalogiserte og lagt inn i database i programmet Primus. Alle desse reprobilda er digitaliserte. Andre viktige samlingar er samlingar etter Alice Archer, Julius Bårdsen og Finn Johannesen.

I 2014 har vi registrert ein tilvekst på 240 kulturhistoriske foto. 219 er analoge foto (papirbilde), 21 er digitale kopiar. Det er også tilvekstført 126 digitale gjenstandsfoto.

Av eigne opptak er det tilført 2 272 digitale dokumentasjonsfoto. Mange er frå arrangement ved museet, og andre dokumenterer bygningar og arbeid som bygningsavdelinga har utført.

Samla tilvekst av foto i 2014 var 2 638 foto.

Det er dessutan laga digitale kopiar av 907 analoge foto i fotoarkivet.

Etter kvart som fotosamlinga blir digitalisert kan heile eller delast av samlinga gjerast tilgjengeleg på internett. Vi legg ut foto på Digitalt Museum, ein felles nettportal for norske museum, www.digitalmuseum.no. Ved utgangen av 2014 hadde vi 7 418 foto publisert på Digitalt Museum samt 3 348 katalogpostar for museumsgjenstandar. Ei tematisk nettutstilling om Archer-samlinga ligg likeeins på nettet, på nettsida til Fotonettverk Rogaland, www.fotonettverk-rogaland.no/nettutstillingar/alicearcher. Det ligg lenke til desse nettsidene på heimesida til Ryfylkemuseet.

Video og film

Samlinga av video- og filmopptak er på i alt 160 nummer. Av desse er 55 videoopptak som gjeld aktivitetane ved folkemusikkarkivet. Fire er smalfilmar, og av resten er fleirtalet opptak som speglar ulike sider ved aktiviteten til museet elles.

Lydopptak

Lydopptaksamlinga ved Ryfylkemuseet tel 1 099 nummer inklusive opptaka i folkemusikkarkivet. Lyden er registrert på ulike lagringsmedium som spoleband, kassettar, DAT-kassettar, minidisk og digitale lydfiler. Noko over halvparten av opptaka er intervju som også er skrivne av, men teksten er ikkje lagt i nokon form for database som kunne gi grunnlag for elektronisk søk. Alle lydopptaka i folkemusikkarkivet er digitalisert.

Ved innsamling av lyd bruker vi nå harddisk-opptakar og materialet blir lagra på server som digitale lydfiler. Det er ei utfordring å sikre tidlegare opptak som er gjort på ulike typer band.

Privatarkiv

Privatarkivsamlinga ved Ryfylkemuseet omfattar 176 arkiv. Desse er av svært ulik storleik, frå fleire hyllemeter til nokre få dokument. Noko av materialet er ferdig ordna, men det meste ikkje. Privatarkiva utgjer om lag 85 hyllemeter.

Tilveksten i 2014 var på 6 privatarkiv. Dei største var etter handelsmannen Thore Underbakke, Sand, stortingsmann Lars Jelsa og Stiftinga Rasmus Løland-markeringa.

Det nye museumsbygget på Sand rommar gode arkivrom der det aller meste av arkivmaterialet nå blir oppbevart. Dette gjeld både foto-, papir- og lydarkiv.

Digitalt arkiv

Som ein forstår er det eit mål at store delar av arkiv-materialet til museet etter kvart blir digitalisert, både av omsyn til sikring av materialet og lettare tilgang til det. Dette er eit omfattande arbeid som vil ta tid om vi skal få det til innafor dei ordinære driftsmidlane.

Det digitale arkivet blir sikringskopiert gjennom driftsavtalen for dataanlegget som vi har med Kultur IT på Lillehammer.

Bibliotek

Det er i 2014 registrert ein tilvekst på 17 bøker. I tillegg kjem ein del årbøker som vi får tilsendt gjennom bytesamband.

Dokumentasjon og forsking

Ryfylkemuseet har eit langsiktig samarbeid med Suldal kommune om skriving av bygdebøker for dei ulike delane av kommunen. I 2014 er arbeidet med bygdebøkene for gamle Jelsa kommune fullført. Eitt band Jelsa-historie blei utgitt i 2010. Band to blei lansert i desember 2013. Det siste bandet i juni 2014. Arbeidet held nå fram med bygdebøker for gamle Suldal kommune.

På oppdrag frå Hydro Energi arbeider vi med ei jubileumssoge som skal vera ferdig til det i 2015 vil vera 50 år sidan første turbinen blei sett i drift i Røldal Suldal Kraft.

Arbeidet med oppbygging av kompetanse om tradisjonshandverk omfattar også forskingsoppgåver, men dette er omtala på annan stad i årsmeldinga.

Ryfylkemuseet arrangerte kurs for sommarvertar saman med Suldal Vekst, der deltakarane fekk bryna seg på mange ulike oppgåver. Godt samarbeid måtte til for å løyse oppgåvene.

Museet som møteplass

Den andre hovudoppgåva til musea er å vera *møtestad og dialoginstitusjon*. Musea må kommunisere med omverda for å formidle kunnskap og opplevingar. Suksessen til musea blir ofte målt ut frå publikumstalet. Ryfylkemuseet legg stor vekt på å styrke den utoverretta verksemda ved museet.

Vitalisering av publikumstilbodet

Ei av dei store utfordringane for Ryfylkemuseet er å vitalisere dei ulike avdelingane som hører museet til. Vi forvaltar eit unikt materiale som kan gi vesentlege bidrag både til kulturelt medvit og identitetsbygging, og til utvikling av reiselivet i regionen. Men vi ser samtidig at publikum stiller stadig større krav til eit aktivt programtilbod for at det skal vera attraktivt å besøke museet. Det vil gå fram av omtalen nedanfor at vi har lagt stor vekt på å komma dette behovet i møte.

Etter avtale med den nå oppløyste stiftinga Rasmus Løland-markeringa har museet tatt på seg å arbeide for etablering av eit senter for nynorsk barnekultur og -litteratur i tilknyting til hovudsetet til museet på Sand. Frå hausten 2008 har det vore arbeidd med finansiering av tiltaket. Dei første løyvingane, frå Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune, kom på plass i budsjettet for 2010, og vi kunne våren 2011 opne ei utstilling basert på forteljinga om "Kvitebjørnen" i tilknyting til markeringa av at det i 2011 er 150 år sidan diktaren blei født.

Frå 2012 har Kulturdepartementet gitt eit driftstilskott som har gitt grunnlag for styrking av den bemanninga som arbeider med oppgåvene. Dette har gjort at tilbodet om aktivitetar, programtiltak og undervisningstilbod har auka monaleg.

Utstillingar

Museet har hatt desse temautstillingane i meldingsåret:

01.01-31.12	*BibMus*, permanent utstilling i Kulturhuset Meieriet, Vikevåg
01.01-31.12	*Garden og folka*, permanent utstilling på Kolbeinstveit
01.01-31.12	*Stader i Ryfylke*, permanent punktutstilling på Preikestolen Fjellstue

01.01-31.12	*Stavkonstruksjonen*, permanent utstilling på Hustveit
01.01-31.12	*Garden og folka*, permanent utstilling på Hustveit
01.01-31.12	*Kvitebjørnen*, utstilling for barn, Nesa-sjøhuset, Sand
01.01-31.12	*Skog og sagbruk*, permanent utstilling, Hustveit
01.01-31.12	*Lekmannsrørsla og bedehusa*, Bethel, Finnøy
01.01-31.12	*Kulturlandskapet*, utandørsutstilling, Hustveit
01.01-31.12	*Mitt Ryfylke*, Nesasjøhuset, Sand
01.01-31.12	*Frå teine til fat*, Kvitsøy Hummermuseum
01.01-31.12	*Fiske året rundt*, Kvitsøy Hummermuseum
01.01-31.12	*Båten og motoren*, Kvitsøy Hummermuseum
20.06-17.08	*Krossåkle i Suldal*, Kolbeinstveit

Følgjande anlegg har hatt faste opningstider i sommarsesongen:

- Hjelmeland bygdemuseum – tysdag-fredag (heile året)
- Skulemuseet på Jelsa – søndag
- Nesasjøhuset, Sand – heile veka (vintersesongen ope på kvardagar)
- Kolbeinstveit – heile veka
- Li-tunet – laurdag-tysdag + ein del søndagar i skuldersesongane
- BibMus, Rennesøy – heile året i oppningstidene til biblioteket
- Hummarmuseet, Kvitsøy – laurdagar og søndagar + søndagar i hummarsesongen

Stader der det ikkje er faste opningstider har det vore

Internasjonal kafé er eitt av dei mest vellukka arrangementa våre og i 2014 feira vi 10-årsjubileum.

arrangert aktivitetsdagar (sjå meir om dette nedanfor) og omvisingar for grupper.

Arrangement

Attåt opne anlegg og utstillingar, og ofte i tilknyting til desse, har museet kvart år ei rekke arrangement av ulike slag. I 2014 har vi hatt desse arrangementa:

Barn og unge

Museet fekk gjennom driftstilskotta frå og med 2012 særlege ressursar til å utvikle tilbodet til barn og unge. Tilskotta hadde bakgrunn i søknadar om midlar til å realisere ideen om eit barnekultursenter, som var eit av måla til Stiftinga Rasmus Løland-markeringa (2007-2011). Arbeidet har ført til ein markert auke i tilbodet til denne målgruppa. Omlag 1/3 av dei arrangementa som er rekna opp ovanfor er retta mot barn. Vi har særlege tilbod til barn i alle skuleferiar.

Det er utarbeidd undervisningsopplegg for fleire av anlegga til museet. Den årlege folkemusikkhelga samlar deltakarar på tvers av generasjonane, og det var også i år eit stort innslag av barn og unge på dei ulike kursa.

Formidling til barn og unge inngår i programmet for bruk av byggeplassane våre som lærearenaer. Vi har i år hatt skulebesøk på Røynevarden og i Viga, og vi har deltatt på yrkes- og utdanningsmessa i Sauda.

Det var fullt hus på nissekveldane som blei arrangert på Kolbeinstveit, Viga og Hustveit før jul. Dette er arrangement der forteljing er ein viktig del av programmet.

Turistinformasjon

På oppdrag frå Suldal vekst har vi drive turistinformasjon på Sand i sommarsesongen. Dette har vore ein "vinn-vinn-situasjon" der begge partar har fått eit større publikumstilbod for dei same pengane som tidlegare blei brukte på bemanning av to besøksstader. For museet har det ført til meir besøk på museumsanlegget på Sand.

Besøk

Statistikken for publikumsbesøk i 2014 samanlikna med tala for 2013 ser slik ut:

Stad	2013	2014
Forsand bygdemuseum	85	0
Viga	292	479
Hjelmeland bygdemuseum	178	108
Håland	175	231
Jelsa skulemuseum	340	656
Nesa-sjøhuset	5 554	4 832
Kolbeinstveit	1 302	1 630
Røynevarden	161	104
Li	506	417
Kvednahola	5	0
Hustveit	2 187	1 224
Industriarbeidarmuseet	105	245
Bakken	56	5
BibMus	750	750
Finnøy bygdemuseum	0	0
Betel, Finnøy	746	915
Kvitsøy Hummermuseum	1 884	2 079
Brødrene af Sand	508	633
Sum museumsanlegg	**14 709**	**14 308**
Eksterne arrangement	2 513	1 785
Suldalsdampen	0	0
Turistinformasjon	3 332	2 564
Sum publikum	**20 679**	**18 657**

I tillegg til dei tala som kjem fram her kjem besøk på anlegga våre utanom opningstidene. På Hustveit er det installert automatisk teljing av dei besøkande i døra

I samarbeid med bygdekvinnelaget i Suldal laga me åkleutstilling i fjoset på Kolbeinstveit, der lokalproduserte åkle var eit viktig element.

til løa. Det oppgitte talet er justert i forhold til mulege feilkjelder.

Vi har ikkje nådd målet om å auke besøkstalet, men gler oss over at besøket på museumsanlegga er som i fjor trass ein sommar som vermessig ikkje la til rette for stort museumsbesøk. Det er nedgangen i eksterne arrangement og besøk i turistinformasjonen på Sand som gir tilbakegang i det samla besøket frå året før.

Ser vi oss tilbake ser vi at totalbesøket har ligge på i over- eller underkant av 20 000 sidan 2010. Vi har hatt ein ambisjon om å auke besøket ut over dette, men ser at det er vanskeleg å få til. Der vi lukkast best er der vi har eit oppdatert og aktivt tilbod, som t.d. på Kvitsøy Hummermuseum og på Kolbeinstveit. Det gode besøket i bedehusutstillinga på Kvitsøy skuldast at ho går inn i eit organisert turopplegg.

Digitale media

Auka bruk av tilbodet vårt på elektroniske media kompenserer noe av tapet i besøket på avdelingane. Besøket på vår avdeling i Digitalt Museum var i 2014 på 1 097 sidevisingar. Her har vi liggande 7 418 fotografi, 3 348 gjenstandar og 3 digitale forteljingar.

Vi brukar heimeside og Facebook aktivt for å gjera kjent smått og stort om det vi driv med. Det er over 600 som følgjer oss på Facebook og vi har over 30 000 treff på heimesida.

Vi er aktive på handverksbloggen hyvelbenk.wordpress.com og bloggen til Norsk Skottbenk Union: skottbenk.wordpress.com.

Kvar månad har vi sidan 2004 sendt ut eit elektronisk nyhendebrev. Dette hadde på slutten av 2014 i overkant av 300 ”abonnentar”.



Bygningsavdelinga deltok i september på Bygningsvernkongressen i Oslo. Sven Hoftun instruerer her i takktekking med never.

Vi er inkludert i eit opplegg for informasjon gjennom ein applikasjon for mobiltelefon som Reisemål Ryfylke har lansert

Andre publikumstenester

Museet driv ei relativt omfattande rådgiving, særleg innafor bygningsvern. Oppdragsgjevarane er både kommunar og privatpersonar.

Fotosamlinga vår har mange eksterne brukarar som er på leit etter bildestoff til ulike formål. Tilgjengeleggjering av samlingane våre på Digitalt Museum genererer etterspurnad etter kopiar av bildemateriale.

Bygdebokskrivaren har mange besøk av folk som vil ha hjelp med slektsgransking.

Folkemusikkarkivet yter tenester til utøvarar av folkemusikk som er på leit etter materiale til verksemda si, og som, på visse vilkår, kan få kopiert materiale som grunnlag for innøving av nytt stoff.

Publikasjonar

I 2014 har Ryfylkemuseet publisert følgjande materiale i eigne og andre publikasjonar:

- Drange, Ernst Berge: *Jelsa – gardar og folk III*, Suldal kommune
- Drange, Ernst Berge: *Norwegians in New-Netherland in the 1620s and 1630s*, artikkel i «de halve Maen», Magazine of the Dutch Colonial period in America, Manhattan, New York City
- Høibo, Roy: *Insight – The book about Ryfylke Museum*, Ryfylkemuseet

Takk

Vi vil takke Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune, Suldal kommune og andre bidragsytarar for godt samarbeid og for støtte til drifta av museet.

Sand, 24. februar 2015

Terjer Hidle
Styreleiar

Rekneskap 2014

Resultatrekneskap

Driftsinntekter og kostnadar	2014	2013
Salgsinntekt	1 543 034	1 773 197
Bilettinntekter	205 775	129 907
Driftstilskott	11 192 608	10 848 000
Inntektsført frå bundne midlar	917 670	2 433 094
Andre driftsinntekter	189 612	197 225
Sum driftsinntekter	**14 048 699**	**15 381 423**
Varekostnad	361 851	191 346
Lønnskostnad	10 047 064	10 331 751
Avskriving på varige driftsmidlar	446 084	481 941
Samlingar	74 115	110 506
Utstillingar, publikasjonar og arrangement	353 268	395 312
Drift og vedlikehald bygningar og anlegg	731 737	1 031 705
Kontorutgifter	755 722	757 232
Reise og transport	443 950	472 703
Annan driftskostnad	1 060 073	1 552 316
Sum driftskostnadar	**14 273 864**	**15 324 812**
Driftsresultat	**-225 165**	**56 611**

Finansinntekter og kostnadar	2014	2013
Renteinntekt	258 264	205 271
Utbytte		
Rentekostnad	450	
Netto finansresultat	**258 714**	**205 271**
Ordinært resultat	**33 549**	**261 882**
Årsresultat	**33 549**	**261 882**

Overføringar		
Avsett til annan eigenkapital med sjølvpålagte restriksjonar		
Avsett til annan eigenkapital utan sjølvpålagte restriksjonar	-33 549	-261 883
Overført frå annan eigenkapital utan sjølvpålagte restriksjonar	-999 503	-109 926
Overført til annan eigenkapital med sjølvpålagte restriksjonar	999 503	109 926
Overført frå annan eigenkapital med sjølvpålagte restriksjonar	300 000	
Overført til annan eigenkapital utan sjølvpålagte restriksjonar	-300 000	
Sum overføringar	**-33 549**	**-261 883**

Balanse

Eige	2014	2013
Anleggsmidlar		
Varige driftsmidlar		
Historiske bygningar	0	0
Andre bygningar	1 394 286	1 466 468
Driftslausøyre, inventar, biler og kontormaskinar	371 090	497 795
Sum varige driftsmidler	**1 765 376**	**1 964 263**
Finansielle anleggsmidler		
Investeringer i aksjer og andeler	154 757	125 132
Sum anleggsmidler	**1 920 133**	**2 089 395**
Omløpsmidler		
Varer	99 396	92 999
Fordringer		
Kundefordringer	107 885	329 563
Andre fordringer	4 002 500	2 768 750
Sum fordringer	**4 110 385**	**3 098 313**
Bankinnskudd, kontanter og lignende	9 811 619	7 492 988
Sum omløpsmidler	**14 021 400**	**10 684 300**
Sum eiendeler	**15 941 533**	**12 773 695**

Eigenkapital og gjeld	2014	2013
Eigenkapital		
Innskoten eigenkapital		
Grunnkapital	200 000	200 000
Sum innskoten egenkapital	**200 000**	**200 000**
Opptent eigenkapital		
Annan eigenkapital med sjølvpålagte restriksjonar	3 192 694	2 493 191
Annan eigenkapital utan restriksjonar	1 624 507	2 290 461
Sum opptent eigenkapital	**4 817 201**	**4 783 652**
Sum eigenkapital	**5 017 201**	**4 983 652**
Gjeld		
Avsetning for forpliktingar		
Pensjonsforpliktingar	2 367 561	1 824 797 2
Sum avsetningar for forpliktingar	**2 367 561**	**1 824 797**
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	375 794	221 317
Skuldige offentlige avgifter	430 945	459 589
Avsetting bundne midlar	6 889 599	4 383 326
Annan kortsiktig gjeld	860 431	901 015
Sum kortsiktig gjeld	**8 556 771**	**5 965 247**
Sum gjeld	**10 924 332**	**7 790 044**
Sum eigenkapital og gjeld	**15 941 533**	**12 773 696**

Rekneskapen er vedtatt av styret i møte 24. februar 2015 og revidert av revisjonsfirmaet Deloitte AS. Vi har av plassomsyn utelate notane i denne utgåva.

Folk i Ryfylke 2015

Talande ting

Sidan oppstarten i 1981 har Ryfylkemuseet opparbeidd seg ei omfattande gjenstandssamling som i dag inneheld over 20 000 gjenstandar. Boka du held i handa tar føre seg noko av historia til, men og historiene i denne samlinga. Kvar minste ting har si forteljing og artikkelforfattarane har tilnærma seg desse på ulike vis. Eit garnnøste frå Strand dannar grunnlaget for ei historie om ullproduksjon i Ryfylke, ein traktor på Viga i Hjelmeland markerer overgangen til mekaniseringa av trekkrafta i landbruket, ei undersøking av "strykebenkar" frå Suldal gir ny innsikt i gamle handverkstradisjonar, medan eit ferdaskrin på vandring fortel ei utvandrarhistorie frå Forsand. Alle dei 13 gjenstandane representerer kvar for seg ein liten bit Ryfylke-historie. Med brei tematisk tilnærming burde her vera noko for ein kvar smak!

Ryfylkemuseet

ISSN 0800-1692